

NORSKE MELLOMALDERBALLADAR

Kjempe- og trollballadar

(TSB E)

Nasjonalbiblioteket
2016

Nasjonalbiblioteket/bokselskap.no, 2016

Norske mellomalderballadar: Kjempe- og trollballadar (TSB E-gruppa)

Redaksjon: Velle Espeland, Børge Nordbø, Liv Kreken, Maren Dahle Lauten, Elin Prøysen, Astrid Nora Ressem, Olav Solberg, Ellen Nessheim Wiger

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

ISBN: 978-82-7965-286-1 (digital, bokselskap.no), 978-82-7965-287-8 (epub), 978-82-7965-288-5 (mobi)

Publisert juni 2016, sist oppdatert august 2019

TSB E 3 Heming og Harald kongen

Innleiing

Kong Harald skryter av at ingen kan måle seg med han, men smådrengen hans fortel om ei kjempe som kan vri vatn ut av stål. Kongen vil straks møte denne kjempa, og han sigler nord til Aslakslandet. Når Aslak ser at kongen kjem, ber han Heming, sin yngste son, om å sitje inne og drikke mjød med møyane; men Heming seier at han ikkje er noko barn lenger.

Neste morgon skal kongen og Heming møtast på leikarvollen, men dei kan ikkje råke kvarandre, for pilane møttest med oddane. Kongen krev deretter at Heming skal skyte ei valnøtt av hovudet på bror sin, og Heming klarer det; men han seier også at dersom han hadde råka bror sin, hadde han skote kongen med den andre pila han hadde. Deretter gjev kongen Heming ei rekkje umoglege oppgåver: Han skal finne ein mann heilt utan frende, han skal tenne eit lys i den stride straum og få liv i den mann som ligg på havets botn.

Kongen vil ikkje gje seg, og så krev han at Heming skal renne på ski ned det bratte Snarafjellet. Heming er viljug til det, men då skal kongen stå nedunder og sjå korleis han renn. Heming set utfor, og i farten riv han kongen med seg, slik at han gnurar nasen hans ned i jorda. Heming går sin veg på glatte eikeski, og sidan har ingen sett han.

Tåtten om Heming Aslaksson

Grunnlaget til denne visa er ein tått (det er ei islandsk minisoge) som står i to gamle islandske manuskripter, Hauksbók og Flateyarábók. Tåtten fortel at kong Harald Hardråde var på gjesting i Nordland og kom til Aslak, ein rik bonde. Han hadde ein son som heitte Heming. Han var på fostring hos eit par gamle samar. Kongen kravde at dei skulle hente Heming; han ville prøve guten i idrott. Først skulle dei kappast i bogeskyting, men Heming skaut best. Då ville kongen at Heming skulle skyte ei valnøtt av hovudet på bror sin. Dagen etter skulle dei kappast i symjing. Kongen dukka Heming under. Det vart mørkt, men berre kongen kom inn. Alle trudde at Heming var drukna, men om kvelden kom Heming inn i hallen og leverte kongen ein kniv som han hadde hatt i beltet. Kongen kravde så at Heming skulle renne på ski utfor det stupbratte fjellet. Heming meinte at kongen likså godt kunne drepe han. Kongen svara at han ville gjere det om ikkje Heming gjorde som han sa. Då Heming nærma seg stupet, greip han tak i kapp til kongen og berga seg. Heming kom seg bort, og sidan kom han til England. Der var han med i slaget ved Stamford bru og såg at Harald fall.

Tåtten om Heming Aslaksson er sett saman av fleire gamle vandresegner. Segna om skiløparen er sannsynlegvis skapt i Noreg, segna om bogeskytaren som skal skyte nøtta eller eplet av hovudet på bror sin, er kjend i mange land, men versjonen om Wilhelm Tell i Sveits er den best kjende.

Ein ballade for menn

Dette er ei mannsviser. Av 17 registrerte songarar er det berre tre kvinner, og dei tre er ikkje særleg inspirerte. Anne Ånundsdotter Lillegård frå Eidsborg song svært mange balladar for både Jørgen Moe og Sophus Bugge, men då Bugge spurde henne om Heming og Harald kongen, hugsar ho berre éi strofe. Katrine Lidsplassen i Mo skulle ha lært Heming og Harald kongen av Bendik Felland, men då ho skulle syngje denne visa for Rikard Berge, hadde ho gløymt mange verselinar. Berre storkvedaren Hæge Olsdotter Årmodi frå Mo har denne visa på repertoaret, men ho er også ustø på rekkjefølgda. Merkeleg nok song bror hennar eit heilt anna utval av strofer.

Ludvig Mathias Lindeman har skriva opp to melodiar til denne visa: ein etter Ola Halvorson Birkeland i Bygland, Aust-Agder og ein etter Bendik Felland i Skafså. Catharinus Elling har også skriva opp to melodiar, ein frå Bø i Telemark og ein frå ukjend stad. Ole Mørk Sandvik har også skriva opp ein melodi etter ein ukjend telemarking.

Utsyn 70
CCF 30

Oppskrift A

TSB E 3: Hemingen og Harald kongen

Oppskrift: 1840-åra? av Jørgen Moe etter ukjend songar, Telemark.

Orig. ms.: NFS J. Moe 9, 11–19.

Oppgjeven tittel: Hæmmengs Vise

*

1. Harrald site paa Breiombænkjen
Rosar han af sene Mænd
Eg veit enkje Likjen men Eg
ufød so æ han ænnaa
– Hæmmeng ongen han konna paa skjio ræne –

2. Harald site paa breiom Bænkjen
rosar han af sene Svenner
Eg fin inkji Likjen men
i dessi føes Heimmar.

3. Thi saa svora den liten Smaadræng
han sto der kje langt ifraa
eg veit meg eino Kjæmpa eg
som vri deg vatten a Staal

4. so æ Hesten aa Hæmmengjen
hor du han i Vegine møter
Ougo dei æ som rænandes Ormen
aa Ellen^{ki} a Nasane froser

5. Aa de va daa Harrald Kongen
han uti Nasane frøiner
Lever eg dajen ette denni Naatti
Kjempa den ska eg røine

6. saa badt en op sine silkjesegl
saa høgt i forgylte Raa
han let enkji Segli Strika
for dei Aslaks Laanda saag

7. Aslak stænde i høilofte
ser han seg ut so vie
hot tru de æ for eit Orlogsskip
som mon her ti Landi skrie

8. naa sete du enni Sonen men
du drikke den Miøen mæ Moiar
Mæ eg gjænge meg ne ti Straande
aa ser paa kven de monne vera

9. aa de va daa Aslak Kongen
han gjæng seg der ne ti Straand
aa de va daa Harald Kongen
saa styrer sin Snekja i Land

10. De va daa Harald Kongen
han sprengte paa kvite Sand
høir du gamle Mann paa Vodden gjænge
du sei meg dit rete Navn

11. Eg ska sei deg mit rette Navni
tike du de nokon Mone
Aslak Kongen saa heiter eg

aa Hæmeng men øngste Sone

12. De va da en Hæmmeng onge
han totte de engjen vandi
salar han udt sin fliote Fole
aa rei seg her ne ti Straande

13. Gud bære meg for deg Sonnen men
kvi sat du kji helle heimi
de æ bæri vera blouge hæl
hæl Aabruklouge¹¹ o helsea æ go aa gjøyme

14. høir du de men sæle Faeren
du teke deg engjo Sut
Eg æ komen o Baanedomen
men Heste so rie æg ut

15. høir du de min sæle Faeren
du tar kje anten sørje el kvie
eg hev kje fængi ein finge saare
æg hev stai i støri stri

16. De hoirer eg paa deg Hæmeng onge
at du Lyster mæ meg strie
mot meg i Morgo paa Leikarvodden
naar Sole ho ry i Lie

17. De va aarle om Morgonen
Sole ho ryer paa Toppe
dei kona inþkþgi kvorare høve
men pilline modtes mæ Odde

18. de va aarle om Morgonen
Sole ho rye paa Tinde
so for Piline ivi deiris Hovu
som Skjønune rapar af Hemle

19. de høirer eg paa deg Hæmeng onge
at du vi kje Lata deg fadde
so ska du skjote Valnote
uppa din Broers Skadde

20. Ska eg Skjote Valnote eg

uppaa men Broers Skadde
so ska du Konge neste stande
aa skjaa hosi Lutine fadde

21. Høir du de min sæle Broer
du stænd enkji blaa aa bleike
men stat du onde Valnote
aa stat baadi frek aa kjeike

22. aa de va daa en Hæmeng onge
han ha fulli skote fyrr
den eine Luten at ivi Hæran ne dat
den are sto ate kurre

23. de høirer eg paa deg Hemeng onge
du vi enkji atte vände
du ska skaffe meg Manne den
som have slet engjen Frændi

24. ska eg skaffe deg Mannen den
som have slet engjen Frenði
saa ska du tæne Liose i strie Stroumen
aa faa de ti aa brænne

25. De høirer eg paa deg Hæmmeng onge
at du æ tamde paa sond
du ska skaffe meg Liv i den
som ligge paa Havsens Bond

26. ska eg skaffe deg Liv i den
som ligge paa Havsens Bond
saa ska du Kongen neste fara
aa siaa mæ eg sprekke sonde

27. De høirer eg paa deg Hæmmeng onge
du vi kje ladta deg fara
du ska løype Fiødde de
som Drængjine kadde Snara

28. Ska eg løipe Fiødde de
som Drængjine kadde Snara
so ska du Kongen ondistande
aa siaa hosi eg mone fara

29. Hæmeng løiper Snarafiødde
aa Skjie dei renner paa Fior
Have tok Kongen i Axlebeine
so Nasane Gruvla i Jor

30. De va daa en Hæmmeng onge
vænder saa atte paa Lei
tis du hava forliti fængji
saa æ her fulli Raa ti mei

31. So hogje han af han den eine haande
aa Herabeine baai
soso fara me Kongens Karane
me sneier paa Kongens klæi

32. Hæmeng stege paa Eikeskjie
ræner han nor ivi Heie
adde spurde aa ingjen viste
hori den Guten va heimi

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Hist og her har ei seinare hand streka under nokre ord og sett til eit par tilvisingar til Landstad og Bugge.

Oppskrift B

TSB E 3: Hemingen og Harald kongen

Oppskrift: 1840-åra av Olea Crøger etter ukjend songar frå Telemark.

Orig. ms.: NB Ms. 4° 644, 67–68.

Oppgjeven tittel: Ungan Hedningen

*

1. Kong Harald sat i breie Padden
Aa tala han te sine Mænd:
Alle hev æg set Likjin min
Aa ufød æ En' end

– Aa dæ va onge Hedningjen
han konne paa Skie rænde –

2. Heningjen rænd paa Eikeskio
Aa Skj|æ|tie dei skrei ive Hougo.
Adde spøre, men ingjen veit
Haare Drengjen æ lægje Daue

3. Henningjen rende av snare Fjødde
Aa Skio dei skrei paa Kringle^{k2}
Kongjen tottes han saag derpaa
Som Sjønne rapar av Himle

4. Aa Heningjen rende av snara Fjødde
Aa Skie dei skrei paa snore^{v1}
Han tok uti Kongjens Axlebein
Saa Nasænne gryvla i Jore

^{k3}

5. Aa skaa æg naa sjote Valnotte
Uta min Soens Skadde
Saa skaa du Kongje indmæ stande
Aa sjaa haasse Lutin vi fadde.

6. Aa høire Du dæ Du Soen min
Du^{m2} tar kje stande bleik
Men Du maa stande onde Valnøte
Baate fadden aa kjeik

7. Aa Hæningen spænde Baagjen sin
Aa han ha skøte før
Den eine Luten ivi Hæro^{k4} dat
Den andre laag atte kur

8. Aa ha æg sil skaate ihæl Soen min
Om dæ saa idde sku hænt
Saa ha den andre Bragepili
Uti Dæg Haral, sku brændt

*

Dei første to strofene er nummererte i oppskrifta, elles ikkje.

Oppskrift C

TSB E 3: Hemingen og Harald kongen

Oppskrift: 1867 av Sophus Bugge etter Ådne Olsson Auversækre, Høydalsmo i Lårdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge c, 58–64 (kladd).

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Harall sit på breiom benkjen
rósar av sine menn
eg finn inkje líkjen mìn
úfødde so æ' han en
– Heming unge han kunne på skíó renne. –

2. Harall [sit på breiom] benkjen
[rósar av sine] sveinar
[eg finn inkje] líkjen min
i dessi fõesheimar

3. Te so svara den líten smådreng
han stó der kje langt ífrå
eg veit ein å kjempa den
hó vríe vatn ó stål.

4. De va han Harall kunjen
han útí nasanne frøyner
liver eg dagjen ette den nåtti
kjempa den sko eg røyne.

5. So hissa dei upp de silkjesegl
høgast í seglerå
dei sille inkje på bunkjen strúke
fyrr dei Aslakslande Såg.

6. Kungjen han stend í høgeloftssvoli
han sér seg ut so víe
han sér so mange dei órlogsskipi
som mónne på bylgjunne skrie

7. Nó site dú inne dú sónen min
å drikke den^{k5} mjø mæ møya,

mæ eg gjenge meg ne at strándi
á sér kven de mónne vera.

8. De va' Hemming unge
han tótte de 'kje vera vándi
han salar út sin fljóte fole
á rí seg der ne te strándi.

9. Gud bære ^{meg} for deg sónen min
kví site dú kje helle heime?
de æ bære vera brú hell ábrúklaug^{k6}
helsa æ' gó á gøyne

10. Á hýrer dú de min^{v2} sæle faer
dú tar inkje for meg kvíe
eg þe þhev komi ó' bándómen
eg tor fulla hesten ríe

11. Hýrer [dú de min sæle] fair
dú tar kje anten syrgje hell kví
eg hev inkje fengje fingann sære
eg hev sta' i í større strí.

12. De merkar eg på deg Hemming unge
dú lyster á mæ meg strí
møt mþæ'leg í morgó på leikarvodden
då sóli hó rø' í lí.

13. De va' t'leg um morgóen
sóli hó rø' í lí
då lyster han unge Hemmingen
sin hest uppá vodden þlþri.

14. De [va' t'leg um] morgóen
[sóli hó rø' í] tinde,
då fór pilinn ivi deires hovu
som skjønnumne rapar ór^{k7} himli.

15. De va tileg um morgóen
sóli hó skine^{k8} på toppó
dei kunna inkje kvorare høve
men pílinne motttest mæ oddó.

16. De merkþje þar eg på deg Hemming unge
du ví inkje lata deg fadde
du sko skaffe meg mannen den
som heve slett ingjen frænde.

17. Sko eg skaffe [deg mannen] den,
som [heve slett ingjen] frænde,
so sko dú tenne ljóse í stríe straumen
å få de so ti å brenne.

18. De mærkar eg på deg H[emming] u[nge]
þd þat dú vi inkje lata deg fara
dú sko løype fjødde de
som drengjinne kadde Snara.

19. Hemming han løyper Snarafjødde
å skSka eg løype Fjødde de
som [drengjinne kadde] Snara,
so sko du kungen unde stande,
å sjå hosse eg mónne fara

20. H[emming] han løyper Snarafjødde
å skíi dei renner på fjór
have tók kungjen í akselbeine
so nasanne gruvla í jór.

21. De va han H[emming] unge
han vender atte på lei
tiss dú no hava for líte fengje
så heve eg rá ti mei

22. þH þSo hogg en av en hovde
å hærebeini bære
såsså fara me kungjens karar
sneier me kungjens klæi.

23. H[emming] stíge på eikeskíi
renner segⁿ³ nór ivi heii
adde spórde men ingjen visste
hor denne gúten va heime

*

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Over oppskrifta står det: Åni Auversævkre søn af Olav (Faderen er født i Høydalsmo) Med penn har Bugge retta Auversævkre til Ouversævkre og elles skrive: (det maa undersøges, om han har lært Visene af Bøger)

TSB E 5 Viliken Veiemannsson

Innleiing

Viliken Veiemannsson talar med festarmøya si og seier at han vil ut og prøve seg i kamp. Ho átvarar han og spår at han vil finne ein motstandar som er minst like god som han sjølv. Likevel rir Viliken Veiemannsson av stad og møter snart Torkjell Trondeson. Dei strir mot kvarandre til hest, og etter den andre dysten fell Viliken av hesten. Han dør, men rekk å be motstandaren hente prest så han får skrifte. Torkjell Trondeson står att som sigerherre og vinn også festarmøya til Viliken Veiemannsson.

Det finst berre to variantar med nokolunde fullstendig handling av denne balladen, begge etter to av dei fremste balladesongarane i Telemark. Den eldste skreiv Bugge opp i 1857 etter Hæge Olsdotter Årmote (1787–1860) frå Mo. Nokre år seinare (1863) skreiv han opp same ballade etter Jorunn Knutsdotter Bjønnemyr (1791–1866) frå same bygd. Jorunn Knutsdotter song i alt 76 balladar for Bugge og var den som kunne mest av alle norske balladesongarar (Jonsson & Solberg 2011: 494–497).

Balladen finst også på færøysk og svensk med nokre fleire handlingsmotiv, som har falle bort i den norske tradisjonen. I dei færøyske og svenske formene får vi høyre at taparen med riddarleg sinn átvarar overmannen mot dei sju brørne. Dei er farlege og vil drepe han. Men for Torkjell Trondeson representerer dei inga utfordring:

Tað gjørdi Torkil Tróndarson,
tó at hann var ein,
hann vá hansara sjeý brøður,
aður hann reið heim

Nú liggur Filkus Veymarsson
í grønari lið,
Torkil ber hans ring og brynju,
og lovar hans vív
(CCF VI: 73).

Viliken Veiemannsson er eigentleg *Vidrik Verlandsson*, ei av kjempene i *Didriks saga*. Vidrik Verlandsson er blant anna kjend for å ha slege Langbein Rise i tvikamp. Elles er det samsvar mellom norske og færøyske variantar når det gjeld sigerherren, det er Torkjell Trondeson. På svensk er det motsett, Vidrik Verlandsson går av med sigeren.

Oppskrift A

TSB E 5: Viliken Veiemannsson

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Hæge Olsdotter Årmote, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge a, 297–298

Ingen oppgjeven tittel^{V3}

*

1 Viliken klædde han sine menn
som han kunna best,
sjav'e rei Viliken Veiemansón
på gullskódde hest.
– Enn går fruvur i dansen. –

2 Viliken [klædde han sine menn]
i dyd å i pryd,
sjav'e [rei Viliken Veiemansón]
han glimar som ís.

3 Den fyrste dysti, dei sammen rei,
de va' kun ein leik,
hestanne dei på kne' faldt,
å kinni gjóres bleik.

4 Den frare^{V4} dysti, dei samen rei
den var meget hård,
hestanne [dei på kne' faldt,]
[å kinni gjóres] blå

5 Den tree [dysti, dei samen rei]
då ~~kom der~~ blev dennem vest,
då faldt Viliken Veiemansón
av gullskódde hest.

6 Då faldt V[iliken]V[eiemansón]

av gullskódde hest,
Hóyrer du Torkjell Tróndesón
du hentar meg prest!

7 Dø'e blei V[iliken]V[eiemansón]
å graven í jór,
ette liver Torkjell Tróndesón
å flyte hass brur.

8 Dø'e [blei Viliken Veiemansón]
[å graven i] moll,
[ette liver Torkjell Tróndesón]
[å] fører hass skjoll

*

Strofene er unummererte i manuskriptet.

Reinskrift: NFS S. Bugge V, 10–11

Oppskrift B

TSB E 5: Viliken Veiemannsson

Oppskrift: 1863 av Sophus Bugge etter Jorunn Knutsdotter Bjønnemyr, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge d, 223–224

Ingen oppgjeven tittel.^{v5}

*

1 De va Vílikjen Veiemannssón
han talar mæ kjæreⁿ⁴
eg vil meg utríe idag
å prøve mí ære.ⁿ⁵
– (Ho) Enn går fruvur i dansen –^{v6}

2 Eg sete inkje^{der} mindre i mót
hell min syllbudde klavi
vi du Vilikjen Veiemanssón
du finne væl makji

^{v7} 3 [Eg sete inkje der mindre i mót]
[hell mín] syllbudde knív
[vi du Vilikjen Veiemanssón]
de gjelld ditt lív

^{v8} 4 De va Vilikjen Veiemanssón
han talar mæ við,
eg við meg utríe ídag
á prøve mitt lív

^{v9} 5 De va Vilekjen V[eiemanssón]
han rei seg framte mæli,
såg en Torkjell Tróndesón
so mándeleg dei bío.

6 Den fyste dyst de sammen red
á de va' en lek,
dá gjorest^{v10} Vilikjen Veiemanssón
i kinne so blek

7 Den anden d[yst] dei [samen] red
á de va dernest
dá falt V[ilikjen]V[eiemanssón]
af gullskótt hest.

8 Her ligge du V[ilikjen]V[eiemanssón]ⁿ⁶
á du rinder bloⁿ⁷
heimte ríe Torkjell Tróndesónⁿ⁸
ei kjempe like gó.ⁿ⁹

9 Her l[igger] d[u] V[ilikjen] V[eiemanssón]
á du ligge dø
heimte [rie Torkjell Tróndesón]
han fester di mø.

*

Strofene er unummererte i manuskriptet.

Reinskrift: NFS S. Bugge V, 265–266

TSB E 10 Kong Diderik og kjempene hans [Kampen mellom Sigvard og Humle]

Innleiing

Visa opnar med å skildre førebuinga til ei turnering. Ein etter ein kjem riddarane, dei slår opp telta sine og hengjer skjolda sine utanfor. På skjoldet sitt har kong Diderik sjølv ei løve med gullkrone. Hagen (Hogne Gjukesson) har ein raud drake, mens Vidrik Verlandssons skjold har ein hammar og ei tang, og så får vi rekna opp ei rekkje riddararar og skjoldmerka dei har.

Sigvard Snarensvein eggjer til dyst, men ingen melder seg frivillig. Det er ikkje rart, for Sigvard er ein av dei store kjempene. Sidan ingen melder seg, kastar dei lodd, og loddet fell på den unge Humelum, som blir heilt bleik. Han er omtala som ein fager ungersvein, men ikkje som ein av dei store kjempene. Humelum går bort til Vidrik Verlandsson og ber om å få låne hesten hans. Det får han, men han må gje noko i pant i tilfelle hesten skulle bli skada. Humelum gjev skog og femten borgar, og dertil si yngste søster. Etter andre dysten spør Sigvard om kva slekt Humelum kjem frå, og så får han vite at dei er frendar. Etter reglane i turnering skal vinnaren ha taparens hest, men no let Sigvard Humelum få hesten hans, og let som om Humelum vart vinnaren. Humelum går fram til kong Diderik og fortel at han har vunne over Sigvard, og dessutan har han bunde Sigvard til ei eik inne i skogen. Dette vil ikkje Vidrik Verlandsson tru, og han går for å sjå det sjølv. Når Sigvard ser at Vidrik kjem, tør han ikkje stå bunden lenger. Han riv treet opp med rota og dansar heimover med eika i beltet.

Denne visa baserer seg på gamle heltesegn om den austgotiske kongen Theoderik, som regjerte frå 474 over eit stadig større område av det gamle vestromerske riket. I dei germanske segnene vart kong Theoderik til Diderik av Bern. På 1200-talet sette ein ukjent nordmann eller islending desse «forteljingane frå tyske menn» saman til ei *Þiðreks saga af Bern*. Soga var ei høvvisk riddarsoge, og inn i soga er det fletta ei rekkje heltar frå andre tradisjonar: Sigurd Fåvnesbane, Volund Smed, Vidrik Verlandsson, Viliken Veiemansson, Langbein Rise og mange andre som vi også kan møte i andre viser. Mange meiner at soga er skriven i Bergen og at dei «tyske menn» var hanseatiske kjøpmenn.

Andre Didrikviser er TSB E 17 «Kong Diderik og Holger Danske», TSB E 19 «Den skallede munk», TSB E 49 «Sivart Snarensvein» og TSB E 50 «Sigurd Svein».

Den svenske forskaren Sverker Ek meinte at kjempevisene, og spesielt Didrikvisene, var dikta i det vestnordiske området (Noreg og Færøyane) og etter dei norrøne sogemotiva. Bengt R. Jonsson var einig i dette. Han meinte at visene var baserte på sogene, men ikkje dikta direkte frå tekstane. Han minna om at lesing i mellomalderen for det meste var høytlesing, og dermed kunne nokon av tilhøyrarane ha laga visene på sin eigen måte.

I denne forma er denne visa komen til Noreg med Peder Syvs Kjempevisabok. Catharinus Elling skreiv opp ein melodi på Vestlandet. Dessverre noterte ikkje Elling namn på songaren eller staden.

DgF 7H
CCF 174 A
SMB 198

Oppskrift A

TSB E 10: Kong Diderik og kjempene hans

Oppskrift: Kjempevisaboka utg. 1787, 40–47, jamført med utg. 1764 og Hundrevisaboka utg. 1591 og 1664.

Oppgjeven tittel: En Vise om de fornemste gamle Kiæmper, og om Sivard Snaren Svends Kamp med Herr Humble.

*

1. De vare siv og sivsindstyre,
der de droge ud fra Hald:
Og der de komme til Bratingsborg,
der sloge de deres Tield.
– Det donner under Roß,
de Danske Hofmænd.^{v11} der de udride^{v12} –

2. Kong Nilaus stander paa høyen Tind,
og seer han ud saa vide:
Hvi monne de Kiæmper have deres Liv saa fal,
at dem lyster her at stride.

3. Hør du Sivard Snaren Svend,
og du haver vanket saa vide:
Du skalt friste disse Kiæmpers Vaaben,
og til dem under Tielden ride.

4. Det var Sivard Snaren Svend,
han ind under Tielden treen:
I ere min^{v13} Herre vel kommen,
I Danske Kongers Mænd.

5. I lade det eder ikke fortykke,
I tage det ikke for Spee:
Dysten saa ville vi sammen prøve,
eders Vaaben I lade^{VI4} mig see.

6. Der stander i det første Skiold,
en Løve vel saa bert:
Med Kronen af det røde Guld,
det er Kong Tidricks Merck.

7. Der skinner i det andet Skiold,
en Hammer og en Tange:
Den fører Vidrich Verlandsøn,
han slaaer og griber ingen til Fange.

8. Der skinner i det tredie Skiold,
en Gam saa rød som Guld:
Den fører Helled Hogen,
han er en Kiæmpe til fulde.

9. Der skinner i det fiende Skiold,
en Ørn og han er rød:
Den fører han Olger Danske,
han hugger de Kiæmper til døde.

10. Der skinner i det femte Skiold,
siddendes Høg paa Hald:
Den fører Mester Hildebrand,
han vovet^{VI5} med Kiæmper et Fald.

11. Der skinner i det siette Skiold,
Linden den er grøn:
den fører unge Hr. Humble,
Dronning Elenes ældste Søn:

12. Der stander i den syvende Skiold,
en skøn forgylden Spor:
den fører han Hr. Hogen,
fordi han vilde videre^{VI6} vorde.

13. Der skinner i det ottende Skiold,
tre Pile og de ere hvide:
Dem førte^{VI7} han Vidrich Herr Stagesøn,

man maa vel paa hannem lide.

14. Der stander i den niende Skiold,
Ulven alt saa sterk:
den fører han unge Ulv van Jern,
han brugte^{v18} saa stor^{v19} Hofverk.

15. Der stander i det tiende Skiold,
en Fedel^{v20} og en Bue:
den fører han Falqvor Spillemand,
han vilde drikke og ikke sove.

16. Der skinner i det ellefte Skiold,
en Lindorm end saa leed:
den fører Orm unger Svend,
han frygter for ingen Mands Vrede

17. Der kom frem det tolvte Skiold,
der skinner paa brændende Brand:
den fører han Brand^{v21} paa^{v22} Vifferlin
giennem Herrers og Førsters Land.

18. Der stander i det trettende Skiold,
en Tavel saa rød af Guld:
Den fører Harald Gridske,
han er en Staldbroder^{v23} huld.

19. Der stander i det fiortende Skiold,
en Kappe og en Kiølge^{v24}:
dem fører den Munk Broder Alsing,
han kunde de Kiæmper stille.

20. Han haver en Skiærekniv ved hans Side,
Skalerne ere^{v25} Blye:
Liden Kniv er ikke uden elleve Alne lang,
som dingler ved hans Side.

21. Der lagdes frem det femtende Skiold,
der skinner tre dragne Sværd:
Dem fører Essemer Kongens Sønner
i alt^{v26} deres Herrefærd.

22. Der blev seet det sextende Skiold,

en Ravn med Vinger hin brune:
Den fører Rigen Raadengaard,
som vel kunde digte og rime^{v27}.

23. Der skinner paa det syttende Skiold,
Hesten i saa hvid:
Den førde Greve Herr Guncelin,
han beder slaa og ikke^{v28}.

24. Der skinner i det attende Skiold,
et Vildsviin og en Mand:
Det fører den Greve af Biergelide,
sit Sværd vel røre kand.

25. Der skinner i det nittende Skiold,
en Hund og en^{v29} saa rask:
Den fører Øyenstein^{v30} Kiæmpe,
han er en Vogehals uden Falsk.

26. Der skinner i det tivende Skiold,
en Rose iblant de Riis:
Hvor Herr^{v31} Normand kommer i Striid,
der vinder^{v32} han stor Priis.

27. Der stander i den neste Skiold,
en Kedel, er af Kaaber:
den fører herr Mogens Olgersøn,
han vinder baade Slotte og Borge.

28. Indkom andet og tivende Skiold,
med Sundheds forgyldte Merke:
Det førde^{v33} han Herr Aßbiørn Milde,
han lærer de Kiæmpers Ryg at verke.

29. Det var det tredie til tivende^{v34} Skiold,
en Arm udi en Lenke:
Den førde han Alvor^{v35} Lange,
han pleyer for Kiæmpers at skienke.

30. Der skinner i det neste Skiold,
der skinner i et Sværd,
det fører Hr. Humble Jersing,
han er det fuld vel værd.

31. Der skin i femte og tivende Skiold,
en Falk og den er graa,
den fører Kiæmpen allerbest
som kaldes Hr. Iver Blaa.

32. Der skin i siett' og tivende Skiold,
der skinner i et Spyd;
Det fører han lille Memmerings Tand,
For ingen Mand vil han fly.

33. Der kom frem det sidste Skiold,
det var en Falk saa hvid:
den fører Sivard Snaren Svend,
fordi han vilde altid stride.

34. Slig Kiæmpe og Merke var her,
hvo kand dem alle fortælle?
Det var Sivard Snaren Svend,
han kunde ikke længer dvæle.

35. Er her nogen af Kongens Mænd,
som Dysten lyster at ride:
Han tøve, og ikke forlænge,
han møde mig paa denne Hede.

36. Hvilken af eder I Danske Hofmænd,
som Dysten kand ride best,
Med hannem saa vil jeg ride i Dag,
om begge vore gode Heste.

37. De Kiæmper kaste Tærning paa Tavle-Bord,
de Tærning rand saa vide:
Og de faldt unge Humble til,
han skulde med Sivard ride.

38. Hr. Humble slog de Tavlebord sammen,
han lystet ikke længer at leege:
det vil jeg for sanden sige,
hans Kinder bleve saa blege.

39. Det var ungen Humble,
han gaar den Fruerstue omkring:
Saa gaaer han i Høyloft,

for Kong Tidrick^{v36} ind.

40. Hør du Vidrich Verlandsøn,
du est saa fri en Mand:
Du laane mig Skimming i Dag,
jeg sætter dig derfor Pant.

41. Ikke fanger du af Skimming i Dag,
foruden du sætter got Pant:
Løbning Skof og femten Borge,
de beste udi dit Land.

42. Otte Borge de rigeste^{v37} i Birtings^{v38} Land,
dem sætter jeg dig til feste:
Der til min Søster den Lille^{v39} Vaand,
mig tykkes hun er den^{v40} beste.

43. Sivard han er en Sterblind Svend,
han seer ikke sit Glavind til Ende:
Fanger han Skimming nogen Skade i Dag,
du bøder det ikke med alle dine Frender.

44. Saa løber Sværdet^{v41} i Sivards Haand,
som Kringlen ringler^{v42} i Spore:
du vogte dig unge Herr Humble,
du komme ikke for den Daare.

45. Borge ni og Riddere siu,
dem sætter jeg dig til Pant:
Fanger Skimming nogen Skade i Dag,
du tag min yngste Søster paa Haand.

46. Vare nu alle disse Bierge af Guld,
og alt dette Vand var Viin:
Det vilde jeg ikke have for Skimming i Dag,
Jeg takker GUD han er min.

47. Saa satte han sig paa Skimmings Bag,
saa gladelig monne han ride:
Skimming tyktes det underlig at være,
At hannem stod Spore i Side.

48. Der^{v43} skinner paa Humbles forgyldte Skiold

som Solen om Midsommers Tide:
HERre GUD naade mig fattige Svend,
skal jeg her holde og bie.

49. De første Red de sammen red,
de Hellede vare baade saa sterke:
Sønder gik Humbles Sadel Ring^{v44},
hans Skiold saa langt i Marke.

50. Mig tykkes du est en faur unger Svend,
din Hest kand du vel ride:
Stat du af og giorde din Hest,
Et Stød vil jeg dig bie.

51. Det andet Red de sammen red,
de vare to Kiæmper baade,
da brast begge deres Sale i to,
og Humble for Sadel-Bue^{v45}.

52. Nu haver jeg dig fra Hesten skut,
nu haver jeg vundet din Hest:
Sig mig gode unge Humble
hveden du kommen est.

53. Nu haver jeg vundet af dig Priis,
Og Skimming han er min:
Siig mig ungen yske Svend,
af Slegt, og Afkom din.

54. Kong Abelon er min Fader,
En Konge over Biertings Land:
Dronning Eline er min Moder,
det siger jeg dig for sand.

55. Dronning Eline er min Moder,
En Dronning gief og fiin!
Konning Abelon Haarde Staal,
saa kaldes Fader min.

56. Selv da^{v46} heder jeg unge Herr Humble,
En Kiæmpe over Biertings^{v47} Land:
Af Kiæmpe-Slegt saa viit berømt,
som nogen Mand reyse kand.

57. Er Kong Abelon din Fader kier,
da est du min Frende:
da giver jeg dig din Hest igien,
jeg dig ikke førre kiendte.

58. Er Dronning Eline din Moder bold,
hun er min fuld god Ven:
Saa tage du nu Skimming igien,
du est min Syster-Søn.

59. Tage nu begge Skiolde-Remmer,
du binder^{v48} mig til denne Eeg:
Og rid saa til Kong Tidrick,
du sig du vandst den Leeg.

60. Indkom yngste Humble,
var klæd i Kiortel grøn:
Nu haver jeg vundet min Hest igien,
og bunden den skiellige Svend.

61. Indkom Humble i Støfle og Spor,
han kaste sit Sværd paa Bord:
Sivard staar i Skoven bunden,
han taler ikke end et Ord.

62. Jeg haver været mig i den Lund,
og fanget den Kiæmpe god:
Tog jeg Sivard Snaren Svend,
bant hannem ved Ege-Rod.

63. Hør du unge Herr Humble,
og du farer alt med Tant:
Det var alt med Villie giort,
om du Sivard bandst.

64. Det var Vidrich Verlandsøn,
og han vilde alting vide:
Jeg rider mig i Rosens Lund,
og seer hvor^{v49} Sivard monne lide.

65. Vidrich taler til sin Dreng,
legger Sadel paa Ganger graae:
Jeg vil mig i Marken udride,

og see hvor^{v50} Sivard maa.

66. Sivard han stander udi Lunden,
og seer han Vidrich ride:
Finder mig Vidrich bunden her,
han hugger mig Rifbeen fra Side.

67. Frem ad^{v51} lakket Vidrich Verlandsøn,
Skimming monne under hannem skride:
Sivard rykker op Eegen med Roed,
han torde hannem ikke bide.

68. Dronning^{v52} staaer i høye Loft,
og seer hun ud saa vide:
Hissed kommer Sivard Snaren Svend,
med Eegen ved sin Side.

69. Det svarede Dronning Elene,
der hun saae Sivard komme,
Saa mænd du gjorde det af Nød,
du togst op tillige Blomme.

70. Kongen stander ved Borgeleed
udi sin Bryne saa ny:
Hisset kommer Sivard Snaren Svend,
han fører os Sommer i By.

71. Der gaaer Dantz paa Bratingsborg,
der dantzer de sterke Heldte:
der dantzer Sivard den sterblinde Svend,
med Egnen^{v53} under sit Belte.

*

Strofene er nummererte i oppskrifta frå og med strofe 2.

Variasjonen i omkvedet er ufullstendig i dei to siste utgåvene (1764/1787) i høve til den første utgåva i Hundreviseboka (1591). I Hundreviseboka 1591 (og 1664) kom det eit nytt omkvede til strofe 49: Det donner under Ross / de Danske Kemper der de Dysten ride. Dette omkvedet kjem først til strofe 53 i 1764/1787, og det vert teke opp att i strofe 63. Det vert teke opp att i fleire strofer (49–54 og 63) i 1591. I 1591 kjem det også eit nytt omkvede i strofe 68: Det donner under Ross / de Danske Hoffmend mod hannem udride. Omkvedet er teke opp att i strofe 70. Dette omkvedet er det ikkje spor av i 1664 eller 1774/1787. I 1591 og 1664 er det eit nytt omkved til siste strofa: Det donner under Ross / de Danske Hoffmend de sammen ride. Dette er det ikkje spor av i 1764/1787.

Strofe 30–32 og 69 er ikkje med i 1591 og 1664.

Oppskrift B

TSB E 10: Kong Diderik og kjempene hans

Oppskrift: kring 1610 av Jens Rasmusson etter ukjend songar frå ukjend stad.

Orig. ms.: NFS Delgobe 13 («Røldalsboka»), 107–112.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. De vare Siu och Siusind<sz tiffu>e
Der de drog vd fra Hald,
och der de <kommer til> Bratingsborg,
der sloge de dier<is thield>
– <Det> Doner vnder Roß
De danske hoffmen<d der> de vdride –
2. Kong Nilaus stander paa høien thind,
seer hand vd saa vide,
hui monne di kemper haffue dieris Liff saa fald,
at dem Lyster her at stride
3. Hør du siuoord snaren suend,
och du haff[uer] vancket saa Vide,
du skal friste diße kemper<s> Vaaben,
och til dem vnder tielden Ride
4. Det var Siuard snaren suend,
hand Jnd vnder tielden trend,
J ere min herre velkommen
J danske kongens Mend
5. J lader eder det jcke fortycke,
J thage det Jcke for spe,
Dysten saa vil vij sammen prøffue,
eder vaaben lader mig see,
6. Der stander J den første skiold,

en løffue vel saa bert,
med kronen aff det Røde guld,
det er kong Diderichs merck,

7. Der skin J det andet skiold,
en hammer och en thange,
Den fører vidrick verlandßen,
hand slar och griber Jngen til fange

8. Der skinner J det tridie skiold,
en gam saa Rød som guld,
den fører Helled hogen,
hand er en kempe tilfuld

9. Der skinner J det fierde skiold,
en Ørn och hand er Rød,
den fører hand Olger Danske,
hand hugger de kemper til døde,

10. Der skinner J det femte skiold,
sidendis høg paa hald,
den fører mester Hyllebraand,
hand voffuer med kemper Jt fald.

11. Der skinner J det siette skiold,
Linden den er grøn,
den fører vnge her humle,
droning Elines elste søn,

12. der stander J det siffuende skiold,
en skøn forgylden spore,
Den fører hand her Hogen
for hand vilde vildere Vorde

13. Der skinner J det Ottende skiold,
thre pile och di ere huide,
Dem fører hand vidrick her stagesøn,
mand maa vel paa hannem lide.

14. Der stander J det Niende skiold,
ulffuen alt saa sterck,
Den fører hand vnge vlff van Jern,
hand bruger saa stort hoffuerck

15. Der stander J det tiende skiold,
en fedel och en bue,
den fører hand Falquor spillemand,
hand vil dricke och Jcke soffue,
16. Der skinner J det elleffte skiold,
en lindorm end Saa leed,
den fører Orm vnger Suend,
hand fryckter for Jngen mandz vrede,
17. Der kom frem det tolfte skiold,
der skinner Paa brendende braand,
den fører brand von Viffuelen,
giennem herrers och førsters land
18. Der stander J det trettende skiold,
en taffuell saa Rød aff guld,
den fører Harald Gryske,
hand er en staaibroder huld,
19. Der stander J det fiortende skiold,
en ka<ppe> och en Kølffue,
Den fører den Munck brode<r> Alsing,
hand kunde di kemper stillt,
20. Hand haffuer en skærekniff ved hans side
skallerne¹¹⁰ ere aff bly,
Liden kniff er Jckevden elffue allne lang,
som Dingler ved hans side,
21. der lagdis frem det femtende skiold,
der skinner tre dragne suerd,
dem fører Eßmer kongens Søn,
J alle dieris Herreferd,
22. Der bleff seet det sextende skiold,
en Raffn med vinger hin rune,
den fører Rigen Raadengaard,
som vel kand dricke och Rune,
23. Der skinner Paa det t'n syttende skiold,
Hesten J saa huid,
den fører Greffue her guncelin,

han<...>^[ms. skadet] beder sla och Jcke bide.

24. Der skinner J det attende skiold,
Jt vilsuin och e<...>^[ms. skadet] mand,
den fører den greffue aff bergenglide
Sit Suerd vel Røre kand,

25. <De>r skinner J det Nittende skiold,
en hund ach end Saa Rask,
den fører Øyenstein kempe,
hand er en voffue hals vden falsk,

26. Der skinner J det thiuede skiold,
en Rose Jblant di Riis,
Huor Her Normand kommer J strid,
da vinder hand stor priis

27. Der stander j det Neste skiold,
en kædel er aff kaaber,
Den fører Her Mogens Olgerßen
hand vinder Baade Slot och borge

28. Jnd kom Andet och tiffuende skiold,
med Sundhedz forgylte merck,
det fører hand her Asßbiønn Milde
hand lærer de kempers Ryg at vercke

29. Det var tridie och tiffuende skiold,
en arm vdi en Lencke,
den fører hand aluer Lange,
hand pleier for kemper at skencke,

30. Der kom frem Det siste skiold,
det var en falck saa huid,
Den fører Siuard Snaren Sue<...>^[ms. skadet]
for hand vilde altid stride,

*

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Handskriftet, den såkalla Røldalsboka, er skriven med fleire hender frå ulike periodar av 1600-talet. Frå s. 25 har den eldste handa skrive ned ei vise om hendingar i 1607, og på side 48 står ei vise med årstalet 1609 etter tittelen. Det er sannsynlegvis trykkeåret for kjelda. Den eldste handa, som også har

skrive ned visa om kong Diderik og kjempene hans, er difor sannsynlegvis frå kort tid etter 1609, dvs. andre tiåret av 1600-talet.

Den eldste handa kan identifiserast som «Jens Rasmusen», som har skrive namnet sitt fleire stader i handskriftet.

Det er ofte vanskeleg å skilja mellom store og små bokstavar, særleg S/s, V/v og D/d. Her er det ikkje teke omsyn til om ein forventar stor bokstav eller ikkje, men teikna er tolka så konsekvent som råd etter utforming. Vidare er det ope for tolking korleis eit teikn som kan stå for både J, j og I skal tolkast. Her er teiknet konsekvent tolka som J, etter konvensjonen for dette skrifteiknet på 1600-talet.

Boka er bunden saman av ulike legg frå ulike tider, utan kronologi. Det manglar nokre sider her og der. Visa om kong Diderik og kjempene hans har nok vore lengre; skrivaren skriv ofte nummeret på neste strofe nedst på sida, og etter strofe 30 står nummeret 31. Handskriftet har såleis sannsynlegvis også innehalde eit legg med strofene om kampen mellom Sigvard Snarensvend og Humble (jf. oppskrift A).

Teksten er teken frå Vedels hundrevisebok, sannsynlegvis frå utgåva frå 1591. Bortsett frå nokre avvik i rettskriving, følgjer Jens Rasmusson Vedels tekst nokså nøye, jf. oppskrift A. Tre strofer hjå Vedel manglar her, mellom strofe 29 og 30.

Oppskrift C

TSB E 10: Kong Diderik og kjempene hans

Oppskrift: 1907 av Catharinus Elling etter ukjend songar frå Telemark.

Orig. ms.: NB Mus. ms. 718 V, nr. 66.

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Der stander en dans paa Vittingens borg,
der danser de stærke helte,
der danser Sivard Snarensvend
med eken under sit belte,
– saa lystelig rider Graamand under Sivard. –

*

Under oppskrifta har Elling skrive: Texten korrup, og ^{omkvedet} fra en anden vise. Omkvedet er frå TSB E 49 (Sivart Snarensvein).

Dette er siste strofa i Kjempeviseboka.

Oppskrift D

TSB E 10: Kong Diderik og kjempene hans

Oppskrift: Udatert av Catharinus Elling etter ukjend songar frå Vestlandet.

Orig. ms.: NB Mus. ms. 2867 X, nr. 41.

Oppgjeven tittel: Kamp mellom Sivard Snarensven og Humble.

*

1. De vare syv og syvsindstyre
der de drog ud fra Hald,
Og der de kamm til Brattingsborg
der sloge de deres Tjeld.
– Det donner under Ros
de danske Hofmænd der de udride. –

*

Over oppskrifta står det nokre utydelege ord med blyant.

TSB E 12 Greven for Gunseli

Innleiing

Greven for Gunseli går til mor si og seier at han vil ri ut i verda og prøve kreftene sine. Mora gjer han ein gild hest og minner han om at han må bite godt frå seg der han kjem. Etter at han har ride ei stund, møter han kjempekaren Timi Trollet, som han kjapt slår i hel. Deretter kjem han i kast med ei anna kjempe som går under namnet Kallen den blide. Dei slåst i tre dagar, utan at nokon av dei får overtaket, og blir samde om å gje kvarandre søstrene sine og feire dobbelbryllaup i staden. Greven for Gunseli tek på seg å be inn gjester til bryllaupet. Blant gjestene er gamle Grenjehetta, som skal vere brurekvinne, Tore drykkjebassen, Jorunn Joglekåpa og Gråsveggjen harde. I bryllaupet gjer gamle Grenjehetta mykje av seg. Som guden Tor i «Trymskviða» et ho opp tolv oksekroppar og kjører i seg store mengder annan mat. Tolv lester øl drikk ho opp, og ho slår i hel femten kjempekarar med silkevippa si. Så utfordrar ho den legendariske helten Vidrik Verlandsson, kjend frå *Didrikssoga*, men det skulle ho ikkje ha gjort. Han blir sint, dreg sverdet og hogg henne i femten stykke. Til sist slår han i hel den minste Mimring med knyttneven, sonen til gamle Grenjehetta.

Sophus Bugge skreiv opp ein fullstendig tekstvariant av denne balladen i 1863 etter Jorunn Knutsdotter Bjønnemyr frå Mo (1791–1866). Jorunn var den av telemarkssongarane som kunne flest balladar, deriblant sytten kjempe- og trollviser. Dotter til Jorunn, Hæge Vetlesdotter Bjønnemyr (1832–1905), kunne berre ei strofe av «Greven for Gunseli», og den song ho for Moltke Moe i 1891 (Jonsson & Solberg 2011: 494–503). Dei fleste oppskriftene er frå Telemark, men tre fragment er frå Agder-fylka. Lindeman skreiv i 1861 opp tonen til balladen etter Jon Olsson Langerak frå Bygland (1834–1910) og i 1869 etter Samuel Hansson Hella/Hellen, fødd på Nøtterøy (1813–1892). Samuel Hansson song fleire melodiar for Lindeman dette året (Ressem [utg.] 2013: 396–397), Gaukstad & Edvardsen 1997: 72–75).

«Greven for Gunseli» kan minne om enkelte skjemetballadar, med grotesk realisme og stor vekt på ovdrikk og oveting. Balladen finst også på dansk og færøysk. Sidan Sverker Ek skreiv den grunnleggjande avhandlinga *Norsk kämpavisa i östnordisk tradition*, har det vore allment godteke at kjempe- og trollvisene er norske eller færøyske, jamvel om dei er i dårleg språkleg stand på norsk grunn, eller slett ikkje er oppskrivne her i landet. Dei norske variantane viser tydelege teikn på at Peder Syvs Kjempevisebok har påverka den norske tradisjonen. Opningsstrofa i *Kjempeviseboka* er nokså lik opningsstrofa i Jorunn Knutsdotter Bjønnemyrs variant, jamfør opningsstrofa i den færøyske «Greivin av Jansalín»:

Det vaar Greffue Herr
Guncelin,

hand taler til Moder sin:

«Eg vil ride mig op paa Land

Tað var greivin av
Jansalín,

hann talar til faðir sín:

«Eg vil ríða mær upp á
land,

oc friste Mandom mín»
(DgF I: 229–230).

at royna roysni mín»
(CCF VI: 80–82).

Utsyn 69
CCF 130
DgF 16

Oppskrift A

TSB E 12: Greven for Gunseli

Oppskrift: 1863 av Sophus Bugge etter Jorunn Knutsdotter Bjønnemyr, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS Bugge V, 274–279 (reinskrift)

Oppgjeven tittel: Grev Gunselin

*

1. Det var greiven for Gunseli
han taler til moderen sin:
«Jeg^{v54} vil ride mig uppå land
å freste manndómen min.»

– Væl upp for en dag, de kommer væl over de hede. –

2. «Vil du ride dig uppå land
og de í dette år,
så skal jeg give dig folen den,
som dei kallar Kuskjen grå.»

3. Hó gav han de nevahoggji
de fyste^{ko} 'en steig ti heste:
«De ska' dú gjeva di' jamlíkar,
dú let inkji hugjen breste.»

4. De va' greiven for Gunseli
han rei seg framte mæ volli,
den første kjæmpe, han møtte der,
de kadda dei Timi trolli

5. «Eg helsar deg greiven for Gunseli
hvor haver dú leget í natt:

mæ' dine hendar æ' umskapt^{k10}
å hoggjen å skoten din hatt.»

6. «Under Brattingens borg der låg eg í natt
hos mitt véne vív
fyrutta Valik^van kungen
å greiven for Gunseli.»

7. De va' greiven for Gunselin ^{k11}
han lete sværi brå,
han hoggji ti de Timi troll,
so de falt dø til jord.

8. De var greiven for Gunseli
han red sig framte med lide
den andre kjæmpe han møter der,
de kalla dei Kallen den blie.

9. Eg helsar deg greiven for Gunseli
hvor haver dú leget í natt,
mæ dine hendar æ' umskapt
å hoggjen å skoten din skjoll.»

10. [«Under Brattingens borg der låg eg í natt]
[hos mitt véne vív]
[fyrutta Valivan kungen]
[å greiven for Gunseli»]

11. De var greiven for Gunseli
han vredes alt fori det ór,
dei hoggji våres^{k12} skjollar íhóp,
so odden den stó í jór.

12. Dei strídde í dagar, í dagar två
den tree dagjen til endes,
og ingjen av ~~dem~~ dei reskær^e kjempur
kunde nogen skaden fange.

13. «Høyrrer du, greiven for Gunseli,
ville dú lat' striden í fari, (striden fare)
så vil jeg give dig søsteren min
alt både til glæde og gama.»

14. «Og ville du give mig søsteren din
alt både til glæde og gama,
så vil jeg give dig min igjen
og drikke vår bryllaup mæ sama.»

15. De va' greiven for Gunseli
han ville ti bryllaups bjóe,
han bau både vitt á breitt
nie lánd á kjuge.

16. De var greiven for Gunseli
han ville inkji lata seg vinne,
han bau den gamle Grenjehetta
alt til sin brúrekvinne.

17. De var greiven for Gunseli
han bau [alt]^{k13} at sunde
han bau 'en Tór'e drykkjebassen,^{k14}
som va' ingjen botnen undi.

18. De va greiven for Gunseli
han bý alt at gjæri:
han bý hæna Jóronn Joklekåpa
á Grásveggjen' hare.^{k15}

19. De va' den gamle Grenjehetta
hó kom í stoga inn,
der blikner brúr á brúgom
alt unde skarlakskinn.

20. De va' den gamle Grenjehetta
hó seg når at bóri steig,
der losnar bór á bórstølrir
á benkjinne tók til at sige.

21. De va' den gamle Grenjehetta
hó begynda ti á skjære^{v55}
femten útav dei reske kjempur
dei mónde maten frembære.

22. Hó át upp tolv oksekroppar
á femten svineflikkji,
de gjóre den gamle Grenjehetta,

fyrr hó ville have drikke.

23. Hó drakk upp tolv læstir øl
á enndá slík té á vin,
de gjóre den gamle Grenjehetta
fyrr hó ville vere brúrekvinne.

24. Guskjelov nu er jeg mett,
nu vil jeg upp á svanse,
femten av dei reske kjempur
sló hó íhel mæ si' silkjekransar.

25. De va' den gamle Grenjehetta
hó begynda til at hikke,
femten av de reske kjempur
sló hó íhel mæ si silkjevippe.

26. De va' den gamle Grenjehetta
hó begynda til at hoppe,
her får ingjen fòtar fram
fyr dessi døde mannekroppar.

27. De va' den gamle Grenjehetta
hó kunna 'kji atte vende,
hó la ti' en Vidrik Verlandsøn,
han site mæ neiri bórsenden.

28. De va' Vidrik Verlandsøn,
han vinked upp med sit øre:
«Skam få deg ditt forlanende troll,
dine hendar så sløge væl.»

29. De var Vidrik Verlandsøn
han sitt svær opprykte,
han hoggji den gamle Grenjehetta,
hón falt í femten stykker.

30. Da va' då den minste mimring^{v56}
han sine hendanne sló:
«Kven tóre slíkt våge
å drepa 'æ Tóre mi mór?»

31. De var Vidrik Verlandsøn

ville 'kji sværi på han øye,
han sló ti 'han mæ nýtte neven
so heilen skvott^{v57} lang burt í veiri

32. Der kom í so ædelig en dans
uppá golvét at slette,
den minste Mimring í dansen va'
va' femten alner ti knétti.

*

Kladd: NFS S. Bugge r, nr 3 (str. 1–2) og NFS S. Bugge o, 45a-47b (str. 3–28).

Strofene er nummererte av samlaren.

Trykt i DgF IV, 732–734. Bugge viser til danske variantar fleire stader i oppskrifta.

Oppskrift B

TSB E 12: Greven for Gunseli

Oppskrift: ca. 1880, visefugge^{u11} frå Østerdalen ved Per og Ivar Mortensen.

Orig. ms.: NFS M. Moe 89, upag.

Oppgjeven tittel: Om Greve Guncelin, hvorledes han slog Tilventin ihiel, og overvandt Hr. Iver Blaa og fik hans søster Salenta, og gjorde et mærkeligt Kæmpe Bryllup med hende.

*

1 Det var Greve Hr. Guncelin,
han taler til Moder sin:
Jeg vil ride mig op paa land,
og friste manddom min.
– Vel op førre Dag, vi komme vel o[ver] d[en] h[ede] –

2. Vilt du ride dig op paa land,
og siger du mig saa:
Da vil ieg give dig føle god,
som mand kalder Karl hin graa.

3. Da skal ieg give dig Hæst saa god,
som mand kalder Karl hin graa:

Aldrig før du spænde Spor om Fod,
ey heller drage Hielm paa.

4. Ingen Kiæmpe tør du skøde,
og ingen reddes fra:
Førend du møder den Kæmpe,
som mand kalder Iver Blaa.

5. Det var Gr[eve] Hr Gu[ncelin]
hand rider under grønne Lide
der møder hannem liden Tilventin,
han bad hannem holde og bide.

6. Vel mødt ungen Tilventen,
og hvor laa du i Nat:
ieg laa mig paa Bratensborg,
mandhugger der Ild af hat.

7. Det var Græve Her Guncelin
han blikker under Hielm hin røde:
Saamen ved liden Tilventin,
du taler din egen Død.

8. Det var Greve Hr. Guncelin,
hand sit Sverd uddrog;
Det var liden Tilventin,
hand i stykker Hug.

9. Saa red hand til Bratensborg,
han stødte paa Port med Skaft:
er her nogen Kiæmpe inde,
som fægte tør af magt.

10. Det var Her Iver Blaa,
hand vende sig i Vester;
hielp nu ulv og Asener Grib,
ieg hører Kæmpe Røst.

11. Det var Hr. I[ver] B[laa],
hand saae sig ud I Øster
hielp mig Otthin du kand best,
ieg hører Herr Guncelins Røst.

12. Det var Gr[eve] Hr. Guncelin,
kaste Hielm over hviden Hals:
Det da hørde hans Moder kiær
Over trende Tylte Land.

13. Den Frue hun vogner om midie Nat,
og taler hun til sin Herre:
Raade nu den Øverste Gud,
alt for vor Søn hans Ferd.

14. Det første Red de sammen red,
de Hellede vare baade saa sterke:
Stak hand H[er] I[ver] Blaa,
hand drev saa langt i Mark.

15. Hør du Gr[eve] Hr. Guncelin,
og vilt du lade mig leve:
ieg haver mig en Fæstemøe,
og den vil ieg dig give.

16. Ikke vil ieg din Fæstemøe,
i Egteskab vil ieg leve:
Giv mig Salenta Søster din,
med hende lader ieg mig nøye.

17. Saa red de til Bryllup,
som de kunde allermest:
De bøde dertil de Kæmper,
som de kunde allerflest.

18. De bøde Vidrich Verlandsøn,
stærk Tiderich ud af Bern:
De bøde did Holger Danske
for hand vilde stride saa gierne.

19. De bøde Sivard Snaren Svend,
hand skulde for Bruden ride;
Saa kom Langbeen Ridske,
hand skulde hos Brudgommen side.

20. De bøde ind Mester Hildebrand,
hand bar for Bruden Bluss;
Og hannem fulde de Kæmper tolv,

de drukke og gjorde got Russ.

21. Did kom Følqvar Spillemand,
hannem maatte de Kæmper lide:
Did kom og Kong Sigfred Horn,
sig selv til Angest og Qvide.

22. Det var stolt Fru Grimild,
og hun skulde Bruden rede;
de lode hendes Føder med Jern beslaa
hendis Fingre med staa Omsmede.

23. Der kom frem Fru Gu<...>¹¹² Hette,
hun boede for Norden Field:
hun drak og hun dandset,
det havde saa godt et Held.

24. Der kom ind Fru Brynial,
hun skar for Bruden Mad;
Hende fulde syv smaa Terner,
iblant de Kæmper de sade.

25. De fulde Bruden udi Kammeret ind,
at æde der Frokost;
hun aad der op fire Tønder Grød,
de smagte hende allerbest.

26. Vel sexten Øxe Kroppe tog hun dertil,
og atten Svine Flykke:
Syv Tønder Øll drak hun dertil,
førre hun tog til at hikke.

27. Saa fulde de Bruden til Salen hen,
da tru det saa fast hendes Skind;
de hugge vel femten alne af mur,
før de kunde trengte hende ind.

28. De lede Bruden til Brudebendk,
saa sagt de sette hende Ned:
Benken var af Marmorsteen
den revnedt i Jorden ved.

29. De lagde for hende den beste Mad,

hun aad og drak ikke mindre;
15ten Oxen og 10 fæde Svin
det tæret den Mare Qvinde.

30. Det da gav den Brudgom agt,
han hagde det ikke vel;
Aldrig saae ieg saa unger en Brud,
der gjorde i Fadet be<...>^{u13} skiel.

31. Op da sprunge de Kæmper,
og sammen der de rygte;
Hvad heller ville vi kaste med Stang,
eller og ridderligen fegte.

32. De Kæmper begynte Kredsen at skrive,
alt paa den grønne Mark;
det gjorde de den unge Brud til ære,
Loed see det store Hofværk.

33. Den unge Brud sprang fra Brudebenk,
hun havde to Hænder sløve;
Til hende sprang Langbeen Riske,
god Eventyr monne de prøve.

34. Der dandsede Bord, og der dandsede benk,
og Ilden fløy af Hat;
Ud da løbe de Kæmper gode,
og hielp nu Moder Skrat.

35. De begynte sen en stærker Rev,
fra Ribe og indtil Silie;
den mindste Kæmpe i dansen var,
var Femten Alne under Knæ.

36. Den mindste Kæmpe i dansen var,
var lille Mimmering Tand:
han var i denne Hedenske flok,
den eneste Christen mand.

*

Strofene er nummererte i manuskriptet.

Under teksten står: Gjør ENDE Vitterligt

Teksten er avskrift frå Peder Syvs «Kjempeviseboka».

Oppskrift C

TSB E 12: Greven for Gonseli

Oppskrift: 1913 av Rikard Berge etter Olav Olsson Bjønnemyr, Mo, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCXLVI s. 51–55

Oppgjeven tittel. Brylluppe av Greiven av Gonseli

*

1. De va' greiven ti^{v58} Gonseli
han tala ti moderen sin:
Eg vi' rie meg uppaa land
aa røyne?^{prøve} manndomen min.

2. De va' greiven fe^{v59} Gonseli
han vill' inkji lata seg vinne,
aa de va' den gamle Grenjehetta
ho ville ver' brurekvinne.

3. Sò drakk 'o upp tóll lestir øl
aa aat upp 15 svine flikkji
aa de va' den gamle Grenjeh[etta]
ho ville ver' brurekvinne.

4. Aa Gudskjelòv no er je'g mett
Dunøen (som har Navn af et derpaa liggende høit Bjerg eller Fjeld, kaldet Dunbjørnen) i Helgelands Fogderie var for 20 Aar tilbage en temmelig svær Kæmpehoug, som nu for det meste er udgravet. I Midten af den var en af Graasteen muret Grav, hvori et Skelet fandtes. Ovenpaa Høien stod et af Steen hugget Brystbillede af kolossalsk Størrelse, med blottet Hoved, omtrent 1³/₄ Alen høit, som nu er næsten ødelagt eller ukjendeligt. Gamle Sagn berette, at en Konge har boet paa Glein som der faldt i et Slag og er begravet i omskrevne Houg. Hans Billede (det er mere troligt at ~~det~~^{dette Billede} har været et Gudebillede, som senere er funden opreist paa Høien, eller ogsaa at denne Gravhøi har været Offerhøi; i begge Tilfælde er den yderst mærkværdig) blev hugget i Steen og sat ovenpaa den. Følgende Vers af en Kæmpeviser i denne Anledning har ogsaa Sagnet bevaret; Musikken er glemmt:

Oppskrift B

TSB E 37: Ulv van Jern

Oppskrift: 1911 av Rikard Berge etter Eivind Talleivsson Auversækre, Høydalsmo, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCXXI, 11–18

Oppgjeven tittel: Ungan Ulv van Jern.

*

1. De va' no vel ongan Ulv van Jern
han gjeng'e fe kongjen at stande.
«Vi' du no laane mig av dine mænd
min faders død at hævne?
– Fe han ber'e gulle og Amor^{vii3} uppaa sine hendar. –

2. «Eg skò no laane deg av mine mænd
aa helst udav dei beste.
Fòr beder du Vidrig Verlandson,
sò fremmar du din vilje.

3. Ja eg skò no laane deg av mine mænd
og selv vil jeg dig følge.
sø Fòr beder du Viderik aa sterke Tiderik
sò kann du vel kjempune freiste.

4. Aa de va' no Viderik Værlandson
han tenkte paa hæder og ære:
«Hvi sender du frem Eders sendebud,
me kommer ustaalen der.

5. Aa de var no vel ongen Hammeren graa
han løber østen av by,
hvert menneske som hannem saag,
for ham fældtes baade læ og ly.

6. Og hannem skinnede perler paa bryst,
saa hvermand forondrede sig
aa ingjen fugl onde solen sø snar,
konde følge den svenn til bens.

7. Eg hilser deg kongen av Blidevendel
dei andre vil jeg ikke nævne
imørgen kommer ongan Ulv van Jern,
han vil sin faers død hævne.

8. Langt bedre sø var de hjemme at høre
og krybe de tórnestene.
Hans slø fader han stod mig et einaste hug,
han stander mig selv langt mindre.

9. Hans fader [han stod mig eit einaste hug],
og det var paa Birtingens hall,
det andet hug jeg til hannem hug,
da monne den herre falde.

10. Aa hør du kongen av Blide Vendel
du hõller no tann fe tonge,
upp sø vøkser den onge rakke
mæ kvasse tennar i monne.

11. Her æ ingjen kjæmpe i verden til,
som jeg ræddes fòr
uden Viderik Værlandson
aa han æ kje dær.

12. Aa ti sø svare ongen Hammeren graa
det ord gjorde kongen stor vande.
Det er V[iderik] V[ærlandson]
som skal krigen fòre stande

13. Aa høyre du onge H[ammaren] graa
saa gjerne beder jeg dig.
Ved du noget om V[iderik] V[ærlandson]

du dyl'e det ikkje fe mig.

14. Viderik ligger i høganloft sjuk
kann inkje sin hesten utride
Men sø fram sø kjem her dalekjempur
som tør vel med Eder i marken rie.

15. Aa de va' en av kongens kjæmper
aa saa tok han uppaa:
V[iderik] er en kølbrennarson,
me vil haanom vel bestaa.

16. De va' no vel ongen H[ammaren] graa
han blei sø fyrig i mot,
sø slog han til den kongens kjæmpe,
sø den falt dø ti jor.

17. Aa de va' no kongen av Blide Vendel
han blev òn sø fyrig i mot:
Kvi slo du min beste kjempe
til døde fòr min fot?

18. De va' no ein av kongens kjempur
han svarde det han vet:
Hvor er V[iderik] V[ærlandson]
hans faer va' ein sme.

19. Han 'va' ein sme paa Dòvrefjòll
aa de kjempune drukne inde.
V[iderik] dreiv eit daarespil,
de gjeng meg aldrig av minne.

20. Han slo der 15 kjempur ti jor
aa d' agta 'n fòr ein leik,
eg sto sø nær aa saa der-paa,
de gjores mìnne kjìnni bleik.

21. De va' no vel ongen H[ammaren] graa
han lod sig meget tykke.
Havde du været en ædel mand,
da havde du bødet mig drikke

22. Aa dei bar inn 18 lestir øl

aa de drakk han i ein drykke
sò slog han aa de tønðerne sònd'e
sò di flòug i 6 hondrede stykker.

23. Aa de va' no vel kongen av Blide vendel,
han svara rett som ein mann:
Eg møter i mòrgen i hyrðingens storm
om hesten meg bera kann.

24. Aa de va' no vel onge H[ammaren] graa
han stedes for V[iderik] fromme:
I skjærp Eders spjud aa i kvess eders sværd
i mòrgen vil kongen komme.

25. Saa rede de ud den mørke nat
utaaver den villan hede.
Der skjinnede sol som der var dag
alt udav vaabni deires.

26. Aa Birtingens bane stod i deires fane
en løve som mandelig mon flyve
der mødte saa mangen uskjyldige mann
som der maatte lata sit liv.

27. Aa di hugges med sværd aa di skjytes med buer
aa hvem som mest konne vòlde.
Ut sò gikk den røde sved
aa ilden av deires skjolde.

28. Aa de va' no kongen av Blide Vendel
han seg igjenom gjylden hjelm saag
Kvem er fremmest i hopen i dag
mæ mitt fòlk sò ille monne gaa.

29. Ti sò svara den liden smaadreng
som han red allernest:
Det er V[iderik] V[ærlandson]
han rider paa sin sterke hest.

30. De va' no vel kongen av B[lide]-V[endel]
han saag seg gjenom gyldenhjelm trange:
Visselig bliver jeg slagen i dag
fe Viderik tager ingen til fange.

31. Sò tok 'n upp ein silkjetraa
batt om sin hjelm sò røð [«han brukar ronur no»]
De skò kje spørjas til mi festarmøy
at ein smesøn hugger mig til døde.

32. Aa de va' no vél kongen av B[lide] Vendel
aa han hug i saa fast
V[iderik] kunde kje andet gjøre
end bøde fòr hans kast

33. Nu haver jeg standet i 18 hug
fleire aa inkji færre
men du stander meg eitt fòr alle dem
alt fòr din kongelig ære.

34. V[iderik] talte til sitt gode sværd:
Mimring monne du noget due,
han æ der fulla i 15 aar
siden jeg afhug vreiene hue.

35. Sò heldt 'n sò hardt i gjylden kannfang
at bloe spratt av naglerot:
sò hògje 'n ti kongjens fòrgjylte hjelm,
sò at ødden ti sadelen stod.

36. De va' no vel ongen H[ammaren] graa
han blinkede op mæ sitt øje:
Nu ligger alle og tier stilt
som musi i største søvne.

*

Strofene er nummererte av samlaren. Under oppskrifta står det: (etter far til E.)

Oppskrift C

TSB E 37: Ulv van Jern

Oppskrift: 1913 av Rikard Berge etter Talleiv Olsson Rui, Fyresdal, Telemark.

Orig. ms.: TGM Berge CCXLIX, 22–25

Oppgjeven tittel: Ulv van Jern

*

1. Ja, de va' onge Ulv van Jern
han stedes fòr kongen aa stande
Aa vil du laane meg dine menn
til hevne min faders bane.
– Fòr de klagar svennen som der ligg'e fanga paa hede. –

2. Aa laane deg ska eg mine menn
aa selv vil eg mæ deg følge
aa beder du Viderig Værlandssøn
sò fremmer han visst din vilje.

3. Svarde det V[iderig] V[ærlandssøn]
fòr han talar alt mæ gammen.
Aa de va' som mi drakk mjø utav skaali
naar vi kunde kaama tisammen.

4. Aa de va onge Hammer graa
fòr han va' sò go til at tale
Han bære ska kongens budskap fram
imillom baa' bjerger aa dale.

5. Kurren stander paa Brattingens borg
han ser sig ud saa vide.
Jeg ser 3 Kjæmper kommer ridende
mig tykkes de ere saa vrede.

6. Den ene er V[iderig] V[ærlandssøn]
bærer hammer og tang i märke
den anden er Tidrik av Bern
De er begge helter saa sterke.

7. Den tredje er ær Hvitting Helfredsson
i fjor mist 'an her sin hest,
men de vi' eg fòr sandhed sige
han bliver en haardere gjæst

8. Aa de va' onge H[ammer] graa
han gjekk sig fòr kongen at stande
I dag kommer unge U[lv] van jern

han vil hevne sin faders bane.

9. Ja de va' bæri han heimi sat
onder lil at vògte sitt fe,
hell end han onge Ulv van Jærn
end han til os her utrie.

10. Der finst ikkji kjempe i verden ti
jeg frygter for kjempesvær
undtagen for V[iderig] V[ærlandssøn]
aa han æ visstnøk ikkji her

11. Men høyr du de onge H[ammer] graa
aa kòt eg seie no deg:
Aa veit du om V[iderig] V[ærlandssøn]
sò dyl'e du de ikkje fø meg.

12. Ja høyr du de Blakmann kongen selv
hvad jeg siger dig for sanden
Aa V[iderig] ska vere den fyste mann
som frammast i hopen ska stande.

13. Det ene or som Hammer talte
det gjorde han noget uro
smesvennen oss ikkje ska skade gjøre
vi skal det vel aldrig tro.

14. Ja du turt' ikkji spòtte meg
kon V[iderig] heller ikke
men havde du været en velbyden mann
du havde konn' bydet meg drikke.

15. Tòll tonnur øl drakk H[ammer] ut
fòr han konne tørsten slukke
Han kasted de tønnder for kongjens fod
dei dreiv uti femten stykkje.

(Daa dei kaam inn, sa skjenkjesveinen at dei sill' tak kvaarsitt spjot aa jage dei ut-atte)

16. De va' V[iderig] V[ærlandssøn]
han tok den skjenkjar i skjegg,
aa sò slo 'an han ondi øyra
sò heilen han skvatt paa vegg.

17. Aa de va onge U[lv] v[an] J[ern]
han va' i hugjen sò vred,
han kasta den døde krøpp paa bor
Kven æ som vi' plukke den steg.

(Dei drap addesamne)

*

Strofene er nummererte av samlaren. Etter oppskrifta står: (Etter far de).

TSB E 41 Unge Herredag vinn over Gautlandskongen [Jorunn Jøklekåpa]

Innleiing

Unge Herredag set seg som mål å reise til Gautland for å hemne den døde faren. Av søster si får han det rådet at han skal ta med seg gode krigarar til hjelp:

Tag saa med dæg snappan Siuran Svend,
og saa han Kappan Tor,
og saa han Osmund Flagdekiempe,
som boer i Biærget noer!
(DgF IV: 690–692).

Unge Herredag gjer som søstera seier og segler så av stad. I Gautland oppdagar dei skipet, og kongen skjønar kven det er som kjem seglande og kva ærend han har: «Det er den unge Herredag, / han vil sin Fader hæbna» (DgF IV: 691). Gautlandskongen har ingen planar om å gje seg utan strid og samlar ein stor hær, blant dei fleire troll. Det blir ein hard kamp, der Herredags menn slår kring seg med eiketre. Til slutt går Herredag av med sigeren og hogg hovudet av kongen, jamvel om han ber om nåde. Den falske dronninga byr Herredag eit beger med forgifta drikke, men ho må også bøte med livet. Berre kongsdottera overlever, og henne tek Herredag med seg for å gje til den av mennene sine som vågar å ha henne.

Det finst godt og vel tjue tekstvariantar av denne balladen. Dei fleste er frå Telemark, særleg har Bugge skrivne opp visa etter fleire songarar. Dessutan har Lindeman gjort tre melodinedteikningar etter telemarkssongarar (Ressem [utg.] 2014: 408–410). Vidare har vi fleire variantar frå Agder. Den eldste oppskrifta vart ført i pennen i 1786 «paa Listerland» av I. A. M. Morland. Denne oppskrifta vart trykt av Grundtvig i *Danmarks gamle Folkeviser* IV.

Ein samansett visetekst er trykt i Amund Hellands topografiske verk *Norges land og folk*. Dette er ein tekst som byggjer på den nemnde oppskrifta frå 1786, men også på tre andre og nyare oppskrifter (Helland 1903 I: 482). I følgje Helland var det songaren Kristofer Tønnesen Daarø som «kjendte visen fullstændigst». Han song visa for klokkar Sigbjørnsen i Spind sokn (1859), då han var langt oppi åra. I dag blir gardsnamnet *Daarø(e)* skrivne *Dåreid*. Nemnde Kristoffer Tønnesson (1777–1861) var truleg bonde her, og han hadde naturleg interesse av Herredags-visa, fordi tradisjonen visste å vite at Unge Herredag hadde halde til på Dåreid-neset i si tid.

«Unge Herredag vinn over Gautlandskongen» har altså ei spesiell lokal forankring i Lister-geografien. Dessutan knyter visa seg til den færøyske balladetradisjonen, for det finst færøyske utformingar av same stoffet i balladen «Ragnarlykkja» Her er også trollmaktene med i kampen – noko Moltke Moe har hevda

er eit typisk færøysk trekk (Liestøl 1937: 103–107). Elles er «Ragnarlykkja» egentlig namnet på ei diger trollkjerring som slåst på Gautlandskongens side:

Ragnarlykkja úr fjalli kom
við sítt skeggið hvíta,
átjan alin var hennar ryggur,
ógvulig at líta
(CCF I: 344)

Vi ser at ikkje berre trollmakter, men også norrøne og mytiske kjemper stiller opp i striden. Bak *snappan Siuran Svend* løyner Sigurd Svein – det vil seie Sigurd Fávnesbane – seg (*snappan* er avleidd av norrønt *snarpr* = kvass, djerv). *Kappan Tor* kan vanskeleg vere nokon annan enn guden Tor – kjend som trolldrepar – (*kappan* er avleidd av norrønt *kappi* = kjempe), og *Osmund Flagdekiempe* er same karen som *Ásmundr Flagðagæfa*, hovudperson i eit islandsk folkeeventyr og balladehelten Ásmund i «Ásmund Frægdegjæva». Visa om Herredag inneheld som vi ser, mange døme på intertekstuelle referansar – ei form for mellomaldersk «namedropping».

Utsyn 64
CCF 12

Oppskrift A

TSB E 41: Unge Herredag vinn over Gautlandskongen

Oppskrift: Avskrift 1859 av Sophus Bugge etter oppskrift 1786 av I. A. M. Morland etter ukjend songar, Vest-Agder.

Orig. ms.: NFS S. Bugge V, 162–167, avskrift etter NB Ms. fol. 101, siste legget (no forsvunne).

Oppgjeven tittel: En Viise om Goutlands Kongen og Een Konge som har boed i Spind paa Næss under gaarden Daarøe, i Lyngdahls fjord, ved Nafn Herredag.



1. Aarle om Morgen
saa Sola hun Rende^{k34} paa Sale,^{k35}
op stoed unge Herre Dag,
Han toeg sin Søster itale.
– Sielv var æg til hova. –

2. Hør du dæ, kiær Søster Min

dæ ska du af mæg Frægda
æg vil mæg til Goutland i Aar,
vor Faders Døen Hæbna.

3. Vil du Dæg til Goutland i Aar,
daa Revner det i min Hog^{k36}
saa^{k37} sidder^{k38} etter Eisemaal,
som vidle fogl^{k39}.

4. Vilt Du Dæg^{k40} til Goutland i Aar
med Svær og blanka Brynnia,
saa glea æg meg^{k41}, med det qvide Sølv
min^{k42} fader han aatte heima^{k43}

5. Læg inkie ud di smaa skudan
og læg dem inkie paa sund,
tag nu du den dyre Knurren
som er bygt paa Oustad grund.^{k44}

6. Tag saa med dæg snappan Siuran svend,
og saa han kappan Tor,
og saa han Osmund Flagdekiempe
som boer i biærget noer.^{k45}

7. Ind gik alle Herredags mænd
de vare nu alle stoere,
det vil æg for sandhed seia
han saa^{k46} sak paa fiærde boere.^{k47}

8. Da de kom til Stangefield^{k48}
da flagte de etter lods,^{k49}
da gik deres stoere raa,
for hun var giort a tros.

9. Den ongeste Herredag^{k50}
han giorde heraf stoer gamma,
kom hid Osmund Flagdekiempe,
du skjøyde raaen samma.

10. Fram kom Osmund Flagdekiempe,
han var nu sagt^{k51} te seia,
der var inkie af aa tage
og inkie aat te lægga^{k52}.

11. Kiuringnn^{k53} giædte i Saude hej^{k54}
seer han ud saa vida
der seer han et orlogskib
det monne til landet skria.

12. Æg seer saa stort et orlogskib
det er som odde Ø^oya^{k55}
endten vil han børren bioa,^{k56}
heller vil han beile til møya.

13. Det var Goutlandskongen
han tengte paa sin æbna^{k57}
det er den unge Herredag
han vil sin faders død hæbna.

14. Det var unge Herredag
han lagde ind for strand,
men snappan Siuran svend
han sprang der først paa lan.

15. Det var unge Herredag
han fandt paa gode raad,
mee vil giæra et senneboe
og komme inkie staalen paa.

16. Saa robte onge Herredag
over alle sine mænna
kom hid snappa Siuran sven
du er saa knap te renna.

17. Da han kom i borger gaard
da axla han sit skind,
han havde saa fagert foedefær
for Goutlandskongen ind.

18. Høyr du Goutlands konge,
det skal du a mæg frægda^{k58},
hid kommo^{k59} ongest^{k60} Herredag
han vil sin faers død hæbna.

19. Du ber han ongest^{k61} Herredag
heime være i Ræve-knutlan^{k62} smaa,
han har inkie her aa giæra,

hans fader kunde inkie staae.

20. Du ber han møder i Odderstorn^{k63}
inkie lada odden gletta,
men hae mandomshog i brøst
og inkie spenna som ej kiætta.

21. Alle Goutlands kongens mænd
de slog paa pantserne sina
ønskede fer alt dæ de vidste
at denne natten maatte lia.

22. Aarle om morgen
da solen ran i lian,
da for Goutlands kongen med alle mænnan sine,
selv bandt han sværdet ved sian.

23. Da møtte alle Herredags mænd
de var nu alle fuld høga,
de totte sværan kun inkie doga
thi rygte de eige-trean op mæd roda.

24. Daa blev slaget ynkelig hæidt
dæ monne om øyrane svia,
onge Herredag stoed sæg godt
Goutlandskongen kun inkie bia.

25. Snappan Siuran svend toeg een eig,
aa den kunne han vel bruge,
saa slog han Goutlands kongens mænd
de maatte til jora kruga.

26. Unge Herredag drog sit sværd
der med var han inkie sein,
han saa slog han til Goutlands k[ongens] hove
saa hogje giet^{k64} i hans axlebein

27. Saa drog unge Herredag heim
hans mæn var alle glade,
paa Daarsnæs han giorde et giæstboe
i fulle aatte daga.

Med oppskrifta har det lege eit brev frå oppskrivaren til amtmannen Petter Holm. Bugge har skrivne av brevet (NFS S. Bugge V, 157–158), og Bugges tekst lyder såleis:

Univ. Bibl. Mscr. Sml. 101 fol. sidste Læg.

Brev med Udskrift: Høy Velbaarne Hr Petter Holm deres kongelig Mayestets Høy Bestalter Statsraad og Amtmand over Lister og Mandahls Amter til K: T: Kristiansand.

Under mine Reiser ... har jeg gjort mig all u-mage for at faae nogen Oplysning, i Anledning af Deres Velbaarenheds Erindring.

Jeg har saaledes befundet, at der rigtignok paa Gaarden Goutland i Herods Sogn har boed Een Konge ved Nafn Goud, hvorf af Gaarden har sit Nafn; Halvdelen af hans Grav er endnu til Syne, ungefæhr 4 Al. lang, omlagt med steene, men den anden halve deel formedelst Oprødning udarbeidet, hvor der da fandtes et Støkke af et Sverd, men det har ikke været muelig at faae opspurt, om samme endnu er til.

Indlagde Viise har efter Een gammel Bondes Udsigelse adskrevet, som giver den Oplysning at paa Gaarden Daarøe i Spind faar et Næss i Lyngsdahls Fiord ~~har~~ tvert over fra Asperøen har og boed een Konge ved Nafn Herredag, som blev ihiel slaged af Goutlands Kongen, og hans Døed hevned af Sønnen, det Skib som i denne Viise kaldes Knurren var bygt paa Oustads Grund i Rosfiord hvor der endnu findes opreist nogle lange Steene der siges at være Kiendemærke, efter hvor Skibed stoed paa Stabelen.

1786 Fahrsund d. 4. April

I A M : Morland.

Strofene er nummererte i avskrifta, men det er usikkert om dei har vore det i originalen; Bugge skriv at det ikkje var nokon Adskillelse af Linjerne i handskriftet.

Omkvedet blir gjeve til slutt i oppskrifta med desse orda: Den som har forfatted denne Viise har sluttet alle Værs med disse Ord: Sielv var æg til hova.

Bugge skriv elles: Fra V. 5 af har jeg ikke gjengivet forskjellen mellem store og smaa Bogst.

«Den nye Optegnelse», som Bugge refererer til i kommentarane, er oppskrift D her.

Oppskrifta er prenta i DgF IV, 690–692 og i Blom og Bø 1973, 228–231.

Oppskrift B

TSB E 41: Unge Herredag vinn over Gautlandskongen

Oppskrift: 1856 av Sophus Bugge etter Targjei Targjeisson Kosi, Vrådal, Kviteseid, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge III, 110–115 (reinskrift).

Oppgjeven tittel: Unge Heredag. II.



1. Árli um Morgenen,
Sóli rjóar í Svalar,
upp stend unge Heredagjen,
mæ sí Syster á^{v114} tala
– Du lova meg ungan Heredagjen útríe. –

2. «Høyr du kjær Systeren min,
fleire vi eg kje^{v115} nevne,
eg vi' meg te Gaukland iår
min Faers Døen á hevne.»

3. «Vi du deg te Gaukland iår,
du gjere^{v116} meg ikkje dæn^{k65} Mein,
du let ikkje heimi vere
han snarpe Sigur Svein!»

3. [Vi du deg te Gaukland iår,]
[du gjere meg ikkje dæn] Sorg,
[du let ikkje heimi vere]
han snarpe Knút í Borg.

3. [Vi du deg te Gaukland iår,]
[du] aukar meg ikkje dennⁿ²⁴ Kvíe
[du let ikkje heimi vere]
Gúten í Kappa síe

6. Så skúva dei út den lange ramme^{k66} Róna,
som lengstom ha' legji på Lunno;
då dei kom på Gauklandsfjören,
då gjekk dæn Róna^{k67} sunde.

7. Dæ va^{v117} unge Heredagjen,
han gjóre dærav stór^{k68} Gama^{v118}:
«Du stend upp Presten^{v119} í Finnbúkappa
å binde^{v120} dæn Róna^{v121} ti sama!»

8. Dæ va' Gauklandskungjens Datter,

hó ser seg út så víe,
hó ser den lange ramme^{k69} Róna
pá Gauklandsfjóraen mon skríe.

9. Hó ser den lange ramme^{k70} Róna,
æ' víare hell ei Øy:
«Anten ví' de hevne Bani
hellå beile ti Møy.»

10. Árinna á Ankaren
kasta dei for Land,
dæ va' unge Heredagjen,
sprang fyste pá kvíte Sand.

11. Sá bar deiⁱⁿⁿ den skjemtands Bo,
dæ bar hó inn fire Mann;
dæ va' Gauklandskungjen,
han lyfte hó så lett mæ Hand.

11b. [Sá bar dei inn den skjemtands Bo,]
[dæ bar] hó inn pá Stang^{v122}
[dæ va' Gauklandskungjen,]
han lyfte hó så létt [mæ Hand]^{v123}.

12. «Du møter ímorgo pá Leikarvoll!
der ska' kos Eggjinne^{v124} rjóe^{v125},
sit 'kje heime unde Brasstein^{v126}
som andre Kjettur á gló!^{k71k72}

13. Du møter ímorgo pá Leikarvoll!
der ska' me^{v127} Eggjinne^{v128} arte^{v129}
sit 'kje heime unde Brasstein^{k73}
som andre Kjettur svarte!»

14. Sá møttes dei pá Leikarvoll
mæ Gnýr á mykje Mýr^{k74};
Sóli fekk 'kje skíne pá Fjöll,
for Røykjen stó høgt í Ský.

15. [Sá møttes dei pá Leikarvoll]
[mæ Gnýr á mykje] Mó;^{v130}
[Sóli fekk 'kje skíne pá Fjöll,]
for Røykjen av Mannebló.

16. Dæ va' Gauklands-Kungjen,
han stende í Brynjebånd,
han hoggje te unge Heredagjen,
han miste sí høgje Hånd.

17. Sigur sprang ette Smoltebytta, [k75](#)
han va' ikkje sein;
han lækte att unge Heredags Hånd,
hó blei gó'e sea som fyrr.

18. Dæ va' Gauklands-Kungjen,
han stó í Brynjele,
sá hoggje han ^{han vóg ti} unge Heredagjen
tvert í tyvi bæe hass Kne [v131](#).

19. Dæ va' unge Heredagjen,
han skaut dei Stubbar í Jór, [k76](#)
det vil jeg for Sandhed sige,
då gjóre han Níingsmór. [k77k78](#)

20. Sigur sprang ette Smoltebytta,
han va' ikkje sein;
han lækte att unge Herredags Føtar,
dei blei góe sea som fyrr.

[De stred og gik så hårdt på Gauklandskongen, at han måtte til at bede.] [k79](#)

21. Dæ va' Gauklands-Kungjen,
han sprette Bló på Tonno:
«Du lovar meg í Lúen blåse
å kalle hit fleir av Monno!»

22. Så sette han Lúen for blóutte Tonn,
sá bles han 'tí av Vreie;
dæ hørde Jórþá þonn Joklekåpa
í tyvi Elýsan heie

23. Så sette han Lúen for blóutte Tonn,
sá bles han tí av hari,
dæ hørde Jórþá þonn Joklekåpa,
som Tóri Feggjen [k80](#) ha'e.

24. Dæ hørde Tón Nórvík [k81k82](#)

sunna^{v132} ífrá Sundi^{v133};
dæ hýyrde Pál Drykkjebolten^{k83k84},
som ingjen Botn æ' undi.

25. Árleg um Morgenen,
for Sóli sprette på Tre,^{k85}
dæ va' snarpe Sigur Svein,
han møtte mæ nördre Garsle.

26. «Vælkomen Jórunn Joklekåpa!^{k86}
eg æ' både mó å tyste,
du låner meg ditt forgylte Honn
å lat meg drikke fyst'e!»

27. Dæ va' snarpe Sigur Svein,
han gjóre hennar stóre Mein;
han tók hennars forgylte Honn
å sló dæ ímót ein Stein.

28. «Vælkomen Tón Nórvík
sunnati ífrá Sundi!
æ' du mæ Pál Drykkjebolten,
som ingjen Botn æ undi?»

29. Vælkomen Tón Nórvík
væl så æ' du vaksen;
femten Alnir æ' du lang'e
å fem yvi dine Akslir.

30. [Vælkomen Tón Nórvík]
[væl så æ' du] útreidd'e
[femten Alnir æ' du lang]
[å fem] æ' du brei'e

31. Dæ va' Jórunn Joklekåpa,
hó sette seg ne så bleik'e:
«Skam få deg, du Sigur Svein!
du spilte så ven ein Leik'e.

32. Mi ska' gjere ein Manngar
íkring ein Seljerunne;
fær mi 'kje Gúten mæ Hendanne take,
så heve han Leikjen vunni.»

33. Så gjóre dei ein Manngar
íkring ein Seljetein;
dæ va' snarpe Sigur Svein,
yvi Manngaren steig.

34. [Så gjóre dei ein Manngar]
[íkring ein] Seljebrand
[dæ va' snarpe Sigur Svæin,]
[yvi Manngaren] sprang.

[Solen kom på dem; de kom ikke frem, men sprak.]



Strofene er nummererte i oppskrifta. Med annan penn er nummereringa endra: Strofe 3 og 5 har bytta plass. Elles er rekkjefølgda den same, men med slik nummerering frå og med strofe 10: 11, 12, 14, 15, 18, 19, 24–42. Dei nummera som manglar (10, 13, 16, 17, 20–23) er elles ikkje sette til. Her er strofene sette i opphavleg rekkjefølgd, med opphavleg nummerering.

I margane refererer Bugge til «VI» og «VII». Desse referansane er ikkje identifiserte, og dei er ikkje tekne med her.

Reinskrifta har mange variantar frå Olav Haugen. Dei heng i hop med ei anna, svært forkorta oppskrift (NFS S. Bugge a, 115). Dei er medtekne her.

Strofe 11b er skriven inn med blyant nedst på sida, rett under strofe 11. Ho står også som «11b» i reinskrifta.

Oppskrift C

TSB E 41: Unge Herredag vinn over Gautlandskongen

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Aslaug Targjeisdatter Askedalen, Vrådal, Kviteseid, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge g, 294–300 (kladd)

Ingen oppgjeven tittel.



1. Dæ va' årli um morgonen^{V134}
sóli róar í svala

ute stend unge Herredagjen
alt mæ sí syster á tala.
– Du lova^{v135} meg unge Herredagjen utríe. –

2. Høyrer du de kjær systemen mín^{v136}
fleire vi eg ikkje nevne,
eg vi' meg te Gaukland íår
min faers^{v137} dø å hevne.

3. Vi' du [deg te Gaukland] íår
aukar du meg denni kvíe,
du let ikkje^{v138} heime vere
gúten í kappa síe.

4. Vi' [du deg te Gaukland íår]
[aukar du meg] denni mein,
[du let ikkje heime vere]
snappe^{v139} Sigur Svein.

5. Vi' [du deg te Gaukland íår]
[aukar du meg denni] sorg
[du let ikkje heime vere]
snarpe Knút í Borg.

6. Så skúva di út den lange ramme róna,
som lengstom ha legji på lunn
då di kom på Gauklandsfjór^{v140},
då gjekk róna sund.

7. Upp stó unge H[erredag]
gjóre derav gott gama:
statt upp fjøttren^{v141} í finnbukappa
å stell den róma tesama

8. De va^{v142} Gauklandskungjens dótter,
hó sér seg út så víe,
no^{v143} sér eg den lange ramme róna
på Gauklandsfjóren skrie.

9. Visselege sér eg eitt skíp,
d'æ' víare hell ei øy,
anten aktar di^{v144} bani hevne
hellå beile te møy

10. Så la dei skipe^{v145}
alt på den kvíte sand,
dæ va' u[nge] H[erredag]
han sprang fyst på land

11. Fram så kjeme^{v146} dæ skjemtands^{v147} bo,
dei bar dæ inn på stang,
dæ va' Gauklands kungje^{v148},
han lyfter dæ så lett mæ sí hand.

12. [Fram så kjeme dæ skjemtands bo]
[dei bar dæ inn] fíre mennar
[dæ va' Gauklands kungje,]
[han lyfter dæ så lett] mæ sin' hendar.

13. Dæ va'^{v149} Gauklands kungje,
ille så heve eg gjætt,
kjem hó att enno^{v150} den gamle grågymmer,
som lengje hev skjemt út ætt.

14. De va' [Gauklands kungje]
han klagar^{alle} síne nauir,
ille så heve eg gjætt ídag
búrte æ alle míne sauir.

15. Møt kon^{v151} imorgó på leikarvollunn
så ska' me eggjinne ró,
inkje sit heime unde brasstein
som andre kjettur å gló.

16. [Møt kon imorgó på leikarvollunn]
[så ska' me eggjinne] braste^{k87},
[inkje sit heime unde brasstein]
[som andre] kjettur svarte.

17. Dei møttest út på leikarvollunn
mæ gnýr å mykje mór,
sóli fekk ikkje skíne på fjøll,
for røykjen av mannebló.

18. De va' [Gauklands kungje]
han stó í brynjele
so hoggje^{han} av unge Heredags fotar^{av}

tett omafyr kné

19. Sigur spring^{v152} ette smoltebytta
va' snøgge å inkje sein
lækte atte u[nge] H[erredag]s føtar,
bete sea hell fyrr.

20. Dæ va u[nge] H[erredag]jen,
han blæse te så hare,
dæ hørde dei som i skipe va'
H[erredag]s mennanne så snare.

21. Dæ va' unge H[erredag]jen,
han stó í brynjebånd,
hoggje te Gau[klands kung]je,,
han miste sí høgre hånd.

22. Dæ [va'] G[auklands kung]je, ⁿ²⁵
han spretto bló på tonnó
du lovar meg u[nge] H[erredag]jen
å kaller inn fleire av monnó

23. Dæ [va'] G[auklands kung]je,
han blés te så breie
dæ hørde Jóronn Jóklekåpa
ivi dei jóse heie.

24. Dæ va' snarpe Sigur Svein
han møter mæ nördre garslé,
vælkomen J[óronn] J[óklekåpa]
å set deg hera^{v153} ne!

25. Vælkomen Tóre^{v154k88} Feggje
væl så æ' du vaksen,
15 Alner æ' du lang
å fem ivi díne' axler

26. Vælkomen Tór Lórvík
nóra ífrå Sund
æ' du mæ Pål Drykkjebolten,
som ingjen botn æ undi.

27. Skam få deg snarpe S[igur] sv[ein]

du sille^{v155} þá kon kalle,
me ha' sill spela sá fin ein leik
dæ va' trí kjempur^{so} snadde.

28. Hóyrer du Joronn J[óklekápa]
eg æ' báde mó á tyst^{v156}
du láne meg ditt spisslarhonn
á let meg drikke fyst.

29. Dæ va snarpe S[igur] sv[ein]
tók honne í sí hánd
han stóytt dæ ivi J[óronn] J[óklekápa]
hó i mange lutir sprang.

30. No lýt me^{k89} gjera ein manngar^{k90}
íkring ein seljetein,
fær me 'kje guten mæ hendanne tekji
sá hev han vunni leikjen.

31. Sá gjóre dei ein mannegar
íkring ein seljekrans,
dei kunna'n inkje mæ augunne feste,
langt mindre á taka mæ hánd.



Strofene er ikkje nummererte i kladden.

Reinskrift: NFS S. Bugge IV, 219–221. I reinskrifta refererer Bugge ved dei fleste strofene til oppskrift II av denne visa. Dette er oppskrifta etter Targjei Kosi, her oppskrift B.

I oppskrifta er ei anna rekkjefølgd av strofe 25–28 antyda med nummer frå 1–4 i margen, såleis at strofe 28 kjem føre strofe 25. Reinskrifta har halde på den rekkjefølgda som er oppskrivnen frå første, og det gjer vi også her.

Oppskrift D

TSB E 41: Unge Herredag vinn over Gautlandskongen

Oppskrift: (Avskrift 1865 av J. M. Osmundsen etter) oppskrift 1859 av E. Sigbjørnsen etter Kristoffer Tønnesson Dårø, Spind, Vest-Agder.

Orig. ms.: NFS S. Bugge r 29, 1–4.

Oppgitt tittel: Kong Gaut og ungan Herredag.



1. Aarle va dæ om Morgen
Sola hu rødna paa Sala
Opstod ungan Herredag
aa tog si Søster paa tala
– Sjaal va han mæ te Hova. –

2. Aa høir du dæ, kjær Søster mi,
dæ ska du a mæg frægda:
Æg vil naa mæg te Gautland iaar
min Fars Død aa hebna.

3. Aa vil du naa te Gautland iaar?
naa rebna de i mi Hoga
Saa sidde æg ette eisemaal,
som einlig Fugl i Skoga.

4. Aa vil du naa te Gautland iaar?
aa vil du detta gjera?
Tag mæ deg han snappan Sjuransvend,
du la han kje heima væra

5. Tag mæ dæg han snappan Sjuransvend
aa saa han Rappan Thor
Aa saa han Osmund Flagrekjæmpa,
som bu i Bergje nor.

6. Du ta naa einkje dei Baadan smaa
som ligge herude paa Sunne
Men ta du dæg den Dyreknurren,
som vide gaar Soga omme.

7. Saa toge dei den Dyreknurren
aa la han derud paa Fjora
Daa Herredag kom mæ si Magt
den sok paa fjerde Bora.

8. Aa daa dei kom 'for Stangefjelle,

daa flaga dei ette Lods
Aa sun(d) gjek daa deira store Raa
for hu va gjort paa Tros.

9. Aa dæ va ungan Herredag,
han blei naa detta vara
Aa høir du snappan Sjuransvend!
du skjøide vel detta samma.

10. Saa skjødte han den Raa sammen,
aa dæ gjore Sjuran Skjægge
Der va inkje a aa ta
aa inkje te aa læggje.

11. Fæhyringjen sidder i Sandsheia
han vogter baad' Gjeiter aa Faar.
Aa han gaar seg i Kongens Gar
aa seie der Ti(d)en(d) ifraa

12. Æg saag et Skjib her ud for Land
dæ va saa stort som Øia
Antel vil dæ Børinn ha,
hel vil han bele Møia

13. Æg sto saalængje aa saag derpaa,
æg totest i Hugjen leiaast
Sværan dei glimra som Rabnefjøre
dei vært inkje let aa veia

14. Æg sto saalængje aa saag derpaa,
æg totest i Hugjen raa
Sværan dei glimra som Rabnefjøre
øve dæ store Skjibsborra

15. Aa te saa svarte Gautlands Kongen:
dæ ska du a mæg frægda
Dæ æ vist ungan Herredag
sin Fars Død vil hebna.

16. Aa dæ va ungan Herredag
han kom der saa vel til Raa
Me tjus okke ud et Sennebu(d)
me kjem ustaalen derpaa.

17. Æg ste dæg Hogfal te min Dreng,
æg veit du æ rask te lauba
Ingjen Haug hell vildfaren Hund
kan ta den Svennen paa Lauba

18. Du helse Gautlands Kongen,
dei andre tar du kje næbna
Imora kjem Herredag mæ si Magt
sin Fars Død vil hebna.

19. Du be ham møde i Odderstormen
aa inkje la Odden gletta
Aa inkje sid heima i Aresteinen
aa spen saa ei anna Kjætta

20. Du be han kvæsse vel sine Spjud
aa skjærpa vel sine Spjerta
Aa føre saa Karmandsmoð i Bryst
aa før kje at Kaalvehjæta

21. Be(d)re he Herredag heima aa væra
i Rævekrottan sine
Inkje kan han dei Huggan staa,
hans Far kunn' inkje bie.

22. Bedre he Herredag heima aa væra
i Rævekrottan smaa
Inkje kan han dei Huggan staa
hans Far kunn' inkje staa

23. Aa dæ va ungan Herredag
han skjible Mænnan sine
Helvtan sko i Striden gaa,
aa Helvtan paa Skjibe væra

24. Aa dæ va naa alle Herredags Mænd,
dei helt op øve seg Hænnan
<Dei> ba <naa> Alle kver te sin Gud
at N<o>tta ho maatte faa Enne

25. Aa dæ va Gautlands Kongen,
han robte ud ei Rodda
Kom naa Thore Noah

mæ alle dine Trodda.

26. Aa saa kom Gugra Joglekaaba
ho bodde der noranfør Jæren
Hende fydde Rangel og Rangelty
og tolvar Kjæmper flere

27. Aa saa kom Fredje Finbur
han budde derude paa Lista
Men kaa mange der va mæ han,
dæ veid æg inkje mæ Vissa

28. Aa dæ va snappan Sjuransvend
han kom der saa vel te Raae
Velkommen Thore Noah,
for me æ Kjæmper baee.

29. Aa illa gjøre du snappan Sjuransvend,
kvi napte du mæg saa braae
Me sko ha slei okk' i Staldbrolag
for me æ Kjæmper baee

30. Kosse sko me slei okk' i Staldbrolag
me tena kver sin Herre
Mi Brynja sku bli i Afta heil,
maa din sku gaa i Spjerre

31. Aa dæ va Thore Noah
han tog te sit langa Bein
Aa dæ va snappan Sjuransvend,
han ba han sko helsa heim

32. Aa dæ va Freidje Finbur
han far naa alti(d) mæ Liste
Han hug te ungan Herredag
saa han si Høirehaand miste

33. Aa dæ va snappan Sjuransvend
han stak inkje for den Sveite
Han kastad baade Brynje og Sværd
ette Herredags Haand han leidte

34. Saa tog han den Smitlek†.....†^{rusa},

som Gugra ho han ga(v)
Saa smitle han atte Herredags Haand
ho blei saa go saa ho va

35. Snappan Sjuransvend han løfte
sit Sværd mæ alle
han hugde te Freidje Finbur,
han maatte te Jora falle.

36. Aa dæ va Goutlands Kongen,
han helt op øver seg Hænna
Du holdt naa op ungan Herredag
du ser æg fattes Mænna(r)

37. Dæ va alle Herredags Mænd,
dei blei naa alle huga
Dei rykte Eigan mæ Roda op
dei tote kje sværan duga

38. Aa dæ va Gutlands Kongen
han tog naa te aa langa
Naa heve æg levd i airomæt,
men aldrig set Eigskugjen ganga

39. Aa dæ vaa Goutlands Kongen
han faldt paa sit bara Knæ
Æg be dæg ungan Herredag
du unner^{v157} mæg Notefre(d)

40. Aa dæ va snappan Sjuransvend
æg seie dæg saa æg meina
Drik han drykjen aa søv(e) han Svøbnen,
du sten(ne) han inkje heime

41. Aa dæ va ungan Herredag
han løfta sit Svær(d) me alla
Han hogde da Gautlands^{Kongen},
han maatte te Jora falla

42. Aa dæ va ungan Herredag
han tog naa te aa hikka
Æg be dæg Gautlands Dronninga,
du gie okke noge(t) aa driikka

43. Aa dæ va Gautlands Dronningja
ho gjek i Kjelderren daa
For de kan æg mæ Sandhed seia
ho vidste koe Eideren laa

44. Aa saa kom ho atte igjen
aa dæ gjore ho mæ Liste
Æg drikke deg te du unge Dreng
æg veit du æ fæilig tyste

45. Aa dæ va snappan Sjuransvend
han udi Hodne saag
Aa høir du Gautlands Dronningja:
aa detta drikker du sjaal

46. Aa dæ va ungan Herredag,
han Hodne i Haanna rykte
Han slo(g) dæ paa Gautlands Dronningja
ho sprak i femtan Stykje

47. Saa slo(g) dei ihæl i Kongens Gar
te dei fek Last aa Meina
Ingjen maatte levands bli
uden Kongens Datter aleina

48. Saa toge dei den skjønne Jomfru
aa leid(e) henne øve Skjibsborra
Naa gjev æg dæg ein a mine Mænd,
kven som deg hava tora

49. Aa dæ va ungan Herredag
han seilte naa heim igjen
Saa drak han sin Fars Gravøl
ihob mæ sine Mænd.



Strofene er nummererte i oppskrifta.

Sophus Bugge har sett til alternative lesemåtar frå ei mest identisk, udatert oppskrift gjord av «S. Sørensen» (NFS S. Bugge r 28). Desse lesemåtane er ikkje tekne med her.

På grunn av at papiret har vore bretta, er det nokre uklare tekststader. Desse er markerte og fylde ut

etter Blom og Bø 1973.

Parentesane i oppskrifta er sette til av avskrivaren.

I ei etterskrift, datert 28. oktober 1865, skriv J. M. Osmundsen m.a.: Visen er mig meddelt af Kirkesanger i Spinds Sogn E. Sigbjørnsen, der nedskrev samme 19de Novbr 1859 efter mundtlig Meddelelse af Kristofer Tønnesen Daarø, der døde kortefter mellem 70 og 80 Aar. Han skulde være den, der i sin Tid kjendte Visen fuldstændigst.

Oppskrift E

TSB E 41: Unge Herredag vinn over Gautlandskongen

Oppskrift: 1863 av Sophus Bugge etter Margjit Johannesdotter Hovde/Svigslis, Tuddal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge i, 182–189 (kladd)

Ingen oppgjeven tittel i kladden.



1. Å de va ^{v158} unge Heredag
gjekk í høieloftssvålår,
høyrrer dú frú Margjit eg tålår te deg
at høieloft^{k91} me vi' fàrá
– Æ dag lyster unge Herredag útríe. –

2. Å de va ^{v159} frúga Margjit
hó rende tårinn på kinn,
å han ^{ska} fýgje deg fragde kjempa
Sigulⁿ²⁶ bróer min.

3. De va' årleg óm morgóen
då sóli skjein í svålår
dæ va Sigul å Herredag
at østlåndó dem vi' fàrá.

4. Dei kasta deres ankara
^{allt} innpå gvíte sand,
å dæ va' S[igul] å H[erredag]
dem fyste tvo mann í land.

5. Da dem kom at borgargål
då aksla dem deres skinn,
dem va' dristuge í fótefæli
fe østlandskongen inn.

6. Dæ va' kongen av Østlándó
han tótte dem dýninn fyllte
hot æ' de fe noko kabbepjokke^{v160}
som føre den hjælmen gyllte^{v161}

7. Te svárá Kari kongens dotter
so vént va droningsemne,
dæ æ' unge Herredag
sin faders dø vi' hemne.

8. Dæ va' unge H[erredag]
han um på golve trú^{v162}
hore gjóve^{k92} dú ta'n Ávar fae min,
som kom her hit í fjól?

9. Dæ^e va' kongen av Østlándo
han svárá hánom so gjønne,
eg tók 'en Ávar fae din
å skifte'n^{k93} út fe míne bjønni

10. So møt meg ímorgó på fagdan^{k94} voll^{k95}
å bjó meg hoggji^{k96} bjarte,
sit dú heime unde heddeveggjenn^{k97},
so ber dú kalvehjarta.

11. De va' kongen av østlándo
han på síne hendar snúdde^{k98}
eg heve sta'i so mang ei^{k99} strí,
som mindre på meg frudde^{k100}.

12. Eg heve úti min'e^{k101} gål
dem ulvesungar mange
de sku' kje Sigul hell H[erredag]
levándes fer dem stande

13. Eg [heve úti min'e gål]
dem gvítebjønna tvo,
[de sku' kje Sigul hell Herredag]

[levandes fe dem] stá

14. De va' S[iguł] á H[erredag]
dem stullra stettó ne,
dem gvítebjønner á úlvesungei<n>
dem sturta daua ne.

15. De va' S[iguł] á H[erredag]
dem hoggji, dem tótte de gauna,
dei hoggji ne älle hedningäin,
rund um alle hauga.

16. Dæ va' kongen a østlande
blóe rann hånóm te døde,
dæ va' S[iguł] á H[erredag]
tók bórt hans gull so røde

17. ^Å Høyrer dé kjære Herredags-mennar
de bíer meg ei stund,
te eg ^{fær} blási í forgyllte lú,
de felar meg nokle mann,

18. Dæ va' kongen a østlände
han blés úti lúen me vreie
dæ hørde Jóronn Jóklekåpa
nóla fyrri heie.

19. Dæ va J[óronn] J[óklekåpa]
hó stullrar slakkó ne
Dæ va' S[iguł] á H[erredag]
dem sekte hó på havi ne.

20. Åšt so kom den ríke fróna^{k102}
hó vilde mjoen skjenkje
uttfe la unge Herredag,
hó meire på han tenkte^{k103}

21. Dæ va Siguł svein^{k104}
uppi sylvanhonne^{v163} ság,
han stótte^{v164} de ivi den ríke fróna,
so sprakk hó í luti tvo^{k105}

22. De ær no den ríke fróna

hó spr[akk] í luti tvo,
dæ sjár^{v165} de älle Herredags mennar,
den drykken den dr̄a tikk hó sjóv.

23. Dem bitt upp deres silkjeseil
å dertil forgylte ræ
so seglar dem seg åt vestlände,
mindre hell måna tvo

24. Dem kasta síne ankara
alt inn på gvíte sand,
de va S[iguł] å H[erredag]
dem fyste tvo mann í land.



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Over oppskrifta står det: (Margjit Svigslí)

Reinskrift: NFS S. Bugge V, 212–215

TSB E 42 Ivar Elison

Innleiing

Ivar Elison blir sett til boklege studiar, han skal lese til prest. Far hans er drepen, og drapsmannen har ikkje betalt bot for drapet. At faren er død, kan vi sjå av at Ivar ikkje ber noko farsnamn, slik skikken i eldre tid var. I staden ber han namnet til mora. Når Ivar går på leikarvollen med dei andre ungdomane, får han lastord fordi han går hardt fram mot dei i ball-leiken I staden burde han hemne far sin, det hadde vore meir ærefullt, seier dei. Ivar talar med mor si, no vil han vite kva som har skjedd. Mora fortel alt. Faren er drepen, og den blodige skjorta heng framleis på steinveggen. Ingen har brukt skjorta, og ingen har klipt mana på stridshesten hans. Ivar vil til kyrkja, for der reknar han med å sjå drapsmannen, *ille Hermod* – den vonde Hermod – og mora rår han til å ta med seg søstersønene hennar, Per og Jon. Dei tre søstrungane oppsøker drapsmannen heime i garden hans, og Ivar spør om han har tenkt å gjere opp for seg. Svaret er nei, i staden følgjer Hermod etter dei for å slå dei i hel. Ivar og dei to venene tek opp kampen og drep halvparten av Hermods menn. Ivar kløyver sjølv «skjollen aa ringebrynja / aa Hermó alt í navlí» (Bugge [1856] 1971: 19). Deretter rid dei heim, og Ivar fortel den glade bodskapen til mora.

Kring midten av 1800-talet, då «Ivar Elison» vart skriven opp i Telemark, var det berre Hæge Olsdotter Årmote (1787–1860) og bror hennar, Olav Olsson Profetli (1783–1863), som kunne denne balladen. Hæge Årmote, ei fattig husmannskone frå Mo, var ein av dei fremste balladesongarane her i landet. Det vart skrive opp førti balladar etter henne, og dessutan stev, nyare viser, gåter og ramser. Olav Olsson, som ikkje var like kunnig som den eldre søstera, levde også i husmannskår, på plassen med det ironisk-spøkefulle namnet Profetli (Jonsson & Solberg 2011: 466–472). Bugge møtte Hæge Olsdotter i 1856 og 1857, og han brukte heile ni av tekstane hennar i *Gamle norske Folkeviser*, deriblant «Ivar Elison». I føreordet nemner han henne som ein uvanleg kunnig og språkmedviten songar:

«Hun havde i sin Barndom af sin gamle Fader lært en Mængde Viser, som hun mindedes forunderlig godt. Dog pleiede hun ikke nu at kvæde disse i den samme gamle Sprogform, i hvilken hun havde modtaget dem af Faderen, og med Sikkerhed vidste hun ofte at angive hvor Faderen havde brugt andre Ordformer og Udtryk eller udtalt Ordene annerledes, end hun nu pleiede» (Bugge [1858] 1971: XI).

Nokre år tidlegare, sommaren 1847, hadde Jørgen Moe skrive opp «Ivar Elison» etter Hæge Årmote, i ei form som er svært lik Bugges. Forutan oppskriftene etter Moe og Bugge har vi berre to-tre oppskrifter av enkeltstrofer.

På dansk finst det ei såkalla *romanvise* med utbrodert handling – 77 strofer – frå om lag 1630, ei vise som truleg byggjer på ein norsk versjon av «Ivar Elison». Teksten står i eit handskrift som er ført i pennen av Vibeke Bild (1597–1650), dotter til den danske adelsmannen Preben Bild. Han sat med Lister len i

fleire år, og denne sørnorske tilknytninga har gjeve Vibeke tilgang til norsk visemateriale (DgF VIII–IX: 209–217).

«Ivar Elison» tek opp eit populært ballade-tema, blodhemnen som måtte til når ein drapsmann ikkje gjorde opp for seg og ikkje betalte bøter til frendane etter den drepne. Dette skulle drapsmannen gjera, men det skjedde ikkje sjeldan at ein drapsmann prøvde å vri seg unna, og då måtte ætta til den drepne hjelpe til, slik at æra kunne rettast opp.

Utsyn 62

DgF 478

Oppskrift A

TSB E 42: Ivar Elison

Oppskrift: 1847 av Jørgen Moe etter Hæge Olsdotter Årmote, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS J. Moe 10, 15a–16f.

Oppgjeven tittel: Ivar Elisons Vise



1. Ivar bleiv i Skolen sætte
Sille lære i Bok
Der kom Præstar aa lærde Mænnar
De baust inkje for en Bot
2. Ivar bleiv i Skolen sætte
Lære i Bok en sille
Saa skaa Prestar aa lærde Mænnar
Ganga i Skolen gjilde
3. Aa Ivar gjænge paa Leikarvoadden [k106](#)
Kastar han Sop af Hænde
Der blaanar, som der Lite kjæm paa.
Der styrmer slet inkje Kvenni
4. Aa ne saa sættes dei Knigtane
Saamangje som dei vore
«De va sømmere sin Faer hevne

Hel gjeva kon Haagje saare»

5. Aa ni saa sættes dei Knigtane
Aa dei blei honom vreie
«De va sømre sin Faer hevne
Hel gjeva kon Haagje fleire»

6. De va Ivar Elison
han sæt si Haand ondi Kjind
Saa gjek han i Steistaaga
For sæle Mori ind

7. «Aa hoire du mi sæle Mori
Naa spør eg deg af Sando
Hor h hæve dei min Faer vorti
Me æg ska i Blygslo stande

8. Saa tok o op den Sylvesoppen
Ho gjores i Kjinni bleike
«Den hære din sæle Fare
Dæg agta te Baanelæike.»

9. «Aa fljote Faalen paa Stallen stænde
Aa fædder han Faxi graa
Han ha aller vor' skaarmeitt
Si' Far din faldi ifraa»

10. Aa Skjorta hængje paa Steinvæggi
Ho æ otor Bloi dreggi
Ho hæv alli vor' komi i
Si' din sæle Fa'er blei vegjin»

11. «Aa hoire du mi sæle Mo'r
Haat eg deg bea maa
Æg vi meg at Kjirka i morgo
Min Fairs Banin sjaa»

12. «Du ska deg inkje at Kjyrkja imorgo
Du kan deg inkje sømma
Utars du hæv de Lai me deg
Du ta'r kje onda røma.»

13. «Aa hoire du mi sæle Moer

Naa spor eg deg af Tru
Kven æ af mine Kynningar
Som du beste trur.»

14. «Du tæke me deg Pær og Jon
Mine Systersynir tvei
Her æ ingjen a mine Kynningar
Som æg trur bet' hel dei.»

15. Saa stigu dei paa Hestane
dei Systerongarne tri
Ivar snuddas i Borgele':
«Du liv'[v166](#) vel Moi mi.»

16. Aa de va da ho Eli Frua
Ho snodde seg me Graat
Ho gat inkje sin Sone svara
Saa vox hennar Sorg i Mot'[v167](#)

17. Aa ind han kjæme Smaadregjen
Seie han dæ ifraa:
«Der kjæm ein Gangar her i Garen
Aa Mannen site paa»

18. «Ja fulla kjenner eg Gangaren
Men inkje den an rei
Æ de kje Ivar Elison
Æ komin or Skolen heim.»

19. Aa ute saa bat dei Hestane
Aa sjave saa gjek dei ind
Saa blilege helsar Ivar onge
paa Fais Banen sin.

20. «Her site du Idde Hermo
Onde dit gule Haar.
Mant'[v168](#) du noko kunnige væra
Kven som min Faren vog?»

21. Ja fulla mon eg konnig væra
Kven som din Faren vog
Men de gjorest saa gaamule Gjæl aa greie
Aa seint kan du 'a faa.»

22. De va Ivar Elison
Han va saa nytin Svein
«Vi vi okkan te Kyrkje rie
Aa tala kje om de mei»

23. Aa Hermo tala te sine Mænnar
Han ondte dei inkje vel
«Me rie paa Skogjen ette dei
Saa slær me dei adde ihel.»

24. Aa de va Ivar Elison
Han saae seg attivi Hær
«Naa sier eg mi Fais Banenⁿ²⁷
Naa kjæm 'an mæ si Færd»

25. Aa Ivar talar te sina Mænnar
Te Systerongarne si^{v169}
«Kvaare skaa me onda røme
Hel me skaa mandelege bie»

26. Te saa svaara Systerongarne
Pær aa saa han Jon:
«Me vi inkje onda rome,
Me vaagar daa paa den Von»

27. Aa mot rei Pær Præstsonen
Haagje han alt af Vaai,
Han haagje tvei af tverrom Hesten
Aa dei dat daue baai.

28. Aa Ivar Svær or Sliro dræge
Han haagje te af Avli
Han kløivde Svær Skjollen aa Ringebrynja
Aa Hermo alt i Novli

29. Saa glæe^{v170} rei dei Systerongarne
Af øie Skogjen heim
Aa atte sat dei Saara sex
Aa vakte ivi daue Sjau.

30. Aa om saa tala Eli Frua
Naar ho saae sin Sønne bløi
«De ha vor' bære heime sæti

hel Daue saare grøe»

31. Gud forlaate deg, Sonen min
At du sat kje helle heime
De bære væra blauge hel aabaari
Helsa æ go aa gjøime.»

32. «Nei du ta'r inkje mi sæle Moer
Bæra før meg Kvjie
De blei kje min mindste Finger saara
Saa van eg i denni Strie

33. Aa de va da ho Eli Frua
Blanda ho Mjo i Veisle
De bar ho i hoge Lofti
Te Systerongane si^{v171}.



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta. Øvst på første sida står det: Hæge Olsdatter Aarmoti, Moe Sogn

Oppskrift B

TSB E 42: Ivar Elison

Oppskrift: 1856 av Sophus Bugge etter Hæge Olsdotter Årmote, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge I, 90–96 (kladd)

Ingen oppgjeven tittel^{v172}



1. Å Ivar bleiv i Skulen sette
å lære i bok han sille,
så sku' prestar å lærde mennar
gange i skulen gilde.

2. Å Ivar bleiv i skulen sette
å sille han lære i bók,

der va præstar á væbnemennar^{k107}
der baus inkji fyr' en bót.

3. Á Ivar gjenge på leikarvodden
á kasta sopp av hendi,
der blána, som der liti kom på,
der styrmd e slett inkji kvendi.

4. Á ne ^{sá} settes dei knektanne,
dá blei dei honom vreie,
de va sømre sin fairen hevne
hell þk'lgjeva kon hoggji fleire.

5. Á de va Ivar Æliso'n
han sette si hánd unde kinn,
sá gekk han i steinstoga
for sæle moeri inn.

6. Á hýr du de mi sæle moeri,
no spyr eg deg av sanhet,
hor heve de min faeren vorti,
me eg sku i blygslo stande.

7. Sá tok ho upp den sylvaresoppen
ho gjorest i kinni bleike,
denni aktar dinn sæle faer'e
deg ti báneleikur.

8. Á fljóte folen på stadden stende
no feddar han faxi grá,
han hev alli vor skoremeitte,^{k108}
si' faeren din falt ifrá.

9. Á skjurta ~~ho æ uto bloi dreg~~ henge på steinveggji
hæ æ uto bloi dregji,^{k109}
ho hev' alli vori komi i,
si' din sæle faeren blei vegjen.

10. Á hýre du de mi sæle móeri
hot eg deg bea má,
má eg meg at kyrkja imorgo,
min fais banen sjá.

11. Nei du má deg inkji at kyrkja imorgo
de kan deg så liti søme,
uttas du heve de le'i mæ deg,
at du tar kje unda røme.

12. Å høyre du de mi sæle moeri
no spyr eg deg av trú,
kven æ av mine kynningar, [k110](#)
som du beste trúr.

13. Du teke mæ deg han Per å Jón,
mine systesynir tvei,
her æ ingjen av dine kynningar
som eg trúr bet hell dei.

14. Så stigo dei på hestanne,
dei systrunganne tri,
Ivar snúddes i borgele'i,
du liv vel moi mi.

15. Å dæ va då ho Æli fruva
so snudde ho seg mæ gråt,
ho gat inkji sin sonen svara,
så bar de henar imót

16. Å inn så kjeme den smådregjen,
då seje han der ifrå,
her kjem en gangare her i garen,
å Mannen han site på.

17. Å fulla kjenner eg gangaren,
men inkji den h'o rei,
æ de 'kji Ivar Ælison,
æ komen o skúla heim.

18. Å ute så batt dei hesten sinn
å sjave så gjekk dei inn,
så blideleg helsa' Ivar unge
på faisbanen sinn.

19. Her siter du idde Hermo
alt unde di' gule hár,
mon du noko kunnig vera

kven min faeren vog.^{v173}

20. Á jau fulli mon eg kunnig vera,
kven din faeren vog,
den gjeres så gomoll gjelli greie
å seint kan du 'a få,

21. Á de va Ivar Ælison
han va då så nýten svein,
me vi' okkon ti kyrkje rie
å tala 'kji um de mei.

22. Á Hermo tala te sine mennar
han unnte dei inkji vel,
me rie på skógjen ette dei
så slå mei adde i hel.

23. Á de va han Ivar Ælison,
han glåpte seg attpå hær,
no ser eg min fais bani,
no kjeme han mæ si fær.

24. De va han Ivar Ælison
han tala te drenginne sine,
kvore sku me unda røme
helle me sku' mannleg bie.

25. Á ti så svara dei systrunganne
Pær å så han Jón,
me vi' inkji unda røme,
me vågar då på den vón.

26. Á mót rei Pær pressonen,
då hoggji han alt av våi^{k111}
han hoggji tvo av tverrom heste^{k112}
å dei dutte daue bære.

27. Á de va' Ivar Ælison
då drog han sitt svær av avli,
han kløyvde skjollen å ringebrynja,
å Hermo alt i navli.

28. Á så glæe så rei dei systrunganne,

av øyeskójen heim.
atte så sote dei sære sex,
å vakte ívi daue sjau.

29. Så-g

Å de va då ho Æli fruva
når ho såg sin sonen bløde,
de ha vori bære heime seti,
hell daue sære grøe.

30. Å gud forlâte deg sonen min
du sat inkji helle heime,
d'ær bære vera blauge hell åbbære^{k113},
helsa æ go å gjøyme.

31. Å tar inkji mi sæle moeri
bera fyr meg kvie,
de blei 'kji min minste fingjen sårte'la,
så vann eg i denni stri.

32. Å Æli ho gjekk i steinstoga
å blanda ho mjø i vin,
å de bar ho på høge hesten
fyr sæle sonen sin



Strofene er ikkje nummererte i kladden.

Reinskrift: NFS S. Bugge I, 96–100. I margane ved overskrifta står det: Jfr. fause Foodrage h. W. Scott minstr. (Udg. 1833) III, S. 223. og med blyant: Har lidt tilfælles m. Helleman Unge. Arw. I S. 132, dog neppe samme Vise. Elles har reinskrifta variantar og kommentarar med både penn og blyant.

Trykt i Bugge 1858, IV.

Oppskrift C

TSB E 42: Ivar Elison

Oppskrift: 1856 av Sophus Bugge etter Olav Olsson Profetli, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge I, 143 (reinskrift).

Oppgjeven tittel: Varianter og Tillæg til Ívar Ælison. II. (meddelte af Olav Profetli)



1. [Á Ívar bleiv í skúlen sett'e]
[á sille han lære í bók,]
far hass blei på Våglóm vegjen
[der] baust [inkji fyr 'en bót.]

4b. [Á ne så settes dei kniktanne,]
så mange som dei vore
[de va' sømre sin fairen hevne,]
hell gjeva kon hoggi såre.

6. [Á høyr du de mi sæle móeri,]
[no spyr eg deg] av sonnom
[hori heve de min faeren vorti,]
[me eg sku' i blygslo stande.]

15. [Á de va' då ho Æli fruva]
[då snudde ho seg mæ gråt,]
[ho gat inkji sin sonen svára]
så falt henar sorg imót.

30. [Á gud forlâte deg sonen min,]
[du sat inkji helle heime,]
[d'ær bære vera blauge hell] ábbåren
[helsa æ' gó á gjøyme.]

31. [Á du tar inkji mi sæle móeri]
[bera fyr meg kvíe,]
[dæ blei 'kji min minste fingjen sára,]
[så vann eg i] dette strí.

32. Á Æli gjekk í høgeloſte,
å blanda ho mjø í vín,
å de bar ho át steinstoga
fyr systrunganne trí.



å du'æ då styggare hell eitt troll. »

22. Å han \leftarrow vóg fýst han Tykjinn Nøll
å séa adde hass sønir toll.

23. Sven V[anvik] han kom seg riand i går
å Vidrik han uti fyre 'en står.

24. «Eg helsar deg Sven Vanvik eg talar ti deg:
å kvènn æ fader å moder ti deg?»

25. «Kong Esper heder min fader fin,
å fru Ermelin heder kjær moderen min.»

26. «Å heder fru Erm[elin] moderen din,
forvisst er dù systemsonnen min.

27. Å hør du Sven V[anvik] hvad jeg siger dig,
å vil du ikkje t<ø>vrá ei tid hos mig?»

28. Svenn V[anvik] han ville ikkje véra leng',
men til sín moder, så ville han hjem.

29. Sven V[anvik] han kom seg riand i går
å ellev trollkjeringar úti fyr honom står.

30. Å dei sló både mæ rokk å tein
på Sven Vanviks kvite skinnbein.

31. Sv[en] V[anvik] han vender ùm grågangaren sin,
så slær han dei trollkjerringer adde i ein ring.

32. Hass moder ho nout den sama lykken
han hòggje' hænar sónd i hóndrene stykkjer

33. Sven V[anvik] han sider i buri,
han slår gullhorpen prudi.

34. Han slår gullh[orpen] så længji
ti sónd'e går alle hass strængjir

35. Så ri han seg dér óndi øy
han fester 'a ^{v226} liti Kjersti, den vene møy.

*

Strofene er nummererte i manuskriptet. Over teksten står det: (Efter Hæge Bjønnemyr, Undedalsli, efter mor si.)

Oppskrift C

TSB E 52: Svein Svane / Sven Vondved

Oppskrift: 1906 av Catharinus Elling etter ukjend songar, Hedmark.

Orig. ms.: NFS C. Elling 3, 7–10.

Oppgjeven tittel: Svein Svane.

*

1. Svein Svane han red sig et støkke ud paa vei
saa mødte der hannem en vanderingsmain

Ak hør du min vandring hvad jeg tilspørger dig
kan du svara paa de spørgsmaal som jeg tilspørger Dig

2. Aa hvo pryder bedst udi den Kongelige sal,
Aa hvo pryder bedst udi den djupeste dal,
Aa hvo tager dagen (solen) sin ende
Aa hvo hvile døde mains bene

3. Jo sola pryder bedst udi den kongelige sal
og grase pryder bedst udi den djupeste dal
og i ~~vester~~^{øster}[n61](#) hvile døde mains bene
og i ~~øster~~^{vester}[n62](#) tager dagen (solen) sin ende.

4. Men hvo er naa rundar end det rundaste jul
Og hvo sjunger bedst udaf alle Kreatur
Og hvo er naa hvider end som svanen
Og hvo raaber høier' end som tranen

5. Jo, sola er nok rundar end det rundaste jul,
Og engla sjunger bedst udaf alle Kreatur
og maanen den er hvider end som svanen
og torden raaber høier' end som tranen.

6. Men hvo kain naa bygge den bredeste bro
og hvo løber under mod fuldeste flod
og hvo gaar naa veien den brede
der alle onde mennesker er saa kjede.

7. Jo, isen han bygger nok den bredeste bro
derunder løber fiskerna mod fuldeste flod
til Helvede gaar veien den brede
der aille onde men'sker er saa kjede

8. Ja, Kain du naa detta saa kain du fulla meir
Svend Svane tog guldringer udaf fingerna ner
Og gav saa den vandring for svara,
derpaa skjeldtes naa baae dessa kara'a.

*

Strofene er nummererte av samlaren.

TSB E 57 Knud af Myklegård

Innleiing

Kong Knut av Myklegård sender bror sin, Peder Bendiksson, som sendebod til kongen av Spania. Den unge Peder er redd for at han aldri kjem levande tilbake, men han går om bord og seglar til Spanialand. Peder leverer breva til kongen av Spania, men han tek fram ein liten kniv og skjær breva i biter. Kongen minner unge Peder om at far hans hadde tatt sju tønner sølv i skatt frå han. No vil han ikkje spare Peder om han enn så fekk ei tønne gull. Unge Peder ber for seg og minner om at dette hadde hendt lenge før han var fødd, men det hjelper ikkje. Peder blir halshoggen. Først åtte år etter kjem det bod til kong Knut om kva som hadde skjedd, og han samlar ein hær på sju tusen mann, men kongen av Spania samlar femten tusen mann. Slaget står i to dagar, og då er heile hæren hans fallen. Kong Knut står aleine igjen.

Neste vår får Bendik Knutsson høyre at far hans er felt. Han reiser til Spania, kler seg som ein pilegrim og går opp på slottet. Han skjenkjer alle kongens hoffmenn til dei sovnar, og så ropar han på mennene sine. Kongen av Spania tilbyr no Dagmar, dotter si, om han sjølv får leve, men Bendik drep dei alle. Han tek jomfru Dagmar med seg til Danmark og gifter seg med henne.

L.M. Lindeman har notert ein melodi til visa etter Samuel Hellen. Han har tydelegvis sunge visa etter Peder Syvs Kjempevisebok.

Visa må likevel ha vore kjend i Noreg før Kjempeviseboka kom ut i 1695. I 1621 var det nemleg eit barselsgilde hos futen på Austrått, og der hadde biskop Anders Arrebo brukt det første verset av denne visa og omkvedet «De edelige sønner og de rike» til å lage ei høvesvise om dei gjestane som var der i gildet. Visa må ha vore ganske grov, for ho kosta Arrebo bispedømet (DgF VIII-IX, 216f.).

Anders Arrebo kan ha funne visa i Anders Sørensen Vedels «Hundreviseboka», som var trykt alt i 1591. I kommentaren til visa skreiv Vedel: «Denne er ocsaa en gammel Danske Vise, som haffuer altid været almindelig her udi Riget.

DgF 479

Oppskrift A

TSB E 57: Knud af Myklegård

Oppskrift: Kjempeviseboka (1787), 3. part, nr. 1, 333–338.

Oppgjeven tittel: Spanie Land og Mycklegaard, &c.



1. Spanie Land og Mycklegaard,
de ligge saa langt af Lee:
De Herrer sende hverandre Bud,
der af saa yppes deres Vrede.
– De ædelige^{v227} Sønner og de rige. –

2. Det var Knud af Mycklegaard,
han taler til Broder sin:
Og du skalt indtil Spanie Land,
og føre did Sendebreve mine.

3. Meldte det Peder lille saa brad,
han var saa viis en Mand:
Saa vist kommer jeg her aldrig meere,
drager jeg i Fiende Land.

4. Og skal jeg kiere Broder bortfare,
med Bud og Breve dine:
Det vil jeg for sanden sige,
jeg kommer her aldrig igien.

5. Han tog Posen paa sin Bag,
og Pillegrims Stav i Hænde:
Saa gik han til det Fergested,
som ingen Mand hannem kiende.

6. Det var paa en tredie Pintztag,
de løbe udaf den Minde:
Det var en anden Jule-Dag,
vor HERre dem Havnen sende.

7. De kaste deres Anker ud for Bord,
alt paa den Spanske Sand:
Det var Peder Benditsøns,
han træn der først paa Land.

8. Mit udi den Borgegaard,

der agseled han sit Skind;
Saa gaaer han udi Høyeloft,
for Spanie Lands Konning ind.

9. Hil sidde I Spanie Lands Konning,
alt over eders brede Bord:
Tage I nu de Lønbreve af mig,
eder sendes fra Mycklegaard.

10. Det var Spanie Lands Konning,
der han de Lønbreve saae:
Saa tog han ud den liden Kniv,
skaar dem i stykker saa smaa.

11. Meldte det Peder Benditsøn,
Han stod der lidet fra:
Hvad stod udi de Breve skrevet,
medens de ikke læses maa.

12. Ikke tør du spørge om Tidende Ny,
de Breve ere dig ikke best:
Som mend ved Peder Benditson,
du est en kienter Giest.

13. Syv Tønder af det hvide Sølv,
dem skattet din Fader fra mig:
Men otte Tønder af det røde Guld,
vil jeg ikke have for dig.

14. Jeg var mig saa lidet et Barn,
for inden min Fostermoders Arm:
Jeg det aldrig nogen Tiid hørde,
min Fader gjorde eder Harm.

15. Hør du Peder lille Benditsøn,
haver du ey føre det hørt:
Det da skal den liden Griis gielde,
som gammel Sviin haver brøt.

16. Toge de Peder Benditsøn,
fulde hannem paa grønne Vold:
Saa hugge de hannem sit Hovet fra,
alt over hans egen Skiold.

17. Det var Peder lille Benditsøn,
han bukker under blanken Sverd:
Som mend lever Knud af Mycklegaard,
han hevner vist min Færd.

18. Og det stod saa udi Vinter,
og saa i otte Aar:
Førend der kom Bud fra Spanie Land,
og ind til Mycklegaard.

19. Det var Knud af Mycklegaard,
sidder over sit brede Bord:
Saa mange kommer hannem i Tanker sine,
han tenker paa Peder lilles Ord.

20. Og han lader byde over alt sit Land,
baade over Læg og Lærd:
End fik han syv tusind Mand,
som bære kund Brynie og Sverd.

21. De vunde op deres silke Seyl,
saa høyt i forgyldene Raa:
Saa seylere dem til Spanie Land,
ikke mindre end Maaneder to.

22. Vegteren stander paa høyen Muure,
han vinker ud over de Strande:
Her kommer seylend de Orlog-Skib,
som føre forgyldene Brande.

23. Kommer her seylend de Orlog-Skib,
fleere end du kand nevne:
Vist er det Knud af Mycklegaard,
sin Broders Død at hevne.

24. Og det var Spanie Lands Konning,
raabte over all sin Gaard:
Vel op alle mine gode Hofmænd,
her er en Fiende saa haard.

25. Høre I det mine ærlige Mænd,
I stride nu uden all falsk:
I stride imod Knud af Mycklegaard,

han er saa haard en Hals.

26. Det var Knud af Mycklegaard,
han styrde sin Snekke udi Havn:
Og hannem fulde efter syv tusind Mand,
saa vide gaaer der af Savn.

27. Det var Spanie Lands Konning,
han ganger hannem strax imod;
Hannem fulde vel femten tusind Hofmænd,
i Jern fra Haand til Foed.

28. Og de fegtedes dennem i Dage,
de fegtedes i Dage to:
Eene stod Knud af Mycklegaard,
hans Folk var falden hannem fra.

29. End vorde han sig for Kongens Mænd,
han vorde sig for dem alle:
Lige som Løv mod Vinters Tid,
saa monne de for hannem falde.

30. Ud kom løbende Jomfru Dagmar,
og gav hun saa stor Raad:
Slaa I strax løs den vilde Biørn,
da bliver Knud vist hans Braad.

31. Det var Knud af Mycklegaard,
han stoed saa hart i Brynie:
I lade det aldrig til Danmark spørges,
I biede mig med eders Hunde.

32. Tage I Knud af Mycklegaard,
lade hannem i Bolten slaa:
Lede I hannem i Morgen for oven Slot,
lade hugge hannem Hovedet fra.

33. Det var Knud af Mycklegaard,
han bukker under Skiold saa rød:
Som mend lever han Bendit Knudsøn,
da hevner han vist min Død.

34. Det stoed saa den Vinter igiennem,

den Sommer kom saa blide:
Saa fast da lengdes Bendit Knudsøn,
at han det ikke maatte vide.

35. Og der kom Tidende hiem til Lande,
de vare ikke alle ret gode:
Slagen er han Knud af Mycklegaard,
og ingen byder for hannem Bod.

36. Det var Bendit Knudsøn blev vred,
han vebnet saa mangen Mand:
Saa seylede han med Snekker tolv,
saa frit til Spanie Land.

37. Der de nu komme udi den Havn,
som dem lystet da at hvile:
Bendit tager paa sine Pillegrims Klæder,
bad dem en liden Stund dvele.

38. Her sidde I alle mine gode Hofmænd,
saa stille for inden Skibsbord:
Medens jeg gaar bort til Spanie Lands Kong,
at tale med hannem et Ord.

39. Hil sidde I gode Jomfru Dagmar,
hin væne og hin skønne:
Ville I laane en Pillegrim Huus,
HERre GUD han eder det lønne.

40. Haver du ikke været til Tinge,
og haver du været til Stevne:
Haver du hørt Knuds Sønner af Mycklegaard,
de ville deres Faders Død hevne.

41. Alt haver jeg været til Ting og Stevne,
og hørt der Tidende fra:
Knuds Sønner kunde aldrig føre Kriig,
fordi de ere saa smaa.

42. Og hun løfte op hans Pillegrims Hat,
og saae hans Silke Hue:
Det du siger dig en Pillegrim være,
det monne du for mig liuve.

43. Ikke er jeg en Pillegrim,
det kand saa lidet due:
Jeg er eders kiereste Syster-Søn,
jeg er Knud Paars af Ty.

44. Est du Allerkiereste Søster-Søn min,
en Hertug Søn bold og rig:
Den klare Viin, den søde Miød,
den lader jeg skienke for dig.

45. Ikke da skalt du skienke for mig,
derom saa ville vi kaste:
Hvad Terningen sig begive vil,
skal ingen af os laste.

46. De legte Skacktavel de Ædlinge baade,
de Terning fulde Bendit fra:
Hør I stolte Jomfru Dagmar,
mig bør at skienke gaa.

47. Han skienkte Miød og han skienkte Viin,
gav nok enhver og alle:
Drukken saa bleve de Kongens Hofmænd,
og Søvn monne paa dem falde.

48. Det var unge Bendit Knudsøn,
han lakked ud til den Strand:
Han raaber og vinker ad Danske Mænd,
at de skulle legge til Lande.

49. Det var unge Bendit Knudsøn,
han ind ad Dørren træn.
Det da var hans Spanie Lands Konning,
han stander hannem op igien.

50. Hør du min kiere Bendit Knudsøn,
og vilt du lade mig leve:
Hin væne Jomfru Dagmar min Dotter,
og hende vil jeg dig give.

51. Hin unge Dagmar, i hvor hun er,
og hende vil jeg vel faa:
Det var min Fader og Farbroder,

som du ihiel lod slaa.

52. Først vog han Spanie Lands Konning,
og saa hans gode Hofmænd:
I stande op unge Jomfru Dagmar,
følger mig til Danmark ind.

53. Saa tog han alle de døde Kroppe,
lagde dem i sorten Jord:
Saa gierne fulde hannem Jomfru Dagmar,
hen hiem til Mycklegaard.

54. Bendit tiente saa høvisk en Ridder,
han vilde hannem ikke svige:
Hannem gav han unge Jomfru Dagmar,
de drukke deres Bryllup tillige.

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Oppskrift B

TSB E 57: Knud af Myklegård

Oppskrift: 1868 av Ludvig Mathias Lindeman etter Samuel Hellen, Nedre Telemark.

Orig. ms.: NB Mus ms 2456/1868:203, nr. 85.

Ingen oppgjeven tittel.

1. Spanieland og Myklegaard
de ligge saa langt af Led,
De Herrer _{de} sende hverandre Bud
Deraf saa yppes en Vrede.
– De ædelige Sønner og de rige. –

Strofa står til Lindemans melodioppskrift. Øvst på sida står det: Hellen. Nedre Thelemarken

TSB E 61 Lagje liten

Innleiing

I heile Europa, India, Austen og Afrika er det fortalt eventyr om ein bitte liten mann. I den internasjonale eventyrkatalogen står «Tom Thumb» som ein eigen eventyrtype, men dette er ikkje eit rettlina eventyr. Det er snarare ei rekkje sjølvstendige episodar som fortel kva ein slik liten mann kan kome ut for. Helten i visa om Lagje liten er også ein slik Tommeliten-figur, og variantane av visa kan også virke episodiske, men er likevel meir fast i forma enn eventyret.

Lagje er født om kvelden, men alt om morgonen drep han ein mann. Han går til Bjonnevald og byr seg til teneste, men Bjonnevald seier at han er for liten. Ei slik fornærming kan ikkje Lagje ha på seg, han skaffar seg både sverd, hest og båt, og så drep han Bjonnevald.

Dei norske variantane varierer ein del. Ein versjon let Lagje liten møte Vidrik Verlandsson. Han er helten i fleire nordiske balladar og ein av Diderik av Berns heltar. Han vart særleg kjend for kampen mot trollet Langbein Rise (TSB E 119). Lagje og Vidrik kjem opp i slagsmål, men sidan dei er like sterke, blir dei gode vener.

I ei anonym oppskrift av Lindeman frå 1863, går Lagje laus på kongen. Kongen byr han dotter si om han vil spare livet hans, men Lagje bryr seg ikkje om prinsessa. Han slår matfatet midt i fjeset på kongen og hogg av han både hovud og hand. Til slutt klatrar han opp i eit tre og slepp ein fjert som kunne kjennast i femten mils omkrins.

Denne visa kunne like godt vore plassert mellom skjemtevisene. Ho har ein burlesk humor som gjer henne til ein parodi på kjempevisene. Når ho likevel er plassert mellom kjempevisene, er det fordi den danske versjonen kallar den vesle mannen for Mimering, og i den danske visa om Kong Dideriks kjemper er Mimering Tand presentert som kong Dideriks minste kjempe (DgF 7 A, strofe 53).

Visa står i Kjempeviseboka, men det er berre éi oppskrift, som Moltke Moe gjorde etter Torbjørg Gunnarsdotter Ripilen, som viser påverknad av teksten i Kjempeviseboka.

I Danmark er visa berre funnen i ei oppskrift frå 1580. Denne teksten sette Anders Sørensen Vedel inn i «Hundreviseboka», som kom ut i 1591, og sidan kom visa også med i «Kjempeviseboka». På 1800-talet skreiv folkeminnesamlaren Evald Tang Kristensen opp nokre fragment av ei vise om «Bittedmand». Desse fragmenta kan tyde på at det også har funnest ei vise i munnleg tradisjon i Jylland, men fragmenta er for få til å samanlikne med dei munnlege overleverte visene vi har i Noreg.

Dei fleste norske oppskriftene er frå Telemark, men to av dei melodiane Lindeman skreiv opp er etter Halvor Nielsen Braaten Holdalseje, Nordre Aurdal i Oppland og Peder Pedersen, Billingstad, Asker i

Akershus. Etter Peder Pedersen skreiv Lindeman også opp ein tekst på ni strofer.

Gjentakingsstrofa

Balladane har ganske faste strofeformer. Dei er to- eller firelina, med omkved plassert etter strofa, eller også inne i den tolina strofa; men det finst også ei uvanleg strofeform som blir kalla «gjentakingsstrofe». Dette er ei vanleg, tolina strofe, men etter strofa og før omkvedet, tek ein oppatt andre halvparten av den første, og heile den andre lina i førre strofa.

Denne strofeforma er knapt brukt i Noreg, men nokre få viser i Kjempeviseboka (til dømes «Sankt Olavs kappsegling» (TSB B 12), og denne visa) har denne strofeforma. Torbjørg Gunnarsdotter Ripilen song denne visa nær opp til Peder Syvs tekst i Kjempeviseboka. Torbjørg er uklar på strofedelinga, men syng ikkje med gjentakingsstrofe.

Med litt modernisert ortografi er opninga av Kjempevisebokas versjon med gjentakingsstrofe slik:

1. Mimering var den minste mann
Som født var på Karl kongens land
– mine skjønneste jomfruer –

2. – den minste mann
Som født var på Karl kongens land
Før han ble til verden båren
Da vore hans kleder til ham skåren
– mine skjønneste jomfruer –

3. – Til verden båren
Da vore hans kleder til ham skåren
Før han nam at gange
Da bant han sverd ved side
– mine skjønneste jomfruer –

Gjentakingsstrofa kan høyrast som eit virvar, men strofeforma finst i mange av reformasjonstidas danske visebøker. Ein har gjetta på at visa har vore framført av to forsongarar. Den første skal ha sunge strofa, den andre gjentakinga, og koret har sunge omkvedet; men vi har ikkje konkrete opplysningar om korleis dette vart sunge.

Utsyn 72

Landstad 90

DgF 14

Oppskrift A

TSB E 61: Lagje liten

Oppskrift: 1863 av Ludvig Mathias Lindeman etter Halvor Gunnarsson Tørnes, Drangedal, Telemark.

Orig. ms.: NB Mus ms 6851:577, nr. 12 (kladd), jamført med NB Mus ms 6853:577, nr. 12 (reinskrift, berre første strofa).

Oppgjeven tittel: Liten



1. Aa Liten han kom seg te Kongens Gaard,
aa ute sto Kongen mæ alle sine Mænd;
– For Liten gjør ilde, gjør aldrig vel. –
2. God Dagen Konge, god Dagen I Mænd
kan du ikke behøve en liten Smaadrenng
3. Du syns mig for liten, du syns mig for ung
du kan ikke bære mi Kappe saa tung.
4. Aa Liten tok Kongen aa bøig han te Jor
nu ska du faa finde at Liten æ god
5. Aa kjære min Liten du spare mit Liv
du ska faa min Datter min vene Viv
6. Aa Skid i di Dotter og Skid i dig siøl
men du ska faa følge meg paa Kjæmpehus ind.
7. Dei kjæmpast i Dage dei kjæmpast i to
men ingen af dei kunne bøigast te Jor.
8. Aa Liten og Kongen skuld ha seg lit Spis
aa Liten tok Madfate slog i hans Fjes
9. Aa va no dæ paa Kjæmpevis
at du skuld ta Matfate og slaa i mit Fjæs!
10. Aa liten han trækt ud sit gyllande Sværd Brand
saa hug han af Kongen ~~hans venstre Haand~~ baade Hoved og Haand

11. Aa Liten han kløv sig op i ein Pil
han slæpt ut en Fjert som flaug femten Mil.



*Strofene er nummererte i oppskrifta slik det er attgjewe her, men dei er oppskrivne i slik rekkjefølgd:
1-2, 7-10, 5-6, 4, 11. Første strofa står til melodioppskrifta.*

Oppskrift B

TSB E 61: Lagje Liten

Oppskrift: 1873 av Ludvig Mathias Lindeman etter Peder Pedersen, Billingstad, Asker, Akershus.

Orig. ms.: NB Mus Ms 2456/1873:203, nr. 2.

Ingen oppgjeven tittel.



1. Tommeliten var fød før Toppen gol
– saa liten han va –
han slog ihjæl Manden før Sola oprand
– For liten gior ilde og aldrig væl –
2. Og liten han gik sig paa Sjøens Kant
Og alle Baadsmænden til hannem lo
3. Og liten tog Baadsmænd ved gule Lok
saa slængte han Baadsmænd i Master-top
4. Tommeliten op i Steinstua smat
og slog til Muren saa Porten flaug op.
5. Ja ut kom een ja ut kom to
Ja ut kom 'n Torer med Hammarn stor.
6. Tommeliten han gik sig paa grønne Vold
der mødte han Danerkongen med Kjæmper tolv.
7. Og hør du Danerkonge hvad jeg vil sig dig

Og vil du ha nogen Standdreng uti mig

8. Du er altfor liten saa liten du er
Du er ikke god te bære min Kappe blaa tung

9. Og liten han vredes ved disse Ord
han slog til Kongen saa han drev imot Jord.



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Over oppskrifta står det: Tommeliten o.s.v.

Første strofa står til melodioppskrifta. Dei andre strofene står i eit eige teksttillegg. I melodioppskrifta er omkveda skrivne inn separat.

Oppskrift C

TSB E 61: Lagje liten

Oppskrift: 1891 av Moltke Moe etter Torbjørg Gunnarsdotter Ripilen, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS M. Moe 27, 21–22.

Ingen oppgjeven tittel.



1. Mémmréngg va den minsti mann,
sóm va fødd i kånng Sværiks land.

2. Fyrr'en bleiv ti værden børen,
då va klæi ti'en skòrne.

3. Fyrr 'en lærdeⁿ⁶³ at gangge,
ville'n ha brynja trøngje.

4. Fyrr'en lærde å rie,
ville'n hava sværi mæ sie.

5. Dæ va Vidrik Vælandssòn
han reiste seg framti mæ lide,
so trefte 'n lisle Mémmréngg
han bar sværi ved síden.

6. «Å dæ va bét', at du heimi sát,
at du vokta ditt fé undi lide,
hell at du vi yppe det hårde strid kiv
at du vi onde meg stride.

7. Å dæ va bét'e, du heimi sāt
å krøb under tórdén den stinde, [k142](#)
din fader han stó meg énkjǫ eitt hogg,
du stænd meg selv halt mindri.

(No æ dæ mykji burti, mæn enden æ rektig nó:)

8. Å dæ va V[idrik] V[ælandssòn]
han ville'kji sværi på M[émuréngg] øye,
so la'en ti 'en mæ nytte næven,
so heilen skvòtt langgt nór i heiar.

(Detti æ nettupp sluten, dæ).



Strofene er nummererte i oppskrifta.

Over oppskrifta står det: (Torbjør Ripilen)

Mellom strofe 4 og 5 har Moe markert eit skile.

Dei fire første strofene svarer til dei fire første strofene av Kjempeviseboka (1764) nr. XVIII (Mimmering Tandt, s. 100–101). Strofe 6 og 7 svarer til strofe 16 og 18 av nr. XI (Ulf van Jern, s. 66–72), jamfør Ulf van Jern i denne utgåva (TSB E 37).

TSB E 64 Storebror og Lillebror

Innleiing

To kjemper, Storebror og Lillebror, dreg ut i verda for å fri til ei vakker jomfru i Vallands gard. Når dei nærmar seg brua som fører til garden, ser dei eit skræmeleg syn, tolv par kverner går i ein straum av menneskeblod. Storbror snur hesten og rir heim, men Lillebror held fram. Han hogg seg gjennom eit gjerde av kvasse kjempesverd, som kvar har eit kjempehovud på sverdodden til skrekk og åtvaring. Så rir han inn i kongsgarden. Jomfrua kallar på ein diger hær av kjemper, men Lillebror slår dei alle til jorda.

Balladen har fleire ulike endingar. Nokre variantar inneheld eit forgiftingsmotiv, jomfrua prøver å få Lillebror til å drikke eiter i vin, men han skjønar kva ho pønskar på. Han bind fingrane hennar til hestehalen og håret til hestelåret, og så jagar han på hesten. Blodig og mørbanka spaknar ho omsider. Dei fleste variantane endar med at Lillebror tek jomfrua med seg på hesteryggen. På heimvegen skjønar dei to at faren og brørne hennar kjem sprengridande etter. Lillebror formanar henne om at same kva som skjer, må ho endeleg ikkje nemne namnet hans. Men når Lillebror drep yngste bror hennar, gløymer ho løvnaden:

Aa höyre du lille brór, du stiller no dit sverð,
min kære yngste bróðer var 'ki den dauðen verð
(Landstad [1853] 1968: 264).

Når Lillebror kjem heim med jomfrua, er han dødsmerkt. Han ber broren hente prest, slik at han kan få skrifte, og ber søstrene om å leggje han i sjukesenga og den gamle mora om å sitje ved sida hans. Så døyr Lillebror, og han døyr ikkje aleine:

Den eine deð var lille brór, den andre var hans möy,
og så hans gamle móðer af sorgi var dauð (döð)
(Landstad [1853] 1968: 265).

«Storebror og Lillebror» var ein populær ballade på 1800-talet. Vi har kring åtti tekstoppskrifter, dei aller fleste frå Telemark, men også nokre frå Agder og Rogaland. Dessutan finst det mange melodivariantar til denne balladen, kring tjue stykke (Ressem [utg.] 2014: 453–474). Eldste melodioppskrift gjorde Olea Crøger i 1840-åra, truleg etter Seljords-songaren Olav Olsson Glosimot (1786–1858). Også Landstads tekst i *Norske Folkeviser* byggjer på ei oppskrift etter denne songaren, som var husvert for Ivar Aasen i 1845, og elles var han ein vörd mann i bygda (Jonsson & Solberg 2011: 202–205).

Fleire har merkt seg den blodige handlingsgangen i «Storebror og Lillebror». Her «figurerer en

Heltinde, hvis Adfærd er saa grum og kannibalsk, at der rinde Møllendamme af Blod af de Riddere, der have bejlet til hende,» skriv den danske utgjevaren Abrahamson, som ikkje tok visa med i si utgåve (DgF IV: 43). Landstad forsvarer derimot, til ein viss grad, dei grufulle skildringane: «Dersom man har til Hensigt alene at udvælge hvad der nu kan tiltale os i denne gamle Poesi, saa maatte vistnok ikke alene denne, men mange flere Viser forkastes» (Landstad [1853] 1968: 266).

Landstad kan ha rett i det, men uansett ser det ut til at skrekkromantiske eventyrtrekk på eitt eller anna vis har kome inn i denne balladen, og gjer seg gjeldande. Avslutningsdelen er i alle høve lånt inn frå «Rikeball og Gudbjørg» (TSB A 41). I begge visene gjer namnemagi seg gjeldande. Lillebrors ufattelege styrke er avhengig av at ingen veit kva han heiter. Når namnet hans blir kjent, kan han sårast og drepast, som alle andre. Den tredoble døden er truleg også eit motivlån, frå «Olav Liljekrans» (TSB A 63).

Utsyn 78
DgF 184
SMB 207

Oppskrift A

TSB E 64: Storebror og Lillebror

Oppskrift: 1840-talet av Magnus Brostrup Landstad etter Olav Olsson Glosimot, Seljord, Telemark.

Orig. ms.: NB Ms 4° 644, 10–14.

Oppgjeven tittel: Lillebrors Vise



1. Store Bror tala te Lillebror sin
æg veit mæg ei Jomfru saa fager og saa fin
– Du æ den, du æ den er ~~mæg~~^{eg} hæv tvinga i min Ungdom
2. Store Broer rie te høge Valans Bro
Aa der gjæk tolv Par Qvænnor i bare Kjæmpe-Blo
3. Store Bror snude sin Gangar aa rei heim
men Lillebror, han rei Væjen like fram
4. Aa dæ va stor Vanære og endaa større Skaam
aa rie ut paa Væjen aa inkje tørja fram

5. Lillebror rie te høge Valands Port
tæt utta fe Porten tre blanke Svær der sto
6. Gjære dæ va utaf blanke Kjæmpesvær
et Kjæmpehaavu sto der paa Odden utaf hver.
7. Porten va besæt utaf Stængar aa Spjut
men Lillebror hauggji dei i mangje Stykkje ut
8. Lillebror rei i høie Valands Gaar
aa der va fleire Kjæmpur, end Lillebror ha Haar
9. Aa Jomfrua ho utaf Vindøe^{auga} saag:
Haat æ dæ fe ein galin Gut, som hælle i kons Gaar
10. Æg æ no ingjen galen gut om Du no seie saa
Æg æ din kjære Fæstarmand, som du maa lite paa.
11. Jomfrua lettar paa Skarlagen røð
hor æ no alle Kjæmpur, min Far gjæve Brø.
12. [Jomfrua lettar paa Skarlagen] grøn
[hor æ no alle Kjæmpur, min Far gjæve] Løn
13. Neppe dæ Or utaf Munden va talt
før tolv hundretusind Kjæmpur kring Lillebror ^{var} sat
14. Lillebror kasta sin Hanska mot Jor
i mæg sko de finna en trugjen Stalbror
15. Lillebror kasta sin Hanska mot Mark
i mæg sko de finna ein Gut, som æ stærk.
16. Aa Lillebror snude sin Gangar omkring
tolv hundretusind Kjæmpur slo han udi en Ring.
17. Aa Lillebror gjæk i Kjæmpestaagu ind
der va alle Kjæmpur søm ret som forvilla Sviin
18. Lillebror haf fde^l sæg en Gangare spak
han tog den skjøonne Jomfru aa sætte paa dens Bak.
19. Saa rider han seg tolv Miler i Skog,

før hon vilde tale et einaste Or.

20. Men som at dei kjæme i grøne Rosenslund
der lyster Lillebror aa qvile ei lito Stund.

21. Aa høir du Lillebror du søv inkje saa hart
Æg synes at æg høirer min Fars Hestefart

22. Æg høirer min Fars forgyllændes Lur
den hæv inkje vore blaasen si Mor ho va Brur.

23. Aa synes du du høirer din Fars Hestefart
men om me kjæme i Dysten du nævner ei mit Navn.

24. Den fyste Dysten at dei tesammen red
Jomfrugas ældste Bror datt dau te Jori ned

25. Den andre Dysten dei te sammen drog
Jomfrugas yngste Bror da dau ^{ne} te Jor

26. Aa høir du Lillebror du steller no dit Svær
min ^{kjære} yngste Bror va ei den Dauen nær.

27. Din yngste Brors Fald æg inkje aktar fe et Haar
din gamle graa Far sko samre Dauen faae.

28. Lillebror rie te Storebrors Gaar
der sto honoms Mor mæ utslægi Haar

29. Aa høir Du Lillebror, hot æg no spør dæg:
hore hæve Du fængi den yndige Viv?

30. Den hæv æg fænge^{tækje} alt ute Kongjens Gaar
mæ stærkare Magt, baa^{heller} mæ Jernønⁿ⁶⁴ aa mæ Staal

31. Aa høir Du store Bror Du hæntar meg ein Præst
aa Du gamle Mor Du bye Folk te gjæst.

32. Aa Du mi ældste Syster du reie mæg ein Seng
aa Du mi yngste Syster Du lægge mæg i den.

33. Aa honoms ælste Syster ho rædde honoms Seng
men ho la deri Gift, fe ho va honom slem.

34. Den andre dags Morgon før dagen den blei ljøs
daa laa der tri Lik udi Storebrors Huus.

35. Den eine Lillebror, den andre honoms Mø
aa honoms gamle Mor af Sorgi va dø.

36. Saa tog de 3 Lig og satte i en Grav
der skal de ligge alt indtil Dommedag.



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Strofe 19 er skriven til, på éi line, mellom strofe 18 og 20. Siste strofa er òg skriven til seinare mellom slutten av strofe 35 (med omkved) og neste oppskrift. Begge er skrivne med Landstads hand.

Oppskrift B

TSB E 64: Storebror og Lillebror

Oppskrift: 1863 av Sophus Bugge etter Kari Olsdotter Kåsa, Heddal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge i, 141–148 (kladd)

Ingen oppgjeven tittel. [v228](#)



1. Lillebroder talte til Storebroder sin
– útí lønndóm –
vi' dú væra me meg ette festarmøa mí?
– Dú er den, eg har tinga í min ungdóm. –

2. Den tí dem kom seg te store Vallans bró,
dær gjékk femten kvennar í bare kjempebló.

3. Stórebroder talte til L[illebroder] sin
nå vi' eg vende min gangar òumkring.

4. De va' spáött og enda større skamm,
to kjempur va' í veie å så ikkje så tóle de ðem fram.

5. St[órebroder] vende sin gangar ómkring
men L[illebroder] rei í krigshæren inn.
6. L[illebroder] rei seg te stóre Vallans gáf,
úte stó jomfrúga, hó kjemde sitt hár.
7. Jomfrúa hó út ígjønom vindøie ság
ho æ' de fer ei kjempe, som kjem ríanes í vár gáf
8. De æ' kje noka kjempe, óm dú sýnes sá,
men d' æ' din kjære festarmann, som dú ska' ha.
9. Jomfrúa hó aksla på seg kápa grøn,
hor æ' ná alle kjempunn ^{v229} som min faer giver løn.
10. Neppe var óhi gjønnom munden talt út,
før de 18000 kjempunne óm Lillebroer stó
11. L[illebroer] gjékk seg í steinstúa inn
da þdatt eg^{dei} kjempur sásóm forfylte svín.
12. L[illebroer] vendte på brónane brand,
sá høgg 'en dem kjempunne sá små sóm sand
13. L[illebroer] klappa på gangaren grá,
sá tok en jumfrúa o sette deruppá.
14. Dentí dem kom seg ^{v230} at rósenslúónd,
da lyster jomfrúa á gvíle seg ei stónd.
15. L[illebroer] la seg i jomfrúases fang
der sáv 'en ein svemn men den va ikkje lang.
16. L[illebroer] L[illebroer] sáv ei for langt
eg sýnes eg hører min faders hesteklang.
17. Sýnes dú dú hører din faders hesteklang,
úm nókken sku' falle, sá nemner dú 'kje mitt namn.
18. Den fyste dust dem tesamen red,
hennars eldste bróer han falt derve.
19. Den andre [dust dem tesammen] red

[hennars] yngste [bróer han] felt [derve].

20. L[illebroer] L[illebroer] stágge ditt svæl,
min yngste bróer va'r den døden ikkje vælt.

21. Din yngste bróer liknar eg ve ei' hár^{v231}
din gamle faer ska' få den samre skål.

22. Den trøå [dust dem tesammen red]
hennars gamle faer felt [derved].

23. L[illebroer] klappa på gangaren grå,
så tok 'en jomfrúga å° sette derpå.

24. Den tí dem komm seg te borgarlé,
dær stó hånoms mó'er å° gvilde seg derve.

25. Vælkommen L[illebroer] me bruden din
eg sýnes hó sér meg så ~~inn~~ bleik innónder kinn.

26. Ja hó må væl vøraa blå, hó må væl vøraa bleik,
eg sýnes hó har vore i så óndeleg ein leik

27. Kjære min bróer dú saler min hest
kjære min bróer dú hentar meg prest.

28. Kjære mi syster dú reier upp mí seng
kjære mí móer dú følger meg í den.

29. Árleg óm morgóen før dagen blei lys,
så var de trí lík í Stórebróers hús,

30. Den eine L[illebroer] den andre hannoms mø,
den trøå hånoms móer a sorja måtte dø

31. Dessin trí lík blei lagt i en grav,
dær ska' dem ligge alt út på dómmedag

32. Åven på graven der vokste opp en lind,
de eine blae tók de andre í fang.

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Reinskrift: NFS S. Bugge V, 196–198

Oppskrift C

TSB E 64: Storebror og Lillebror

Oppskrift: Udatert av Sophus Bugge etter Torbjørg Larsdotter Gotland/Haugen, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge II, 42–45.

Oppgjeven tittel: Storebroder og Lillebroder



1. Dær bor seg tvo Kjempur dær noren under Fjøll,
dei hev lova kvorare saa mangen go Held.
– Du æ' dæn, du æ' dæn, eg hev elska i min Ungdom. –

2. «Eg ska' deg vise saa vakker eit Viv;
vinder du den, vi' dæ koste ditt Liv.»

3. [Eg ska' deg vise saa vakker] ei Mø,
[vinder du ho, vi' dæ koste] din Dø.»

4. Daa dei kom seg at storan Bru,
femtan Kvinnar gjekk i Manneblo.

5. Storebroder tala te Lillebroder sin:
«Vi no du som eg, vi' me vende omkring.»

6. Den holder jeg ei for en ærlige Mann,
som tager i Veien og ei holder fram.»

7. Lillebroder rei seg te Kongens Gaar,
Gaaren sto full utav Glavin aa Svær.

8. Han klappa paa Dynni mæ Finganne smaa:
«Statt upp, skjøn Jomfru, skrei Lokunne fraa!»

9. Der kom Bud for Kongen ind,

at Lillebroder sover hos Datteren din.

10. Kongen han ropa ivi alle dæn Gaar:
«Kjære mine Kjempur, trekk Harneskji paa!

11. Kjære mine Kjempur, klæ dikkon ikke falsk!
eg fryktar, at Lillebroder er en Vaagehals.»

12. Dei stytte paa Dynni, mæ Glavin aa Spjut:
«Statt upp, Lillebroder, aa kom til os ut!»

13. «I ere saa mange, men vi er saa faa,
men endaa saa vil jeg ud til eder gaa!

14. Lillebroder snudde sin Gangar ikring,
fire hundre Kjempur hoggje han i ein Ring.

15. Saa tok han sin Jomfru mæ gulan Lokk,
han sette hende paa sin Sadelknapp.

16. Saa rei han seg fire stive Mile frem,
fyr endn han tala et Or til dem.

17. Lillebroder breier ut Kaapa blaa':
«Aa har I Lyst, skjøn Jomfru, at hvile derpaa?»

18. «No ser eg, at du er en Herri saa bold,
skjønt du meg hev tekji mæ Lutter aa Vold.»

19. Lillebroder kjeme seg riands i Gaar,
hans Moder ho uti for hanem staar.

20. «Vælkomen, Lillebroder, heimatt ti meg
aa saa dæ vivi, du flyte mæ deg!»

21. Lillebroder gjekk seg i Høyelofte inn,
dær spilar han Gullterning med unge Bruden sin.

22. Tilegt om Morgonen, Dagjen var ljøs,
va' fire tusind Kjempur for Lillebroders Hus.

23. Kjempunne kjeme seg riand i Gaar,
hens Moder ho uti fyr dei staar.

24. «Hør du gode Droning, vi spyrje deg maa,
er ikke Lillebroder komen hjem si igaar?»
25. «Lillebroder reiste av Gari igaar,
han ventar seg 'kji hjeimatt før Julen iaar.»
26. «Hør I gode Droning, vil I være huld,
saa giver vi Eder fire Tønder røde Guld.»
27. «Lillebroder gjekk seg i Høyeloft inn,
dær spiler han Gullterning mæ unge Bruden sin.»
28. Dei stytte paa Dynni mæ Glavin aa Spjut:
«Statt upp, Lillebroder, aa kom til oss ut!»
29. Lillebroder ut igjenom Vindauga saag,
han kunn'kji sjaa Jori fyr Brynjunne blaa.
30. Lillebroder ut igjenom Vindauga sprang,
hans Jomfru ho kastar han Glavin i Hand.
31. Lillebroder snudde sin Gangar omkring,
fire tusind Kjempur hoggje han i en Ring.
32. Lillebroder rei seg te Kungens Gaar,
aa Kungen han uti for hanom staar.
33. «Høyr du Lillebroder, eg spyrje deg maa:
hor gjor' du av dei Kjempur, eg sendte deg igaar?»
34. «Sume ligge sjuke aa sume ligge saar,
sume ligge heime som slakta Faar
35. No maa du kaupe deg hundre Tunnur mæ Salt,
om du sko' faa salte dæ Galtekjøte alt.
36. No maa du kaupe deg hundre Tunnur mæ Grøn,
om du sko' gjera dæn Pylsa væl skjøn.»
37. Lillebroder riste paa bloutte Svær:
«Var du 'kji Kungen, saa var du dæ vær.»
38. «Hav Takk Lillebroder for du var saa tro,

no maa du liva mæ mi Dotter i Ro.»

39. Lillebroder rei seg i sin eigjen Gaar,
hans Moder ho uti fyr hanem staar

40. Lillebroder stryker sitt Svær paa en Brand,
han hogg av sin Moder baa Hovu aa Haand.



Strofene er nummererte i oppskrifta.

TSB E 72 Friarferda til Gjøtland

Innleiing

Herr Peder skryter av at han ikkje veit om noka kvinne i landet som er så høgætta at han kan gifte seg med henne. Stemor hans legg imot og seier at ho kjenner til ei jomfru i det heidne landet Gjøtland. Denne jomfrua er så høgt på strå at han knapt kan få henne. Herr Peder tek imot utfordringa og bur seg straks på å reise dit. Han segler av stad, og snart kan han sjå Gjøtland i det fjerne. Den heidne dronninga i Gjøtland sender ville dyr mot han, men på skipet finst ein mann som kan riste trollruner. Med hjelp av runekunsta greier herr Peder å drepe villdyra. Så går han framfor kongen og ber om å få dotter hans, Målfrid. Dronninga, som står i nærleiken – og som er stemor til Målfrid – seier at herr Peder skal drepast, men kongen vil spørje dotter si om kva ho meiner. Dottera seier at ho har drøymt at ho skal få ein kristen mann frå eit anna land til ekte, og ho svarar ja.

Vi har ikkje så mange balladeoppskrifter frå tida før 1800-talet, men «Friarferda til Gjøtland» er ei av dei. Oppskrifta vart bokstavleg tala berga ut av elden. Ein gong i 1860-åra kom Volda-læraren Jakob Kobberstad (1840–1919) over denne visa på Arnegarden i Steinsvika i Volda, der Lars Knutsson Steinsvik var brukar. I 1868 sende Kobberstad papiret med viseteksten til Sophus Bugge. Han skriv:

Hr. Professor Bugge.

Hoslagt er jeg saa fri at sende et gammelt Papir, som jeg kom over paa en Gaard her i Præstegjeldet just som man var ifærd med at brænde det. Da jeg ikke har været istand at læse uden enkelte Ord her og der, kan jeg ikke have nogen Mening om dets Verd. Skulde det inidlertid være af den Beskaffenhed, at man vilde opbevare det, turde jeg udbede mig en Afskrift, i modsat Fald bedes Originalen tilbagesendt (Fet 1993: 149–150).

Det gamle dokumentet inneheld forutan sjølve viseteksten eit såkalla smaleregister – det vil seie eit oversyn over saue- og geitebuskapen til skrivaren – og det er dette registeret som gjer at dokumentet kan daterast til 1612. Smaleregisteret er så omfattande at det berre er éin gard i Volda som kan vere den rette, skriv Jostein Fet. Det må dreie seg om Moritsgarden på Søre Bjørkedal, der Pål Torbjørnsson Bjørkedal (ca. 1570–1636) heldt til. Pål Torbjørnsson var skrivekunnig, var lagrettemann og sageigar og åtte dessutan ei jekt som han siglde til Bergen med (Fet 2014: 94–99).

«Friarferda til Gjøtland» og andre tidlege ballade-oppskrifter frå tida før 1800-talet er ikkje minst interessante som vitnemål om norsk skriftkultur i dansketida. Dei viser at det har funnest enkeltpersonar og miljø i Noreg med skriftkunne og med interesse for balladar og anna diktning. Både Volda-teksten (1612) og den meir enn hundre år eldre forma av «Riddaren i hjorteham» frå Solum har tilknytning til slike miljø. Truleg har det funnest ein skriftleg norsk balladetradisjon ved sida av – og til støtte for – den munnlege tradisjonen som er så godt dokumentert på 1800-talet (Solberg 2011: 67–71).

«Friarferda til Gjøtland» er som vi kan vente skriven på blandingspråk. Skrivaren har ønskt å skrive dansk, men det munnlege norske språket slår ofte gjennom, som i tredje strofe:

Saa er hussiit jndenn thiill
som jomffruenn jnde sider
det gliemmer guld j kioriaa veg
det er jomffruenns lydt
(Fet 1993: 153).

Her ser vi at det blir dårleg rim, *sider* rimar ikkje på *lydt*. Men på det opphavlege norske/norrøne språket har rimet vore godt nok – sit, det vil seie presens av *sitje*, og *lit*, det vil seie farge, utsjånad. Uttrykket *j kioriaa veg* er reint målføre, 'kvar du ser, på alle kantar'. Det er grunn til å tru at den som i 1612 feste teksten til papiret, hadde ein eldre tekst framfor seg som han skreiv av og justerte i retning dansk. Volda-teksten er inga tradisjonsoppskrift. Dessverre er ikkje teksten fullstendig på slutten, og enkelte formuleringar er uklare.

«Friarferda til Gjøtland» er tidlegare publisert i Blom & Bø sin antologi *Norske Balladar*, og vidare i Brynjulf Alvers og Jostein Fets artiklar (Alver 1981: 61–78, Fet 1993: 149–169). Balladen finst berre på norsk, men har mykje til felles med den danske «Brudéfærden til hedenland» (TSB E 71). Også den færøyske «Ásmundur skeinkjari» (TSB E 73) minner om «Friarferda til Gjøtland».

Utsyn 66

Oppskrift A

TSB E 72: Friarferda til Gjøtland

Oppskrift: 1612 eller kort tid føre 1612 i ei oppskrift med ukjend hand, truleg frå Volda, Sunnmøre.

Orig. ms.: NFS S. Bugge r, 24–25.

Ingen oppgjeven tittel.



1. Her peder staar j Garden om
Och skiemther j Sinne gamne
Ieg ved Jnngen her Jndenns lanndz
At vere Minn Jamne
– Moder Rinder hielmenn Vdaff Sorgenn –

2. Tiill da Suariit hans steffmoder,
hun stander hannem skampt Jaa,
Einn ved Ieg j Giøtthlannd,
valde Maanne Du hende faa

3. Saa er hussiit Jndenn thiill
Som Jomffruenn Jnde Sider
det gleimmer guld j kioriaa veg
det er Jomffruenns lydt^{v232}

4. Tiill suariit her peder
hannd holder paa Buenn kniff,
d<en>n Samme Jomffru skall Jeg faa
skall det Koste Miidt Liiff

5. Hannd lader Brygge och bage
Aldt om – j halffuenn dag
førre vore Rosserne, thiill skreenne fus
før solenn giech<k> Neder j haff

6. Hører j det Kier moder Minn
j Raader Nu Vell thiill Nieste
I huare Vij stinger vore steffner thiill,
Bere giiffue Ennd gieste

7. Hannd Vinder op Sine sielckesegell,
Saa Rackenn lecker vedt Raa,
det Kom iche Bandene paa Bonckenn Neder
før hannd Giødtlannd Saa

8. Her peder hand stander j strengenn staffnn,
hannd lader sinne Seglenn sige,
her gud fader i hiemmelen
hannd lade denne Vieienn lide

9. Innd Kom lidenn Smaa suend
Och Siger hannd der j fraa
Ieg Ser Seglenn paa <...> haffuit gaa,
Med gulle Render och Blaa

10. Einn Chriistenn borger er der Oppaa,
och hannd viill Jomffru faa,
forgylthe da vaar de bogspredthe,

Alt for offuenn Siø

11. Tiill Suariit heidenn drotthning,
lyder hun der paa,
j Slipper ded Iell och huidenn Biørnn
j laader iche landet faa

12. det vaar vnngenn Her Peder
hannd Stannder v^{dj}ⁿ⁶⁵ Strenngenn staffnn,
Er her Nogenn Inndenssbrdz
der Ronne Riiste Kannd,

13. Tiill Suariit vnngen Asbiørnn
hannd stannder hannem skampt I Jaa,
vnngge var Ieg Ronnene lerd
Om de hielpe Maa

14. Di skiude vdt deriis Anger
dj Fallt paa huidenn Sannd,
det Vor vnngge her peder
hannd stigger der fiørst paa lannd

15. Det var vnngge her peder
hannd hannd drager vdt Siit sylffue Suerd,
hannd Vog Vlff och Ognn diy, r,
det stander j halss och hærd

16. Det vor Vnngen her peder
hannd thiill Marckenn drog
Gulla haddeⁿ⁶⁶ Socker
och sylffspenndt hadde hannd skoo

17. Miidt j Gaardn Om
der Agxsla hand Siidt skind,
Snappe da Vore hannds fodde ferde
for Gydtlanndz Konngenn Jnnd

18. J Siide Nu ^{hiell} Gyødtlanndz Kongenn
Aldt offuer dine Brede bord
Och giiff Miig Maalfrij daather dinn,
det er j fiørste ord

19. Tiill Suariit heidenn drotthning,

hun stender der skampt j fraa,
du do thamde Konngenns Viille dyur,
du Monne iiche liifuit faa

20. Ieg thamde Konngens Viille diur,
ennd dog det var Med Noude,
det som iche Viille thage tham,
det lod Ieg tholle doude

21. Det vor Giøtthlanndz Konngenn
Och thenncke hannd der paa
huad ^{hand} skulle hannem
her peder thiill suare faa

22. Jeg Loffuede liidenn Maalfrij
den thiidt hennedes Moder feldt Jfra
hun skull Aldriy mdz barre fiøder
paa Iordenn gaa

23. Tiill Suariit her peder
hannd holdt paa Buenn Kniff,
du Nogit godt Loffuede
Ieg holder det vell fordj

24. Det vor Gyødtlanndz Kong<en>
^{hand} Sinn Bordaa ~~hannd~~ Fra siig skoudt,
Jnngen denn fuglenn hannd flyger saa Snardt
som ^{hand} thiil Sinn daatther Var

25. Hannd klapper paa diørrenn
Och hand Klapper paa locker
huad Giør j Minn Seliig daather,
Soffuer i Eller Vagker

26. I Miiste Maa Ieg giørre
helst Om Natthe thiide,
hiører j seliig fader Minn
huad do da Viilst du dj

27. Hiører i Seliige daatther Minn,
Siegger Ieg diig Jffra
her Er einn Christienn Borgere,
hannd viille diig faa

28. Stercke da Vore Minne drøme,
och saa saade de j fraa
Ieg skulle Miig paa Anndet ^{land}
Einn Chriisten Borgere faa

29. Sielcke och saa perler
Vare thiill Iordenn bredt,
da var Liidenn Maalfrij,
~~hann~~ Var Vdaff haldenne ~~ledt~~ ledt

30. Sielcke och saa Perler
och Saa dj dyre Kleder,
som ledt vnnder Iomffruens fodden
saa Vegenne lode j threffue

31. Hiører i Liidenn Maalfrij
Och sielff Monne i det Raade
Christne viille viy fader dinn
Och dreppe Alle hædenn throll

32. Det var Lidenn smaa s<uen>nd
Och effter her peder giick
her peder Hannd hugde hanns hoffuit Aff:
och haffue det huer som fiichk

33. Vdt Kom heidenn Konnge
och [medt]^{v233} Sinne hille lieele viiedke
Aatthe Ieg denn gylthe knar
<som flyder och for> Minn Bry<gg><...>[ms. skadet]



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Omkvedet er oppatteke stort sett heilt (men avstytt) til kvar strofe.

Oppskrifta er skriven på eit stort, kvadratisk ark, bretta saman som ein Z i tre like delar på langs, såleis at arket får seks sider. Balladen er skriven på dei fem første sidene. Nedste halvdelan av side fem er blank, men på side seks er det skriven inn eit register over smalen på garden ved 1. januar 1612. Arket er dinest bretta på tvers midt på, og så ein gong til. Det er også spor etter anna bretting.

Delar av papiret er skada, særleg i brettane. Det er såleis fire større hòl, brune i kantane etter eld (jf. innleiinga). To av dei lagar lakuner i teksten, men berre i omkveda og i siste ordet i siste strofa.

TSB E 77 Bergeliten bondeson

Innleiing

Bergeliten bondeson kjem heim frå skulen og får vite at far hans er død. No er det han som skal rå for riket. Bergeliten dreg til eit anna land for å finne seg ei «vene Møy» som han kjenner til, men mora rår i frå. Han reiser likevel, og når han kjem fram, sprengjer han porten til borga der jomfrua held til. Han tek henne i fang og blir der om natta. Morgonen etter må han slåst med dei tre brørne hennar, og dei er ikkje til å spøkje med; men han rykkjer ei diger eik opp med rota og slår brørne i hel med henne.

Denne kjempe- og trollballaden finst berre i eit par variantar. I Telemark skreiv Bugge han opp i 1863 etter storsongaren Jorunn Knutsdotter Bjønnemyr (1791–1866) frå Mo. Forma etter henne er kort og utgjer berre ein liten del av den opphavlege balladen. Også dotter til Jorunn, Hæge Vetlesdotter Bjønnemyr (1832–1905) kunne visa (Jonsson & Solberg 2011: 494–503).

Den lengste og beste oppskrifta er førd i pennen og skriven inn i ei eiga visebok, den såkalla «Stakkelands-boka», av Peder Jespersson Stakkeland (1812). Peder Jespersson (f. 1766) var bonde på Stakkeland i Fjotland i Vest-Agder. Det er lite som tyder på at Peder Jespersson har skrive ned visa frå munnleg tradisjon, snarare har han skrive visa av etter ein annan tekst. Uansett er oppskrifta eit vitnemål om interessa for gamle mellomalderviser blant nordmenn, før nasjonalromantikken, og likeeins om skrivekunnskap blant allmugen.

Balladen finst også på Færøyane i oppskrifter frå 1780-åra og seinare. Her heiter helten Baraldur bóndason, og det blir lagt noko større vekt på det sosiale motivet: mora rår sonen til å finne seg ei bondedotter, for det gjorde far hans:

Hvør skal nú fyri ríki ráða,
sæli sonur mín?
Elska tr eina bóndadóttur,
so gjørði faðir tín
(CCF II: 97–101).

Utsyn 120
CCF 40

Oppskrift A

TSB E 77: Bergeliten bondeson

Oppskrift: Udatert avskrift av Torleiv Hannaas etter oppskrift i «Stakkelandsboki» frå 1812 av Peder Jespersen Stakkeland, truleg etter anna skriftleg kjelde.

orig. ms.: EFA T. Hannaas VIII, 112ff.

Oppgjeven tittel: En ny Vise.

*

1. Det var Berge-Svend Bundesøn
han kom o skolen saa sillan
Da va hans kiære faren Døe
Dæ totes han væra illa.
– Dey ria saa sillan igiennem Lunden med henna. –
2. Det var Berge Svend Bundesøn
Hand spurde sin Moder til Raad
Naa æ min kiære farin døe
qven ska naa for Lanne raa.
– Dey ria saa sillan igiennem Lunden med Henne. –
3. Det var da hans kiære moder
Ho svarede han Naa saa;
Tag du dæg en vene møy
Selv maa du for Lanne raa.
4. Jeg ved dig Saa ven en Møy
hun bor der sør under øy.
Han maa væra hastig og Hannesterk
som henne skal vinde møy.
5. Det var BergeSven Bundeson
han totes dæ ore for troda
koe hæ den Jomfru The verja før sæg
mæ ingien kan henne broda.
6. Hun hæve naa Fæstæ Brøan Tre
dey ær adle saa hare
den eene heyde idle Hermund
den anre hvide spragien...
7. Den Tre heyde unge Ærland

han boe der sør under øy
han maa være hastig og Hannesterk
som henne ska finne møy.

8. Det var Bergesven Bundeson
han Rey over Biergene blaa
D ska naa ingen hovdreng være
som kand kie i Søylen staae.

9. Aa det var Bergesven Bundesøn
Han kom der Rian i Tune
Aa Joræ vibra som ospeløu
aa en gik Niestaalbrue.

10. Og det var Bergesven Bundeson
han støyte paa porten mæ skæfte
du stat op Jomfrua venna Liv
for her holder kongens merke.

11. Te svarte Jomfru Vennaliv
Hu Laa i sin-Om Senge
ingen saa lukker jeg ind om Nat
Dis mindre er du min frende.

12. Jeg er en fattig Pillegrim
jeg er baade fraasin og vaad
du stat op Jomfru Venneliv
Du lukke mæg ind i Natt.

13. Du er naa ingen Pillegrim
Du er hverken fraasin eller vaad
men det er Bergesven Bundesøn
fuld vel kiender jeg dit maal.

14. Og det var Bergesven Bundesøn
tog Porten udi sin Haand
saa brød han op de Laage Porte
Tog Venna liv i sit fang.

15. Og det var Bergsvend Bundesøn
Tog Venna i sin favng
saa Lagde hand hende i Sengen Ned
forglæmte saa den harm.

16. Og var idle Hermund
Hand talte et ord af vrey
hæve du vores Døre braade op
hos vor Søster Leye.

17. Og det var Bergesven Bundesøn
Han sprang paa gangeren rød
De far naa vel en liden stund
see vel til min fæste møe.

18. Det var ille Hermund
Hand ssev paa Tetione Blaa
Hvad har den Svend te Verre gjort
som tør Lia til bage siaa.

19. Det var Berge Sven Bundesøn
han Red under grønne Lide
der Rykte han op den store Eg
Som han vilde med dem stride.

20. Det Var Bergesvend Bundesøn
Holt i Toppen og slog med rod
saa slog hand hendes brødre Tre
saa de falt Død til Jord.

21. Fyrst vog hand ille Hermund
dertil han Ærlan saa graa
saa vog han hvide Spragien
det var hendes høyeste Raad.

22. Det var Bergesvend Bundesøn
han Red over Bierge og Dale
det gjorde hand med den skønne Jomfru
for han vilde med hende tale.

23. Tak haver Berge Bundesøn
Han var saa sterk i favn
derfor vant han den skønne Jomfru
dertil baade Riger og Land.

ende,

Skrevet af mig Peder Jespersen den 21 Juny 1812.

Oppskrift B

TSB E 77: Bergeliten bondeson

Oppskrift: 1863 av Sophus Bugge etter Jorunn Knutsdotter Bjønnemyr, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS Bugge o, 14–15a (kladd)

Ingen oppgjeven tittel. [v234](#)

*

1 De va Bergeliten bóndesón
han kom o ^{otó} skula så silli,
då han fékk vita sin faderen va dø.
de lika han so ganske illi.
– Ti mindre syrgjer mi skjøna. –

2 De va B[ergeliten] B[óndesón]
han let'e bå bryggje å baka
å so lét en ivi sin faderen vaka
4 nettar å 4 dagar.

3 Han lét sin fader til kyrkjunne bera
i so stór ei mannetrång
sjav'e gjékk Bergeliten b[óndesón]
å fremst undi bårastång.

4 Han stó inn unde kyrkjeveggjen
mæ drengjinne ^{dei} bære moll
so tósst en [v235](#) vera inna klæjes
som eggjinne skåre holl.

5 Han stedest undi [v236](#) [kyrkje]veggjen
[mæ drengjinne dei] molle bære
n so [tósst en vera inna klæjes]
[som eggjinne] holle skåre. [n67](#)

TSB E 82 Kvikjesprakk

Innleiing

Kvikjesprakk vil til Girkland (Grekarland) for å fri til ei rik og mektig jomfru der. Søster hans åtvarar han, for han er ung og urøynd, men Kvikjesprakk ottast ikkje nokon fare. Han salar gangaren, ber smådrengen sin om å gjere seg klar, og dreg av garde. I Girkland legg kongsdottera Rosamund merke til at Kvikjesprakk kjem ridande, men når han ber kongen om å få dotter hans, svarar kongen avvisande og hånleg. Det blir ein veldig kamp som ser ut til å ende med siger for Kvikjesprakk, men kongens smådreng lukkast med å drikke Kvikjesprakk full. Dermed blir han bunden og sett i fengsel. Heldigvis for Kvikjesprakk har smådrengen overlevd, og han rir etter hjelp. Bror til Kvikjesprakk, Iven Erningsson, dryger ikkje lenge, og når han kjem til Girkland, endrar situasjonen seg. Iven drep først kongen og set deretter broren fri. Dei to brørne gjer kort prosess med alle i kongsgarden, bortsett frå jomfru Rosamund, som Kvikjesprakk gifter seg med.

Vi har bortimot tretti tekstvariantar av denne balladen, alle frå Telemark. Landstad trykte ein tekst i *Norske Folkeviser*, der han skriv at han ikkje har funne «Kvikjesprakk» hos andre enn Bendik Ånundsson Felland (1780–1865) frå Skafså. Det er såleis Bendik Ånundssons tekst som står hos Landstad, i utgjevarens etymologiske rettskriving. Dette tyder på at balladen har vore ute av tradisjonen i midt fylket i Telemark, og vi ser då også at dei fleste variantane er skrivne opp lenger vest. Spesielt Sophus Bugge har skrivne opp mange tekstvariantar, etter nokre av dei beste Telemarks-songarane. Vi har vidare fem melodivariantar av «Kvikjesprakk», den eldste ved Olea Crøger etter ein ukjend songar frå Tuddal (Ressem [utg.] 2014: 475–479).

I Landstads oppskrift etter Bendik Ånundsson dreg ikkje Kvikjesprakk til Girkland, men til Jutland – truleg ei omlaging av *Gautland* [Götaland]. Til grunn for «Kvikjesprakk» ligg då også den norrøne fornaldersoga om Rolv Gautreksson i Gautland, slik Knut Liestøl har vist (Liestøl 1915: 168–180). «Kvikjesprakk» er elles ei parallellvise til den færøyske «Kvikilsprang», der innhaldet er det same og språkføringa i mange av strofene er svært lik – som i scenen der Kvikjesprakk set seg til å tale med jomfru Rosamund, men blir kasta i golvet av kongens menn:

Sá sette han seg jomfruga næst,
som han totte best at tala,
han vart sá snegt ór sessi kipt
at nakkin small imót svala
(Landstad [1853] 1968: 149)

Hann setti seg hjá frúnni niður,
tungan mælir á ljóði,

bráðliga varð hann av fótum kiptur
nakkin small á gólvið
(CCF V: 204).

I den færøyske balladetradisjonen utgjer «Kvikilsprang» ein sjølvstendig tått i syklusen om Ívint Herintsson, der «Jákiman kongur», «Ívints táttur», «Galian táttur I» og «Galian táttur II» er dei andre. Den norske balladen «Ivar Erlingsson» (TSB E 102) dreier seg om mykje av det same som blir fortalt i «Ívints táttur» og dei to Galian-tættene (Driscoll 2011: 174–178). Både den færøyske og den norske tradisjonen byggjer i siste instans på Artur-diktinga, for Ívint/Iven/Ivar er parallellfigurar til Chrétien de Troyes' Yvain, den djerve løveriddaren.

Balladen om Kvikjesprakk er ei typisk kjempevisе med brutalitet, slagsmål og drap til overmål. Avslutninga i Bendik Ånundssons variant, trykt hos Landstad, er talande. Dei to brørne Kvikjesprakk og Iven gjer reint bord:

Sá slog dei neð i Jutland
báðe gamle og unge,
der livde inki atte mannlikan
berre jomfruga Rosenlunde
Landstad [1853] 1968: 156).

Utsyn 65
CCF 108

Oppskrift A

TSB E 82: Kvikjesprakk

Oppskrift: udatert av ukjend skrifvar hjå Jørgen Moe etter Bendik Ånundsson Sveigdalen/Felland, Skafså, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS J. Moe 10, 43–43n (reinskrift).

Oppgjeven tittel: Judlandsvisa



1. Dei va tri dei Hermosønir
Adde ville Hjelman vinde
Å de va Judlands kongji
Han rie for dei på Thingji.

– Dei konne såvæl dei Judlandshestan utrie. –

2. Ind kjæme Kongjens liten Smådreng

Han trøer så hardt imot Tilje

Ær nokon af Hermosønin'

Idag lyster Unge gjilje

3. Å de va Kvikjesprak Hermoson'

Han fram yvi Bori mon springe

Æg vi mæg te Judland i År

Den rike Jomfrua vinde.

4. De va Kvikjespraks yngste Syster

Ho va så deilig en Qvinde

D'æ så vondt i Juland

Å lata sæg fange å binde

5. Å de va Kvikjesprak Hermoson

Han slog sin Nævi mod Bord

De kaddas ingjen Hovedreng

Som ræas for Qvinneord

6. Å de va Kvikjesprak Hermoson

Han tala te Smådrengjin så

'Du ska væra mæ te Juland

Å passe min Gangare grå

7. Du klær dæg ut i Klædningen den

Beste som noken vi slite

Uttapå den brynji blå

Ho glimar som Guld i de Kvite

8. Å svåra de Kvikjespraks liten Smådreng

Både mæ Tugt å Æra

De samar sæg ingjen Hestesvend

Ei Brynje blå te å bæra

9. Å de va Kvikjesprak Hermoson

Han sæg utaf Gari rei

Å de va femten valske Milir

Dei hørde hos has Gangari steig

10. Å de va Jomfru i Rosenlund

Ho ut i gjennom Vinduga^{kl43} såg
Nå seer æg ein af Hermostønin
Æg kjænder has Gangari grå

11. Uti så binde han Hesten sin
Sit Sværd de sting han i Sjø
Så lyster han unge Kvikjesprak
Sæg i Stoga indgå. –

12. Å de va unge Kvikjesprak
Sit Mål kunne han frambæra
Hev du 'kje Kongjen dotteri ei
Som du lyster Guten gjeva.

13. Svåra de Julandskongji
Alt både mæ Spot å Hån
Guðt late mæg aldri liva den Dag
At æg ska få dæg te Måke

14. Å ti svåra Kvikjesprak Hermoston
Både mæ Spot å Hå
Gut late mæg aldri liva den Dag
At æg be dæg oftær om Rå.

15. Så sæte han sæg Jomfrua næst
Som han beste lyster at tala
Han bleiv så snart o Sessen kjipt
Så Nakkjen den smad imot Svala

16. Så sæte han sæg Jomfrua næst
Som han beste lyster å gilje
Han bleiv så snart o Sessen kjipt
Så Nakkjen den smad imod Tilje

17. Up reise unge Kvikjesprak
Han totte sægin Nakkjen klæggje
Viste æg kven mæg o Sessen kjipte
Så såre æg sille de ~~hemne~~ hemne

18. Up reise unge Kvikjisprak
Han totte sin Nakkjen svije
Viste æg kven mæg o Sessen kjipte
Has Årin sille snart lie

19. Some så brout han Hovui af
Å^o some så banka han Bein
Forin dei kom af Husi ut
Va der intje atte ein

20. Some så brout han Ryggjen af
Å some gjore han blinde
Å før dei kom af Husi ut
Låg Halvparten atte inni

21. Å de va Kongjens liten Smådreng
Han stænd unde kongjens Hand
Me føre 'kje han at mørkje Ståga
Om me våre sex tusind Mand

22. Å de va Kongjens liten Smådreng
Va uti mæ si falske Rå
Mi slepper ut okkos grumme Løve
Ho riv' han istykkjer små

23. Ut så kom den grumme Løve
Mæ hvasse Tænnar å lange
De vi æg for Sandhet seia
Han bleiv i Hjartai bangen

24. Å de va Kvikjesprak Hermoson
Han lae sæg på bære Knæe
Hjelp mæg Gud fader i Himmerig
Ho svæjer^{k144} mæg livande ne.

25. Så tok han i den Løvekjæft
Mæ baa sine Hændi
Snøgge så va has liten Smådreng
Å hoggji i Stykkjine mange.

26. Å de va Kongjens liten Smådreng
Va uti mæ si falske Rå
Lyster 'kje unge Kvikjesprak
Sæg i Ståga indgå

27. Svårade Kvikjesprak Hermoson
Han to's væra trøit å mo^{k145}
Æg vi mæg i Ståga ind

Å Kvildele ho æ mæg vel go.

28. Å de va Kongjens liten smådreng
Han sjænkte den Mjøren å bar
Altid han unge Kvikjesprak
Sovna i Sessen han sad

29. Så spredte dei Jenbolten^{k146} om has Fot
Å Hanklurvun om has Hand
Så førde dei han at Mørkeståga
Dei gjåre han der stor Skåm.

30. Å de va Kongjens liten Smådreng
Han springe på Golvi å dansar
Nå heve mi fange den raske kjæmpa
Som liknas ved Olger Danske

31. Høire du de min liten Smådreng
Du springe på Gangare rød
Så helsar du Eivin Broer min
Du be at du hemnar min Død.

32. Å de var Kvikjespraks liten Smådreng
Han hevdes på Øs^{k147} i de Kvite
Så rei han femten valske Milir
Før han lyster Gangaren kvile

33. Å de va Kvikjespraks liten Smådreng
Han rei så rat utaf Gari
Dei kunna 'kje han mæ Augo fæste
Langt mindri mæ Hændane taka

34. Å de va Kvikjespraks liten Smådreng
Han kom sæg riande i Gård
Uti stend Eivin Hermoson
Han va fulle sveipt i Maar

35. Vælkommen Kvikjespraks liten Smådreng
Å vælkommen heim te meg
Hossi stænde de te i Juëdland
Mæ du eismadde kjæme her.

36. Kvikjesprak hev seti i Mørkestøga

væl uti tjuge Dagar
Has Gangari spring i Juland
Den tore han ingjen taka

37. Høire du Kvikjespraks liten Smådreng
Du seie mæg nå sandt
Kven va så djerv i Judland
At han unge Kvikjesprak bat [k148](#)

38. Æg helsar dæg Eivin Hermoson
Du tøvrrar intje ret længje
De va intje annen i Judland
Hel Kongjens liten Smådreng

39. Å de va Eivin Hermoson
Han springe på Gangaren rød
De vi æg for Sandhet seia
Han rei liksom Fuglen fløg

40. De va Jomfru i Rosenslund
Ho ut igjenom Vindauga såg
Nå ser æg ein af Hermosønin
Æg kjender has Gangari nå

41. Om Bergji æ aldri så blåt
Så måtte de sund i Stykkjir
I Hjarta må Svenden 'kje væra bloud
Som der uti Søylen tor sitje

42. Å de va Eivind Hermoson
Han kjæme sæg riande i Gård
Å uti stænde Judlands Kongji
Å blid fagnar han 'en då

43. Å vælkommen Eivin Hermoson
Å vælkommen hit te mæg
Nå heve æg nys bryggja
Å blanda deri go HVEen [k149](#)

44. Æg æ intje om den brone Mjød
Intje helle om den klare Veen
Men æg æ mei om Broe min
Han sænder fast Bå ette mæg

45. Kvikjesprak æ seti i Mørkeståga
vel uti tjuge Dagar,
Has Gangari spring i Judland
Der tor han slet ingjen taka

46. Svåra de Eivin Hermoson
Han tos væra sterk i Hændi
Æg ska taka has Gangari grå
Om han gjære^{k150} badeⁿ⁶⁸ beit å spændte

47. Høire du Eivin Hermoson
Hot æg dæg seie må
Nå må du hogge de fyste Hog
Æg veit Belehugjen æ brjá^{k151}

48. Svåra de Eivin Hermoson
Både mæ Tugt å Ære
Hog du Kongje de fyste Hog
Alfori din Kongjelig Ære.

49. Å de va Judlands kongji
Han hog å de gjære vel Mon
Honⁿ⁶⁹ hoggji på Eivind Hermoson
Så Gulli de dreiv på Ton.

50. Nå hev æg stai dæg femten Hog
Væl fleiri å intje færi
Du stænde mæg eit for alle dei
Alt for din kongjelig Æri.

51. Å de va Eivin Hermoson
Han lete esit Sværd i briå
Han hoggji te Judlands kongji
Så han faldt i Lyter^{k152} två

52. Å de va Kongjens liten Smådreng
Han lae sæg på bærre Kne
Høire du Eivin Hermoson
Å Livi så gjeve du mæ^{k153}

53. Å de va Eivin Hermoson
Sværd vill' han 'kje på han øje
Han slog te han mæ Næven

Så Heilen^{k154} den skvat på Heie

54. Å de va Eivin Hermoson
Gjek sæg te Mørkeståga ne
Live du Kvikjisprak Broer min
Så slepper du mæg ind

55. Svårade Kvikjisprak Hermoson
Han låg i Jenni dei tunge
De æ intje got å sleppe dæg ind
Ti Hændane mine æ bundne

ⁿ⁷⁰ 56. Å got æ de intje å sleppe dæg ind
For Hændene mine æ bundne
Takke må æg Jomfrua i Rosenslund
Ho he bori mæg Maten te Munden

57. Å de va Eivin Hermoson
Han spændte mæ karske Fot
Så spændte han den Mørkeståg dyn
Så ho dreiv på Tilje mot

58. Så brout han Jenbolten af has Fot
Å Handkluvun af has Hånd
Så førde han han af Mørkeståga
Dei are der tilⁿ⁷¹ stor Skåm

59. Å de va Kvikjesprak Hermoson
Han kom sæg af Mørkeståga ut
Å snøgge så va has Gangari grå
Han va te sin Herri fus^{k155}

60. Så slog dei ne i Judland
Både Gamle å Unge
Der livde 'kje atte Menneskje eit
Bare Jomfru i JRosenslund

61. Å de va Eivin Hermoson
Han lyfte på hågan Hat
Farvæl Kvikjesprak Broer min
Hav mange tusind god Nat.

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Under overskrifta står det: (Skafse. Efter Bendik Felland (samme Kilde som Landstad) med handa til Moltke Moe.

Jørgen Moe har ikkje gjort denne oppteikninga sjølv; ho er skriven med ei latinsk hand, til skilnad frå Moes gotiske. Nokre kommentarar er skrivne inn med ei gotisk hand, sannsynlegvis Jørgen Moes. Det gjeld ordforklaringane i strofe 29, 37, 43, 46–47, 51–53 og 59.

Oppskrift B

TSB E 82: Kvikjesprakk

Oppskrift: udatert av Sophus Bugge etter Tone Targjeisdatter Kringlåk, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge I, 187–191 (reinskrift).

Júllandshestann. (III).



1. [Tri sá vore dei Hermoðsyninn,]
[alle vilde hjelmen vinne,]
[og deð var] kungen í Júlland
[han reið] ímót dei [pá tingið.]
[– Dei kunnað sá vel dei Jutlands hestann útríðe]

2. [Og deð var] unge Kv[ikisprakk]
han trødde sá hart ner í tilje,
[Eg vil meg til Jutland] ídag
[den rike jomfruga vinne.]

3. [Til svarað Kvikispraks syster,]
[hon var sá fager ei kvende:]
[Deð er sá] vondt [i Jutland] ídag
[at lata seg fange og binde.]

4. Á dæ va' han unge Kvikisprakk
han útav dei óri ló:
«dæ heites no slett ingjen hovdreng vera,
sill'en ræddas før kvindeór!»

5. [Og deð var Kvikisprakk Hermodðson]
[han seg ut af garðe reið,]
[deð var fulla femten] sterke [milir]
[dei høyrde hans] folen [steig.]

6. «Um bergi dei va' alli så blå,
så måtte dei sund i stykki;
han måtte væl inkje vera hjarteblauge,
dæn svenn, som í salen tor sikje.»

7. Å dæ va' no unge Kvikisprakk
han kom seg ríand í går,
å dæ va' då kungjen æ^j Júlland,
som úti for honom står.

8. «Å vælkomen unge Kvikisprakk,
vælkomen æ du ti meg;
no hev eg så nýlege bryggja
dæ klare víni for deg.»

9. «Å inkje så brýr eg meg um ditt mjø,
å inkje um ditt klare vín,
men eg æ komen ti Júlland,
dæn rike frúva å vinne.»

10. Å dæ va' no kungjen í Júlland
han tala ti sin líten smådreng:
de teke han unge Kvikisprakk
å væl eitt hundre mann.

11. Å sóme så braut en ryggjen av
å sóme så gjöre'n blinde,
men fyrr hell dei fekk en at myrkestoga,
å helti låg dær att inni.

12. Å når dei ha' fengi'n at myrkestoga,
då dundra 'n dær aleini,
å ingjen tóre båndi på'n leggje
å ingjen kunn' gjera en meini.

13. Å dæ va' då kungjen í Júlland
han talar ti drenginne si':
«de slepper inn ti han mi grumme løve,

ho svægjer en livande ne.»

14. Á dæ va' no unge Kvikisprakk
han va' no så ívrig ímót;
sá tók en í dæn løvekjæften
å kløyðvde dæn mitt í tvo.

15. [Og deð var kongins] líten smáðrengir
dei [var úte með falske ráð:]
aktas 'ki [unge Kvikisprakk]
[seg in i stoga gá?]

16. Á dæ va unge Kvikisprakk,
han tóss vera trøytt á mó,
sá fýgde'n dei inn í stoga:
ei líti kvíld æ' væl gó.

17. Sá sette'n seg jammsís frúva sí,
som han ville helste hava;
han tenkte, at ingjen ha' slíkt mót,
at dei tóre'n ó benkjen jaga.

18. [Og deð var kongins] líten smáðrengir
dæ mjøi á vini dei [bar,]
å dæ va [han unge Kvikisprakk]
då sova han dær [han sat.]

19. [Sá sprette dei] bolten på [hans fót,]
[og] klúvunne på [hans hand,]
[sá førðe dei han at myrkestoga]
å gjór 'en derí [stor vánd]

20. Á dæ va han unge Kvikisprakk;
han vakna å umkring seg såg,
sá såg en seg sikjande í myrkestoga,
va' bunden frá topp å ti tå.

21. Á kluvunne dei såg en på sine hendar
å bolten på sin fot:
«hjelp meg gud fader av himmerig,
no trúr eg fyste kvindeór.»

22. Á dæ va' no Eivind Hermóson,

han seg igjenom vindauga såg:
«no sér eg en Kvikisprakks líten smádreng,
gud veit no, hoss dæ ti stár.»

23. «Hera site du Eivind Hermóson
å drikke bådi mjø å vín,
å fanga så hart úti myrkestoga
site Kvikisprakk bróeren.»

24. Á dæ va' Eivind Hermóson,
han blei då så iddi ve dei ór;
han spillte ne dæ røe víni,
å mjøen sló han på bór.

25. [Høyre du Kvikispraks líten smásvein]
hot eg spyrje deg vi' for sant
[kven] va [sá] jerv [uti Jutland]
[at han unge Kvikisprakk batt?]

26. [Kvikisprakk hev setið í myrkestoga]
[vel uti tjúge dagar,]
hass folen løype laus [uti Jutland]
me tor 'en dær [ingin taka.]

27. «No hev en seti í myrkestoga
væl í vikunne trí;
dæ kan eg deg fyr sanning seia,
han heve vist låti sitt lív.»

28. å høyrer du [Eivind Hermodson,]
[du] tøvrrar væl [inki] for l[engi]
[deð var ingen annen i Jutland]
[enn kongins líten smá]drengr.

29. å dæ va 'n[Eivind Hermodson]
[han tots vera sterk i] hendar
eg teke væl unge Kvikisprakks folen
[um en] gjere [báð] bit [og] spenner

30. Á dæ va' han Eivind Hermóson
[han seg ut af garðe reið,]
[deð var fulla femten sterke milir]
[dei høyrde hans folen steig.]

31. [«Um bergi dei va' alli så blå,]
[så måtte dei sund i stykki;]
[han måtte væl inkje vera hjarteblauge,]
[dæn sven, som í salen tor sikje.»]

32. Å dæ va kungen í Jylland
han seg ígjenom vindauga såg;
«no ser eg en Eivind Hermóson,
de slær míne portar í lås!»

33. Å dæ va han Eivind Hermóson,
han kom seg ríand í går,
å dæ va' då kungens portar
å adde va' slegne í lås.

34. Å dæ va' han Eivind Hermóson,
han va' úti hugjen så gram;
han spente sin hest mæ sporar,
så han ivi porten sprang.

35. [Og deð var Eivind Hermodson]
då kom en [ríðand i gárð,]
[og deð var] Kungen í J[ylland]
han blí imót han mon gå.

36. «Å vælkomen Eivind Hermóson,
vælkomen æ du ti meg;
no hev eg bryggja å blanda
både mjø å vín fyr deg».

37. «Å inkje så brýr eg meg um ditt mjø
å inkje um ditt klare vín;
men eg æ komen ti Júlland
fyr å leite ette broeren min.»

38. «Å høyrer du unge Kvikisprakk,
no rópar eg inn ti deg;
å æ du enno í lívi,
så svarar no du væl meg.»

39. «Ja no hev eg seti í myrkestoga
å væl bådi fanga å bunden;
dei takkar fruva í rósenlund,

som mate heve bori ti munnar.»

40. [Og deð var Eivind Hermodson]
[han] spente [með] raskan [fót,]
[spende han den] jønndynni
dæn kløyvde han mitt í tvo.

41. Á klúvunne braut en av hass hendar
å bolten av hass fót;
då ha' dei så undeleg ei fótefar
alt innfyr kungens bór.

42. Så dråpe dei av í kungens går
altsamen, bådi kattar å hundar;
dær va 'ki eitt kvikande lív ette dei,
bære frúva í rósenlund.

43. Á dæ va' ein kungens líten smådreng,
han la' seg fyr han på kné:
«å høyrer du unge Kvikisprakk,
du sparar væl lívi på meg.»

44. Á dæ va' han unge Kvikisprakk,
han ville 'ki sværi øye,
så sló en ti en mæ nýtte neven,
så heilen flaug langt nór í heio.



Strofene er nummererte i oppskrifta. Ingen kladd er overlevert.

Under overskrifta står det: (meddelt af Tone Torjusdatter Kringlåk i Mo).

Bugge viser ofte til Landstad i denne oppskrifta. Dette er fylt ut etter teksten hjå Landstad 1853, s. 146–156. Landstads tekst er skriven etter same kjelde som oppskrift A.

Under strofe 44 skriv Bugge: 45 mindedes ikke Tone; det fortalte om at Eivind reiste hjem igjen.

Oppskrift C

TSB E 82: Kvikjesprakk

Oppskrift: 1863 av Sophus Bugge etter Jorunn Knutsdotter Bjønnemyr, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge p, 7b–11a (kladd)

Ingen oppgjeven tittel. [v237](#)



1. Tri so vare [k156](#) dei Hermóssøninne
alle ville hjelmen vinne
k á de va kóngen í Julland
han rider for dem på tingje.
– Dei kunna so væl dei Júllandshestann útríe –

2. Høyrer dú de min sæle bróer
dú site no helle heimi
dú æ ung á úrøynde
mæ sterke kjempur á feikte

3. De va unge Kvikjesprakk
han seg útav garí rei
de høyrdes 15 [v238](#) sterke míler
alt hori hass folen steig.

4. Um de bergji va alli so blátt,
so laut de sund í stykkji,
den svennen måtte 'kji vera so hjarteblaug
í sadelen tóre sitje.

5. De va unge Kv[ikjesprakk]
han kom seg ríand í går,
de va kungen í Júlland
han úti for hánom stár.

6. Vælkomen unge K[vikjesprakk]
vælk[omen] æ' dú ti mé
no hev eg nýlege bryggja
å blanda den klare vin.

[k157](#)

7. De va då Danerkonungjen
han høytta på liten smådreng
dú slepper no út mi grumme løve

hó svægjer 'en livandes ne.

8. De va u[nge] Kv[ikjesprakk]
tóst en vera sted i vande,
han tók í den løvekjeft
me begge sine hender.
So snøgg'e va hass líten smådreng
ti hogge 'a í lytinne mange

[k158](#)

9. Sóme so braut en ryggjen av
å sóme so branka han bein
å fyrr 'en kom at myrkestoga
den herren han spilar aleini

10. Sóme [so braut en ryggjen] av,
å sóme so gjóre'n blinde
fyrr ['en kom at] myrkestoga,
den hælte låg atte inni.

11. De va då kungens líten smådreng
va útiⁿ⁷² mæ si falske rá
lyster 'kji unge Kv[ikjesprakk]
inn í stoga gå.

12. De va då u[nge] Kv[ikjesprakk]
han tóst^{v239} vera trøytt á mó,
ei líte kvílde
vøre fulla gó

13. De va då kungens líten smådreng
han skjenkte den mjøen han bar
ti han unge K[vikjesprakk]
han sovna der han sat.

14. Dei sprette jønnbolten kring hass fót
å handklúvunneⁿ⁷³ kring hass hånd
so fører dei han at myrkestoga
dei gjera 'en der stór skamm.

15. De va no hånoms líten smådreng
han spring uppá øsi kvíte
so ríe han 12 danske míler

fyrir gúten hann lyster að kvíla.

16. Her situr þú Eivind Hermóson
þú drikki bæði mjó og vín
hann æ^{sit} í myrkestoga
Kv[íkjessprakk] bróe þin.

17. De va þá Eivind He[rmóson]
hann sitt^{ne} bóre skaut
den ^{bróne} mjóen á den klare vinen
so den etti góviⁿ⁷⁴ flaut.

18. Um de bergji va' alli so blátt
so mátti^{v240} de sund í stykkji,
den svennen mátti 'kji vera so hjarteblaug
í sadelen tóre sitje^{v241}.

19. De va kungen í Jylland
hann stend uppi hólloft á ság,
nó sér eg en Eivind Hermóson
eg kjenner hann gangaren grá.

20. De va k[ungen] í J[ylland]
hann tala tí sveinanne tvá
þi slá mine þórtar í lás.ⁿ⁷⁵

21. De va E[ivind] H[ermóson]
hann va' báði idd á gramm
hann spennir sín hesten mæ spóri
tí hann ívi þórten sprang.

22. De va þá E[ivind] H[ermóson],
hann kom seg ríand í gár,
á de va kungen í Jylland
hann úti fyrir hannom stár.

23. Vælkomen E[ivind] H[ermóson]
vælk[omen] æ þú tí mé
nó hev eg nýlege bryggja
á blanda den klare vín.

24. Eg æ no inki um þin mjó
hell um þin klare vín,

men eg æ komen til Júlland
vi' spyrje ette bróe min

25. Han hev seti i myrkestoga
væl úti kjuge dagar,
hass gangaren løype laus í Júlland
dei tóre 'en ingjen taka.

26. Hass gang[aren løype laus í] Júlland
báði ivi áker á eng
de vi' no eg for sanningjen seia
han gjere nó her stór skamm.

27. De va då E[ivind] H[ermósón]
han klappa på dynne mæ finganne små
æ' dú í lívi Kv[ikjesprakk] bróe min
dú svorar væl fulli meg.

28. De va Eivind Hermósón
han springe på karskan fót
so spenti han den jønndynni
so hó sprang tiljar í mót.

29. Han hoggi handklúvunne av hass hánd
á jønnbolten av hass fót
so ha dei so undeleg fótéfær
á inn fyr kóngens bór.

30. De va u[nge] Kv[ikjesprakk]
han va báði idd og brá
so fór fókkji fyr fótanne hass
som storren fyr góe ljá.

31. De va Eiv[ind] H[ermósón]
han hoggji no av rausti,
so fór [fókkji fyr fótanne] hass
som lauvi de blæs um hausten

32. Dei drap ne í Julland
báði katt á hund,
der livde ikkji atte ette dei
bare frúva Rósamund

33. De va kungens líten smádring
la seg på sí berre kné
hóyrer dú Eiv[ind] H[ermósón]
lívi de gjeve dú mé.

34. Dé va Eiv[ind] H[ermósón]
ville 'kji sværi på hánom øye
han sló ti hánom mæ nýtte neven,
so heilen skvott langt burt í veiri.



Strofene er ikkje nummererte.

Etter oppskrifta står det: (2 Aar sammen med Hæge Aarmoti)

*Reinskrift: NFS S. Bugge VI, 16–22. Under overskrifta i reinskrifta, står det: (Jórunn Bjønnemyr.
Mo. 1863.)*

TSB E 85 Hermod ille

Innleiing

Ein jarl har sønene Eirik og Hermod. Eirik er ein fredselkande ung mann som ikkje trør nokon for nær, mens Hermod er ein villstyring. Han drep bror sin, utan grunn. Serklandskongen vil ikkje finne seg i slik framferd og dømmer Hermod til døden, anten skal han hengjast eller slitast i stykke mellom hestar. Etter å ha rådført seg med dotter si, Hæge fruva, som har eit godt auga til Hermod, nøyer han seg likevel med å dømme Hermod fredlaus. Dermed må han reise frå landet, men før det skjer, lovar Hæge seg bort til han.

Hermod dreg til Østresjøen der han herjar og brenner. I mellomtida dukkar ein annan bror, Holgeir, opp i kongsgarden. Han frir til Hæge, og kongen lovar henne bort til Holgeir. Då sender Hæge den gamle mannen Hake med bod til Hermod. Ho må bruke runemagi for å få han til å reise, fordi han er redd for å bryte kongens lov. Hermod kjem til kongsgarden i siste liten, og der kler han seg ut som *skjoldmøy*, ein kvinneleg krigar. I brurehuset drep han Holgeir og tvingar kongen til å gje frå seg dotter si til han.

Det finst eit tjuetals tekstvariantar av «Hermod ille», dei aller fleste frå Telemark. Sophus Bugge skreiv opp fleire variantar etter nokre av dei beste songarane, deriblant Gunhild Kjetilsdotter Sundsli (1781–1869) frå Fyresdal, og Jorunn Knutsdotter Bjønnemyr (1791–1866) frå Mo. Jorunn Knutsdotter kunne heile 76 balladar, det største kjende balladerepertoaret i Noreg, og Gunhild Kjetilsdotter låg ikkje langt etter med sine 61 balladar (Jonsson & Solberg 2011: 569–573, 494–498).

Også Olea Crøger og Landstad skreiv opp «Hermod ille». Landstad seier at «Kvædet er meget bekjent og udbredt i Thelemarken. Det er mig meddelt af Forskjellige, deels skriftlig, deels mundtlig, fuldstændigst af Lafrants Groven i Silgjord [...]» (Landstad [1853] 1968: 221). Landstads opplysning om skrivne former av «Hermod ille» er interessant og kan vere med på å forklare at fleire variantar inneheld så mange strofer. Vi kan tenkje oss at skrift har fungert som støtte for den munnlege tradisjonen. Elles ser vi at Landstad særskilt nemner Lavrans Gunleiksson Groven (1801–1842) frå Seljord. Vi veit at han åtte ei handskriven visebok (Jonsson & Solberg 2011: 242–244).

Av melodioppskrifter har vi også fleire. Olea Crøger skreiv opp to melodivariantar etter Lavrans Gunleiksson Groven, og i 1861 gjorde Lindman oppskrifter etter fleire songarar i Telemark. Nyare melodivariantar finst også (Ressem (utg.) 2014: 480–481).

Balladen om drapsmannen Hermod ille finst også på færøysk med ein litt annan handlingsgang, men med fleire parallelle nøkkelstrofer, som når kongen dømmer Hermod fredlaus:

Og deð var Serklands kongin,
han gjorðe som hans dotter bað,

han dömde Hermoð útslæg [utlæg, fredlaus]
alt på den sama dag
(Landstad [1853] 1968: 209).

Kongurinn lætur tingið stevna,
mangur reið glaður av,
gjørdu so Hermund útlagdan
á tann sama dag
(CCF III: 55).

Gjennom tilnamnet Hermod *ille* blir Hermod karakterisert som det han er, ein drapsmann og mordar. Likevel – eller kanskje nettopp derfor – har mange likt «Hermod ille». Til ein viss grad kunne han tene som førebilete for kjempekarar i Telemarks- og Setesdals-bygdene som likte å slåst, jamvel om dei sjeldan dreiv det så langt som balladehelten. Det var likevel ikkje berre menn som song denne balladen på 1800-talet. Kvinnelege songarar har i minst like høg grad som mannlege sunge denne visa, noko som minner oss om at ein slett ikkje treng å identifisere seg med hovudpersonen i ein litterær tekst for å setje pris på sjølvte teksten.

Utsyn 67
CCF 66

Oppskrift A

TSB 85: Hermod ille

Oppskrift: 1840-åra av Olea Crøger etter Olav Olsson Glosimot, Seljord, Telemark.

Orig. ms.: NB Ms 4° 644, 37–49.

Oppgjeven tittel: Idde Hermo



1. Dæ va Idde Hermo
Dæ fyste han sprætte Taand
Ougo spila paa Tavlebori
Aa Hugjen i Jomfrugas Fang
– Men ~~naa~~ enaa æ 'kje den fragraste Lilje vonne^{v242}

2. Hermo krype paa Serklandsgølv
Han bite Følk i Føtar

Honums Fair han gjæn paa Tingje fram
Aa byr fæ hønøm Drengjen Bøtar

3. Dæ va Idde Hærmo
Han gjænge sin Faer imot
Vælkommen æ Du naa Fae min
Velkommen a Tingje heim.

4. Høire Du dæ Du Fae min
Haat æg naa spørre Dæg:
Haat tegjes dær paa Tingje naa?
Haat tala di dær om mæg

5. Aa idde saa æ Du Sønén min
Aa ilt saa mone Dæg hände
Du vænder inkje mæ Vonskun Din
Før Kongjen læte Dæg hengje

6. Aa dæ va Idde Hermo
Aa vrie han sine Hændar:
Før Serklands Kongje skaa hængje mæg
For ska æg høgge honom i Længjur^{k159}

7. Vene saa æ Du Fae min
Aa veent saa gjæng Du klæd
Men dæ æ Dæg naa te Mear lagt
Kvaar Dagjen saa ri Du red

8. Dæ kan hava Fre uti mit Land
Tjovar aa Kjæltringar adde
Men onda tæk æg Idde Hermo
Han annar^{k160} sæg sjav den Vaande

9. Saa vat de up de Silkjesegl
Saa langt i Have sætte
Dei helt Vagt i Serklandsrikji
I nie Aar derette

10. Hermo lig paa Østersjøen
Han gjær baate røvar aa brænner
Dæ gjær han fæ ho Hæge Fruga
Fæ han vi hava hennar

11. Jadde han ha dei Sønine tvo
Dei baae te einom fridde
Den eine va han onge Holjer
Den andre Hermo Idde

12. Hermo ligje paa Østersjøen
Han gjære baate røvar aa brænner
Dæ gjær han fæ Hæge Fruga
Fæ han vi hava hennar

13. Hermo ligje paa Østerjøenⁿ⁷⁶
Den langje Joulenaat
Han fæk kje Varmen kveike
Fæ Njossi va blivin vaat

14. Tørkjenⁿ⁷⁷ kjæm av Norsjøen
Han fører Rug aa Malt,
Men ette kjæm han Idde Hermo
Han tæke de av honom alt

15. Dæ va no den Hæge Fruga
Ho kaste ut Runine blaa'
Aa dæ va den usle Haga Kadden
Honom fælt Runine paa

16. Høire Du gamle Huga Kadden
Haat æg maa bee dæg
vi Du reise te Østersjøen
Hava Hermo heimat te mæg

17. Inkje dæ æg tore
Aa inkje dæ æg maa
Skulle Kungjen dæ faa væta
Saa læt en mæg ihjælskaa

18. Dæ va han Haga Kadden
Han kaam i saa mykje Vaande
Te længjer han inat Lande rodde
Te længjer kaam han paa Vatne

19. Dæ va Idde Hermo
Han seer sæg ut saa vie
Saa seer han sæg saa liten ein Baat

Som mone mot Boljun skrie

20. De va Idde Hermo
Han kasta ut sin Krok
Saa drog han den gamle Haga Kadden
In fæ breie Bore

21. Høire Du gamle Haga Kadden
Haat æg vi spørre Dæg
Haasse liver dei i Serklands Rikji
Aa hasse liver Fai te mæg?

22. Naa spørre æg Dæg seinast
De æg ha sku spurt Dæg fyst
Hosse liver Hæge Fruga
Æ ho inkje enna gift?

23. De æ kje ales mæ Hæge Fruga
End de heve vore fæ længje
Han beilar te henar han ungje Holjer
Han heve baate fæst a fængje

24. ~~De æ inkje ales mæ Hæge Fruga~~
De va Idde Hermo
Aa vrei han sine Hændar
Ha æg vore der i denne Kvæl
Han ha inkje silt njote O længje

25. Han kasta saa mykji de røde Guld
Fæ Haga Kaddens Kne
«De seer æg naa paa Dæg Du Idde Hermo
At du vi sækje mæg ne

26. Han kasta saa mykje de røde Guld
I Haga Kaddens Baat
«De seer æg paa Dæg Du Idde Hermo
At Du vi væra herpaa

27. Saa vat dei up dei Silkjesegl
Saa ~~høgt i S~~ langt i Have sætte
Dei strauk inkje paa Bonkjen ne
Før Serkland tok imot Skjæfte

28. De va Idde Hermo
Han gjek borti ei Vraa
Saa drog han av den Silkjekjortel
Tok Jomfru Klæder at paa

29. Høire Du Haga Kadden
Om Du de nokon seie
Verre Dauen skae Du faa
Eend nokon Hond uti Heie

30. De va seint om Eftan
At Folkje gjek i Flokkar
Da Idde Hermo han gjekk
Mygjom Skjul aa Sakakkarⁿ⁷⁸

31. ⁿ⁷⁹ De va naa den Kjellar-Svend
han sto uti Kjellare skjenkte:
«Aa Hæge naa va Du kje belevand
saam tor taka Dæg slik ei Kjempe»

32. De va naa ho Hægefruga
Ho tala et Or fæ sæg
«Aa ha æg kje vore belevand
kvi tok æg da inkje Dæg!

33. De va seint om Eftan
At tent blei dei store Blus
Daa va naa han Idde Hermo
Te Brure Huse flus

34. De va Idde Hermo
Han sæt^{v243} i den Dynne Ring
De va honoms støste Glæe
At Brure gjek ut aa ind

35. De va Idde Hermo
Han drak saa store Drykjir
Han kasta der atte ein røde Guldring
Aa femten Makje stykkjir

36. Om saa tala den Serklands Kongje
Han tala et Ord saa ret
Haarre skaa me den Skjaadmøie sætte

Ho æ saa laaglæg sæt

37. Te saa svara han Idde Hermo,
Han sat der liti i fra,
«Den skaa alti laagast sita
Som agtar sæg ut aa sjaa

38. De va ho Hæge Fruga
Ho bar dei høge Voxljus
Aa de va naa han Idde Hermo
Han fygde te Brurehuus

39. De va naa ho Hæge Fruga
I Sengje sætte sæg ne
Aa de va naa han ongje Haaljer
Han sprang Vegjen te

40. Om saa tala ho Hæge Fruga
Ho tala et Or saa sagte
«Du rose dæg inkje av Favnetakje
Før Du i morgo vaknar

41. De saa tala ho Hæge Fruga
Ho tala sat up paa Silkjesengje
De kaam naa alle i Hugjen min
At æg skulle gjifte mæg æn

42. Hermo sprang te Bruresengji
Tok i honoms gule Lok
Saa høgje han Houvoe af unge Holjer
Alt ivi den Sengjestok

43. Der kom Baate i Steinstougo
Der va dei Ridderæn Taalv
De æ kommen ein Man i Brurehuse
No ligje Svedden paa Gølv Gaalv

44. De va Idde Hermo,
Han sto borti ein Vraa
Aa kvaar den Man gjønnom Dynne steig
Dei høgje han Houvoe fraa.

45. Om saa tala den Riddersmand

Han skrædde sæg fram om Benkjer
Hæge, ho æ 'kje Belevand
Som tor taka slik ei Kjæmpe

46. Ussel æ Du Riddermand
Aa ussel æ Du vore
Du maa væra skjyld te Brugommen
Æg saag kje Mandommen han gjore

47. De va Idde Hermo
Han snudde paa sit Svær
Han høgje den usselæg Riddersmand
Han dreiv i Lutine tvæ

48. De va Kari, Kongjens Daatter
Ho græt aa gav sæg idde
Dæ æ komen ein Man i Brurehuse
No rænder der Blo ette Svidde

49. Om saa tala den Hæge Fruga
Ho sat uppaa Silkjesæng:
«Hermo æ kome i Brurehuse
No dyl æg de inkje læng.»

50. Der kom Baa i hoge Loft
Fæ Serklands Kongje ind
Herme æ kome i Brurehuse
Slægne æ Kjæmpune Dine

51. Dæ va Idde Hermo
Han tok uti Kongjens Arm
Han mone saa hart uti honom skaka
Dæ gol i kvaar ~~den~~ hans Tarm.

52. «Æg slog ihæl honom Broe min
Æg ville 'kje mæ honom deilde
Æg tænkte de kon blive ein Gjeiteskadde
Som Du aa dei andre fleire

53. «Den som vi mæ Ulve bu
«Han maa mæ Ulve tjote
«Æg skaa gjeva Dæg Ruvillen
«Aa henar saa maa Du njote»

54. De va Idde Hermo
han riste paa sit Sværd
Ha de 'kje vore fæ Hæge Fruga
Haat ha Du vore værd!

55. De va Idde Hermo
Han riste paa sin Kniv
Ha de kje vore fæ Hæge Fruga
Saa ha Du silt laate Dit Liv

56. Høire Du Idde Hermo
Du stillar naa dit Sværd
Du skaa faa O Hæge Fruga
Du æ henar fulla værd

57. Te saa svara han Idde Hermo
Paa Gølv der han sto:
Snille saa vore Du Serklands Kongje
Aa ette saa æ Du go.

58. Konna Hermo sin Vreie stille,
Han va som ein aen Man
Der va ingjen i Serklands Rikji
Æg ville hel hava hel han.
– Men naa æ den fagraste Liljo vonne. –

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Oppskrift B

TSB E 85: Hermod Ille

Oppskrift: 1864 av Sophus Bugge etter Gunhild Kjetilsdotter Sundsli, Fyresdal, Telemark.

Orig. ms.: S. Bugge f, 161–174 (kladd)

Ingen oppgjeven tittel. [v244](#)

1. Hadden han ha dei søninne tvo
å bǣ útav einó frigde
den eine va ungan Eirík
den aire Hermó den idde
– No æ hó vénaste lilja vunnæ. –

2. De va iddan H[ermó]
de fyste han sprette tennir
augó dei stó í tavlebóri
å hugjen í jomfrúvas hendar,

3. H[ermó] han legge på Serklands golvi
han skjere fókkji í fótann
ette so kjeme hass sæle fairen
han býe fyr gútungjen bøtar^{n8o}

4. De va iddan Hermó^{ungan Eirík}
han æ so bloug ein dreng
fyst de gjell'e på hare lívi
han tróttar inkji blói 'de renne

5. De va iddan H[ermó]
han léte sitt sværi brå
han hoggji på ungan E[irík] so hart
de skjein både roue å de blå.

6. De va iddan H[ermó]
han hoggji ti av avli
han [hoggji på ungan] E[irík] s[o] h[art]
at odden stó í hass navli.

7. Idd'e so æ dú H[ermó]
å iddi so mónne deg hende
vender dú inkje atte mæ vónskunne di'
so léte kungen deg hengje.

8. Vén'e so æ du fai min
å vént so gjenge dú klædd'e
men de heve Gud deg ti møie lagt
kvor dagjen so gjenge dú rædd.

9. De va Serklandskungen
han heitar på sveinanne tvo

dí be han iddan H[ermó]
í salen for meg inngå.

10. Inn kom iddan H[ermó]
å steddest han for bór
kot ví du meg Serklands kungje
mæ dú heve sendt meg bo.

11. Idd'e so æ du H[ermó]
å idde so mónne deg hende
vender du inkje atte mæ vónskunne di'
so ví eg late deg hengje.

12. Derfyri so drap eg han Eirík bróe min
eg ville inkji mæ han deile
eg ræddes at de blei 'kji kot ein gjeiteherri
som dú å dei aire fleire

13. Der va Serklands kónge
han spyre si dótter um rá
kvor ska mi no H[ermó] dømme
hell han ska av landi gå.

14. Dæ va hó Hæge frúva
hó rår dei rår hó kann
døm han H[ermó] úslekjen
å lýse so han av land.

15. Eg æ inkje so hjarterædd
at eg í hugjen tiss skjelve
eg tor'e væl gange at høie loft
å tale mæ frúva Helge.

16. Kjóvanne å so Trælanne
dei heve fre í landi
men inkji dú i[ddan]H[ermó]
dú aukar deg sjav'e den vandi

17. Kjóvanne [å so Trælanne]
[dei heve] í landi fré
fyrutta dú [iddan Hermó]
dú hev inkje nåttegré.

18. De va i[ddan]H[ermó]
han skreier seg framte mæ borgjir
no gjere Hæges óræ meg vérrí
hell adde mi løynde sorgjir

19. De va i[ddan]H[ermó]
[han skrei seg framte mæ] takji
[no gjere Hæges óræ meg vérr]
[hell adde mi løynde] sakjir.

20. Dei lág íhóp den heile nátt
alt ~~både mæ~~ s_{mæ} kvoraires síe
den náttæ lei á dagjen kom
dei skjuldest mæ sorg á kvíe.

21. So gjékk dei på den vestri bró
som Gud gav dei ti ráde
der svór dei kvoraire si tró
á eien so svór dei bæe.

22. De va i[ddan]H[ermó]
han gjenge seg ne ti strand
de va Hæge frúva
hó fygjer på kvíte sand.

23. Um tala iddan H[ermó]
mæ de sama han gjékk um bór
høyrer de frúva Hæge
forvar no væl díne ór.

24. H[ermó] han reiser at østresjø
han gjere både røvar á brenner
de gjere han for H[æge]s skull
for han leikar hug på henni

25. Tyrkjen han ligg í ø[stre]sjø
han sele bå rug á malt
men etti kjem i[ddan]H[ermó]
han røvar ífrå han alt

26. De va ungan Hólgeir'en
han kom seg ríande í går
han be um H[æge] fr[úva]

um han kan hende få.

27. Ti svora Serklands-kóngjen
ti svora han på stand
ja dú kan få Hæge fr[úva]
no æ H[ermó] rømd av land.

28. Tíleg um en sóndagsmorgó
fyre sólæ den rann på tinde
de va Hæges akt so stór
Havekallen på senglæ å finne

29. Høyrer de gamle Havekall
kott eg bee deg
dú ska reise ti østresjø
å hente H[ermó] ti meg.

30. Slétt inkje eg de tor'e
å slett inkje eg de må
fær kóngen de å vite
han lete meg íhel slå.

31. Hao kasta dei ramme rúnir
på havekallens bát
ti mei han ti landi ródde
ti lenge kom han útpå

32. H[ermó] han stend í fremri stavn
han sér seg út so víe.
hisset sér eg en líten bát
so sárt ímót bylgen món skride^{v245}

33. De va i[ddan]H[ermó]
kasta út sin hakekrók
so tók han gamle Havekallen
å han uppå skipi dróg.

34. Å høyrer de dú gamle Havakall
kot eg seie deg
koss liver dei no úti Serkland
å kot seie dei um meg.

35. De spyr eg de seist'e

sóm eg ha' silt spurt deg fyst'e
kossi liver hó Hæge frúva
æ hó enno inkje gift'e

36. So stende der ti úti Serkland
som der hev vori so lengji,
men de æ han ungan Hólgjeiren,
han hev hó fest á fengji.

37. Ti svora i[ddan]H[ermó]
so tók han uppå
~~men~~ va eg der í denne Kvell
han sille hænó alli få.

38. De va i[ddan]H[ermó]
han gjékk úti en [k161](#) vrå
so lét han upp ei kiste
tók kvinnfolklær på.

39. Høyrer de gamle H[avaka]ll
der som dú for noken de seie
langt verri dou'e ska dú få
hell noken hunden heii.

40. Han kasta so mykje røde gull
for havekallens kné
De sér eg uppå deg no
at dú vi sekkje kon né.

41. So vunde dei upp deres silkjeseil
so høit í forgyllande skefte [k162](#)
dei món inkji mót bónken støde
før Serkland tók ímót skjefi.

42. De va i[ddan]H[ermó]
han gjekk í brúrehús
de va frúva H[æge]
hó bar dei høie voksljús.

43. De va Kari kóngens dótter
skjenkte mjøir í sylvarhonn
de va iddan H[ermó]
han drikk derútav toll.

44. Um tala den gamle skjenkjaren
for bór han mónne sitje ^{k163}
den skjellmøyæ hó æ Hermo lík
hó ville so mykje drikke

45. De va i[ddan]H[ermó]
han tók den skjenkjar í skjegg
han mónne so hart í han riste
at heilen den spratt ímót vegg.

46. De va Kari k[óngens] d[óttar]
hó grét á hó gav seg iddi
no æ H[ermó] komen í brúrehúsi
no renne her bló etti' sviddó

47. Um tala i[ddan]H[ermó]
for bór han mónne stande
høyr de dú kjære kóngens bån
hav inkje tunga so læng'e.

48. Um tala frúva Hæge
hó sat úti silkjeseng
no æ H[ermó] komen í brúrehúsi
no græt eg han inkje leng.

49. De va ungan Hólgeiren
han ti veggjen sprang
no hev eg Hæge úti mitt fang
á H[ermó] æ rømd av land.

50. Ti svara fr[úva] H[æge]
á so tók hó derpå
rós no inkje av fangelagji
fyrr dú í morgó uppstår.

51. Han tók an ungan Hólgeiren
í sin gúle lokk
so hoggji han av hass hovu
alt på den sengestokk.

52. De va i[ddan]H[ermó]
han rister uppå sitt svær
høyrer de Serklandskóngjen

dette ha' dú vori vær.

53. De va i[ddan]H[ermó]
[han rister uppå] sin knív,
var deg S[erklands] kóngje
no ska de gjelle ditt lív.

54. Eg bee deg i[ddan]H[ermó]
at dú vi stidde ditt svær
eg gjeve deg H[æge] fr[úva]
hó va ei^{en} kje slik'e vær.

55. Eg [bee deg iddan Hermó]
[at dú vi stidde] din knív,
eg [gjeve deg Hæge frúva]
um dú ha 'kje vori slík.

56. Ti svora i[ddan]H[ermó]
so tók han ti ór
hav takk S[erkland]s kónge
ette sia va dú gó



Strofene er ikkje nummererte.

Reinskrift: NFS S. Bugge VII, 71–80 (= TGM R. Berge DCVI). Reinskrifta er skriven av ei ukjend hand. Bugge har sjølv gjort rettingar i teksten, slik at han samsvarer betre med kladden. Ei tredje hand har sett til overskrift og kjelde, men Bugge har sjølv skrivne årstalet.

Oppskrift C

TSB E 85: Hermod Ille

Oppskrift: 1874 av Hans Ross etter Margrete Knutsdotter Borgji, Moland, Fyresdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS H. Ross 1, 4–20 (reinskrift).

Oppgjeven tittel: Iddan Hermo (fresagt af Magrit Borgjæ i Borgegrend vest i Moland)



1. Kungjen han ha seg dei Søninne tvo
den eine ha han mæ Frigda
den eine va Eirik den unge
aa den aire va Hermo den iddi.
– Men ennaa æ inki fagraste Lilja vunnè. –

2. Aa de va Iddan Hermo,
fyrr hell han spretter Tonn,
fyrr rann Ougo paa Tavlebori^{k164}
aa Hugjen i Jomfruvass Haand

3. Hermo han ligge paa Serklands Golvi
han skjere Folki i Føtann,
paa Tingi so gjenge hass sæle Faire
aa bye for Gutungjen Bøtar

4. De va Iddan Hermo
han møtte sin Fader paa Lei:
«aa vælkomen atte min sæle Faire
vælkomen so æ du heim.»

5. «Aa idde so æ du Sonen min,
aa idde so mone du heite,
aa vender du ki um att mæ Vondska di
so lete Kungjen deg hengje.»

6. «Vene so æ du Fairen min
aa vent so gjenge du klædde
men de maa vere deg ti Møje lagt
kvor Dagjen so rie du rædde.

7. For eg æ alli so folkerædd
at eg mone i Hugjen skjelve
eg tore væl gange at Høieloft
aa tale mæ Fruva Helge.»

8. De va han Serklands Kungen
han spurde si Dotter ti Raa:
«kvaar ska mi Hermo av Landi jage
hell ska mi han ihel slaa?»

9. Ti svøra Helge Fruva
ho raar dei Raair ho kann:

«di dømmer han H[ermo] so usselege;
d'æ likar aa lyse han av Land.»

10. De va Iddan Hermo,
han flakkar der framti mæ Borgir:
«eg tikje langt meiri um Helges Or
en eg tikji mi løynde Sorgir.»

11. De va han Iddan Hermo
han vill' styre sitt Skip ifraa Land
aa de va ho Helge Fruva
ho gjenge paa kvite Sand.

12. «Ikki so æ her Silki
aa inki Skarlakjen breidd;
gakk hell heimatte Helge Fruva
um du sill' vere so leidd.»

13. De va I[ddan] H[ermo]
han gjekk paa sitt Skipi umbor:
«aa kom naa ihug du Helge Fruga
du minnest no væl dine Or!»

14. H[ermo] sigler at Østresjøen
der gjer' han baad' røvar aa brenner,
de gjere han alt for Helges Skull
han leikar i Hugjen paa hennar.

15. Tyrkjen ligge i Østresjøen
aa fører Rug aa Malt;
der treffer han Iddan Hermo,
han røvar utav honom alt.

16. De va den S[erkland]s Kungjen
han akslar sitt Skarlakjens Skinn,
so gjenge han i Høielofti,
for Fruva Helge inn.

17. «Her site du Helge Fruva,
væl æ de at du liver,
um deg be ungan Hølgj
og honom vi eg deg gjeve.»

18. Ti svara^{k165} Helge Fruva
«Eg lyte væl lye di Raa
Eg lyte væl ungan Hølgj take,
mæ eg inki maa Hermo faa.»

19. De va aarli um Morgoen
mæ Solè skine paa Tinde;
Helge akslar si Kaapa blaa
for den^{v246} Hagakallen aa finne

20. «Høyre du gamle Hagakallen
hot eg segje deg:
naa maa du reis' av at Østresjøen
aa hent' atte Hermo for meg.»

21. «De eg slett ikki tore
aa de eg slett ikki maa:
fær han Kungjen saadant vite
so lete han meg ihel slaa.

22. De va Helge Fruva
ho skrive dei Roninne smaa
ti meir den Hagakallen roddi,
ti lenger kom han ifraa.

23. De va I[ddan] H[ermo]
han stænder^{v247} i fremmerste Stavn
so ser han ein liten Fiskarbaate
so lett uppaa Havi rann.

24. De va I[ddan] H[ermo]
han glaaper ut so vie
so ser han ein liten Fiskarbaate
so lett uppaa Bylgjunne skrie.

25. De va I[ddan] Hermo
han basta sin Halakrok,
aa de va den gamle Hagakallen
han uppaa Skipi sitt drog.

26. «Vælkomen gamle Ha[gakallen]
aa høyr hot eg spyre no^{k166} deg:
hoss liver Fokk i Serklands Riki

aa hoss liver Moirèⁿ⁸¹ ti meg?

27. Ein Ting sill' eg deg spyrje,
de hai væl silt vori ðe fyste
hossi liver Helge Fruva
æ ho 'ki ennaa gifte?»

28. «Du tar 'ki detti spyrje
de he du væl visst nóko lengi
at Helge sill' hav' ungen Hølgi
ho hev 'an fesst aa fengi.

29. Hev' ho han fest aa fengi
so ska han 'æ alli njote
de fysst' eg fær honom for Ougo sjaa,
so ska eg han sùnde brjote.»

30. «Høyre du I[ddan] H[ermo]
hot eg segje deg:
der hevi du de Løynde-Bræv
som Helge hev sendt mæ meg».

31. De va han I[ddan] H[ermo]
han talar ti Styre-mann^{v248}:
«du set upp Segl aa heis' upp Ankar,
aa styr Skipi ti Serkeland.

32. De va han I[ddan] H[ermo]
han ganger seg av at ei Vraa
de vi' eg for Sanning segje
han tok Jomfruklæder paa

33. «Høyre du gamle Hagakallen,
dersom du Ʀ noko segje,
verre Daoue ska du faa
hell noken Hunde der heime!»

34. Hermo han tok ti sigle
han sto i fremmerste Stavn
han kasta 'ki Anker hell letta Segl
fyrr Skipi va på Serkeland.

35. De va I[ddan] H[ermo]

han va paa Reisa so fùs
han stansa 'ki hell han kvilte seg
fyrr han va uti Brurehùs

36. Um so tala Skjenkjaren
skjenkjer han Mjøyr av Honn:
«denni Skjollmøy æ Hermo like,
utav Honno so drikke ho tolv.»

37. De va ungan Hølgj
slo upp mæ kvite Haand:
«no æ Hælge Fruva mi
aa Hermo æ loupn av Land.»

38. Ti so svara den Skjenkjarein,
han gjekk paa Golvi skjenkte
«Ja Helge tottst inkje vere belevande
daa ho villi hav'e slik ei Kjempe.»

39. De va ho Helge fruve
ho sette seg i Brureseng:
«Ja H[ermo] æ komen i Brurehus
no dyl eg han ikki leng.»

40. De va I[ddan] Hermo
tok Hølgj i gule Lokk
so hoggji han honom Hovui av
alt over den Sengjestokk.

41. Inn kom Kari Kungjens Dotter
ho greet aa gav seg iddi
«no æ H[ermo] komen i Brurehusi
aa Bloe de renn etti Sviddè.»

42. De va han I[ddan] H[ermo]
han rister paa bloutte Svær:
«va du 'ki Serklands Kungje
so fekk du no visst ei Ufær!»

43. «Høyre du I[ddan] H[ermo]
aa still no atte ditt Svær,
du maa have Helge Fruva:
du æ hennar^{k167} fulli væl vær.»



Berre dei tre første strofene er nummererte i oppskrifta. Strofe 3 er skriven føre strofe 2.

Oppskrifta står på partalsidene i boka. På oddetalsidene står det strofer og variantar etter Olav Olavsson Slettetveit frå Mo. Éin variant etter han står også på s. 6. Desse strofene og variantane er ikkje tekne med her.

TSB E 90 Alf i Oddeskjær

Innleiing

Alf i Oddeskjær har to søner, Helmer Kamp og Angelfyr. Båe to frir til Ingeborg, dottera til kongen av Oppsal, men kongen har bestemt at prinsessa sjølv skal få lov til å velje seg ein mann. Sidan Angelfyr er så stygg som eit troll, vel ho unge Helmer Kamp. Angelfyr blir rasande og utfordrar Helmer til holmgang om henne. Alv i Oddeskjær kjem til og spør om kven det er som har gjeve Helmer ulivssår. Når han får høyre at det er Angelfyr, riv han opp ei eik med rota og slår Angelfyr i hel.

I Sverige er det bevart ei vise frå ca. 1700 som fortel at kong Speleman ved Helsingborg hadde elleve søner og ei dotter. Til han kom kjempa Tyreson, og han truga kong Speleman med at han ville jage kongen frå landet om han ikkje fekk dotter hans. Det vart ein kamp som ikkje gjekk så bra for kong Speleman, og han måtte rope på Otte, drengen sin. Drengen reiv ei eik opp med rota og slo både Tyreson og mennene hans i hel.

Det er ikkje stor likskap mellom desse to visene, men når dei likevel er registrerte på same typenummer, må det vere fordi dei båe har henta element frå *Hervarar saga*, ei fornaldersoge som finst i fleire versjonar og som blandar legendarisk stoff og forteljingar med rot i folkevandringstida. Sentralt i soga står tåtten om holmgangen mellom Angantyr og Hjalmar den hugstore om kongsdottera Ingeborg ute på Samsø.

Alt i 1591 trykte Anders Sørensen Vedel denne visa i «Hundreviseboka», men teksten er stykkevis forvirra, og fleire strofer ligg nært opp mot den færøyske visa. Dette kan tyde på at Vedel har hatt ein norsk tekst for seg, men nokon slik tekst har ein ikkje funne. Peder Syv tok Vedels tekst inn i Kjempeviseboka, og då Ludvig Mathias Lindeman i 1868 skreiv opp ein melodi etter Samuel Hellen, var det Syvs tekst songaren kunne. Samuel Hellen var ein omflakkande mann som lærte melodiar mange stader. Etter denne oppskrifta har Lindeman notert berre «Nedre Telemark».

Grønlandsstrofa, Nordens eldste balladestrofe

Ein gong i første halvparten av 1400-talet arbeidde ein dansk kartograf, som kalla seg Claudius Clavus, i Roma. Han arbeidde med å komplettere Klaudios Ptolemaios' kart over Europa, for på den tida var opplysningane om dei nordiske landa svært mangelfulle.

Det er ting som tyder på at Claudius har vore oppe langs norskekysten heilt til Trondheim, og enkelte meiner også at han kan ha vore heilt oppe ved Grønland. I alle tilfelle plasserte han både Island og Grønland på kartet. Av gode grunnar hadde han ikkje stadnamn, og for at kartet skulle sjå betre ut, døypte han elvar, nes og fjell på Grønland med ord frå ei balladestrofe.

Det originale kartet hans er tapt, men det er bevart i avskrifter frå 1400- og 1500-talet. Kopiane er fillete og slitte, men framleis er verset leseleg der orda står langs Grønlandskysten frå nordaust, ned rundt Kapp Farvel og oppover igjen langs nordvestkysten. Der oppe har han til og med fått plass til omkvedet.

Ther boer eeynh manh [i] eyn Gronelandz aa,
ooc Spieldehbedh munde hanyd heyde;
meer hawr han aff nidefildh [!]
een hanh ha[w]er flesk hi[n]th feyde.
Nordhum driuer sandhin naa new new.

Stort sett er det greitt å lese strofa, men ordet «nidefildh» er ikkje så lett å tolke. Danske forskarar meiner at «nid» tyder lus og dermed les dei «nidefildh» som «skinnfell-lus». Spjeldebod var i bruk som mannsnamn i Sverige på 1300-talet. Eit forsøk på å modernisere ortografien kan bli noko slikt som dette:

Det bor ein mann i ein Grønlands å,
og Spjeldebod munne han heite.
meir har han av «skinnfell-lus»
enn han har flesk det feite.
Nordan driv sanden på ny ny

I første omgang meinte dei danske forskarane at denne strofa berre var eit nidvers og ikkje ei balladestrofe, men svenskane peikte på at strofa var nesten identisk med opningsstrofa i visa om «Kung Spelemann», og dermed kan det vere Claudius som har fleipa litt med ei balladestrofe frå den svenske versjonen av «Alf i Oddeskjær». Slik er den svenske opningsstrofa:

Dher bodde een kiempe vid Helsingborg
kung Speleman månde han heta,
vist hade han mera boda Silf
än andra fläsket dhet feta,
Uren drifver noran, och håfven sunnan för noran.

DgF 19
CCF 15 og 16A
SMB 208

Oppskrift A

TSB E 90: Alf i Oddeskjær

Oppskrift: Kjempeviseboka, utg. 1787, Første Part, XXIII. (118–120).

Oppgjeven tittel: Alf i Odderskier.



1. Alf han boer i Odderskier,
er riig og bold med alle:
Saa raske da haver han Sønner to,
de lade sig Kiæmper kalde.
– Og nu driver Ulfven paa hviden sand for Norden –

2. Alf han boer i Odderskier,
han haver de Sønner saa snilde:
De ville til Kongens Daatter bede,
alt udaf Opsals Felde.

3. Det var ungen Helmer Kamp,
han beder sadle sin Hest:
Vi ville ride hos op paa Land,,
og Kongens Daatter at feste.

4. Der var ungen Angelfyr,
han beder opsadle sin Hest:
Og vi ville ride til Opsal,
skulde Jorden end under os bryste.

5. Der de komme i den Borggaard,
der agselet de deris Skind:
Saa ginge de udi Høyeloft
for Kongen af Opsal ind.

6. Ind kom ungen Helmer Kamp,
og stæddes han for Bord:
Herre ville I mig eders Daatter give,
I vilde mig strax Ansvar.

7. Ind kom ungen Angelfyr,
og hannem skinde Guld paa Haand:
Konge giv mig Daatter din,
og rømme saa selv af Land.

8. Meldte det Kongen af Opsal,
svarede han saa dertil:
Ikke giver jeg min Daatter Mand,

uden den hun have vil.

9. Haver Tak kieriste Fader min,
at I satte Kaaret hos mig:
Jeg lover mig ungen Helmer Kamp,
han bliver vel Mand for sig.

10. Ikke vil jeg have Angelfyr,
han er saa læd en Trold:
Saa er Fader og saa er Moder,
og saa er Slegt med alle.

11. Det svarede ungen Angelfyr,
han blev i Huen saa mod:
Vi gaa os til Borggaarden,
vi fegte der om hende baade.

12. Det meldte Kongen af Opsal,
han svarede saa dertil:
Sværdene de ere skarpe og Drengene ere raske,
de maa vel prøve got Spil.

13. Alf han stander i Odderskier,
han lyder over de Fielde:
Da maatte han høre saa lang en Vey,
hans Sønners Sverde gelde.

14. Det hørde Alf af Odderskier,
saa vidt over grønne Hede:
Hvad monne mine Sønnen gange udi Haande,
hvi monne de være saa vrede.

15. Han tøvede da ikke meget lenge,
han sprang til Ganger rød:
End kom han til Opsal,
førend hans Sønnen ginge til Død.

16. Sig mig unger Helmer Kamp,
Søn allerkiereste min:
Hvorføre rinder dig Blodige Strømme,
saa stride fra Kiød og Been.

17. Det svarede ungen Helmer Kamp,

sin Vaande han klagede saa:
Det gjorde Angelfyr Broder min,
han kunde ikke Jomfruen faa.

18. Jeg haver vel femten U-lifs Saar,
de ere med Ædder bland:
Havde jeg ikkun et af alle dem,
jeg kunde ikke leve en stund.

19. Hør du ungen Angelfyr,
og kiereste Søn min:
hvorfor sider det gode Sværd,
saa ilde i Haanden din.

20. Derfor sidder mit gode Sværd,
saa ilde i min Haand:
Jeg haver vel atten U-lifs Saar,
det er min høyeste Vaande.

21. Jeg haver vel atten U-lifs Saar,
og ere mig alle saa onde:
Havde jeg ikkun et af dem,
jeg levde ikke en Stunde.

22. Det var Alf af Odderskiær,
han vrier op Eegen med Roed:
Han slog til Ungen Helmer Kamp,
det han faldt død til Jord.

23. Nu da ligger de Kiæmper to,
de ligge baade i en Grav:
Og Kongen giver vel Daatter sin,
den Svend som hun vil have.

24. Sørger han Alf af Odderskiær,
hans Sønner ere slagne ihiel:
End raader Kongen af Opsal,
for kiereste Daatter sin selv.



Strofene er nummererte i utgåva.

Oppskrift B

TSB E 90: Alf i Oddeskjær

Oppskrift: 1868 av Ludvig Mathias Lindeman etter Samuel Hellen, Nedre Telemark.

Orig. ms.: NB Mus ms 2456/1868:203, nr. 83.

Oppgjeven tittel: Alf i Odeskjær



1. Aa Alf i Odeskjær han boer udi Odeskjær
er rig og bold med alle.
Sønner de haver han ogsaa to,
som lader sig Hovmænd kalde.
– For end driver Ulven paa hviden Sand for Norden. –



Strofa står til Lindemans melodioppteikning.

TSB E 102 Ivar Erlingsson

Innleiing

Ivar Erlingsson kjem ridande med mennene sine til ei høgætta enkje og ber om husly. Ho blir kalla *Fru Gjertrud*. Ivar og følgjet får god mottaking, og ho skjenkjer mykje mjød. Ivar tek henne med vald, men han vil ikkje tilby henne ekteskap. Grunnen er at han har lova mor si å ikkje feste noka enkje, seier han. Fru Gjertrud kastar då ei forheksing over Ivar: Han skal liggje sjuk i femten år, og ingen lækjar skal kunne gjere han frisk. Ivar rir heim til kongen, frenden sin, der sjukdomen straks kjem over han, og han blir sengeliggjande i «løyndeloftet». Fru Gjertrud føder ein son som veks meir på nokre månader enn andre barn veks på fleire år. Mora fortel ikkje kven far hans er.

På leikarvollen ertar kameratane han fordi han ikkje veit noko om far sin. Sonen går då med harde ord inn på mor si og trugar jamvel med å drepe henne. Ho må ut med namnet: Far hans er sjølvaste Ivar Erlingsson, den gildaste kjempekaren i landet, men han ligg sjuk utan von om å bli frisk. Samstundes gjev ho sonen namn: *Galite*, det vil seie den galne guten, som trugar med å drepe si eiga mor! Sonen spør om ho har nokon lækjedrikk som kan gjere faren frisk. Mora svarar at ho har det, men denne drikken har ho ikkje tenkt at Ivar Erlingsson skal nyte godt av. Sonen får likevel med seg eit horn med lækjedrikk og rir til kongsgarden, der faren ligg sjuk. Her må han slåst med den kjempesterke riddaren *Raud*. Etter at han har kasta denne «avringskjempa» av hesten med lansens sin, står vegen open til loftet der faren ligg. Faren drikk av hornet med lækjedrikk tre gonger, og då er han frisk att. Deretter dreg Galite til Trollebotnen og drep alle trolla, for dei har kravd kongen for skatt og må straffast for det. Så møter han faren til duell, og denne tvikampen går Galite sigrande ut av. Dermed er han i posisjon til å truge far sin til å gifte seg med mora.

Det finst mellom tjue og tretti variantar av denne balladen, alle frå Telemark. Fleire er fragmentariske. Bugge står for dei fleste tekstoppkriftene, medan Lindeman på si side gjorde fire melodioppkrifter. Landstad skreiv opp éi form av visa og trykte henne i *Norske Folkeviser* under tittelen «Ivar Erlingen og Riddarsonen». Han nemner songaren, som er «en gammel Kvinde, Gunnild Lid i Hvideseid». Landstads tekst er på heile 62 strofer og er utfylt med tillegg frå andre songarar (Landstad 1968: 157–168). Då Landstad i 1840-åra skreiv opp «Ivar Erlingsson» etter denne kvinna, budde ho på husmannsplassen Lid i Kviteseid, men ho var eigentleg frå Lårdal og av Ståleætta og heitte Gunhild Petersdotter Tvigyva (1784–1852). I 1821 flytte ho til Kviteseid. Ho song tre balladar for Landstad, alle kjempeviser. To av dei tok han med i *Norske Folkeviser*. Vi veit elles at Gunhild Petersdotter kunne mange fleire balladar enn dei Landstad skreiv opp. Visetradisjonen hennar vart førd vidare av andre songarar (Jonsson & Solberg 2011: 394–396). Kjende songarar som også kunne «Ivar Erlingsson», var Hæge Olsdotter Årmote frå Mo og Gunhild Kjetilsdotter Sundsli frå Fyresdal. I doktoravhandlinga *Norske trollvisor og norrøne sogor* gjengjev Knut Liestøl ein fyldig variant som Hans Ross skreiv opp etter Anbjørg Knutsdotter Vistadhaugen (1815–1888) frå Mo og gjev ein grundig jamførande analyse av motiva i balladen, jamført

med det færøyske visestoffet om same emne (Liestøl 1915: 155–188).

Hovudgrunnlaget for «Ivar Erlingsson» er den norrøne *Ívens saga*, omsett til norrønt frå fransk på 1200-talet, etter Chrétien de Troyes' *Yvain ou le Chevalier au Lion*. Balladen følgjer ikkje sogeteksten i eitt og alt, og Liestøl meiner at visa er sett saman etter fleire soger. Såleis er forteljinga «om sjukdomsdrykken og lækjingi [...] i mangt lik forteljingi um Mirmann i *Mirmanns saga*» (Liestøl 1915: 181).

Det finst eit gamlestev, kanskje ei tidlegare balladestrofe, om Ivar Erlingsson og Roland:

Der hev ingjen komi paa leikarvollo,
som hev vori Rolands makje,
ferutta han Ivar Erlingjen,
nær han va i sin beste bragje.

Stevet byggjer på ei av dei såkalla «Eufemiavisene», *Herr Ivan Lejonriddaren*. *Herr Ivan* er ein versroman som vart omsett til svensk etter initiativ av Håkon Vs dronning Eufemia (1303). Dei tilsvarande linjene i versromanen lyder:

Thet má ængin lifuandes tro
huru mykith folk han nidher slo;
huath man sigher aff Roland,
han giordhe ey mera met sinne hand
á Runzefal thá han var thær
æn herra Iwan giordhe hær
(Liestøl 1915: 176–177).

Til grunn for *Herr Ivan* ligg igjen *Ívens saga*, og altså bak den igjen Chrétiens *Yvain*. Også i den gammalfranske teksten finst den tilsvarande skildringa, så her kan ein verkeleg tale om lange linjer i litteraturen og tradisjonen:

Et veés comment il le fait	Voyez comme il se bat
De l'espee, quant il la trait!	avec son épée, quand il la tire!
Onques ne fist de Durendart	Jamais, avec Durendal, Roland ne fit
Rollant de Turs si grant essart	un si grand massacre de Turcs
En Rainchevax në en Espagne	à Roncevaux, ni en Espagne

(Jonsson 1989:112, Hult (red.) 1994: 308–309).

(Sjå som han kjempar / med sverdet sitt, når han dreg det! / Aldri drap Roland med Dyrendal / så mange tyrkarar, / verken på Ronsarvollen eller i Spania).

Det store færøyske kvadet om Ívint Herintsson svarar til «Ivar Erlingsson». Det finst i tre lange

oppskrifter.

Utsyn 102

CCF 108

Oppskrift A

TSB E 120: Ivar Erlingsson

Oppskrift: 1864 av Sophus Bugge etter Gunhild Kjetilsdotter Sundsli, Moland, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge f, 80–88b

Ingen oppgjeven tittel^{V249}

*

1. Dagjen lí á sólæ skrí
mi má inkje leng'e bíe
Ivar tala ti sine mennar
kot veg'e ska mi no ríe
2. Eg veit einó ekkja den
hó búr der sør under øy
hó gjev okkon maten á drykkjen
um mi våre fleir.
3. Hó gjev [okkon maten á drykkjen]
[um mi våre] fleire,
men høyre de I[var] Erungjen^{V250}
begjerst inkji av æ meiri.
4. Lengji skjenkte ekkja den
brúne mjøiren på bór
alt ti Ivár Erungjen
mæ elskóvsore fór.
5. De høyre eg på deg dú unge dreng'e
at dú æ hugt på ekkje
tak biddjumobranden í dinom hándæ
á bjó deg so ti feste.

6. Ja de lova eg mói mi
då eg heimati fór
at eg sill ingjó frúva feste
mæ eg um lándæ fór.

7. De lova [eg mói mi]
eg hélt i hennes hánd
at [eg sill ingjó frúva] feste
mæ [eg um lándæ] slång.

8. Men de va Ivar E[rungj]en
han gjårest í hándó fim
å so tok han æ Jærtrú frúva
han rykkte æ uppi sengjæ ti seg

9. Dú ska minnst de Ivar E[rungjen]
at du meg mouig'e tók
no ska dú liggje úti 15 åre
sjúke í sterkan sott

10. Ja dú ska liggje 15 åre
[sjúke í sterkan] sott,
der ska aldri kome nokjen lækjare,
som kan finne deg noko ti bót

11. De va noko deretti
å de va månanne ní
de va hó Jærtrú frúva
hó fødde ein són so frí

12. De va h[o] J[ærtru] f[ruva]
[hó fødde ein són so] frí
hó kadda 'en Galite riddarsónen
ette fairen sin

13. De va Galite riddarsónen
han vóks mei í månaer tvo
hell dei aire små bonnæ
dei veks í åtte år

14. De va G[alite] R[iddarsónen]
han gjekk útpå vodden å leika
alt mæ dei aire småbonnæ

han gjære deires kinnæ so bleike.

15. Né so settest dei smådrengrinne
so vreie som dei våre
de va líkare dú spurde ette fai din
hell dú gjev okkon hoggjæ sære.

16. De va G[alite] R[iddarsónen]
han sveiper sitt hovu í skinn
å so gjenge han í høieloft
for Jærtrú frúva inn

17. Høyrer dú de mi kjære móder
hot eg deg spyrje må
kor hev dú gjort av fai min
kví stend eg í spott å hå

18. Galite sló han moi si
hó måtte unde hoggji lúte
Moi mi seg meg fainavni
dí leie arge púte

19. Mói [mi seg meg fai]navni,
de æ deg ingjen vandi,
anten de va då kjóv hell træl
hell trodd í aire lande.

20. De va inkje anten k[jóv] h[ell træl]
[hell trodd í aire] lande
men de va han Ivår E[rungjen]
den sterkaste kjempa í landi

21. Han fékk minnast dé I[vår] E[rungjen]
at han meg nouig'e tók
no hev han legje 15 åræ
sjuk úti sterkan sótt

22. Der hev aldri komi noken lækjare,
som hev kunn' funni han noko ti bót

23. Men høyrer dú de mi kjære móder
kot eg deg spyrje møtti
hev du ingjen heilanbåjen

sóm kunne min fairen bôte.

24. Jau eg hev sakti h[eilanbåjen]
kven dú ville kjóse
men den ska då slett alli kome
din sæle fairen ti bóte

25. Men de va G[alite] R[iddarsónen]
han tok på mæ sveitti,
han sló sunde 15 láskistur
han ville 'kje ette lykklanne leite

26. Han vâlde út ein han vâlde út tvo
han tók den han líka best
å de æ so vondt ti sveinanne gange
den sóm kan 'kje søile sjav sin hest.

27. De va G[alite] R[iddarsón]en
han salar sin gangari grå
so ríe han seg uppå land,
der hass kjære fairen låg.

28. Galite kom seg uppå land,
han såg seg út so víe
kvor æ I[vár] E[rungjen]
æ han her å finne.

29. Te so svora den líten smådreng
alt bádi mæ sorg å kvíe
Ivár ligg'e í sinom sengjæ
han kjem inkje ofte víe.

30. Høyrer de I[vár] E[rungjen]
her ska dú få ein drykk
å drikk derav dú unge dreng
so veks deg meire styrk.

31. Den fyste drykk han av honni drakk
den drakk han alt mæ tréji
då snúdde han seg í si seng,
de kunne inkje bet'e vere.

32. [Den] aire [drykk han av honni] drakk

dá drakk han alt mæ há
då reis han upp á klædde seg
som han ha legji 15 ár.

33. Kor ska me gjere av guten den
som kann inkje beste brandi
take av honom skiringsnavni
á kadde han sott^{k168} i lande.

34. va dú inkje min sæle fairen
so ville væl branden bíte

35. De va I[vár] E[rungjen]
tok sønnen úti sitt fang
lovet være Gud i himmerík
at eg slík ein són'e fann

36. De va G[alite] R[iddarsónen]
han rister uppá sin knív
anten ska du no mói mi ækte
hellå ska de koste ditt lív.

37. De va I[vár] E[rungjen]
han talar alt for slétt
eg vi have [Jærtrú] frúva
eg blí allí bæri gift

*

Strofene er unummererte i manuskriptet. Over orda «moi» og «fai» er det skrive ein boge for å markere diftong.

Reinskrift i anna hand med rettingar av Bugge: NFS S. Bugge VII, 28–34. I reinskripta er «Erungjen» retta til «Erningjen».

Oppskrift B

TSB E 102: Ivar Erlingsson

Oppskrift: 1864 av Sophus Bugge etter Torbjørg Larsdotter Gotland/Haugen, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge e, 30–37

Oppgjeven tittel: Iven Erningjen

*

1. Eg veit einom ekkja eg
som búr so hágt^{v251} i heii
hó tóre væl gjeva kon øl å mat,
óm me vøre mange fleire.
– De va Íven Erningjen
han rie so glatt ígjenom borgjen –

2. Hó tóre [væl gjeva kon øl å] mat
óm [me vøre mange] fleire,
men passe deg Íven Erningjen
dú byss 'kje av ekkja meiri.

3. So blídeleg skjenkjer hó Jærtrú frúva
mjø ivi breian bór
ho skjenkjer Íven Erningjen
í elskóvsór hó fór.

4. De hev eg lova moi^{k169} mi^{k170}
den tí eg heimati fór
at eg sill engjó^{k171} ekkje feste,
so víe eg kring lánde drog.

5. De hev eg [lova moi mi]!
då eg hélt í hennes hánd
at eg [sill engjó ekkje]feste
so víe eg dróg íkring lánd.

6. De sko dú herr Íven finne
fyrr dú tók meg mæ valli,
dú sko fá liggje i 15 åre
skjúke í sterke halle

7. Dú sko [få liggje i 15]åre
[skjúke í sterke] sótt
so alli der den lækjen sko koma
som deg kann vinne bót.

8. De dú ber undi belti ditt
de æ' gúten snjadd'e

so gjeve eg deg mitt góe svær
som eg tók av rysen í fjøddi.

9. De va' nó hó J[ærtrú] frúva
tók mót de mæ bái handi
so sett hó de í hovdegjåre
der eige de tóngt å stande.

10. Í[ven] kjenner på sjave seg
at sótte mónn hånóm fange
Í[ven] talar tí síne hoffdrensjir
nó ví me av gari gange

11. Í[ven kjenner på sjave] seg
[at] s[ótte] på hånóm skríe
Í[ven talar ti sine hof]drensjir
[nó vi me av gari] ríe.

12. Kóngen han stend í høieloftssvalir
han sér seg út so víe
nó sér eg Í[ven] E[rningjen]
í mine [k172](#) hoddó ríe

13. Nó sér eg Í[ven] frændi min
eg me ine hånóm einkvort fange
den eine leier í beisl å tygyl
dei tvo úti søylen kalle

14. Høyrer dú de dú kóngen
dú æ' min næste frændi
legg dú meg at løynde lofti
so ingjen [v252](#) mann meg kjenner

15. Legg [dú meg at løynde] lofti,
so [ingjen mann meg] kjenner,
kjeme der noken å spyr etti meg
so seg eg æ av lande gjengen

16. Stilt so sat no Jærtrú frúva
í dei månanne tvá [k173](#)
innti de lei uti stundó dei
at hó fødde so líten ein són'e

17. So let'e hó at kyrkja bera
sæle sónen sin
hó kadder en jónkar riddarsónen
etti sæle fairenⁿ⁸² sin

18. Mei voks J[ónkar] R[iddarsónen]
í dei daganne tvá
hell adde hine^{k174} småbonne
dei voks í átte ár.

19. Mei [voks Jónkar Riddar]sonen
í [dei daganne] trí,
[hell adde hine småbonne]
[dei voks í] åre ní.

20. Jónkar gjenge på leikvodden
han kastar sopp av hendi
der røyndi etti der líti^{k175} kom
der styrmar^{k176} kji mykjy kvendi.

21. Dei samla ^{seg} ihop adde dei
so mange som dei våre
de æ bæri å vite fáirsnarviⁿ⁸³
hell gjeva kon hoggjé sære

22. De va J[ónkar] R[iddarsonen]
han aksla kápa blå
so gjenge'n seg at steistoga
inn for sin moder å stå.

23. De va J[ónkar] R[iddarsonen]
han rister på syllbúdde knív
Å seie dú meg 'kji fáirsnarviⁿ⁸⁴
so sko' de koste ditt lív

24. Dú sko seia fáirsnarvi
eg vi 'kji vera ti skamme
antel de æ kjóv hell mann
hell træl hell troddi lange.

25. Eg sko seia deg fáirsnarvi
de æ 'kji meg ti skamme
de æ I[ven] E[rningjen]

den ypperste riddar i landi.

26. De fékk han herra I[ven] finne
fyr han tók meg mæ valli
no heve en legje i 15 åre
sjúk'e í sterke halli

27. No [heve en legje i 15] åre
[sjúk'e i sterke] sótt
so alli der den lækje hev komi
som han hev vónni bót.

28. De va J[ónkar] R[iddarsonen]
han rister på sylvúddi¹⁸⁵ knív
lækjer 'kji dú atte fa'i min
so sko' de koste ditt lív

29. De va J[ónkar] R[iddarsonen]
då tók en ti å sveitte
15 kistur ó låsanne brout
han ville 'kji etti N lykklanne leite

30. Kóngen han stende í høienloftssvalir
han ser seg úti so víe
nó sér eg einóm avringskjempa
í míne¹⁷⁷ haddó ríe.

*

Strofene er unummererte i manuskriptet.

Over teksten står det: Torbjør Larsdóttir fra Mo (har lært det af Turi Mon).

Reinskript i anna hand med rettingar og tillegg av Sophus Bugge: NFS S. Bugge VII, 89–95.

Oppskrift C

TSB E 102: Ivar Erlingsson

Oppskrift: 1890 av Moltke Moe etter Hæge Eivindsdotter Leirbrekke, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS M. Moe 25, 181–189

Oppgjeven tittel: Iven Ærningjen

*

1. Eg veit einom ekkja den
som bur so langt nor i heió,
ho tór gjeva kònn øl á mat
um mi vǽre mykje fleire,
2. Hóⁿ⁸⁶ tóre gjeva kònn øl á mat,
um mi káme seint um kvelli,
høyre du I[ven] Ærningjen,
begjær 'kji av ekkja meiri.
3. So lystig skjænkjer ho Jærtru fruva
øl ivi brede bór,
alt ti 'ó I[ven] Ærningsónen,
mæ elskugsór hó fór.
4. «Á hýrer du I[ven] Ærningjen,
lat inkje hugen breste,
kaste no skjolle á sværi ditt
á gjev so deg ti feste.»
5. «Nei detti lova eg moi mine,
den ti eg tok 'a i hòndæ
at eg sille ingjo ekkja feste,
so rie eg dóg ikring lònde.»
6. «Men no sko du Iven fá minnst dæ,
at du tok meg mæ vǽlli^{k178}
no sko du liggje femtan ár
á sjuk' i sterke halli.»^{k179}
7. No sko du [liggje femtan ár]
á sjuk [i sterke] sótt,
alli sko den lækjare kòma
som deg kan vinna bót.
8. «Dæ du ber ondi belti ditt,
dæ æ guten snjadde,
no vi eg gjeva 'en sværi mitt,
eg tók av rysen i fjøddi!»

9. Á dæ va då ho J[ærtru] fruva
ho tók mot mæ bæ hòndó,
ho sette dæ i hovdegjári,
dér lige dæ tongt at stande. [k180](#)

10. Iven kjende på sjave seg,
at sótti món på 'en skrie,
I[ven] tala ti sine mennar:
«Me vi av gari [k181](#) rie!»

11. «I[ven] kjende [på sjave] seg,
at sótti [món på 'en] fange,
I[ven] tala [ti sine mennar:]
«Me vi av gári [k182](#) gange!»

12. Kongjen stænde på høiloftssvåle,
han ser seg ut så vie:
Hér ser eg ein af avingskjempune,
at¹ mine hoddír rie.

13. «Eg ser han Iven frende min,
dæ må honom einkvørt fange,
eg ser ein i tygjylen leie
å tvó i søylen halle.»

14. «Høyrer du dæ du danske kongjen,
hot eg béa vi deg:
fyg du meg uppi løynde lofti,
so ingjen mann meg ser.

15. Legg du meg uppi løynde lofti,
so ingjen mann meg ser,
spyre dæ nokon etter meg,
segg, eg fer ikring lònde vie.»

16. Dæ va no inkje ~~fyst~~^{fullt} derette
dei mánane tvó
fýrr ho J[ærtru] fruva
ho fødde so liten ein són.

17. So lét ho ti kgyrkja bera
sæle sónen sin,
ho kadda 'en Junkar Riddarsónen

ette sæle fai sin.

18. Mei ^{so} voks J[unkar] R[iddarsonen]
uti månanne ni,
hell dei are smådrængjine
uti are ni.

19. Dæ va no J[unkar] R[iddarsonen]
han leikar mæ híne smådrængjir,
dér blánar, ^{ette} dér liti kjæm
dér styrmer slætt inkje kvende.

20. Á né so sætte smågutane ^{v253} seg,
á adde bleiv på 'en vreie:
«Dæ va beté sin fa'ren vita,
hell gjeva kon hoggje fleire.»

21. No so sette [smågutane] seg,
so mange som dei våre.
«Dæ va bete [sin fa'ren vita]
hell gjeva konn hoggji sære.»

22. Á de var no J[unkar] R[iddarsonen]
han ~~gjekk mæ~~ ^{gjæng mæ} hønd onde kinn,
gjekk en seg i steistóga
ti Jærtru fruva inn.

23. «Á du sko seia meg faisnavni,
eg vi 'kji i blygslir gange,
anten dæ æ kjóv hell mann
hell trødd hell træl i lande.»

24. Á dæ va då 'en J[unkar] R[iddarsonen]
blænkjer mæ syllbudde kniv:
«Seier du meg 'kji fairsnarvi,
so sko dæ kosteditt liv!»

25. De va no då ho J[ærtru] fruva,
ho måtte ti béa fy seg':
«Galita Gute kaddar eg deg ^{k183},
som drepa vi moi sé!»

26. Á dæ va [ho Jærtru fruva]

ho va so snegg i evni:
«Hér æ so mange av dei glipegarpane,
dei kunne deg fy Galita nevne!»

Dæ va

27. «Eg sko seia deg fairsnavni
dæ æ meg ingjen vandi,
han heitter I[ven] Ærningjen,
den gjævaste riddar i landi.»

28. «Å dæ va då G[alita] R[iddarsonen]
han blænkjer så syllbudde kniv:
«Lækjer du inkje fa'i min,
so sko dæ koste ditt liv!»

29. Å [dæ va då Galite Riddarsonen]
han gjekk seg i høiande loft,
femtem kistur ó låsane braⁿ⁸⁷ut
han vill 'kji ette lyklane leite.

30. Dæ va då [Galite Riddarsonen]
han rister på syllbudde svær:
«Ha' du kji vóri mo'i mé,
so ha' du dæ vóri vær!»

Når 'en ha' leita ivi femtan kistur, så fann 'en «jyvsehønni» dæ som 'en lika best.

31. Kongen stænd i høieloftssvölé
han ser seg ut so vie:
«Eg ser hér ein af avringskjempa
i mine hòddir rie.

32. a) Rouen renner leikarvodden,
han va i jønne klædde,
G[alita] vende folen sin,
då låst 'en vera rædd'e.ⁿ⁸⁸

33. b) Hér hev alli vori den avringskjempa,
som Rouen min hev stai,
sia han I[ven] Ærningjen,
når'en va i sin beste bragji.ⁿ⁸⁹

34. c) Her [hev alli vori den avringskjempa,]

som Rouen min hev bròte stòng,
si' en I[ven] Ærningjen,
når 'en dróg so vitt ikring lònd.»

35. «Høyre du dæ, du danske Kongjen,
hot eg béa deg må,
fyg no meg upp i løynde lofti,
han Iven vil eg sjå.»

[k184](#)

36. Inn kãm G[alita] R[iddarsonen]
han sto mæ hònn i héndi:
«Dæ æ so liten mann døm'e
å røyne sin styrk'e på kvendi»

37. Eg ték eitt honn av belti mitt,
dér æ i ein danske drykk,
du drikk derav I[ven] Ærningjen,
ti mei dé vekser din styrk.»

38. Den fyste drykk 'en derav drakk,
han bleiv i bråi bæri,
I[ven] rauddest i sinne sængji,
~~han~~ ha léggi i 15 <...> åri. [v254](#)

39. Den are drykk 'en derav drakk
han bleiv [i bråi bæri,]
Iven reis upp å klædde seg,
ha' léggi i 15 åri. [v255](#)

40. Den tré'e drykkjen derav drakk
han bleiv i lyter bæri,
Iven reis upp å klædde seg
han studde seg på sværi. [n90](#)

41. Men tala danske kongjen
alt onde skarlakjens skinn:
«Eg sko gjeva deg gull å jór,
fyr du lækte frænde min!»

42. «Hav du sjav ditt rige gull
å so di grøne jór;
men eg vi ræ fy dei tíendé,

som kjæm fy kongjens bór.»

43. Inn kjem liten smådrængjen,
talar eitt ór so bratt,
«Her kjem eitt trodd ó troddebotten
som vi krevja kongjen skatt'e!»

*

Strofene er nummererte av samlaren.

Etter siste strofe har Moe skrive: I slutningen er Hæge meget usikker, hun har hørt alt, næsten som i Bugge II, hun reciterede helt eller delvis Bugge vers 68, 71, 72, 73, 75, 76, men tildels i anden forbindelse.

TSB E 115 Sven Felding

Innleiing

Kjempekaren Sven Felding har i sinne å reise på pilegrimsferd til Roma. På vegen dit kjem han til ein by der det bur ei stolt jomfru, og i slottet hennar blir han innbeden som gjest. Ho kan fortelje at det bur eit troll i nærleiken som terroriserer alle i landet, og som ikkje vil ha anna til mat enn fruer og jomfruer. Den stolte jomfrua har alltid høyrte at det finst mange djerve og gudfryktige menn i Danmark og vonar no at Sven Felding kan hjelpe henne, dansk helt som han er.

Sven Felding lovar å slåst med trollet, men han fører ikkje med seg nokon høveleg stridshest, sidan han er på pilegrimsferd. Å finne ein hest som duger er ikkje gjort i ei hand vending, men til sist får han ein «danne broget Hest» frå Danmark, som er sterk nok. Heller ikkje ridestellet held mål, for salgjorda brest i stykke. Men ein flokk stolte jomfruer lukkast med å saume ei salgjord av gull og silketøy som er tilfredsstillande. No kan Sven Felding ta kampen opp med trollet. Det blir ein hard dyst, men trollet må bøte med livet, for Sven Felding kløyver han i femten stykke. Etter sigeren får han tilbod om å bli konge i landet og få den stolte jomfrua til ekte, men han er alt trulova med ei jomfru «vdi Østerlands Konge Rige» seier han, og må derfor takke nei.

Dei norskspråklege formene av denne gamle kjempe- og trollballaden var ute av tradisjonen på 1800-talet, og visa synest i det heile å ha vore svært lite kjend. Eit unnatak er ei fragmentert oppskrift av Sophus Bugge etter Signe Eivindsdotter Storgård (1790–1861) frå Lårdal i Telemark. Bugge gjorde denne oppskrifta i 1857 og skreiv då opp 22 balladar etter henne (Jonsson & Solberg 2011: 431–433). Ei av oppskriftene etter Signe Storgård, «Rike Rodenigård og ørna», gjorde Bugge elles bruk av som hovudtekst i *Gamle norske Folkeviser* (Bugge [1858] 1971: 11–14). Av Sven Felding-teksten etter Signe Storgård går det fram at dansk skrift her, som så ofte elles, har verka inn på tradisjonen, særleg via Peder Syvs visebok.

På dansk finst det to renessanseoppskrifter, forutan ein utbrodert, dansk-nasjonalistisk tekst hos Vedel, og altså seinare hos Syv (DgF I: 398–410). Nyare danske flygebladstrykk eksisterer også, og dessutan munnlege tekstar som går attende på flygeblada (DgF X: 17).

Den eldste svenske oppskrifta går tilbake til om lag 1700. Elles vart visa skriven opp av Erik Gustaf Geijer i perioden 1814–1817 (SMB 5:1: 73–75). Geijers relativt kortfatta oppskrift sluttar med at helten gjer det av med trollet, raskt og effektivt:

Sven Färling högg hafstrollet uti dess halls,
Så det månde mycket blöda;
Så drager han det bort uti en lund,
Där tvingar han trollet till döda.

– Men mig lyster följa Sven Färting –
(SMB 5:1: 74).

Sverker Ek, som har påvist det norske grunnlaget for kjempe- og trollvisene, gjer merksam på at denne teksten vart oppskrivne «i de norska gränsländskapen Värmland och Dalsland» (Ek 1921: 85–87). Ek peikar også på motivlikskapen mellom «Sven Felding» og Landstads «Lindarormen» (Landstad [1853] 1968: 139–145). Ei kvelvmåling i Floda kyrka i Södermanland i Sverige frå om lag 1480 viser etter alt å døme ein situasjon frå «Sven Felding», eller «Sven Fötling och trollet» som visa blir kalla på svensk (Jonsson 1967: 27, 145, 720).

Bugge m, 3–4

DgF 31

SMB 210

Oppskrift A

TSB E 115: Sven Felding

Oppskrift: *Kjempeviseboka*, Første Part, XXIV, 120–126.

Oppgjeven tittel: Svend Felding.

*

1. Svend Felding han sider paa Helsingborg,
og roser han af sin Færd,
og han var sig baade mild og blid,
han giordet sig med sit Sværd.

2. Svend Felding lover sig en Pillegrims gang,
alt ind til Rom at gange:
Og det lovet hver Danske Pillegrims,
at han skulde did komme.

3. Og de reede ud af Dannemark,
de vare ikke Pillegrime uden to;
Og de geste dennem udi en Stad,
han heder Høfdingsø.

4. Og de geste dennem udi en Hofvet-Stad,
han heder Høfdingsø;

Og de geste dennem en stolt Jomfru,
hun var saa væn en Møe.

5. Hun sætte Svend Felding øverst til Bord,
blant andre Riddere i Skare:
Og i da spurde den stolte Jomfru,
alt hveden de kommen vare.

6. I ere ingen fattige Pillegrim,
os haver i Aften gest;
Jeg seer det paa eders Skiorte smaa,
hun er med røde Guld fest.

7. Jeg seer det paa eders Skiorte smaa,
hun er med røde Guld fest;
At I er Kongen af Dannemark,
thi ville I vide vort beste.

8. Ikke er jeg Konning af Dannemark.
Og jeg rider ikke saa sterk;
Jeg er en fattig Pillegrim,
født i Dannemark.

9. Hør I det min stolte Jomfru,
I lader eder ikke fortykke;
Der fødes en Børn i Dannemark,
og end hver med sin Lykke.

10. Og alt da sad den stolte Jomfru,
der hun syde Silke-Søm;
Hver en Som alt der hun syde,
hendes Øyne runde udi Strøm.

11. Og høre I det min stolte Jomfru,
og hvi sørge I saa saare;
I sige mig noget af eders Vaade,
Jeg løser eder af den Fare.

12. Her er en Riser paa vort Land,
han vil vort Land forøde;
Og han vil ikke have andet til Kaast,
end Fruer og Jomfruer til Føde.

13. Her er en Trold paa vort Land,
han vil vort Land fordrive;
Uden vi kunde faae den samme Mand,
som Dysten tør med hannem ride.

14. Jeg haver det alle mine Dage hørt,
de Danske mænd ere saa fromme;
Jeg takker nu Gud i Himmerig,
her maatte en af dennem komme.

15. Og havde jeg Hest og havde jeg Harnisk,
min Ryg var ret til maade;
Da vilde jeg for eder min stolte Jomfru,
med hannem bryde en Stage.

16. Og de lede frem tre hundrede Heste,
og de vare alle hvide;
Den første Svend Felding sin Sadel paa lagde,
han bugnet til Jorden som en Tige.

17. De lede ud de Spanske Ørs,
deres Øyne vare meget liuse;
Svend Felding strøg den Tømme over Hofvet,
saa snart lode de sig kyse.

18. Og det var Herre Svend Felding,
han klager sig saa saare:
Og havde jeg en Hest af Dannemark,
havde ædt af Danmarks Foer.

19. Jeg førde mig ud af Dannemark,
vel femten, gode Guldringe;
Havde jeg en Hest af Jutland,
de skulle alle for hannem springe.

20. Og der kom gangendis en Møller-Mand,
saa listelig over denne Mark;
Og jeg haver mig en dannebroget Hest,
er fød i Dannemark.

21. Og jeg haver mig en dannebroget Hest,
er fød i Sæbylund;
Hver den gang han til Møllen gaar,

han bær vel femten Pund.

22. Hør du goden Møller,
du lad mig Hesten see;
Ere vi begge Danske to,
vi bestyre vel Valske Tre.

23. Den Tiid den Hest og han kom frem,
han var som Mølleren sagde;
Med høyen Hoft og bredee Bringee,
Svend Felding sin Sadel paa lagde.

24. Han drog af sine Handske smaa,
hans Hænder vare meget hvide;
Og selv giordet han sin gode Hest,
paa Svenden torde han ikke lide.

25. Han giordet sin Hest med Sadelgiord,
og saa med Sadelgiorde Tre;
Det første Hesten han rakte sig,
og sønder ginge alle de.

26. Han giorde Hesten saa overmaade fast,
og mest alt over det tykke;
Hesten falt for hannem paa Knæ,
og giorden udi ti stykke.

27. Og jeg gik mig af Dannemark,
med femten gode Guldringe;
Havde jeg en Sadelgiord for dennem,
da vilde jeg lade dem springe.

28. Sende I Bud saa bradelig,
hen over den grønne Hede;
I lade den skiønne Jomfru tilsige,
hun lader Sadelgiord rede.

29. Femten vare de stolte Jomfruer,
som slyngede Guld med alle:
Førend de kunde faa den Sadelgiord,
Svend Feldings Hest kunde holde.

30. De Fruer af Hummer de Fruer af Pommer,

og mange Jomfruer fleere:
De slynget baade Guld og Silke-Tøg,
som Dannebrog skulde bære.

31. Det var aarle om Morgen,
den Sadelgiord var rede:
Siu Alen lag og Qvarkeer tyk,
fem Spande udi sin Brede.

32. Den Tiid den Hest han var nu giord,
og da var han saa vred;
At ingen af Østerige Kongens Mænd
torde til hannem see.

33. Og hør du det min gode Hest,
og haver du Mandevind;
Jeg skal dig en Prikke linne,
alt før jeg stiger til dig.

34. Og hør du det min gode Hest,
du spiller som Bukke-Rid;
Her maa I see alle Tødske Riddere,
hvad Danske Mand haver for Sæd.

35. I tage nu det kronet Sper,
jeg haver det forlovet at føre;
I henter mig hid en Skudemast,
jeg megter hende vel at røre.

36. Det første Reed de sammen rede,
Dievelen han var fuld sterk;
Deres Heste begge i Knæene ginge,
og Sperrene drev i Mark.

37. Og det er ingen Dyst at ryde,
jeg vil ikkun Hesten prøve;
Du møde mig i Morgen paa denne Stæd,
jeg skal dig en Krog-Stød give.

38. Svend Felding gaar sig om Kirkegaard,
lader sig vel berette;
Og saa loed han sin Brynie beslaa,
vor HÆrre loed han i sætte.

39. Og høre I det min stolte Jomfru,
I lader eder ikke fortykke:
Enten skal han Sadelen rømme,
eller Halsen udi tre stykke.

40. Og de fulde ud af Staden med,
tillige baade Mand og Qvinde:
Give det GUd Fader i Himmerig
Svend Felding han maatte vinde.

41. I legge nu bort det smale Sper
som I ere van at føre;
I tage mig hid min gode Staalstang,
udi Danmark loed jeg den giøre.

42. Det andet Reed de sammen rede,
de Hellede vare begge saa vrede;
Troidens Hals brast sønder i to,
hans Hofved dref langt i Hede.

43. Hans Hofved udi ny, hans Ryg udi fem,
hans Been i femten stykke;
Saa reed han til den stolte Jomfru,
hannem lystet da først at drikke.

44. Ud da ginge de Ridere ni,
de toge Svend Felding af Hest;
Lande og Rige vil vi eder antvorde,
Jomfruen om I ville feste.

45. Jeg haver mig en Jomfru fest,
udi Østerlands Konge-Rige;
For siu Tønder af det røde Guld,
jeg vil hende ikke svige.

46. I lade ikkun bygge et murede Huus,
foruden ved Høfdingsø;
I spare der aldrig for Danske Pillegrim,
enten god Viin eller Brød.

47. Der spares ikke for Danske Hofmænd,
enten Viin eller fuld god Brød;
De bede got for Svend Feldings Navn,

han er for langen Død.

*

Strofene er nummererte i oppskrifta. Over balladen står ei innleiing om bakgrunnen for visa.

I samlingane etter Sophus Bugge (NFS Bugge m, 3–4) ligg det ein tekst etter Signe Storgård. Denne er ikkje heil, men viser berre avvik fra ein annan (trykt?) tekst, som kan vere Kjempeviseboka. Over denne står det «DgF 31».

TSB E 116 Heilag Olav og trolle

Innleiing

Heilag Olav byggjer seg eit skip, «Oksen», på Marstrand. Han aktar seg til Hornelummer for å drepe troll. Styresmannen er engsteleg. Han minner Olav på at det er dårleg hamn ved Hornelummer, og dessutan er det slemme troll der, men Olav seglar likevel. Vel framme kjem trollet ut av berget og får sjå Olav stå oppe på «Oksen». Trollet har augo som brennande bål og neglar som bukkehorn. Skjegget var som hesteman og hang ned til knea. Rumpa var lang og loden. Trollet ropar at her skal aldri skip kome, for han kan dra skipa inn i berget med berre ei hand. Olav svarar at trollet berre kan prøve å binde Oksen, så får han sjå korleis det går. Trollet grip tak i «Oksen» ved stammen og hornet, men då søkk Trollet ned i berget, heilt til over knea. Framleis vil trollet bryte ryggtak med Olav. «Ti, du fule gast», seier Olav. «Du skal bli til stein og stå der til domedag».

Trollkjerringa kjem ut og ropar at Olav må vike bort, men Olav ber henne stå og teie. Dei andre småtrolla i berget lurar på kva som skjedde, sidan ho ikkje får sagt noko. «Det må vere Raudskjeggen», seier dei. «Når vi kjem med jernstengene våre skal han få!» Kongen bad om at berget skulle lukke seg, og då trolle ikkje lenger fann nokon dører, prøvde dei å bryte seg ut, men braut berre ryggane sine i stykke.

«Hornelummer» er fjellet Hornelen på Bremangerlandet i Sogn og Fjordane. Med 860 meter over havet er det Nord-Europas høgaste sjøklippe. Det er knytt mange segner til dette fjellet. Blant anna skal trollkjerringane ha hatt hekkesabbatt på Hornelen jonsokaftan og julekvelden.

I 1865 skreiv Lindeman opp ein melodi til denne visa etter Guro Nielsdotter Skattebo, Øystre Slidre, Oppland. Ho har tydelegvis teksten frå Peder Syvs «Kjempeviseboka». I Danmark er visa bevart i Anders Sørensen Vedels «Hundreviseboka» frå 1591, men alt tyder på at den oppskrifta som Vedel hadde, var norsk og ikkje dansk. I samlingar av norsk munnleg tradisjon finst det fragment, enkelte verseliner og delar av strofer som skriv seg frå denne visa eller frå «Sankt Olavs kappsegling» (TSB B 12), men nokon norsk visetekst er likevel ikkje funnen.

«Hundreviseboka» kom ut i reformasjonstida, og ein helgenkonge som gjorde mirakel, var ikkje i samsvar med gjeldande teologi. For sikkerheits skuld skreiv Vedel ei innleiing til visa. Han skreiv at når kong Olav skal ha hatt så mykje å gjere med troll, må det tolkast slik at Olav med Guds reine ord har forhindra Satans spøkeri og gjort ende på dei vonde åndene som tidlegare hadde forført allmugen.

På Færøyane er det bevart ein lengre og fyldigare variant av visa, og denne er ikkje påverka av den danske. I den færøyske visa heiter trollet Ari Bukkabjálvi, og han har styrt på Hornalondum i 1500 år før Olav kom og skapte både Ari og heile slekta hans om til stein. Det er ikkje utenkjeleg at den norske teksten kunne hatt ein likskap med den færøyske versjonen.

Oppskrift A

TSB E 116: Heilag Olav og trolla

Oppskrift: Kjempeviseboka, utg. 1787, Anden Part, XV. (178–180).

Oppgjeven tittel: En anden Vise om St. Oluf Konning i Norge.



1. Den var Sanct Oluf Konning saa bold,
han raader for Norges Land:
Guds Ord han styret og Rætten han bød,
skulde holde baade Qvinde og Mand.
– Der skinner Soel som Guld hin røde udi Trondhiem. –
2. St. Oluf lader sig en Snekke bygge,
det skeede udi Marstrand:
Han agter sig til Hornelummer,
de Trolde til megen vaande.
3. Det da svarede den Styremand,
han stod paa Bonken hin brede:
Til Hornelummer paa var aldrig god Havn,
der ere de Trolde saa leede.
4. Det meldte Oluf Kong af fri Mod
han sprang først i den Stavn:
Kast paa Oxen baade Reeb og Tov,
lad gaae udi JEsu Navn.
5. Saa fast han knyste, saa fast han puste,
han monne mod Bølgen skride:
Saa seylede de ind for Hornelummer,
de Trolde til megen Qvide.
6. Jedten han stalker ud med de Bierge,
ud med de Klipper blaa:

Der saae han St. Oluf Kong,
og Oxen under hannem gaae.

7. Øyne havde han som en brændende Baal,
med Munden monne han skringre:
Negler havde han som Bukke Horn,
stoede alle tid for hans Fingre.

8. Skeg havde han som en Hesteman,
slog neder til hans Knæ:
Rumpen havde han lang og lodden
hans Klør var slemme at see.

9. Aldrig kom her nogen Snekke for Land,
enten nu eller nogen sinde:
Jeg kunde jo med min eeneste Haand,
drage den i Bierget ind.

10. Det svarede hannem St. Oluf Kong,
han loed sig ikke forlange:
Kast paa Oxen Bast og Baand,
forsøg hure det ville gange.

11. Han tog Oxen om Horn og Stavn,
han agtet at gjøre hannem vee:
Strax sank han udi Klippen need,
saa dybt over begge sine Knæ.

12. Her staaer jeg udi Steen nedsiunket,
her maa jeg nu fortøve:
Rygge-spend og Haande-dregt,
det vil jeg med dig prøve.

13. Du tie nu qver, du fuleste Gast,
du bliv forvendt til Steen:
Stat du der, til Dømme-Dag,
og gjør ingen Christen Mand meen.

14. Ud kom løbendes den gamle Kierling,
saa saare monne hun fige:
Hun raabte saa høyt, hun saae saae ^{no} bredt,
St. Oluf bad hun bortvige.

15. Det da undrede de andre smaa Trolde,
som sadde i Bierget igien:
Kierlingen talde ikkun et Ord,
hvad gik hende da til meen.

16. Monne han ikke der Rødskeg være,
som os haver længe hødt:
Komme vi ud med vore Jernstange,
han bliver lidet af os bõt.

17. Det skeede der udi Hornelummer,
det skeede ret aldrig føre:
Det Bierg det blev med Vand omlugt,
man fandt der ingen Dørre.

18. Saa satte de Rumpen paa deres Hofvet,
de vilde paa dem indrykke:
Halsen gik dem ned for Bryst,
deris Ryg i alle smaa stykke.

19. Nu takker hver Mand den gode Gud,
og saa St. Oluf hin gode:
Nu seyler hver Mand til Hornelummer,
og times der ingen Vaande.



Strofene er nummererte i utgåva.

Oppskrift B

TSB E 116: Heilag Olav og trolla

Oppskrift: 1865 av Ludvig Mathias Lindeman etter Guro Nilsdotter Skattebu, Øystre Slidre, Valdres, Oppland.

Orig. ms.: NB Mus ms 6862a:578, nr. 61.

Ingen oppgjeven tittel.



1. Aa stat nu der du fæle Gast
og bliv forvandlet til Steen,
og stat saa der til Dommedags
gjør ingen Kristenmand Meen.
– Nu skinner Solen som Guld det røde udi Trondhjem. –



Strofa står til Lindemans melodioppskrift.

TSB E 119 Viderik Verlandsson

Innleiing

Kong Diderik i Bern spør folka sine om nokon veit om ein som er hans likemann. Kong Isak blir nemnt, og straks vil Diderik dra til Isaks borg for å kjempe mot han. På reisa stoppar bannerføraren opp, fordi Langbein Rise ligg og søv i vegen. Viderik Verlandsson byr seg til å gå fremst. Han vekkjer trollet, som tilbyr ein stor skatt for å sleppe å kjempe, men Viderik hogg hovudet av trollet og tek alt gullet.

Det var Viderik Verlandssøn,
han stødte på Risker med skafte:
neder da faldt den døde krop,
og hovudet fløj langt i mark.

Denne visa baserer seg på gamle heltesegn om den austgotiske kongen Theoderik, som erobra Italia i år 488. I segnene vart kong Theoderik til Diderik av Bern. På 1200-talet sette ein ukjend nordmann eller islending desse «forteljingane frå tyske menn» saman til ei *Þiðreks saga af Bern*. Soga vart ei høvisk riddarsoge. Mange meiner at saga er skriven i Bergen og at dei «tyske menn» var hanseatiske kjøpmenn.

Andre Didriksviser er «Kong Diderik og kjempene hans» (TSB E 10), «Kong Diderik og Holger Dansk» (TSB E 17), «Den skallede munk» (TSB E 19), «Sivart Snarensvein» (TSB E 49) og «Sigurd Svein» (TSB E 50).

I *Danmarks gamle Folkeviser* står visa om Viderik Verlandssons kamp mot Langbein rise saman med visa «Kong Diderik og kjempene hans» (TSB E 10), men forskarane er einige om at denne bør skiljast ut som eigen type.

Desse Didriks-visene er truleg dikta i det vestnordiske området. Visene er bevart på Færøyane, i Danmark og i Sverige, men i Noreg har vi ikkje rester av dei. I nyare tid er visa om Viderik Verlandssons kamp mot Langbein rise kommen til Noreg gjennom Kjempeviseboka, og ho må ha vore populær, for det er dokumentert seks melodiar til visa. Cornelius Thomas Rønnau skreiv opp ein melodi alt rundt 1800. Sidan skreiv Lindeman opp to melodiar i Bygland i Setesdal, ein i Tuddal i Telemark og ein i Sørkedalen i Oslo. Ole Mørk Sandvik skreiv opp ein melodi frå Bykle i Setesdal.

I Sverige har dei nokre variantar frå 1500- og 1600-talet. Desse ligg ganske nær dei danske visene.

Oppskrift A

TSB E 119: Viderik Verlandsson

Oppskrift: *Kjempeviseboka* (1787), 32–38.

Oppgjeven tittel: Langbeen Risers og Vidrich Verlandsens Kamp.



1. Konning Tidrick sidder udi Bern,
Han roser af sin Vælde:
Saa mangen haver han tvungen,
Baade Kiæmper og raske Helte.
– Der stander en Borg heder^{v256} Bern,
og der boer i^{v257} Konning^{v258} Tidrick^{v259}. –
2. Konning Tidrick stander paa Bern,
Og seer han ud saa vide:
GUD give Jeg vedste de Hellede saa sterke,
mig torde i Marken bide.
3. Det svarede Mester Hildebrand,
Han viste at Orloge og stride:
Der ligger en Kiæmpe paa Birtings Bierg,
tør du hannem vække og bide.
4. Hør du Mester Hildebrand,
du est en Kiæmpe saa sterk:
Du skalt ride fremmest i Skoven i Dag,
Og føre vor Skioldemerke.
5. Dertil svaret Mester Hildebrand,
Han var en Kiæmpe saa viis:
Herre jeg fører ikke eders Skioldemerke i Dag,
thi mig sømmer ikke den Priis.
6. Der svaret Vidrich Verlandsøn,
Han talde af fuld god Hue:
Jeg vil være den første i Hoben i Dag,
igiennem de Birting Skove.
7. Det meldte han Vidrich Verlandsøn,
han svarede det af Vrede:

De Smede-Svenne mit Sverd saa smede,
der bider saa vel paa Staal som Klæde.

8. De vare vel Tre Hundrede Kiæmper,
de droge til Birtings Land:
de ledte efter Langbeen Riser,
de hannem paa Skoven fandt.

9. Det svared Vidrich Verlandsøn,
vi ville prøve et underligt Spil:
I lade mig ride i Skoven først,
Om I troe mig dertil.

10. I holder her alle Danner Kongens Mænd,
Op under disse grønne Tvede,
imedens jeg rider i Skoven frem,
Jeg vil os Veyen oplede.

11. Det var Vidrich Verlandsøn,
Han rider i Skoven frem,
der fandt han saa liden en Sti,
som neder til Riser rand.

12. Det da svaret Konning Tidrick,
jeg siger her saa for mig:
Finder du Langbeen Riser,
du dølge det ikke for mig,

13. Det var Vidrich Verlandsøn,
han kom paa Birtings Hede:
Der fandt han Langbeen Riser,
han laae baade sort og leed.

14. Det var Vidrich Verlandsøn,
han stødte paa Riser med Skaft:
Du vaagne op Langbeen Riser,
Mig tykkes du sover vel hart.

15. Her haver jeg ligget i mange Aar,
og hviltis paa vildende Hede:
Her kom aldrig den Kiæmpe frem
der mig torde vække og bide.

16. Her holder jeg Vidrich Verlandsøn,
med Sverd saa got ved Side:
Jeg skal dig af Søvn opvække,
Saa saare da skalt du svide.

17. Det var Langbeen Riser,
han vinket op med sit Øye:
Hveden kommer os denne Svend,
der saadanne Ord lader lyde.

18. Verland hede hans Fader min,
en Smed var han saa skøn:
Bodild hede min Moder,
en Konning Datter ven.

19. Skrepping heder mit fuld gode Skiold,
Der er udi mangan Pil skøt:
Blank saa kaldes min stolte Hielm
saa mangt et Sverd haver den brødt.

20. Skimming heder min ædle Hest.
Er fød paa vilden Stod:
Memmering kalder man mit Sverd,
er han i Kiæmpe-Blod.

21. Selv heder jeg Vidrich Verlandsøn,
udi Jern saa er jeg klæd:
Staar du ikke op, paa din lange Been,
jeg giøre dig visselig vred.

22. Hør du Langbeen Riser,
jeg vil ikke at dig lyve:
Kongen holder her uden for Skofven,
du skalt hannem Skatten give,

23. Alt det Guld som jeg ejer,
det giemmer jeg med stor Ære:
Det vinder ikke en Staldreng af mig,
og det skal ingen Mand spørre.

24. Saa ung og liden som jeg er,
Skalt du mig her nu finde:
Dit Hofvet vil jeg hugge dig fra,

og saa dit meget Guld vinde.

25. Det var Langbeen Riser,
hannem lyster ikke længer at sove:
Ride fra mig du unge Heldt,
om dig lyster længer at leve.

26. Skimming sprang op med begge sine Been,
Midt paa Risers Side:
Sønder da ginge hans Rifbeen siu,
og saa begyndte de at stride.

27. Det var Langbeen Riser,
greb sin Staalstang i Hænde:
Han slog et Slag efter Vidrich,
at Stangen i Bierget vende.

28. Det var Langbeen Riser,
han agtet at staa saa vist:
Hesten løb hannem rammet af,
det første Slag han miste.

29. Det meldte Langbeen Riser,
og han tog til at jamre:
Nu ligger min Stang udi Bierget fast,
som den var slagen med Hammer.

30. Vidrich loed sig ikke forsømme,
Han var saa modig i Hue:
Vel op Skimming vend dig om,
og monne du Mimmering noget due.

31. Han tog Mimmering i baade sine Hænder,
til Langbeen Riser han rende:
Han hug saa dybt i Bryst,
at Odden i Tarmene vende.

32. Da fik Langbeen Riser Saar,
og vognet af første Søfn:
Saa gierne havde han det vedergiort,
kunde han have faaet den Øfne.

33. Forbandet være du Vidrich,

og saa dit Sverd ved din Side:
Du haver giort mig Saar i m[i]t Bryst,
der af saa yppes min Qvide.

34. Jeg skal hugge dig Riser saa smaae,
som Løf blæs iblant Støf:
Uden du viser mig dit Liggendefæ,
som du haver i denne Skof.

35. Du lade det Vidrich Verlandsøn,
du hug mig ikke til Døde.
Jeg vil vise dig til det Huus,
er takt med Guld hin røde.

36. Vidrich reed og Riser krøb,
saa vit ind ad de Skofe:
De funde det Huus med røde Guld takt,
det skinde som brennende Lue.

37. Her er inde meget meere Guld,
end i dette Land kand være:
Du tag her fra den store Steen,
du løft af Hengsel disse Dørre.

38. Det svarede Vidrich Verlandsøn,
han frygtede for det^{v260} Gilde:
Der pleyer ingen viis Kiæmpe
sin Styrke paa Steen at spilde.

39. Det er din mindste Konst,
du kand din Hest vel vende:
Jeg vil gjøre meere med Finger to,
end du med begge dine Hænder.

40. Saa tog han den store Steen,
han løfte den paa sin Hærde:
Fuld vel V[i]drich Verlandsøn,
han agter hannem saa ond en Færd.

41. Her er inde meget meere Guld,
end Femten Konger formaae:
Hør du Vidrich Verlandsøn,
du skalt her først indgaae.

42. Det svaret Vidrich Verlandsøn,
han kiende saa vel hans Sind:
Du skalt selv her først indgaa,
thi det er en Kæmpe-Sæd.

43. Det var Langbeen Riser,
han ind at Dørren saae:
Vidrich hug med begge Hænder,
han hug hannem Hofvedet fra.

44. Saa tog han det Mande-Blod,
smurde sig og sin Hest:
Saa red han til Kong Tidrich,
sagde sig at være skamme[]ig lest.

45. Saa tog han den døde Krop,
og reyste den til en Eeg:
Saa reed han tilbage igien,
sagde af denne underlige Leeg.

46. Her holde I alle mine Staldbrødre gode,
alt under denne grønne Lide:
Langbeen Riser haver mig slaget i Dag,
det er min største Qvide.

47. Haver du faaet baade Hug og Slag
af Riser, da er det ilde:
Vi ville ride til Bern igien,
og ingen Mand her meere spille.

48. Du vend dig Konning Tidrick,
du vend dig snart med mig:
Alt det Guld som Riser havde,
det vil jeg vise dig.

49. Haver du slagen Riser i Dag,
det spores over Land saa vide:
Den Kæmpe fødes ikke i Verden til,
du maa jo vel med stride.

50. Der var Konning Tidricks Mænd,
der de monne Riser see:
Saa lode de ad Skofven staae,

Man maatte vel ad dennem lee.

51. De meente Riser skulde forvist
sine lange Been efter dem strekke:
Ingen af dem saa torde hannem bie,
og ingen saa vilde hannem vække.

52. Det var Vidrich Verlandsøn,
han gjorde der af stor Spee:
Hvor skulde I hannem levendes bie,
I tør hannem ikke døder see.

53. Vidrich stødte paa Kroppen med skaft,
saa Hovedet dref i Mark:
Det maa jeg for sandingen sige,
Riser var en Kiæmpe saa sterk.

54. Saa toge de hans meget røde Guld,
de bytte det der paa stand:
Vidrich hørde den beste Part til,
Han hvervet det med sin Haand.

55. Ikke var hannem saa meget om Bytte,
den Seyr laa hannem i Sinde:
At det kunde spøres til Danmark,
han Langbeen Riser monne overvinde.

56. Saa glade rede de til Bern igien,
Konning Tidrick glæddes allermest;
Tog han til sig Vidrich Verlandsøn,
Maatte følge hannem allernest.



Strofene er nummererte i utgåva frå og med strofe 2. Ved ein trykkfeil står den siste strofa som nr. 16 i 1764-utgåva. Balladen byrjar med strofe 2 i dei eldste utgåvene (Hundreviseboka).

Oppskrift B

TSB E 119: Viderik Verlandsson

Oppskrift: 1860 av Ludvig Mathias Lindeman etter Olav Kjetilsson Stigen, Tuddal, Telemark.

Orig. ms.: NB Mus. ms. 2456/1860:203, nr. 25.

Ingen oppgjeven tittel.

Skjimling for op mæ begge sine Bein
aa beint paa Riskes Side
saa tro han af hans Sibein sju
saa begyndte dem at stride.
– Stander en Borg heite Bern
og deri bor en stærk Tederik. –

Strofa står til Lindemans melodioppskrift. Ho svarar til strofe 26 i oppskrift A.

Oppskrift C

TSB E 119: Viderik Verlandsson

Oppskrift: 1861 av Ludvig Mathias Lindeman etter Ola Håvardsson Birkeland, Austad i Bygland, Aust-Agder.

Orig. ms.: NB Mus. ms. 2456/1861:203, nr. 61.

Oppgjeven tittel: Viderik

Ja Sjeming saa heter min gøde^{ædel} Hest,
erⁿ⁹² fød uppaa vilden Sto
aa Memring saa kaldes mit gode Sværd,
er^{det var} hørt ei^{v261} Kjæmpeblod;
– Det klager, den Svenden som fangend ligger paa Hede. –

Strofa står til Lindemans melodioppskrift. Ho svarar til strofe 20 i oppskrift A.

Over oppskrifta står: Ola Haavorson Birkeland i Ostad Sogn i Bygland (paa Skiftet Langei)

Oppskrift D

TSB E 119: Viderik Verlandsson

Oppskrift: 1862 av Ludvig Mathias Lindeman etter Ole Kristoffersson Ringerike, Sørkedalen, Oslo.

Orig. ms.: NB Mus. ms. 2456/1862:203, nr. 46/29.

Ingen oppgjeven tittel.



Aa det var den lange Bent Rise
aa han tok til at jammer,
min Stang den sidder i Bjerget saa fast
som den var slagen med Hammer.
– Der stander en Borg for Bergen og derudi bor kong Tederik. –



Strofa står til Lindemans melodioppskrift. Ho svarar til strofe 29 i oppskrift A.

TSB E 122 Olav Akselsson

Innleiing

Olav Akselsson spør mor si om råd: Finst det noka kjempe nokon stad som vågar å slåst med han? Mora svarar at den einaste ho veit om, er trollet Iver Blå, som bur på Holmens berg, saman med mange andre troll, og som gjer stor skade på alle som kjem i nærleiken. Olav Akselsson segler i veg og tek berre med seg ein styresmann og tre smådrenger. Men styresmannen viser seg å vere lite skikka til ei slik ferd, han byrjar å skjelve av redsle når han høyrer Iver Blå rope og skrike. Han må bindast til skipsstammen for å hindre at han rømmer med skipet. Iver Blå trur at Olav vil fri til søster hans, og ikkje slåst, sidan han har så få følgjesmenn, og tilbyr Olav søstera til ekte, men Olav svarar at det ville vere til stor vanære for han om han skulle gifte seg med ei trollkjerring.

va femten Aar i Aldri^{k189}
aa du tar inkje du Fjalme Røsen
aa sæta dæg her saa bolde

4. Dæ va no den Fjalme R[øsen]
han saag sæg at ivi Hær
hot æ dæ fæ ein liten Gut
som trur sæg alt saa væl.

5. Du mæg spyr aa æg dæg svarar
om d'æ dæg nokon Mon
aa æg æ ungan Orm-Aalen
aa Hemmings yngste Son

6. Aa æ du af den Ætti komen
aa som du seie for mæg
aa sjella vexe sotan Kvisten
uppaa saa beiskt eit Tre.

7. Aa høyre du ungan Ormaalen
hot æg seg spyre dæg
hæv du skarpe Bortingen
ætter sæle Faren din

8. Aa æg sko sværgje Ein
aa æg sko sværgje Tvo
aa inkje æ skarpe Børtjingjen
her up paa denni Jor.

9. In saa kom den Gjyvre Gjessa
dei kalla hennar Sluffa den store
høyre du dæ min sælle Son
Kvi site du 'kje gla fe Bori?

10. Æg hæv lagt i Motslag idag
alt mæ saa liten ein Svein
aa tikje mæg saa ille væra

dæ vil kje møte aat Ein.

11. Aa høyre du dæ min sælle Son
aa me sko gjæra saa væl
me sko taka den vesle Guten
aa trøa en onde kons Hæl.

12. Dæ va ungan Ormaalen
tok paa sæg Kyrtilen raue
saa gjæk han sæg i Haugjen in
aa krævje Maal af dæi Daue.

13. Han sætte^{v270} Stauren i Auren ne
dæ skranglar i kvite Tæn':
Kven æ som æ saa har aa hugabraa
aa vækkjer up daue Mænd?

14. Aa du mæg spyr aa æg dæg svarar
om d'æ dæg nokon Mon
aa d'æ ungan Orm-Aalen
d'æ din yngste Son.

15. Leyⁱvide^{k190} æg inkje etter mæg baate Gul aa Jor
~~baate Gul og Jor~~
Aa dæрте baate Aaker aa Eng
aa hot d'æ du trægar paa
som æg hæv eti mi Seng?

16. Aa du leyⁱvide etter dæg baate Gul aa Jor
aa derte dit Fæstar-Fe
bare skarpe Børtjingjen
den hæv du i Hougjen mæ^{v271} de.

17. Han sætte Stauren i Auren ne
aa tænkte en sille Hella brjote
saa tok en Sværi i baae sine Hændar
aa ba sin Son dæ njote.

18. Dæ seer æg paa dæg Orm-Aalen unge
at du æ hug paa Kvende
aa houg no tit aa ^{houg no} traat
no hæv du Sejer i Hende.

19. Dæ seer æg paa dæg Ormaalen unge
at du æ hug paa Viv
aa houg no tit aa houg no traat
aa hellaa læte du Liv.

20. Aa dei mødtes uppaa Leikarvollen
aa i dæ samre Sinne:
aa houg no te du vesle Gut
hellaa bli du Mannen mindre!

21. Han hoggje eit Stykkje otor Rysa-Laare
aa dæ va folla væl vaxi
Folen va baate stor aa stærk
han drog dæ inkje i Lassi.

22. Om saa tala Fjalme-Røsen
han tala inkje ansleis en saa
dæ hæl æg inkje fæ Kjæmpe væra
som sneier Folkje saa laagt.

23. Aa te saa svara Ormaalen unge
han svara inkje ansleis en saa
aa dæ æ Sæden^{v272k191} af christne Mænner
dei høgge saa langt dei naar.

24. Aa dæ va ungan Orm-Aalen
han hoggje te mæ Avle
han kleyvde Skjolden aa Brynja blaa
aa Røsen alt ne te Navle.

25. Aa høyre du dæ du Orm-Aalen unge
aa du æ ein Riddare bold
aa maa æg liggje i Haugjen
der som æ den vigde Mol!ⁿ¹⁰¹

26. Aa du sko inkje liggje i Hougjen
der som Drengjine drikke Dvala
mæn du sko af nor paa Bergji blaa
aa Korpan sko ivi dæg gala.

27. No spyr dæ væl heim onde Haddin
at Røsen han rulla omkring
sæg du dæ fe Megun mine

at æg fæk Høggje i Vesle-Fing.



Strofene er nummererte i oppskrifta.

Under oppskrifta står det: Af Ingelev Ramberg ^{60 Aar} lært den af sin gl. bestefader i sin Barndom. Han sang saa forfærdelig vakkert, – Østen Førstøl i Høidalsmoe.

Oppskrift B

TSB E 132: Ormålen unge

Oppskrift: 1840-åa av Magnus Brostrup Landstad etter Maren Olsdotter Ramskeid, Kviteseid, Telemark.

Orig. ms.: NB Ms fol 1803e:5.

Oppgjeven tittel: Unge Orm-Aalen



1. In saa kjæme den Fjølmoi Rysen
han lunsar aa paa Gaavi gjæng
aa Kongje du gjæv mæg Dottre di
aa fø'a kje heime læng –
– Saa raar du unge Ormaalen fyry hende –

2. Aa Kongje du gjæve mæg dotter di
dæ vøre saa veent eit Gjifte
æg læhella i morgo paa Leikarvollo
Vøndom mæ mæg skjifte

3. Aa alle lutø^e Hatto ne
aa inkje torde Kongjen svara
te saa svarabære den unge Ormaalen
han bære sit Hjarta i Snara

4. Te saa svara den lisle Guten
va femten Aar paa Alder ^{k192}
høirer du dæ du Fjølmoi Ryse

Du fær inkje halle dæg saa balle.

5. Aa dæ va no han F[jølmøi] R[yse]
han lette sæg ivi Hære
Hot æ de fe ein den lisle Guten
som sæg trur saa væl.

6. Du mæg spyr æg sko dæg svara
tottes du dæ noken Mon
Æg heiter unge Ormaalen
æ Fjodmors yngste Son

7. Aa æ du Sonen te Mani i dei
som Juri^{v273} i Houggi lagde
aa onde Brougdi lyser du
likjes du Faders Flagde.^{k193}

8. Aa æ du Sonen te Mani dei
som du ^{no} seier fe mæg
skjella f vexe søtan Kvisten
paa dæ beiske Tre. –

9. Imorgo fyry Middag saa ~~møter~~
saa moter du no mæg
men hav no inkje Børtingen
uti Færen mæ dæg

10. Imorgo etter Middag
du sit ve din Herres Bor
men hav no inkje Børtingjen
uppaa^{v274} denni Jor

11. Som dæ lei i Kyvellingji
Solli ran i Dale
Saa reiste han te Gravi Haugjen
aa længter mæ sin sælle Far tala

12. n102 Daa skaut en Stauren i Auren ne
aa ville paa Hello briote,
Fjodmor kasta Børtingjen
Gud lat dæg Si^gren njote

13. Han hoggje et Stykke otor Rysens Lær^{v275}

fuld væl saa va dæ vaxe
nyte saa va dei Faalan tvei
som tukka dei Lassi:^{k194}



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Under siste strofa i høgrespalta står det: Svara maa æg kje sova i Fre for dæg og under dette står det tre strofer med grannare penn og mindre skrift, under NB, såleis:

De va den unge Orm-Aalen – (Hertugsonen)
han ville paa hella briote
Han ropa te den i Hougen laag
aa ba en maatte Sægren niote

Da vakna den Man i Haugjen laag
dæ skrangla i kvite Tæn
hokken æ saa har aa hugabraa
han vækkjer up dauda Mæn

da gruste en sæg Gasten i Hougjen låg
da skrangla i kvite Bein,
maa æg inkje ~~mae Fred vera~~^{sova} i Fre fe dæg
inonde den hare Stein?

Den siste av desse strofene er markert med ei klamme, og utanfor står det «svara –». Rett etter siste ordet står det ei anna slik klamme med teksten Ingeleiv Ramberg. Det er uklart kva dette tyder; i oppskrifta etter Ingeleiv (oppskrift A) finst ikkje desse strofene, og det er usikkert om alle tre eller berre den siste er etter Ingeleiv.

Under oppskrifta står det: Far hans ^{Fjodmor} hadde dræbt alle Rys i Hougen som tilhørte Fjeldmøisriisen, df. <...> han houga ham.

Oppskrift C

TSB E 132: Ormålen unge

Oppskrift: 1863 av Sophus Bugge etter Hermod Larsson Dalen, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge d, 199–203 (kladd)

Ingen oppgjeven tittel. [v276](#)



1. De va' no den Fjølmyrysen
rugga han seg uppå tilje
kungen dú gjeve meg dótti di [k195](#)
med adde so gó en vilje
– So rår dú unge Ormålen fyrí hennar. –

2. De va unge Ormålen
brast han í å grøte
kom møt meg í morgó på leikarvodden
me sko kvoraire prøve.

3. De va' no den Fjølmyrysen
glódde seg att ivi hær
hot æ de fy en liten gút'e
som trúr seg soso væl.

4. Høyrer du dú lísle gút
hot eg bee deg
at vi [v277](#) seie meg fairnavni
anten de æ' trodd hell Træl,

5. Ðu^{Eg} meg seie, eg^{dú} deg spyre,
synest [k196](#) deg vera stór, [k197](#)
eg æ' unge Ormålen,
Júrsans yngste són.

6. Æ dú komen av manne dei
som dú seie fy meg
sjella so vex'e de søte kviste
på de beiske tré.

7. Framm kom gamle gývremóire
dei kadda æ Skuffa den stóre,
hot felar deg sele sónen min
mæ du site so stúr fyre bóri.

8. Eg hev lagt í mót í morgó
mæ so liten en svein
de synest [k198](#) meg so iddi vera

at di sko 'kje møte barre ein.

9. Han sette stauren nér í auren
de skranglar í hvítan tenni,
kven æ som æ so har å hugabra
at han vekkjer upp daue menni.

10. Eg løyvde ette meg åker å eng
å både gull å fé
men hot æ de som du tregar på
som eg ha' úti haugjen mæ mé.

11. Du løyvde e[tte] deg å[ker] å e[ng]
[å både gull å] fé,
fyrutta den skarpe byrtjingjen,
den ha' dú í haugjen mæ dé.

12. Han sette stauren nérí auren
ba' en ville heddja brjóte
so tók en upp sværi mæ bæ sine hendar
ba sin sæle sónen de njóte.

13. Dei møttes um morgóen på leikarvodden
í de sama sinni
hogg no til dú lisle gút,
ti dú fedd'e mannen mindri.

14. De va unge O[rmålen]
smíler han derved
dú heve so stort eitt véli dú [k199](#)
dú hogg'e ti når dú ví'.

15. De va u[nge] O[rmålen]
hoggji han ti mæ ayli,
so kløyvde'n skjollen å brynja ný
å rysen alt né ti navli.

16. Høyre du unge O[rmålen]
hott eg ti deg talar
må eg liggje í haugjen den
som drengjinne dei drikke dvala.

17. Dú sko 'kje liggje í haugjen den

der dr[engjinne] dei dr[ikke] dv[ala]
men dú sko' av nór på bergje blå
å ravnanne sko ivi deg gala.

18. Dú sko ['kje liggje í haugjen den]
í den vígde moll,
men dú sko av nór p[å] b[ergje] b[lå]
å ravnanne sko bera di holl.



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta. Ved overskrifta står: (Herma Sæbersli. Mo. 1863.)

Reinskrift: NFS S. Bugge VIIIb, 389–393

TSB E 133 Holger Dansk og Burmann

Innleiing

Kjempe Burman kjem til Islands konge for å fri til kongsdottera Gloriant. Kongen svarer at dotter hans er trulova til ein annan, men Burmann gjev seg ikkje med det. Kongen ber om å få tid til å rådslå med frendane sine, noko Burmann går med på. Men Gloriant vil slett ikkje ha Burmann, og ho går til kongens fangetårn og spør om Holger Dansk ligg der. Det gjer han, og så spør ho om han vil kjempe mot Burmann for henne. Holger svarar at han har lege som kongens fange i femten år og klarer knapt å krype, men dersom Gloriant skaffar han hest og sverd, vil han kjempe for henne. Det får han. Før kampen rir Burmann fram for Gloriant og ber henne sjå kor vakkert han sit på hesten. «Du er ikkje vakker», seier ho, «du er eit troll med ein nase tre alen lang». Burmann er redd for Holger Dansk og krøkjer rumpa under seg. I det tredje dystrittet slår Holger han i hel.

Holger Dansk er ein europisk segnhelt. Han dukkar først opp på 1100-talet som Ogier le Danois, ein av Karl den stores menn, i det franske *Rolandskvadet*, men på 1300-talet er han hovudpersonen i *La Chevalerie d'Ogier de Danemarche*. I nordiske kjelder kjenner vi han frå *Karlamagnús saga*, ei riddarsoge som vart skriven i kong Håkon Håkonssons tid på grunnlag av franske heltedikt om Karl den store og mennene hans. Denne vestnordiske saga vart omsett til dansk på 1400-talet, og ho kom ut på trykk som *Karl Magnus' Krønike* i 1496. Folkeboka kom stadig ut i nye opplag og vart svært populær, både i Danmark og Noreg, til langt opp på 1800-talet.

I taket på Floda kyrka i Södermanland er det på 1400-talet måla eit bilete av fire kjemper som slåst mot kvarandre. Alle har namn som vi kjenner frå balladar, og målareren har også fått plass til eit omkvad: «Hollager dans han wan siger af Burman».

Forskarar som Sverker Ek og Ernst von der Recke meinte at visa om Holger Dansk og Burmann må ha vore dikta i det vestnordiske området, kanskje helst Noreg. Sverker Ek meinte at den svenske varianten måtte ha kome til Sverige frå Noreg, for mange av strofene i den svenske varianten likna svært på norske viser som «Råmund unge» (TSB E 139) og «Ormålen unge» (TSB E 132). Visa skulle så ha kome frå Sverige til Danmark. Det må ha skjedd seinast på 1400-talet, for episoden om Holger Dansk og Burmann er sett inn i *Karl Magnus' Krønike* frå 1496.

Holger Danske kom til å bli ein sentral figur i dansk litteratur og kunst. I 1789 sette F.L.Æ. Kunzen og Jens Baggesen opp «Holger Danske» som den første danske opera. I 1837 gav B.S. Ingemann ut den episke diktsyklusen «Holger Danske».

Inspirert av Ingemann og gamle segner skreiv H.C. Andersen eventyret «Holger Danske». Der er det fortalt at Holger Danske sit djupt nede i ein kjellar under gamle Kronborg. Han er kledd i jarn og stål, og skjegget hans har vokse fast i steinbordet. Han er ikkje død, men han drøymmer, og dersom fedrelandet

skulle kome i fare, reiser han seg så steinbordet rivner. Under siste krigen brukte ei av dei største danske motstandsgruppene namnet «Holger Danske».

Talleiv Olsson Rui frå Fyresdal i Telemark og Hæge Ansteinsdotter Kilan/Findreng frå Lårdal i Telemark song visa for Johanna Berge. Teksten hadde dei frå Kjempeviseboka.

Holger Dansk er også nemnd i «Kong Diderik og kjempene hans» (TSB E 10).

DgF 30
SMB 216

Oppskrift A

TSB E 133: Holger Dansk og Burmann

Oppskrift: Kjempeviseboka, utg. 1787, Første Part, XIV. (80–83).

Oppgjeven tittel: Burmand og Olger Danske.



1. Burmand holder i Fielden ud,
han lader sin Skiold vel skinne:
Sender han Bud til Iselands Kong,
om han haver Dotter hin venne.
– Olger Danske han vant Seyr af Burmand. –

2. Hør du Iselands Konning gode,
du hør hvad jeg siger dig:
Du skalt give mig din Daatter,
eller skifte dine Lande med mig.

3. Du skalt enten give mig Daatter din,
Eller skifte med mig dine Lande;
Eller du skal skaffe mig den Kæmpe god,
som mig i Striden kand bestande.

4. Jeg haver mig ikke Daatter uden en,
Jomfru Gloriant de hende kalde:
Jeg haver hende Kong Karl trolovet,
Jeg troer hannem vel med alle.

5. Jeg haver hende en Konge bortgiven,
Kong Karl saa er hans Navn:
Kand han hende ikke for dig verie,
da ganger hun dig til Gavn.

6. Det var Iselands Konning,
han ganger i Buret ind:
Det var Jomfru Gloriant
hun staar hannem op igien.

7. Hør du allerkieriste Daatter min,
og her er Tidende af ny:
Burmand holder i Fielden ud,
han monne alt efter dig bie.

8. Burmand er saa Haard en Helled,
Og han farer ikke med Tandt:
Han vil endelig have dig,
uden nogen vil hannem bestande.

9. Det var Jomfru Gloriant,
hun vilde ikke længer tie:
Her er en Fange i Taarnet inde,
jeg tenker han skal hannem bie.

10. Vilt du give mig Ære din,
du Jomfru faur og væn:
Da skal jeg slaa dig Olger Dansk,
og binde dig Karl alleene.

11. Det var Jomfru Gloriant,
tager over sig Kaaben blaa;
Saa gaar hun til det Fange-Taarn,
som alle de Fanger laa.

12. Det var Jomfru Gloriant,
hun raaber over alle de Fanger:
Hør du goden Olger Danske,
og est du før at gange.

13. Est du levende Olger Danske,
jeg siger dig paa min Sand;
Her er en Trold begierer mig,

og det er sorten Burmand.

14. Ikke vil jeg den fule Gast,
jeg lover mig en Christen Mand;
Kand du hannem i Kamp overvinde,
saa glad ganger jeg dig til Haande.

15. Her haver jeg ligget i Femten Aar,
I Baand og haarden fange;
Vel vorder eder Jomfru Gloriant,
at I ville til mig gange.

16. Her haver jeg ligget i Femten Aar,
og lidet baade Hunger og Tørst;
Saa liden er min Formue,
at stride mod Trolden først.

17. Høre I goden Olger Danske,
I hielpe mig af denne Nød;
Førre jeg tager ved den lede Trold,
langt heller var jeg død.

18. Manden er grum og Hesten er gram,
det siger jeg eder for sand;
Jeg haver det hørt og spurt forvist,
han bider med Ulve-Tand.

19. Og hverken vilde de andet æde,
end Kiød af Christen Mand;
Ikke da vilde de andet drikke,
end Blod med Ædder bland.

20. Eders Fader gav eder saa fiin en Mand,
Konning Karl saa er hans Navn:
Kand han eder ikke for Trolden verie,
saa ganger I mig til Haande.

21. Vel eder Jomfru Gloriant,
At I vilde til mig gange;
I give mig Spise og Drikke saa goed,
jeg bryder med Burmand en stang.

22. Kinde I flye mig min Hest igien,

der til min Brynie og Sværd:
Jeg gjorde det for eders skyld,
jeg reed med hannem en ferd.

23. Kong Karl han er min Staldbroder tro,
han skal det virkelig spørre:
Førre da skal jeg lade mit Liv,
førre Burmand skal eder henføre.

24. Jeg vil skaffe dig Kaasten goed,
den beste dig lyster at æde:
Saa giver jeg dig din Hest igien,
som dig lyster helst at ride.

25. Jeg vil give dig Sværd saa stærk,
som dig lyster at binde ved Side:
Der til fanger du Glafvind saa fast,
som du maatte vel paa lide.

26. Hun tog Olger af det Taarn,
de lode hannem Klæder skiære:
De satte hannem øverst til Bord,
de lode der Maden indbære.

27. Burmand kom der ridendis i Gaard,
han agted den Jomfru bortføre;
Olger Danske han mod hannem reed,
han fik hannem andet giøre.

28. De fegte i Dage, de fegtede i to,
den tredie Dag til qvelde;
Saa satte de dem paa en Steen,
der vilde de Kæmper hvile.

29. Det var goden Burmand Kamp,
han taler til Olger Danske;
Vilt du tro paa min Gud,
da tager jeg dig til Fange.

30. Det da svaret han Olger Danske,
han gad det ikke lidt;
Naar du kommer til Helvede hen,
sige at Olger sendte dig did.

31. Tilsammen rede de Hellede paa ny,
de vare jo begge saa sterke;
Sønder da gik deris gode Hielm,
og Glafvindet fløy langt i Mark.

32. De stridde saa lenge, de stridde saa hart,
de vare baade trætte og møde;
Slagen blev han Burmand Kamp,
han falt der død til Jord.

33. Olger reed til den skønne Jomfru,
I tage nu eders Festemand:
Jeg haver dræbt med mit gode Sværd,
den fule forgiftige Aand.



Strofene er nummererte i utgåva.

Oppskrift B

TSB E 133: Holger Dansk og Burmann

Oppskrift: 1913 av Johanna Berge etter Talleiv Olsson Rui, Fyresdal, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCLIII, 9–11.

Oppgjeven tittel: Burmann aa Olger Danske



1. Burmann holder i fjællenuten
han lader sin skjold at skine^{spølle skjine}
só sender hann bó til Iselands kòngjen;
aa hann haver dötteren vene
H[olger] D[anske] vandt seier av B[urmann].

2. Jeg har ikke dotter foruden en
j[omfru] Gloriant hende mon kalde
den haver eg til ein kongje bortgjeve
eg tror hann ~~hann~~ hende vel mæ alle.

3. Den haver jeg til en k[ongje] borgjeve
kong Karl dæ er hans navn
Kan hann hende ikkje for deg óndverge
só ganger hon deg til gavn.

4. Aa dæ va j[omfru] G[loriant]
ho kónne kje lenger tíe
der er ein fange i taarnet inde
Den trur eg visselig skulde bie

5. Ja dæ va j[omfru] G[loriant]
Høn over dæ fanger mon tale;
aa er du herinne þHþOlger D[anske]
om du vi j[omfru] G[loriant] svare.

6. Er du levende O[lger] D[anske]
eg seger deg for sand.
Der hev ein Troll begjeret meg
aa dæ er svarte Burmann

7. Her har eg sittet i 18 aar
i jern aa haarde fange
tvi vorde deg j[omfru] G[loriant]
som her tí meg ville gange

8. Ja har har eg sitet i 18 aar
har lidet baat' honger aa tørst
Aaþaþ liten er no min formue
aa stride mot trollen først

9. So tok de ham av taarne ut
aa lot ham klæder skjere
sò satte de ham over dæ bór
aa de monne maten frambære

10. Olger réd til skjønne jomfru
s.

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Etter siste verselina står det: (2 seneste vers likens som i oppskriften)

Oppskrift C

TSB E 133: Holger Dansk og Burmann

Oppskrift: 1913 av Johanna Berge etter Hæge Ansteinsdotter Kilan/Findreng, Vrådal, Kviteseid, Telemark..

Orig. ms.: TGM R. Berge CCLIII, 27.

Oppgjeven tittel: Burmann



1. Burmann holder i fjelle ut
hann later sit skjoll vel skjine
sender'n bò tì kjeisar Karl
om han maatt' få hans dótter fine
– Olger Danske vann seier av Burmann –

TSB E 139 Råmund unge

Innleiing

Ein bonde har tolv søner, og Råmund er den fremste av dei. Han tener hos kongen, men dei andre hovmennene mobbar han, fordi han har så dårlege klede. Råmund går inn til fostermor si og ber henne sy seg betre klede, men ho vev ein kledning av neslefiber og små vidjer. Så går han inn til kongsdottera. Ho ber han kaste dei stygge kleda, og så skjer ho silkeklede til han.

Nordanfor kongsgarden bur det eit troll som heiter Hølgje kvass. Han trugar kongen for å få han til å gje seg kongsdottera. «Du skulle heller gje meg dotter di», seier unge Råmund.

Trollet ser seg over skuldra og spør kva det er for ein liten gut som slår så stort på. Men Råmund er ikkje redd, og han lovar at han skal møte trollet på leikarvollen. Fremst rir kongens menn i sine brynjer, men når kampen byrjer, skjelv dei alle. Råmund, derimot, feller trollet med klubba si.

Råmund ser ut over fjorden, og der ser han trollet, Trugjen, som ror i ein jarnbåt. Han har rodd heile natta for å leite etter Hølgje kvass, som var morbror hans. Råmund ropar til trollet: «Er han din morbror, er han også min frende». Saman ror dei innover, og Trugjen trur at Råmund er hans frende. Småtrolla lurar likevel på korleis det har seg at Råmund har sverdet til Hølgje kvass. Råmund hogg ned Trugjen og alle småtrolla.

På eit vis må emnet til denne visa vore henta frå ei islandsk soge, *Hrómundar saga Gripssonar*. I *Sturlunga saga* står det at bonden Rolv frå Skolmarnes fortalte denne soga i eit gjestebod i Reykhólar på Vest-Island i 1119, og han skulle ha sett soga saman sjølv.

I soga er det ikkje mykje vi kan kjenne att, bortsett frå namnet til Råmund. Soga fortel om vikingferder, plyndring av gravhaugar og kamp med ein dauding inne i haugen. Råmund får kongsdottera Svankvit fordi han hjelpte kongen, far hennar, til å vinne over to andre kongar.

I visa er emnet vorte enda meir eventyr. Råmund hentar prinsessa ut frå berget, og sjølv er han ein oskeladd som slår trolla i hel med ei klubbe, mens kongen og hovmennene skjelv.

I balladane er det vanlegast at omkvedet er det same i heile visa, men i mange av skjemteballadane kan vi òg høyre at omkvedet endrar seg. Visa om Råmund unge har også eit varierende omkved som gjev visa eit ironisk-burlesk preg.

Visa har nok vore ei mannsviser for det er ein del fleire oppskrifter etter menn som det er etter kvinner, og i heile materialet er det omlag 60% kvinner og 40% menn.

Storparten av oppskriftene er frå Telemark, men det er også fleire frå Agder. Dessutan har Nikka

Vonen skrive opp ein tekst frå Sogn og Fjordane og J.J. Haddal har skrive opp ein tekst frå Herøy på Sunnmøre. T. Hannaas har ein tekst etter ukjent songar. Desse tre variantane er prega av danske skillingstrykk.

Visa har også vore populær i Danmark, Sverige og Finland, men dei fleste meiner at visa må ha vore dikta i Noreg og seinare spreidd til dei andre landa. At visa har vore populær i Noreg ser vi også på at det er dokumentert heile 21 melodiar til visa. Dei fleste er frå Telemark, men det finst også melodiar frå Østfold, Vestfold, Vest-Agder, Setesdal, Valdres, Hedmark, Gudbrandsdalen, Sunnfjord, Nordmøre og Trøndelag.

Utsyn 10

DgF 28

SMB 217

FSF 26

Oppskrift A

TSB E 139: Råmund unge

Oppskrift: (NFS-kopi av Torleiv Hannaas' avskrift av) skillingstrykk frå 1761

Orig. ms.: EFA 40, 10–16.

Oppgjeven tittel: En meget lystig Kæmpe-Viise, om den stærke og dristige Ramunder, som har udstaaet adskillige haarde og stærke Kæmper, og er dog altid igienkommen med Seyer. Kand synges efter enhvers Behag, eller som Axel Tordsøns Viise. Trykt 1761.



1. Ramund han var sig en bedre Mand,
Om han havde bedre Klæder,
Dronningen gav hannem Klæder paa Stand
Af Blaargarn, Bast og Læder,
– Saadant vil jeg ey have, sagde Ramund,
Saadant staaer mig intet brav,
sagde Ramund til den Unge. –

2. Frøkenen gav hannem Klæderne nye,
Af Silke og Sammete fine,
Bast og Blaargarn er verre end Rye,
Det kand du give Tienerne dine,

– Saadant vil jeg ey have, sagde Ramund,
Saadant staaer sig ikke brav,
sagde Ramund til den Unge. –

3. Ramund gik sig i Stuen ind
Alt til den netteste Skræder,
Hør du Skræder baade faur og fiin:
Vil du giøre Ramunder Klæder?
– Hvorfor ikke det, sagde Skræderen,
Da gjør du meget vel,
sagde Ramund til den Unge. –

4. Halvtredsindstive Alne Buxe-Tøy,
Og femten til Buxe-Remme,
Det skal du giøre mig sterk og drøy,
Om du skal Buxerne sømme,
– Dette er mig meget trang, sagde Ramund,
jeg kand ikke skræve min Gang,
sagde Ramund til den Unge. –

5. Ramunder udtæglede Skibene sin'
Med udslagne Seyle ved Strande,
Saa seyled' han sig over salten Søe,
Alt ind paa Kæmpernes Lande,
– Nu er vi kommen her, sagde Ramund,
Foruden stor Besvær,
sagde Ramund til den Unge. –

6. Ramunder gik ved salten Søe-Strand,
Der saae han syv Kæmper stande,
Tar jeg Ramunder paa min mindste haand,
jeg kaster hannem langt fra Lande,
– Det gjør ikke allene du, sagde Ramund,
Kom, j maa alle syv,
sagde Ramund til den Unge. –

7. Ramund tog til sit dyre Sværd,
Det han kaldte Dymlingen røde,
Han hug de syv Kæmper med en Færd,
At Blodet randt dennem til Døde,
– Der ligger j alle syv, sagde Ramund,
Alt staaer jeg her endnu,
sagde Ramund til den unge. –

8. Ramund gik frem til samme Havbred,
Der saae han den store Kæmpe,
Halvtredsinstive Alne var han bred,
Og hundrede var hans Længde;
– Vel er du bred og lang, sagde Ramund,
Har du Lyst at kæmpes engang,
sagde Ramund til den Unge. –

9. Kiere Ramund, du lader mig lev',
Og gør mig ingen Skade,
Jeg giver dig syv Tønder Guld vel giev',
Og vil i klaren Viin dig bade,
– Den ottende slunter med, sagde Ramund,
Dog sabler jeg dig ned,
sagde Ramund til den Unge –

10. Den første Dag de sammendrog,
De kæmpedes med bare Hænder,
Ramund nappet i Kiæmpens Skiæg,
Alt Kiødet løsnedes fra Tænder,
– Ilde griner du, sagde Ramund,
Ilde seer du nu ud,
sagde Ramund til den Unge. –

11. Den anden Dag de sammen lod staae
De ginge sammen med Vrede,
Det store Steen-Bierg de stode paa,
De neder i Leeret mon træde,
– Den Leeg er vel haard, sagde Kæmpen,
Vi begyndte den nys i Gaar,
sagde Ramund til den Unge. –

12. Ramund nappede til sit gode Sværd,
Som han kaldte Dymlingen dyre,
Saa hug han Kæmpens Hoved høyt i Vær,
Som fire par Øxen nepp' kunde røre.
– Jeg meente det beed ey med Skiel, sagde Ramund,
Det beed alligevel
sagde Ramund til den Unge. –

13. Ramunder gik sig i Bierget ind
Til alle smaa Trolde Sæde,
Saa stride randt Taaren Trolde paa Kind,

De maatte for Ramunder græde,
– Hvi græder du for mig, sagde Ramund?
Jeg loe aldrig av dig,
sagde Ramund til den Unge. –

14. Ramunder rykte og slogs omkring,
Alt som en rasker Helte,
Alle Trolde han kiørde i Ring
Og dennem til Jorden nedfeldte,
– Herinde raader jeg nu brav, sagde Ramund,
Det falder sig saa vel i Lav,
sagde Ramund til den Unge. –

15. Ramund steeg ind i Skibet fuld snar,
Det knaget i hver en Bunke,
Alle de Baatsmænd i Skibet var,
De tænkte De skulle siunke,
– Vi synker ikke her, sagde Ramund,
Vi seyler lige nær,
sagde Ramund til den Unge. –

16. Ramunder ladede Skibene syv
Med Guld og Ædel-Steene,
Og seyled saa over den Søe saa stiv
Hen ind paa Keyserens Lene,
– Nu er vi kommen her, sagde Ramund,
Nu har vi bedre lært,
sagde Ramund til den Unge. –

17. Ramund kasted Anker paa hviden Sand,
Og Stavnen mod Landet lod svinge,
Selv var Ramund den første Mand,
Som ind paa Landet monn' springe,
– Vover intet fleer, sagde Ramund,
Vover intet meer,
sagde Ramund til den Unge. –

18. Ramund gik sig ad Bold-Huuset ind,
Der de leegte Bold og Guld-Terning,
Alle forskrekkedes for Ramunds Skind,
Og grumme Geberder og Gierning,
– Vakker leeger i, sagde Ramund,
Jeg faaer at lege frie,

sagde Ramund til den Unge. –

19. Keyseren ud af Vinduet saae,
Med Anger og sorrigfuld Mine,
Hvem er den Mand i Gaarden mon staae,
Og der saa hesselig grine?
– Det er mig, har du Lyst, sagde Ramund,
At vove med mig en Dyst,
sagde Ramund til den Unge. –

20. Ramunder slog sine Hænder saa hart,
At Huuset toeg til at ryste,
Ilde haver jeg dig hidtil spart,
Om mig i Døden vil kryste,
– Kom du need til mig, sagde Ramund,
Jeg har Lyst at kæmpes med dig,
sagde Ramund til den Unge. –

21. Ramund slog paa sit skønne Sværd,
At Jorden hun gunged og ryste,
Ned paa Marken daanede Fuglenes Hær,
som tilforn siunge paa Qviste,
– Ret nu bliver jeg vred, sagde Ramund,
Kommer du ikke need,
sagde Ramund til den Unge. –

22. Ramund gik til Dørren ind
Med ivrige Sind og Tanker,
Jeg skal nu ind i Salen trin,
Fast Jern-Skaader og Staal-Anker,
– Agter jeg ey ved en Svamp, sagde Ramund,
Her bliver en haard Kamp,
sagde Ramund til Keyseren –

23. Ramunder stødte paa Dørren med Stang,
At Slottet alle steds revnet,
Vinduer og Dørre af Veggen udsprang,
Og Muren med Jorden blev jevnet,
– Saae du jeg slap ind, sagde Ramund,
Det vil gielde dit Skind
sagde Ramund til Keyseren –

24. Kiere Ramund, giv mig mit Liv,

Jeg saae end aldrig din Lige,
Min yngste Datter vil jeg dig giv',
Og halvparten af mit Rige,
– Det eyer jeg alleen', sagde Ramund,
Dog knager dit Hals-Been,
sagde Ramund til Keyseren. –

25. Ramunder tog til sin store Kniv,
Den han kaldte Dymplingens Piile,
Saa skildte han Keyseren af med sit Liv,
At Hovedet fløy femten Miile,
– Jeg meente den ey beed, sagde Ramund,
Dog rinder Blodet ned,
sagde Ramund til Keyseren. –



Strofene er nummererte i oppskrifta.

Skillingstrykket er ei dansk omsetjing av den svenske versjonen av visa, jf. DGF nr. 28 og SMB nr. 217.

Oppskrift B

TSB E 139: Råmund unge

Oppskrift: (NFS-kopi av) Risnes-boka med oppskrift frå 1826 av ukjend samlar etter ukjend songar, ukjend stad.

Orig. ms.: EFA T. Hannaas 74, 129–133.

Ingen oppgjeven tittel.



1. Ramond gaar paa Leyger Vol
skiemta han sig med svera
15^{ten} bøda paa Rav
han aate ske klæan bær
– Dey tine mig fulla vel sagde Rige Ramond –

2. Rige Ramond gaar
for sin moder at kiere
min moder du skierre mig klæde
De andre Rider hæe
– det liga ske ieg sage Rige Ramond –

3. Han tog af den styge væv
i benken som han Llaag
Varpe var af motland
og vepten af vigge smaee
– de tina mig fulla vel sage Rige Ramond –

4. Han tog af den styge vev
saa myge som han kunde bæra
bar de til næsters bye
Lil kierstin du skiere mig klæna
– du kier paa hovu sag Rige Ramond –

5. Kasta bort den styge
og sig du har han taba
Du ved Icke Rige Ramon
hvad Lycke gud heve dig skaba
– han skaban goe sagde Ram[on] –

6. Kasta bort den styge vev
og ~~sig du hav~~ Trøe han ned i Dye
Ieg tege skrue og skarlag
og kiere dig klæder nye
– Dæi Væeg ieg du jære sagde Rige R[amon] –

7. Hun tog skrue og skarlag
og han klæder ny
Hendes fader og moder saag der paa
Den Gierning hun vilde giøre
– de jæra for mig sagde Rige Ramond –

8. Ind saa kom den Helge Qval
og muren suigt under tilie
konge giv mæg Dote di
med baee dokars vilie
– du skae han Lad være sagde Rige Ramond. –

9. Hør di Rige Ramund

og vil du føre han stanna
saa møde du mig paa leygard vol
og krien døde skal du fanga
– ieg tore Nok møde sagd Rige Ram[und] –

10. og det var dane Kongen
aa skolv han som Et merke
Hielpe mig gud og Ramond
ieg skielve med brøngen i sierke
– saa skelv ike mina sagde Rige R[am]ond –

11. Aarlig Var om morgenen
solen Røder i Lide
op stod Rige Ramond
skiepte han klubaa sina
– naa lage æg mæg til strina sagde Rige Ramond –

12. og det var Rige Ramond
han paa Leyger Vol fram
Møte han han Helge Qvas
med 18ten tusen mand
– saa skal Me døsten Ride sagde Rige Rammund –

13. Den første døsten de sammen Red
og det Vaa alt af gamma
dey traada Bierget under sin fod
som det hav Været læyre
– Med Hamra Saa tõe Me for sagte sa Rige Rammund –

14. Den 2den Dyst dæy samem Red
og var Alt Af vreyea
Dey trøde berget under sig fod
som Dey havde stae i LæyRaa
– Naa trøde mee hart sagde Rige Ramond –

15. Daa han havde Veye dey Helgesmend
og Hugget dey hovet i fraa
for uden naa han Helge Quas
H[an] Ran i Roan baad
– naa slabt du mig skamlig sagde Ramond –

16. Aa hør du Rige Ramond
og vil du lae mig Levea

saa følge du mig i fieldet Jnd
og driker Veraæn Miø
– og vist æg tore Nok fyra sagde Rige Ramond –

17. og dør Drak dey den første
den Anden Dag mod qvelde
og daa lengtes Rige Ramond
naa drak me Alt for lenge
– naa Drak me for ^{lengē} sagde Rige Ramund –

18. og det var naa Helge Qvas
han skiengte j sylver skaale
og snare Rige Ramond
han hugde han hovet i fra
– naa Lae ieg Gusellen sagde Rige Ramond –

19. Det var Rige Ramond
han Vilde at fieldet Ridæ
saag han Lanbente Reyse kom
han fram Ette kom skrians
– du skrie Lide hit sagde Rige Ramond –

20. Ramund tog Reysen i haa og skieg
saa kiødet Losna fraa Tanna
naa seer du Liger ut til Et heyebeyst
en til en kriste manna
– Qvi grine du saa kallig sagde Ri[ge Ramond] –

21. Ramond gav Reysen ^{et} Nevehug
Det lotes mig være ont
øina ut kinnbenne
og kiego Den gik sond
– naa slog iæg saare hart sagde R[ige] Ramond –

22. Aa hør du Rige Ramond
og vil du Lade mig Leve
7 tønder ud af Rode guld
og det Vil æg deæg gjæva
– du slengete paa den 8^{te} sagde Rige Ramond –

23. og det Var Rige Ramond
og han sit sverd ud drog
hogde han Langbente Reyse

han falt i Ludan tvo
– naa æg herre Øve det Adde sagde Rige Ramond –

24. Han tog baade sylv og guld
han lade 15^{ten} skiebe og baada
saa seyland sig for kongens gaard
han var baade glad og kaad
– Qvi maa mi okke ske glæea sagde Rige Ramond –



Strofene er nummererte i oppskrifta.

Skrifta er ustø og somtid vanskeleg å tolke. Det er liten skilnad på store og små bokstavar. Ortografien er også ustø, og ein kan såleis møte skrivemåtar som «vigge» for «vidje». Jamfør oppskrift D, som ligg svært nær denne i innhald.

Etter oppskrifta står det: 1826 Riisnæs 1826

Oppskrift C

TSB E 139: Råmund unge

Oppskrift: 1840-åra av Olea Crøger etter Olav Olsson Glosimot, Seljord, Telemark.

Orig. ms.: NB Ms 4° 644, 27–33.

Oppgjeven tittel: Unge Raamon



1. Hær bur naa ein Bonde inkje lang herifraa
Aa den som heiter naa Stein
Han hæve sæg dei Sønir Taalv
Men ingjen æ slike som ein
– Aa dæ va naa fullan æg
saa en onge Raamon –

2. Dei tener sæg uti Kongjens Gar
Han Homlong aa saa han Kaare
Men ingjen æ slike som onge Raamon

Fæ han bære Hjarta a Staale
– Aa de æ naa vel inkje av Staal
saa en onge Raamon –

3. Dei gjænge sæg upaa Leikarvøllø
Dær Hofmænnænⁿ¹⁰³ leikar te Hove
Aa daa va han Raamon paa Nokune^{k200} bær
Dei Hofmænnæn at honom loge
–De tar 'kje læ at mæg
saa en onge Raamon –

4. Han gjænge sæg te si Fostermoer ind
Aa ba henar skjæra sæg Klær
Kongjen han vi mæg i Tenesti hava
Has Hofmæn mæg spottar aa hæei
– De tar mæg inkje hæ
saa en onge Raa[mon] –

5. Aa Varpe de va uta Nøsleriis
Aa Væfta i Vieren smaa
Dæ va naa inkje a Silkje gjort
Som Raamon te Klæer skul faa
– Nei dæ va inkje Silkje,
saa en onge R[aamon] –

6. Aa Varpe, de va uta Naasleries
Aa Væfta i Viere hare
Dæ vaa naa inkje Silkjeduk
Dæ Raamon han flutte a Gare
– Æg fær vel inaa Klæe
saa en unge R[aamon] –

7. Han gjænge sæg te Kaangsdøtteri ind
Aa ba henar skjære sæg Klæe
Din Faer vi mæg i Tenesten hava
Has Hofmænd mæg spottar aa hæet
– De tar mæg inkje hæ
saa en onge R[aamon] –

8. Saa rækte ho up den Silkje Duk
Aa skar honom R[aamon] Klæe
Kongjen aa Draaningje ondras paa
Kvi R[aamon] sku faa slike Klæe

– De tar slet inkje ondras
sae en onge R[aamon] –

9. Dæ bur naa et Trøl uti Berje nor
Som ville Kongsdotteri herje
Aa Kongjen han viste sæg ingja Raa
Han ville si Daatteri bergje
– Æg skaa henar fulla verje
sae [en onge Raamon] –

10. Aa ind saa kjæm han Hølje-Kvast
Dæ totte bræste onder Ein Tilje
Du Kongje Du skaa mæg Di Daatteri gjeva
Men alt mæ goan Vilje
– Du skaa henar inkje faat
saa [en onge Raamon] –

11. Dæ va no han Hølje Kvast
Han glytte sæg bak ivi Hær^{k201}
Haat æ de fæ ein liten Gut
Som sæg maa tru saa væl
– De æ naa fulla æg
[saa en onge Raamon] –

12. Aa vreiⁿ¹⁰⁴ saa blei naa han Hølje Kvast
Saa han stuka i adde Møllø^{k202}
Du Raamon Du skaa mæg møte idag
Alt upaa Leikarvølle
– Æg skaa dæg fulla møte
saa [en onge Raamon] –

13. Aa fyri gjek alle Kongjens Hofmænd
Aa alle i Brynjune sie
Men ette gjek Raamon, Bondens Son
Han skjefte paa Klubba den frie
– Naa æ mi Klubba skjefte
sa<a> [en onge Raamon] –

14. ^{Aa} Dæ va no han Hølje Kvast
Han snædde ette Kongjens Mærkje
Aa Kongjen aa Hofmännæn saag derpaa
Dei skalv liksom Ringjin i Særkje
– De tar naa inkje sjelve

sa [en onge Raamon] –

15. Dæ var Raamon, Bondens Son
Han snædde mæ Klubba den frie
Saa slo han te honom Hølje Kvast
Has Hovu i Lutine drive
– No slo æg hosta hart
sa [en onge Raamon] –

16. Aa Dæ va Raamon, Bondens Son
Han saae sæg ut ivi Fjor
Dær saae han trugjen ublid Svend
I stærke Jonbaaten han ror
– Aa ro no heran hit
sa [en onge Raamon] –

17. Aa æg heve vingla i heile Naat
Aa vildt ut paa Villanne Fjor
Aa æg heve leita ette Hølje Kvast
Dæ va naa min Mobroer
– Ja va dæ Mobro Din
saa va dæ Frænden min
sa [en onge Raamon] –

18. Dæ vonde sæg fram mæ Berje
Aa framette mæ are smaa Liur
Høire Du Raamon, Bondens Son
Sjo hær seer Du Frændæn Din
– Hær mone æg di sjao
s[a en onge Raamon] –

19. Aa dær sat adde dei Smaatrølli
Dæ glodda av dæires Tænne
Men haasse tru Kaanses goe Svær
Æ komen i Raamons Hænde
– Æg mone dæ væl faa
sa [en onge Raamon] –

20. Fyste høgje han trugjen ublid Svend
Sine aatte Hændar ifraa
Saa truga En honom ette Skortune fram
Dær som dæ Gulle laag
– Hær fin æg Gulle raat

sa [en onge Raamon] –

21. Saa høgje han trugjen ublid Svend

Saa han dat daue te Jor

Aa saa adde di Smaaetrølle

Saa skuva En Baaten paa Fjor

– Naa heve æg vore dær

sa [en onge Raamon] –



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

I venstremargen utanfor første og femte lina i strofe 14 og første lina i strofe 15, står det: Aa eller aa. Det er uvisst kva det tyder.

Oppskrift D

TSB E 139: Råmund unge

Oppskrift: 1915 av Haavard Austad etter Olav Eivindsson Austad, Bygland, Aust-Agder.

Orig. ms.: (NFS-kopi av) TGM R. Berge CCCXI, nr. 207.

Oppgjeven tittel: Rike Ramund



1. Ramund gjekk seg paa leikan-voll;

han skjemta med sitt sverd.

Og femtan bøta' paa ryggen han bar,

han aatte 'kje klæ'ene bet'

– «Det tene meg fulla vel,» sa han rike Ramund. –

2. Ramund gjekk for si moder aa kjære.

«Kjære moder du skjere meg klæ'e.

Dei andre riddara' ville meg hæ'e.

– Det lika 'kje eg,» sa han rike Ramund. –

3. So tok han den stygge veven,

i benken han laag.

Varpet var av nosle
og vepten av viggjane smaa.
– «Det tener meg fulla vel,» sa han rike Ramund. –

4. So tok han den stygge veven,
mest han kunne orke aa bere.
So reiste han seg til næste by.
«Lisle Kjersti du skjere meg klæ'e.
– Ein klædning fulla god,» sa han rike Ramund. –

5. «Tak du den stygge veven
og seg du hev han tapa.
Du veit 'kje, rike Ramund,
ko lykke Gud heve deg skapa.»
– «Ein skapning fulla god,» sa han rike Ramund. –

6. «Tak du den stygge veven
og trø han ned i dy.
Eg tek skru og skarlaken
og skjere klæ'e ny.»
– «Det veit eg visst du gjere,» sa han rike Ramund. –

7. So tok ho soks og skjære
og skar han Ramund klæ'e.
Fader og moder dei saage derpaa
ko gjening ho ville gjere.
– «Dette gjere ho for meg,» sa han rike Ramund. –

8. Inn kom han unge Helge Kvass
og muran' svikta under tilje.
«Konge du gjeve meg dotter di
og det med baae dykkos vilje!»
– «Du ska' late henne vere,» sa han rike Ramund. –

9. «Høyr du det, rike Ramund,
vil du 'kje henne avstanda,
du møter meg paa leikan-voll.
I krigen ska' du bli fanga.»
– «Eg tore nog møte,» sa han rike Ramund. –

10. Ti(d)legaste¹¹⁰⁵ morgonen,
daa soli ho rø'a i li'e,
daa stod rike Ramund upp

og skjepte klubbo sine.

– «No lage eg meg til aa stri'e,» sa han rike Ramund. –

11. Og Ramund han gjekk seg
paa leikan-vollen hen.

Der møtte han unge Helge Kvass
med attan hundre menn'.

– «No ska' me dusten ri'a,» sa han rike Ramund. –

12. Den fyste dust de saman red,
og de var alt av gama;
dei trodde berge under sin fot,
som dei ha' vor' klanna med hamra.

– «No trodde me fulla sagte,» sa han rike Ramund. –

13. Den andre dust de saman red,
og de var alt i vrei'e,
dei trodde berge under sin fot
som dei ha' vor' trampa i leire

– «No trodde me fulla hardt,» sa han rike Ramund. –

14. So tok han adde kungens ^{menn'}
og hoggje deires hovu' i fraa,
utan han unge Helge Kvass,
som slapp utaa ein roandes baat.

– «No slapp du meg fulla skamleg,» sa han rike Ramund. –

15. «Høyr du det rike Ramund,
du vil nok late meg live.
Syv tønder av det røde gull
so gjever eg deg.»

– «Du lengjer litt att paa den aattende,» sa han rike Ramund. –

16. So drakk dei fyrste dagen,
den andre til kvellen.
Daa leides rike Ramund.

«No drakk me fulla lengje.

– No drakk me alt for lengje,» sa han rike Ramund. –

17. Det va' no rike Ramund
med sitt sverd so broa.
So tok han unge Helge Kvass
og hoggje ha's hovu' ifraa.

– «No gjor' eg godt sellen,» sa han rike Ramund. –

18. Ti'legaste morgonen,
daa soli ho rø'a i li'e,
daa saag han Langbein Røse
framte med fjødde munne skri'e.

– «Du skrei' deg bære hit,» sa han rike Ramund. –

19. «Slik ein svine-hjuring
hev eg set fyrr
og lagt ha's augo tilsama.

– «Det gjer du 'kje med meg,» sa han rike Ramund. –

20. So tok han røsen i røsens skjegg
og kjøte losta fraa tanne.

«No va' du likar' eit heide-beist
hell du va' ein kristen mann'.»

– «Kvi grin du so stygt og kaldlegt?» sa han rike Ramund. –

21. Det va no rike Ramund
med sitt sverd so broa.

So tok han Langbein Røse
og hoggje ha's hovu' ifraa.

– «No er eg herre yve adde,» sa han rike Ramund. –

22. So tok han so mykje sylv og gull
at han løde baade skip og baata.
So seilte han seg under kongens gaard
og va' baade gla og kaate.

– «Kvi maa me okkaa 'kje glede?» sa han rike Ramund. –



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

TSB E 140 Kappen Illugen

Innleiing

Kongsdottera, Helleliti, vart bergteken ei julenatt. Kongen leitta etter henne på skip, på hestar og i øydeskogen. Ei jonsoknatt var han ute på skipet, men han fekk ikkje kveikje bål fordi knusken var våt. Då vart han var ein heller der det lyste oppunder. Kongen ropte ut at den som torde hente Helleliti ut, skulle få henne. Ingen andre enn Illugen torde å prøve. Han tok av seg riddarkleda og tok på seg nokre filler før han klatra opp i berget. Då han kom opp, fekk han sjå ei gyger som rota i elden med nasen. Ho spurde om kva slags reivebarn det var som var ute så seint. Illugen sa at han ikkje var noko reivebarn, men han var komen for å hente kongsdottera ut frå berget. Gygra svara at han ikkje kunne få nokon ut, før han hadde sagt noko som var heilt sant. Han sa, som sant var, at ho hadde ein nase stor som eit nautefjøs.

I ei silkeseng fekk Illugen sjå ei vakker møy. «Du kan få ligge med henne i natt», sa gygra, «men i morgon skal du døy». Neste morgon kom ho med sverdet sitt for å drepe Illugen og drog han fram etter håret, men han såg henne i auga og lo. Då vart ho sint og bles i luren for å kalle på dei sju søstrene sine. Illugen hogg gygra i to, og etter det drap han alle trolla. Illugen fekk Helleliti.

Denne visa har henta stoffet sitt frå ei islandsk soge, *Illuga saga Gríðarfóstra*. Visa følgjer saga ganske tett, men visediktaren har forenkla handlinga og teke bort nokre av personane. Soga fortel at ein kong Åle hadde ei dotter som heitte Signe. Mor til Signe var død, og kongen hadde gifta seg med Grimhild. Signe vart gift med kong Eirik, men då Eirik døydde, flytte Signe heim til far sin med dottera Hilde. Det viste seg at dronning Grimhild var ei heks. Ho skapte stedotter si om til ei stygg gyger og sende både henne og Hilde til ein heller langt nord i Gandvik. Der sat ho og drap kvar mann som vart forelska i Hilde.

På den tida var Ring ein småkonge i Danmark, og han hadde ein son som heitte Sigurd. Tett ved kongsgarden budde det ein gut som heitte Illugen. Dei var gode vener, svor seg i fostbrorlag og for i viking. Etter at dei hadde herja på Orknøyane og i Skottland, kom dei ut i ein storm som sende dei nordover og inn i Gandvik. Dei hadde ikkje varme om bord, og Illugen gjekk i land for å få eld. Om kvelden kom han til ein heller, og der møtte han ei stygg gyger. Ho hadde skjegg og var skallete på hovudet, hendene var som ørneklør, og ho var så svart at golvet såg kvitt ut ved sidan av henne. Han spurte henne om å få låne eld, og det skulle han få. Så kom det fram ei møy så vakker at han aldri hadde sett noko så vakkert. Det var dotter hennar, og om han kunne seie tre sanningar, skulle han få ligge med jenta. Illugen vart forelska og ville straks seie dei tre sanningane: «Helleren din er det største og sterkaste hus eg har sett. Eg har aldri sett styggare kvinnfolk enn du, og for det tredje er dotter di vakrare enn deg». Med det svaret var gygra nøgd, og Illugen gjekk til sengs med dottera. Dei hadde ikkje lege der lenge før gygra kom og greip Illugen i håret, drog hovudet opp på sengestokken og sette kniven sin på strupa hans. «Korleis kunne du tru du kunne få kjele med dotter mi», sa ho, «du skal døy straks». Illugen sa at ho hadde lova han fred og ingen fare. Dessutan hadde han aldri vore redd, og han var ikkje redd no heller. «Lagnaden har sendt meg til

helleren din, og ingen kan døy meir enn ein gong», sa Illugen. Gygra kasta han tilbake i senga, men etter at ho hadde truga han med kniven tre gonger utan at han vart redd, kom ho glad inn. Motet til Illugen hadde berga henne ut av ein stor trolldom. Gygra var kongsdottera Signe som hadde vore omskapt av Grimhild, og no hadde ho fått sin eigen skapnad igjen. Møya i senga var Hilde, dotter hennar. Illugen slo både Grimhild og dei sju søstrene hennar i hel. Sigurd kongsson gifta seg med Signe og arva riket etter far sin, og Illugen fekk Hilde.

I Danmark finst det variantar av visa frå slutten av 1500-talet, men alt tyder på at ho har vorte til i det vestnordiske området. Dei færøyske og norske variantane ligg nærmare den opphavlege saga.

I Noreg er visa berre dokumentert i Mo i Telemark, men dei fleste av oppskriftene er fullstendige.

Lindeman har skrive opp ein melodi etter Bendik Sveigdalen, og ein etter Tone Olsdatter Vistabakken, båe to frå Mo.

Utsyn 3

DgF 44

CCF 18

Oppskrift A

TSB E 140: Kappen Illugen

Oppskrift: 1856 av Sophus Bugge etter Hæge Olsdotter Årmote, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge I, 81–83 (reinskrift).

Oppgjeven tittel: Kappen Iddujen. I.



1. Kungen låg i havi nór
einom jonsoknott,
han fekk inkje út bjartan ellen,
fyr njóskje ha blivi rátt.

2. Á kungen lå i havi nór
den jonsoknotti dýre,
[så]ⁿ¹⁰⁶ såg han einom bjartan ellen
upp i fjøddo sjå gyvro.

3. Á Um tala danske konungjen
alt mæ så ein bli ein fagni:
«den som tore^{v278} hente me bjartan ellen,
han má mi dotteri hava».

4. Á stilt sat heile konungslýren
á ingjen tóre svara,
foruden^{fyutta} kappen Iddujen,
han koss 'kje vera gúten fælen.

5. Sá fór^{en} uto skarlaksklæo
á att i ein filleflangji^{k203}:
«hoste góe^{æ'} mine klæi skorne
i troddehyndar gange.»

6. Som Landst. V. 10; kun 3^{die} Linie: der sat heile konungslýren; og i 4^{die} Lin. der for dei; i 2^{den}
Linie kleiv.

7. Som Landst. V. 11, kun 3^{die} Linie som i frgd. V. og sidste Linie: så mangein mann han grøtte.

8. Som Landst. V. 12; kun kom, sat, og sidste Linie: á raka ór snortar av elli.

9. Á de va gamle gyvremóri,
dá reis ho upp frá elli;
de to sidste Lin. som Landst. V. 13 Lin. 3. 4, kun i 4. te meg for: så seint. Saa det alm. svar.
Kaddi meg.

10. - - - - -

- - - - -

«Á eg sku hente bjartan ellen
fyr Herbjønn på Gretti^{k204}.

11. «Du fær inkji bjartan ellen
or min hedderen út,
fyr du seje meg foddogø^{ie}
[fyr]^{n107v279} addi dessi trjúg»^{k205},

12. Som Landst. V. 19; ~~tryni med abent y~~^{tryni m. aab. y;} i Linie 3 snarpe – Hause.

- - - - -

- - - - -

- - - - -

13. så kasta en seg uppi jomfrusængi

á der sov han så lengji. [k206](#)

14. Så tók ho kappen Iddujen
á reiste'n uppá ende:
«eg sku' lære deg unge dreng'e
ti' sova så søtt mæ kvende.»

15. Så tók ho kappen Iddujen
á kasta'n [heilt] [n108v280](#) på gov,
de va' kappen Iddujen,
han add i augo lóg:

16. «Á høyr du kappen Iddujen,
eg kann inkji mæ deg bræle;»
så kasta ho en upp i jomfrusængji;
«du æ inkji gúten fælen».

17. Gyvri sette ^{hó} honn fyr munnen
á blés [v281](#) ho í så hart;
de hørde Jórunn joklekåpa
nóra ivi hav.

18. [Á de va'] [n109](#) kappen Iddujen,
dá blés han de skarpast' han kunna,
han sökkt'a ne Jórunn joklekåpa
mitt utpå havsens bunnar.



Strofene er nummererte i oppskrifta.

I Landstads Norske Folkeviser (1853) står balladen Bugge viser til på s. 22–28.

Oppskrift B

TSB E 140: Kappen Illugen

Oppskrift: 1856 av Sophus Bugge etter Gro Petersdotter Blikom, Skafså, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge I, 133–134 (reinskrift).

Oppgjeven tittel: Kappen Iddugjen II.



1. Líti sá va' ho Helelíti,
kom burt ei jólenott,
snøggare va' dæn gývremóri
ti' stela 'e burt sá skjótt.
2. Kungen let byggje langskípe
å mange hestar ringskó,
some sille på langskípe,
some på øyeskóg.
3. Som Landst. V. 3; kun i Lin. 3: kunna – få.
4. Som Landst. V. 4.–
5. Som Landst. V. 5; kun: jartans ellen; hedderen.
6. De va' danske konungjen,
rópa han sá hágt:
«dæn som vi' hente meg jartans ellen,
dæn sku' mí dotteri få.»
7. Alle lyfte på høian hatt,
men ingjen tór' kongjen svara, [k207](#)
bare han unge kappen Iddujen,
han totte 'kje de te' å spara.
8. Som Landst. V. 9 –
9. Som Landst. V. 10. –
10. Som Landst. V. 11.
11. Som Landst. V. 12; kun de to sidste Lin:
me dæn gamle gývremóri
ho raka sinunn [k208](#) elli.
12. Som Landst. V. 13. –
13. Som Landst. V. 14 –

14. Som Landst. V. 15; kun i 3^{die} Linie jartans; og 4^{de}: som her unde hedderen lýste.

15. Så mindedes Landst. V. 18; kun i 2^{den} Linie: blesa heve du bratt.

16. Landst. V. 20; kun i 2^{den} Linie: huga møy.

17. Landst. V. 21; kun i 4^{de} Linie: bare ei eistage nott. – så:

18. De va' unge kappen Iddujen,
han la' seg mæ støkkjen ne;
líti så va' ho Helelíti
sprang ho veggjen te.

19. Så Landst. V. 22. –

20. Landst. V. 23; kun i 2^{den} Lin. treiv – bór; og de 2 sidste Linier:
å de va' unge kappen Iddujen,
alt de í augu ló.

21. Så Landst. V. 25; kun i 1^{te} Linie lúen; i 2^{den} Linie: av vrei og de 2 sidste Linier:
de svora i Jóron jøklekåpa
nór unde trøddeflæe.

22. Så Landst. V. 31; men de to første Lin. så:
der blei stúk í are haddir,
stúk å mykje brestar;
og i Lin. 3: syninne.

23. Så Landst. V. 33, men de to første Lin. så:
Så tek han dæn gamle gyvremóri,
han gjere derav noko krakar [k209](#). [k210](#)

24. Så: Så tek han dæn gamle gyvremóri,
han kastar 'a høgt 'pi vé':
«såså gjere me kungens karar,
når me slíte kungens klæi.»

25. De va' unge kappen Iddujen,
han va' slett inkje fælen;
han tóre hente' atte Helelíti
nór unde trøddeflæi



Strofene frå 1 til 14 er nummererte i oppskrifta.

I Landstads Norske Folkeviser (1853) står balladen Bugge viser til på s. 22–28.

Oppskrift C

TSB E 140: Kappen Illugen

Oppskrift: 1889 og 1891 av Moltke Moe etter Torbjørg Gunnarsdotter Ripilen, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS M. Moe 25, 23–27 og 129–131.

Oppgjeven tittel: «Kappen Iddugjen»



1. Litæ^{k211} va ho Hægelitti^{Helelitæ}
kåm bört ei jolenått,
snøgg'e va den jyvremóéré
ti stela hænaf bört.

2. Her efter Torbjør et vers = Landstad v. 2

3. Kongjen^{v282} har leita på langskipi
den heile jonsokknøtt
han kunna 'kje varmé få
før (k)nósskji^{k212} ha blivé^{v283} rátt.

Her et efter Torbjørs udsagn et vers ganske som Landstad vers 4.

[n110](#)

4. De eine va nósskje, de are tøndre
de tre'e va flinti hare
de fjore va bá' jønn å stål
som sille fy varmen ráde.

5. Kongjen [har leita på langskipi]
den jonsoknotti dýre

so blei han var'e den bjartaⁿsellen
nór uti heddéren lýse.

6. Kongjen han tala ti adde si'^{v284} menn
hass tala den va sá:
«Kann dé hente mé bjartaⁿsellen
so má dé mi' dótteré fá.»

7. Dei lutte adde onder hattane
á ingjen tóre svara,
men ønge kappen Iddhugjen
han va'kji uten fælen.

8. ⁿ¹¹¹Så han'n av ^{seg} riddarklæi
å på seg ein fille flangji:
«Hòste gó æ mine klæi
i troddehåndé gange»

9. ⁿ¹¹²Å de va ónge K[appen] Idd[ugje]
klive han bergje blå:
onde sto adde kongjens karar
Høssi kann du fóte feste
óndrast der uppå.

10. ⁿ¹¹³ [Å de va ónge Kappen Iddugje]
[klive han bergje blå:]
Hòssé kann du fótefesti
i slette bergji fá.

11. Å inn kãm k[appen] Idd[ugjen]
de va so seint om kvelli,
å der sat gamle gjyvremóire
ho gróv mæ si' nasar i elli

12. Å der sat [gamle gjyvremóire]
[ho gróv mæ si' nasar i elli]
«Hott æ de fyr eitt kågabån
som kågar so seint um kvelli?»

13. «Vi du kadde meg kågabån,
so má du 'ti vóndí leite,
men unge k[appen] Idd[ugjen]
dæ lyster guten heite.»

14. [n114](#) Eg æ send ti bergji inn
eg skò ðe^{mi} bòe^{v285} framføre,
eg skå hente den bjartaⁿsellen
å få i^{v286} ei supandes^{v287} røre

15. [n115](#) «Du fær inkji bjartansellen
av min heddéren^{v288} út,
fyrr du seie meg sannheité
av adde dinóm truir^{v289}!»

16. [n116](#) «Nòsé Kjæften hev du som nautefjósi,
kjæften som bikkjetrøni,
mine^{v290} ougo æ snarpe i hausen
å dine^{v291} som fú på sveini^{v292k213}.»

17. [n117](#) Nosi^{v293} hev du som noutefjósi,
i blésa æ du bratt,
eg seie deg eitt av minóm óri truir,
eg sei kvòrt óri sannt.»

18. «Eg høyrer ðæ på drængjen,
at du æ huga møy,
i nått^{so} skå du få sova mæ 'æ
(~~men~~) imòrgó skå du døy.»

19. Å ðæ va no^{v294} Hælelitæ
ho upp i sængji låg:
«Ðæ æ no^{so} liti hugleggje
berre^{etter ett'} ei einaste nott.»

20. [n118](#) Ðæ va kappen Iddugjen
han la seg på þå stökkjen né
å ðæ va Helelite,
ho sprangg veggjen te.

21. [n119](#) Å ðæ va tilegt um morgóen,
mæ sama ðæ fór ti gry,
ðå kòm gamle gjyvremóiré
mæ kvasse søksæ sé^{v295}.

22. [n120](#) Ho tók 'en i hass gule lokkar,
ho kasta 'en ni på góv
å ðæ va K[appen] I[ddugjen]

han hæna upp i ougó lóg.

23. [n121](#) Á dæ va gamle gyvremoiré
ho tók ti av græi [k214k215](#),
ho kasta Iddugjen upp i sængji
«Rékjist dé so bæ!»

24. Sá sette ho luren for blóggarmunnen
á tútar i sá vrei'i,
dæ svòrar ti [v296](#) Jórònd Jóklekåpa
langt nór i heiann. [v297](#)

25. Sá tok han atte den sama luren
han tuta vénast han kunna
á [v298](#) søkte te^{ne} Jórond Jóklekåpa
mæ adde si sjau þo tunggar.

26. Der bleiv brak i den are haddé
å stuk'e å mykji bresti,
so [v299](#) kãm hennes systar sjau
å adde mæ [v300](#) renggskodde hestar.

27. [n122](#) So tók han den gamle gyvremoiré
kastar 'æ hågt upp i væi: [k216k217](#)
«Detta gjér'e kunggens karar,
for dei slite kunggens klæi: [k218](#)

28. [n123](#) So tók han den gamle gyvremoiré,
han gjore derav noko krakar [k219k220](#): [k221](#)
innmæ stó hennes yngste sòn'e,
han tóre inkji tala.

29. Á de va K[appen] I[ddugjen]
så hoggji han ti av avli
så hoggji han ti dę elsti troddi
å kløyvde dę alt nir i [v302](#) navli.

30. So drap 'en adde i bergji va
so tok 'n 'æ Hælelitæ
sò tok 'n mæ seg den bjartansellen [v303](#)
å reiste mæ henne [v304](#) på skjipi.

31. «Vælkòmen K[appen] I[ddugjen]

du æ 'kji som are drængjer,
no må du søva mæ Hælelite^{y305}
bådtefi væl å længjete.li.»



Strofene er nummererte i oppskrifta, men dei innskotne strofene har fått egne nummer her. Difor er nummereringa annleis her enn i oppskrifta.

Torbjörg song balladen for Moltke Moe igjen i 1891, og då hugsa ho fleire strofer. Dei nye strofene står på s. 129–131 i handskriftet. Desse strofene er sette til etter dei tilvisingane Moe har notert. Moe har truleg også notert variantar frå 1891 i oppskrifta frå 1889.

Etter oppskrifta frå 1889 skriv Moe: «Hadde gløymt fleire vers, som ho kåm etti mæ.»

Etter oppskrifta frå 1891 skriv Moe: Hun kvad snart bjartans- og snart bjærtans-ellen, men mente tilslut, at det rettest skulde hede: bjæ^arklans ellen. Hun vidste ikke, hvad det betydde.

TSB E 143 Sigurd og trollbrura

Innleiing

Kongen er fortvila fordi dotter hans er teke inn i berget, og han seier at Sigurd skal få prinsessa om han kan berge henne ut. Sigurd er straks viljug, men i staden for sverd, lagar han seg ei klubbe som han legg ni kilo jarn på.

Inne i berget spør Sigurd trollgubben om han kan få dotter hans. Gubben peikar på at ho ikkje er særleg vakker, men Sigurd rosar henne og seier at han gjerne vil gifte seg med henne. Så ber han både jutul og haugtuss til bryllaup. På same måten som huldra gjerne vil bli gift med folk, er trolla tydelegvis også interesserte i å få eit menneske i familien.

Men etter at dei har fått brureskjenken, slår han alle bryllaupsgjestene i hel med klubba si. Han kjem tilbake til kongen med prinsessa og gifter seg med henne.

Melodien til «Sigurd og trollbrura» er ein av dei aller tidlegaste ballademelodiane vi har dokumentert. I 1810 sende presten i Oppdal, Cornelius Thomas Rønnau, 30 folkemelodiar til Abrahamson, Nyerup og Rahbek i København. Dei trykte nokre av dei norske melodiane i *Udvalgte Danske Viser fra Middelalderen*, men «Sigurd og trollbrura» var ikkje blant dei. Rønnaus melodi ligg svært tett opp til ei oppskrift Lorentz Diderik Klüwer hadde skrive opp etter ein hallingdøl i vakta på Akershus. Likskapen mellom dei to oppskriftene er så stor at det er grunn til å tru at Rønnau hadde fått melodien frå Klüwer. Klüwer hadde skrive ned både tekst og melodi og publiserte visa i *Norske Mindesmærker* i 1823.

Klüwers oppskrift kom med i *Sange, Folkeviser og Stev* frå 1840. Landstad og Lindeman trykte henne i *Norske Folkeviser*. Landstad prøvde å rette litt i Klüwers tekst, og Lindeman meinte at Klüwer hadde misforstått rytmen. Den danske komponisten Berggreen meinte likevel at Klüwer hadde klart å fange opp ein folkeleg, uregelmessig songstil.

Lindeman skreiv seinare opp ein melodi frå Gol i Hallingdal, men han liknar ikkje på Klüwers. I Nordmarka nord for Oslo skreiv Lindeman dessutan ned melodiar etter Inger Marie Fyllingen, Johannes Vornhus og Jor Persen Hakloa. Jor kunne også fleire strofer enn dei Klüwer hadde.

Eit opptak, som Eivind Groven gjorde med Gustav Kåterud frå Våler i Solør i 1939, er vorte legendarisk, både fordi det kom frå eit nesten kvitt område på det norske balladekartet og på grunn av songstilen. Den er vorte karakterisert som ein «orgie i kvarttonar».

Sigurd og trollbrura er berre kjent i Noreg.

Oppskrift A

TSB E 143: Sigurd og trollbrura

Oppskrift: Udatert av Magnus Brostrup Landstad etter ukjend songar, Hallingdal.

Orig. ms.: NFS M.B. Landstad 7, 29–30

Ingen oppgjeven tittel

*

1. Kongen han stod pá høyen lofts' sal
han sá seg ut sá vide,
til ute pá den grønne vol
der såg^{fekk} han <...> se han Sigurd mon ride.
– Siugur voge Live fer Jomfrúa. –

2. Jei seia full má, at kongen vart vil
for si dotter han mista ti bergo –
kor Jutul aa lussan holt brolloppsspil
men Sjugur had nævan ti værjo –

3. Aa hør mig min Sjúgur mi Datter æ din
Du æ no saa stærk en Herre
Om du tør gange i Berge in
Aa hente din Hjertens Kjære:

4. Ja fullan aa gjær eg, i Berge infær,
Aa pussar de Uglune mange,
Men inte saa vil eg dem vøle mæ Svær
Men Klubba – ho kjem te aa dangle

5. Sjúgur han tok seg ti atten Pund Jøn,
Aa sat seg i Brand te aa kara,
De eno saa godt aa lagi eit Høn
Mod Juttul aa Tussan kan væra.

6. Sjúgur, han lod te Brøllups bee
saa mange han kunde udvælja,
Derette saa ba 'en saa mange Haugtus
Saa tjuret som sju kunde tælja. –

7. Som Brura-Skjenkjen va gaa'en fore
Aa folkjeⁿ¹²⁴ begyndte aa tvista,

Han Sjul dangla ette me Klubba si
Han sloe ei Slagje mista.

8. Du meine vel Brura va lækker i Tausⁿ¹²⁵
Me Jeiterⁿ¹²⁶ aa Haar som Sophia
Nei! Næsa ho hadde som Nautefjaus,
aa Oua som Kjøir uti Lia. –

9. Trol-Brura, ho vendte paa breie Bag –
Tok Stønninga opimod Væggja,
Men Sjul dangla ette mæ Klubba i Slag
so Skreaⁿ¹²⁷ stoe end op me Veggja

10. Heim kom han Sjúgur med Kongsdottra fiin
Høva bætter fær Tausa end Trollaⁿ¹²⁸
Men Kongen tok Ore te Sjugur sia:
Du har tjent a, ta me a, beholl a.

*

Strofene er unummererte i manuskriptet. Dei to første strofene er skrivne i ei anna handskrift enn resten.

Oppskrift B

TSB E 143: Sigurd og trollbrura

Oppskrift: Udatert av Ludvig Mathias Lindeman etter Jor Persen, Nordmarka, Oslo.

Orig. ms.: NFS S. Bugge V, 154–157

Oppgjeven tittel: Sjugur og Trollbrúra.

*

1. Kongen han sørger så inderlig
alt for sin datter så bolde,
hun blev stjålet af kongens gård
og ført udi bjerget med volde.
– Sjul han vågde live for jomfrua. –

2. Kongen han går sig på høian loft
og ser sig ud så vide,

der fik han sé mod grønne vold,
der fik han se Sjul ride.

3. «Hør du min Sjugul, hvad jeg siger dig,
du er nå så stærk en herre,
vil du nå i bjerget indgå
at hente din hjertenskjærest?»

4. «Vel kunde jeg i bjerget indgå
at pussa de uglanne mange,
men jeg tør inte koma der mæ sværd,
men klubba hu kjæm til å dangle.»

5. Sjugul han gik sig i bjerget ind,
talte til gubben så venlig:ⁿ¹²⁹
«Kan jeg nu faa duttanⁿ¹³⁰ din!
da vil jeg i bjerget blive.»

6. «Aa vel kunde du faa duttan min,
men du tør hende ikke bie,
næsa den har hún som nautefjøs;
og øyga som kjindⁿ¹³¹ uti liar.»

7. «Næsa den er både fager og fin,
ja øya som røddeste gull,
det kan jeg dig for sandheden si,
at hun er min kjæreste huld.»

8. «Sjúgúl han tok sig atten pund jønn,
begyndte i branna å rake:ⁿ¹³²
«Det er nå så godt å laga sig til
å taka sig noko i håndó.»

9. Han Sjugul han laut til bryllups bea,
så mangan han kunde udvælja,
og siden så bau 'en så mangan haugetuss,
så mange som sju kunde tælja.

10. Dentí brureskjænken hadde gaat han omkring,
begynde de folka å tvista,
han Sjúl rangla etter med klubba i slag,
han slo ikke slage i mista.

11. Brúra hún snudde på sin breie bak,
hu snudde sig fast imod væggen,
han Sjúl dangla ette med klubba i slag,
så beina sto ende op imod væggen.

12. Han Sjugúl han gik sig i andet kammer ind,
hvor alle småtussa dei stimer,
han Sjúl dangler etter med klubba i slag;
og slog dem så alle i svime.

*

Strofene er nummererte i manuskriptet.

Etter teksten står det: (100 Mile derfra var Prindsessen i et andet Berg, som Gubben fortalte for at frelses; saa reiste Sjul og gjorde kula rund. Saa reiste han hjem til kongen, der gav ham hende og hele riget.)

Noteoppskrift i manuskriptsamlinga etter Lindeman: NB Ms. 2456:203, nr. 128 (II). Teksten er trykt i Gaukstad & Edvardsen 1997, s. 588.

Oppskrift C

TSB E 143: Sigurd og trollbrura

Oppskrift: Udatert av Moltke Moe etter Ola Johanssen Kolden, Ringebu, Oppland.

Orig. ms.: NFS M. Moe 65, ark 9, g–h, 14–17

Ingen oppgjeven tittel.

*

1. Kongen han sørger saa inderlig
alt for sin Datter saa bolde
hun blev stjaalet af Kongens Gaard
og ført udi Bjerget med Volde.
– Sjul han vogede Live for Jomfrua –

2. Kongen han gaar sig paa høien Loft
og seer sig ud saa vide
der fik han se mod grønne Vold
der fik han se Sjul ride

3 Hør du min Sjugul hvad jeg siger dig
du er no saa stærk en Herre
vil du no i Bjerget ind gaa
at hente din Hjertens Kjærest

4. Vel kunde jeg i Bjerget ind gaa
at pussa de Uglann mange
men jeg tør inte komma der med Sværd
men Klubba hun kjæm til aa dangle

5. Sjugul han gik sig i Bjerget ind
talte til Gubban saa venlig
Kan jeg nu faa Duttanⁿ¹³³ din
da vil jeg i Bjerget blive

6. Aa vel kunde du faa Duttan min
men du tør hende ikke bie.
Næsa den har hun som Nautefjøs
og Øiga som Kjind uti Lier

7. Næsa den er baade fager og fin
ja Øga som rødeste Guld
det kan jeg dig for Sandheden si
at hun er min Kjæreste huld

8. Sjugul han tok sig 18ten Pund Jøn
begyndte i Branna aa vase
det er no saa godt aa laga sig til
og teke noko i Hondo

9. Han Sjugul han laut til Bryllups bea
saa mangan han kunde udvælja
og siden saa bau 'en saa mangan gange til
saa mange som sju kunde tælja

10. ~~Han Sjugul han laut til Bryllups~~
Denti Brureskjænken hadd' gaat ham omkring
begynde de Folka aa tvista
han Sjul dangla etter med Klubba i Slag
han slo ikke Slage i Mista

11. Brura hun snudde paa sin breie Bak
hun snudde sig sagt imod Væggen

han Sjul dangla ette med Klubba i Slag
saa Beina sto ende op imod Væggen

12. Han Sjugul han gik i andet Kammer ind
hvor alle Smaa-tussa dei stimer
Han Sjul dangla etter med Klubba i Slag
og slog dem saa alle Svime

*

Strofene er unummererte i manuskriptet.

Etter oppskrifta står det: (100 Mil derfra var Pridsessen i et andet Berg, som Gubben fortalte for at frelses; saa reiste Sjul og gjorde Kula rund; saa reiste han hjem til Kongen der gav ham hende og fik Riget). Per Person Liggern, der nu er paa Korsvold ved Brekke i Maridalen, kan ogsaa denne Vise.

TSB E 144 Hemingen og gygra

Innleiing

Hemingen er ute på ski i fjellet og skyt 15 kvitebjørnar. Det blir kveld, men han ser at det er lys nede i berget, og der sit det ei gamal trollkjerring og grev i elden med nasen. Ho spør kva denne puslingen vil, men han seier at han gjerne vil bu her saman med henne inne i fjellet. Dermed dreg ho på seg bukkeskinnstøvlane og går ut for å invitere skyldfolket sitt til bryllaup. Mens ho er borte, finn Hemingen nøklane til eit rom der det sit ei jomfru (kjærasten eller søstera hans) som trollkjerringa har hatt der inne. Hemingen og jomfrua slepp unna med mykje gull, men trollet som kjem etter, blir til stein når sola står opp, eller trollet drep seg sjølv i sinne.

Denne Hemingen er tydelegvis den same Heming Aslaksson som vi møter i visa om «Heming og Harald kongen» (TSB E 3) og i den islandske Hemingståtten (eit islandsk eventyr). Der er han ein stor idrottsmann, men i denne visa er han gjort til ein eventyrhelt som bergar jomfruer frå trolla, som i visene om Åsmund Frægdegjeva, Kappen Illhugen, Steinfinn Fefinnsson og fleire.

Storparten av dei norske balladeoppskriftene er frå Telemark, men denne visa har også vore sunge over eit større område. Peter Chr. Asbjørnsen skreiv opp ein variant frå Sørumsund i Akershus, eller det oppskrifter frå Valdres, Sandefjord, Kvinesdal og Kvam i Hordaland.

Ludvig M. Lindeman har skrive opp tre melodiar til denne visa, ein etter Gullik Juulsen Skavelden, Slidre i Valdres, ein etter Øli Eivindsdotter Vaugsgare i Flatdal, Telemark og ein etter Peter Jonsson Lauvestad i Tørdal, Telemark. Catharinus Elling har skrive opp etter ein ukjend person frå Seljord.

I januar 1916 vart det stifta ein skiklubb på Slemdal i Oslo. Klubben fekk namnet Heming, og omkvedet i visa, «Heming unge kunne på skio renne», vart klubbens motto. Etter kvart er klubben vorte eit allsidig idrettslag.

Utsyn 7
SMB 218

Oppskrift A

TSB E 144: Hemingen og gygra

Oppskrift: 1834 av Peter Christen Asbjørnsen etter Hans skreddar, Sørum, Akershus.

Orig. ms.: NFS J. Moe 11, 4a–4b.

Oppgjeven tittel: Hæmningen og Storjøggra: En kæmpevise



1. Hæmningen rendte seg Berje omkring
Med Pile Kolber ved Siden.
Saa skaut han femten Hvitebjørn
– Hæmningen den Unge kunde vel paa Skierne rende – [k222](#)

2. <Hæmni>ngen [n134](#) gik sig i Berje ind.
Storjøggra kara Varmen me Nasan.
«Aa kjære min Moder, du laane mig Huus
At tørk vaate Fillane mine.

3. Storjöggre hu blev naa saa rasanæs vil
Hu reiste sig op me Krakje.
«Hvad er det for en Horesøn,
som tør saa til mig snakje»

4. «Aa jeg er ingen Horesøn
Det vil jeg ei heller hede
Men jeg er kommen i Bjerne ind
At efter en Jomfru lede.

5. Aa er du kommen i Berje ind
Alt efter en Jomfru at leede,
Saa vil jeg ud paa Landet fare
Min elleve Maager til Bryllups bede

6. Saa tok hun fra Skindstakken sin
Var femten Huders Makke,
Var hænkevid og snæpasid
Men litegranne for stakkete

7. Saa tog hun fram graa Gangeren sin
Var 15 Alen fra Hue til Jora
Saa satte hun sig deroppa
Mens Beina de slæpa paa Jora.

8. Saa lukket han op den første Dør
Saa lukte han op den anden
Saa lukte han op den tredie Dør,
Der sad den skjøen Jomfru fangen.

9. Saa tog han Sølv saa tog han Guld,
Til femten Hesters Tynge.
Og satte Jomfrua paa sin Bag
Og hastelig sig af Bjerget skynde.

10. Saa rendt han bradt, saa rendte han fladt
Over Bjerg og dyben Dale.
Og efter kom Storjøgera
Saa hun sto over alle Skoutoppa.

11. Det Sølv og Guld, som Du nu har,
Det maa du gjerne have,
Naar du den Jomfru, som du har
Mig lader faa tilbage.

12. Vers mangler, hvori Gutten beder hende see mod øster, paa den deilige Jomfrue, som der stod.
Solen og hun sprak.

13. Og Kongen stod i Glase saaⁿ¹³⁵
«Nu seer jeg Hæmningen rende
Og enten er en vred eller ogsaa red
Jeg seer Sola skimte under hans Skier

14. Og inte er jeg vred og inte er jeg red
Jeg reddes fast meer for din Datter.^{k223}

15. ⁿ¹³⁶Og har du nu fundet min Datterⁱ Dag.
Din Brud skal hun visselig blive.
Og du skal nyde stor Ære hos mig
Og efter min Død Riget arve.

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Jørgen Moe trykte denne oppskrifta i noko revidert form i avhandlinga si om Heming-visene i Norsk Folkekalender for 1850.

Molke Moe mottok oppskrifter fra J. B. Nordby, adjunkt i Sandefjord (NFS M. Moe 57, nr. 3–11),

mellom anna av denne balladen (10a–10d). På eit ark har Molkte Moe notert: Marie Nittebergskleven Skedsmo (c. 70 år) Datter av «Hans skrædder», fortæller og sanger (Asbjørnsens kilde, mens han var på Nordby i Sørum (1833–34?))

Nederst i oppskrifta står to verselinjer:

Hæmningen den Unge kunde
vel paa Skierne rende.

Oppskrift B

TSB E 144: Hemingen og gygra

Oppskrift: 1848 av Ludvig Mathias Lindeman etter ukjend songar, Valdres, Oppland.

Orig. ms.: NB Ms fol 2128:1, 1 og 20–26 (kladd).

Oppgjeven tittel: Næmingen [k224](#)



1. Aa Næmingen tok Bøgin paa sin Bag
og Hvilekorgen ved sin Side
Saa monne han si aat Fjello gaae
han viste vel et Bjørnahide
– Næmingen den unge kunde [v306](#) vel paa skio renne –

2. Aa femta kvita Bjødna skaut han
før Sola gik ne
aa Solen skrei aa Dagen lei
aa lange va Vegen derheim

3. Saa gik han se ind i Bjerget ind
alt did som Elden mon skine
der inde sider den deilige Jørg [k225](#)
aa kara i Elde me Naso

4. Ko e de før en Horesøn
saa e saa seint ude imot Kveldo
aa inkje æ e no nokkon Horesøn
aa slet inte vil e de heite

E æ no her inni Bjerget kommen
Ealt efter Godraaden at leite

5. Du æ no herinni Bjerget kommen
for vil du her bygge aa boe
jeg selv ut paa Landet ska ride
til Brylluppe dit at bede

6. Saa drog hun paa si Skinstøvler stor
Var femten Ælne i Længde
Tre Ælne vøro dei i Solen brei
Var enddaa lit for trange

7. Saa klædde hun paa si Skinfrakken stor
Var femten Raadsmands Hue^{k226}
Thi han va vid aa han va sid
Var enddaa lit for stakket

8. Saa sala han op Krabben i Stalle stod
Var femta Ælne til Knæ^{ds}
Saa sætter han paa de deilige Jørg
Hun slankrer ne Jorden ve Fodo

9. Saa gik han si i Bjerget in
Aa seer sig i hver Roe
saa fik han see hvor de Nøgler hænge
som var af Bjerget inn

10. Saa læste han op den første Dør
Saa læste han op den anden
saa læste han op den tredie Dør
derinde sad Jomfruen fangen

11. Velsigne dig Næmingen unge
og saa din gamle Moder
og den di i Ærmen bar
saa tog han Sølv saa tog han Guld
Vel femten Heste-tyngde
saa tog han Jomfruen paa sin Bag
Han monne af Bjerget skunde

12. Ja han tog Sølv og han tog Guld
Vel femten Heste-Vogne

derefter saa kommer den deilige Jørg
me sine elleve Maaga^{k227}

13. Aa høire du Næmingen unge
Ko je nu sie te dig
Du har der Sølv du har der Guld
Lad Jomfruen blive tilbage

14. Strax som Jomfruen fik høre Jørgens Tale
saa falt hun af Skien i en Dvale
Aa Næmingen tog nie Mjelden^{k228} med Hast
Aa strauk hu paa Jomfruens Bryst
Aa kjære mi Jomfru du svik ikje me
men stat paa Skien me Trøst.

15. Aa høire du Næmingen unge
ko jei no sier te dig
du hjelpe mig vel tilbage
Lad mig ikje paa Krøsvegen ligge

16. Aa! a! lig du der saa Stok aa Stein
Aa inkje korkje me
el noko Minneskje til Mein
Men lig der te et Vegarmærkje.

17. Aa Kongen gjek se paa højen Loft
og seer sig om saa vide
aa anti end Næmingen rei^{k229} el rid^{k230}
jeg seer Solen under hans^{has Skier}



Reinskrift: NB Ms 8vo 1740, 7–12. I reinskrifta er språket omarbeidd til eit reinare valdresmål.

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta. Mellom kvar strofe står det ein firkantkross i oppskrifta, og sjølv om linetalet stundom ikkje går opp, har vi følgd denne inndelinga her også. Mellom strofe 15 og 16 er det ikkje noko skile i reinskrifta.

Side 26 er siste sida i heftet, men oppskrifta fortset med dei to siste strofene på framsida.

Oppskrift C

TSB E 144: Hemingen og gygra

Oppskrift: 1891 av Moltke Moe etter Lars Larsson Veslestøyl, Seljord, Telemark.

Orig. ms.: NFS M. Moe 25, 206–211.

Oppgjeven tittel: IV. Hermó unge



1. Á dæ va H[ermó] den ónge
han kónne på skíó renne
han kám inn te gyvremóri
sá seint óm ein jóledags kvèlló
– Dæ va onge H[ermó],
han kónne^{v307} på skíó renne^{v308} –

2. ho sat á rörde me nāsan
uti sine bråndó
«Hòr vi' du av du hittesón
mæ du kjæme so seint um kveldó?»

ⁿ¹³⁷3. «Eg æ ingjen hittesøn
dæ vi eg inkje heite
eg æ kòmen i bergjé inn
ette jomfrugur á leite.

4. Á þdþDu lyt låne meg hus i nòtt
á turke mine klæir
(fe)ⁿ¹³⁸ eg kann løype av dei høge fjølli
á néatte på dei låge».

5. «Á slett inkje låner eg deg hus i nott
á inkje turkar eg dine fillur,
men heima ská du, du hóresón,
á inkje sita hér á' gilló^{k231}.»

6. «Eg æ nå ingjen hóresón
dæ má du inkje tru,
men eg æ H[ermó] den ónge
som i bergje vi mæ deg bú.»

7. «Ja æ du H[ermó] d[en] ó[nge]
som [i bergje vi mæ meg bú]
sá vi eg reise te andre fjølló
eg vi béa te gjestebòs fe konn bæe tvó.»

8. Sá tók ho fram
ein tòll-tunnur-så,
ho vilde seg
en tøsstedrykk få.

9. Ho drakk ein tøsstedrykk
den va gó,
ho drakk den så
den va ganske tóm.

10. Séa levéra ho H[ermó] d[en] onge
nyklæn båt' store å små
sá han sku' ut
i alle kammersi å gå.

11. Hó levéra hónom
båt' fire å fæm,
ja hót^{ött} han fekk
utav alle dem.

12. Men den niende nykjylen
ho ha'e igjen
dér uti ha' hó liti Signe
der sàt hó uti båt' véve å spinne.

13. «Den niende nykjylen
vi eg sjave béra
fé dér utti
hev du kje noko å gjéra.»

14. Sea sala ho ut
gangaren grå
han va femten alner
frå hów te mån.

15. Å stolt'e va gyri
i sálen sāt
å beini på jóri ho dróg,—

ja dæ va stolte gyrimór.

16. Å dæ va H[ermó] den ónge,
han leitar seg uti kammersí
han gjæng bâte ut' á inne
men liti Signe kann han ikkje finne.

17. Han leitar í seg
í bátte fire á fæm
men liti Signe kónne han
~~han~~ ikkje finne igjen.

18. Han leita seg
í bátte seks á sju
han kónne ikkje finne
liti Signe, den skjønne frú.

19. Han gjæng seg
te dæ áttende kammersé dá,
men der kónn' han ikkje hell
liti Signe anten finne hell sjá.

20. Sá gjæng 'en seg
te den niende kammersdynn
dér hýrde 'n l[iti] Signe
[ho sat inne,]ⁿ¹³⁹ hó gjér bátte vev' á spinn.

21. «Hýre du Signe,
eg spyrja deg má:
statt nó upp
skrei lókun ifrá!»

22. «Nei mine fingræn
dei æ for små,
slett ikkje fær eg
dei lókun ifrá.»

23. Å dæ va H[ermó] d[en] ónge
han gjóre båt spænde á sló,
sá spænde 'n så hárt på
sá lókune floug í tvó.

24. Séa tók dei så myky gull á sølv

som dei orka bera
séa tók han liti Signe
å batt innåt seg bāk på skí'a.

25. Så løypte^{v309} han av dei høge fjølló
å néatte på dei^{v310} låge
dér møtte'n stolte gyrimór
mæ atten av sine mågar.

26. «Høyre du H[ermó] onge
hot eg te deg talar:
alt dæ gull å sølv du hev tékjé mæ deg må du hava,
men jomfruga vi eg sjav hava.»

27. «Høyre du gyrimór
hòt eg sp spyr'e deg^{v311} i dessi dagar:
hot æ dæ fe ein møyskara,
som etter deg móne fara?»^{k232}

28. «Du heve gjórt meg så
mangt eit hjeremein,
nå skå du blive
te båte stòkk å stein,
i alle dessi dagar.»



Strofene er nummererte i oppskrifta.

Under siste strofa står det: («Så hev dei lært meg, – eg kann ó'kje åleis, eg!»)

TSB E 145 Åsmund Frægdegjæva

Innleiing

Irlandskongen talar til mennene sine og spør kven av dei som skal fare nord til Trollebotnen og hente heim kongsdottera. Han får det rådet at han skal sende Åsmund Frægdegjæva dit, for han er den djervaste at alle kongens menn. Som løn for innsatsen skal Åsmund få kongsdottera til ekte:

Du skal fá fruga Ermelin,
ho er sá vént eit viv,
vil du norð i den myrke heimen
og váge fer hennar dit liv
(Landstad [1853] 1968: 6).

Åsmund lovar å gjere sitt beste for å frelse jomfru Ermelin, men han krev å få bruke Olavs-skipet *Ormen Lange* på ferda. Med på skipet følgjer også ein viss *Torkjell Adelfar*, og dessutan dei to brørne til Åsmund. Etter ei lang reise kjem dei til Trollebotnen. Dei to brørne vågar ikkje å bli med Åsmund inn i berget der kongsdottera sit fanga, så han må gå aleine. I berget opplever han mykje uhyggeleg, borddukane er vaska i blod, og ormar kryp etter bordplatene. Og *gande-gryta* står klar for trolla til å bryggje all slags trollskap i.

I den tredje hallen står ei seng, og her legg Åsmund seg til å sove. Etter ei stund kjem kongsdottera og vekkjer han, og Åsmund tek henne straks i fang. Men ho átvarar han, snart kjem trollkjerringa *Torgjerd Hukebrur*, og ho er i stand til å gjere det av med Åsmund. Tidlegare har denne trollkjerringa vore i kamp med guden Tor, og med den fremste trolldreparar av alle, heilag Olav. Åsmund er ikkje den som vik tilbake, og etter ein kamp der ho prøver å bruke alle knepa sine, kløyver Åsmund henne med sverdet. I mellomtida har Åsmunds brør reist sin veg med skipet, slik ein kunne vente. Men Åsmund finn ein staseleg hest i berget, og hesten lovar å bere både Åsmund og kongsdottera heim. Dei tek dessutan med seg store mengder sølv og gull. Vel heime i kongsgarden høgg Åsmund hovudet av hesten, slik hesten bad om, hesten viser seg å vere den yngste broren til kongsdottera.

Det finst kring 90 variantar av denne balladen, som altså har vore svært omtykt i Telemark på 1800-talet. Det er stort sett her balladen var kjend i den sentrale oppskrivningstida. Elles kan ein merke seg at Sophus Bugge aleine har skrive opp mellom 30 og 40 variantar, deriblant etter Hæge Olsdotter Årmote (1787–1860). Hæge Olsdotter var ein av dei songarane Bugge sette høgt, blant anna fordi ho var så språkleg medviten og kunne gjere greie for kva for ordformer og ordbøyingar ho brukte, i høve til faren, som ho hadde lært så mange viser av i barndomen. Hæges repertoar var på om lag 40 balladar, og særleg song ho kjempe- og trollviser (Jonsson & Solberg 2011: 466–469). Av melodiar finst det også fleire, skrivne opp frå 1840-åra og til inn på 1900-talet. Olea Crøger og Hans Seeberg var tidlegast ute, då dei

skreiv opp melodien etter ein Seljords-songar (Ressem [utg.] 2014: 544–555).

Då Landstad gav ut «Åsmund Frægdegjeva» i *Norske Folkeviser*, sette han visa først i boka. Tilsvarande plasserte Grundtvig «Tord af Havsgård», balladeversjonen av eddadiktet «Trymskvida», på førsteplass i *Danmarks gamle Folkeviser*. Viser om norrøne heltar stod såleis høgt i kurs blant dei tidlege balladeutgjevarane, og det går tydeleg fram av Landstads kommentarar at han sette pris på visa om Åsmund Frægdegjeva. Landstad nemner nokre av dei han skreiv opp visa etter, blant dei seljordingen Lavrans Gunleiksson Groven (1801–1842). Vi veit at Lavrans Groven åtte ei handskriven visebok, som dessverre ikkje lenger finst. Det er ikkje usannsynleg at «Åsmund Frægdegjeva» har vore nedskriven i denne viseboka, ei viss støtte i skrift kan forklare den breie munnlege Telemarks-tradisjonen.

Knut Liestøl har vist at «Åsmund Frægdegjeva» byggjer på eit islandsk eventyr om *Ásmundur Flagðagæfa*. Balladehelten sitt tilnamn *Frægdegjeva* er ei omlaging av *Flagðagæfa*, der *flagð* (n) = «troll» og *gæfa* (f) = «lukke», det vil seie at *Ásmundur Flagðagæfa* har lukka med seg når han slåst mot troll – ei lukke som ballade-Åsmund deler med han. Trollkjerringa Torgjerd Hukebrur spelar ei liknande rolle i eventyret som i balladen, mens Torkjell Adelfar er ein mytisk islandsk sjømann og rådgjevar hos Saxo, utan eigentleg funksjon i balladen (Liestøl 1915: 15–59). «Åsmund Frægdegjeva» inneheld elles eit lån frå myten om guden Tor og trollet Geirrød, gjengitt i Snorres *Edda*. Tor kastar ein glødande bolt tvers gjennom Geirrød og ein stolpe han har gøymt seg bak.

«Åsmund Frægdegjeva» har eit tydeleg eventyrpreg, med kampen mot troll som hovudmotiv. Denne kampen går føre seg i Trollebotnen, det vil seie *trollvika*, lengst nord i ishavet, ei tenkt vik som skulle liggje mellom Noreg og Grønland. Åsmund spelar same rolle som Askeladden og blir stilt opp mot dei to svikefulle brørne sine. Han lukkast med oppdraget kongen har gjeve han, å frelse kongsdottera ut av berget, og får henne sjølv som løn, saman med gull og grøne skogar.

Utsyn 4

Oppskrift A

TSB E 145: Åsmund Frægdegjæva

Oppskrift: 1840-talet av Olea Crøger, truleg etter Lavrans Gunleiksson Groven, Seljord, Telemark.

Orig. ms.: NB Ms 4° 644, 76–86.

Oppgjeven tittel: Aasmon Frægdejevar



1. Dæ va Irlands Kongje Bol

Han tala te sine Mænd:
«Kvem skaa nor i Traalebaatten
Aa hente mi Daatter heim.»
– Æ de inkje Dagjen –

2. Te saa svara han Raae Hest
Han steig fæ Kongjen fram:
«Aasmon æ baee stor aa stærk
Han æ saa fræg ein Man»

3. Høire Du Aasmon Frægdejevar
Haat æg seie Dæg
Du skaa nor i Traallebaatten
Aa hente mi Daatter heim

4. Høire Du Aasmon Frægdejævar
Du æ den frægdast i Laando
Du skaa nor i Traallebaatten
Aa løise mi Daatter av Vaando

5. Haat sa heve æg imot Dæg brote
O Konje, dær Du stæn
Mæ Du vi endelæg viste mæg
Laangt nor i Traalleheim

6. Vi Du hente heim Daatter mi
Den vene Jomfru Immerlin
Saa skaa ho blive Di onge Brur
Ho æ saa veent et Viv.

7. Vi Du gjeva mæg Daatter miⁿ¹⁴⁰
Den vene Jomfru Immerlin
Saa reiser æg nor i Traallebaatten^{den mørke Heie}
Dær ingjen Sole skjinn

8. ~~Haakke vi de mine Brøane tvo~~
Dei Aarine aa dei Forgylte Segl
Dei bare dei ut te Lande
Di ropa paa Tarhejl Adelfar:
«Lat naa Skjepe kaamma te gang'e

9. Saa heise di op di Silkjesegle
Saa høit up i Segle Raa

Di strauk ikje Segl paa Bonkjen ne
For dei Traallebaatten saag

10. Haakke vi de mine Brøane tvo
«Ante vogte mit Skjep onder Øi
Hel de vi in i Bergje gange
Aa taka ut den vene Møi»

11. Haakke vi de mine Brøane tvo
Ante vaakte mit Skjep onde Lie
Hel de vi in i Berje gange
Aa taka ut Jomfruga frie

12. Te svara Aasmons brøane tvo
Di va baate onge aa blauge
Dæ høire me paa Broe kaans
At han vi veta kaan daue

13. Helle vi me Frægdan Broer
Aa vakte Dit Skjep onder Øi
Me tor 'kje in i Bergje gange
Aa taka ut vene Møi

14. Helle vi me Frægdan broer
Aa vaakte Dit Sjip onde Lie
Me Tor kje in i Berje gange
Aa Taka ut Jomfruga frie.

15. Han kaam sæg i den fyste Hadden
Dær va saa ondelæg vere
Dukæne va uto Bloe dregje
Aa Ormæne spela ette Bore

16. Han kaam i den andre Hadden
Der va saa mykji Vaae
Gannekjære paa Gølve sto
Aa Traalle sil ivi <æ> de raae

17. Han kaam i den trea Hadden
Der st[o] femten Sengjer uprædde
Aasmon kasta sæg i ein af dei
Der søvna guten snædde

18. In saa kaam den vene Viv
saam Aasmon ville vinne
Ho ha Haar som sponne Gul
Aa vippa i Silkjetvinne

19. In saa kaam den vene Viv
Saam Aasmon ville faa
Ho ha Haar saam sponne Gul
Aa vippa i Silkjetraa.

20. Ho ha Haar som sponne Gul
Aa vippa i Silkjeban
Aasmon up utor Sengje sprang
Tok henar i sin Fang

21. Du slæp mæg, slæp mæg A[smon]
Du sæt 'kje mæg i Fang
Moe mi ete up hvem ho seer
Um dæ va St Olavs Mand

22. Du slæp mæg, slæp mæg A[smon]
Dæ sae den Vivi jose
Dæ æ saa vont, dei nyte Drengjen
Dei maa 'kje Vivi njote

23. In saa kaam den Skomejyviri
Ho gjore baate grutte aa grinte
Haat æ dæ fæ et tækju Baan
Saam hælle mit vene Viv.

24. Den som kallar mæg et tækju Baan
Den skaa ette Bondo leite
Men kalla mæg A[smon] F[rægdejævar]
Saa vi denne Guten heite

25. Høire Du dæ Du Skomejyver
Haat æg seie Dæg:
Haar heve Du fengje de breie Belte
Som Du bær kringom Dæg

26. Dæ fæk i fjor i Jole
Utav St: Olavs Vælde
Daa æg sku Livi av Kongjen taka

Saa seint om ein Julaftans kvel

27. Dei slo mæg mæ Skra i Skadden
Dæ tottes æg inkje lie
Dei skvætte ette mæg Vixlevatten
Æg kjænner enna haar de svier

28. Æg tok Kongjen paa min Bak
Æg tosse væra ong
Men saam æg kaam mæg i Durahadden
Falt han mæg for tong

29. Dei slog mæg mæ Skraa i Skadden
Dæ tottes mæg gjøræ Vee
Saa sprætte æg Belte av Kongjens Ryg
Æg smaug i Jore ne.

30. Høire Du A[smon] F[rægdejævar]
Haat æg seie Dæg
Du heitar detta Jønne Glohæt
Aa sænt dæ hit te mæg

31. «Naa hæve æg vore i dei kristne Lande
Dær Folkje ropar paa Gud
Æg hæve tekje i det gloans Jønne
Saa Odden sto i henars Navle

32. Om saa tala den Skomejyver
Daa ho dat dau te Jor
Du skaa 'kje livans o Berje kaama
Inkje ivi den salte Fjor

33. Dæ va A[smon] F[rægdejævar]
Han gjek mæg sæg ut paa den Straand
Borte va honoms Broane tvo
Inkje Skjep var der fæ Hand

34. Han kaam sæg i den fjorde Hadden
Der va sletingjen Vaande
Der sto fagran fjotan Folen
Han va uti Gulle Bande

35. Mykji av de raue Gulle

Vi æg gjeva Dæg
Fi Du fagran fjotan Folen
Ivi Have bæra mæg.

36. Mykji av de raue Gulle
Saa vi æg kje hava av Dæg
Men maa æg faa Di høgge Haand
Saa let loup æg onde Dæg

37. Te svara A[smon] F[rægdejævar]
Saam Gud gav honom te Raae
Ful vel skaa Du faa mi høgge Haand
Men saa skaa Du bæra kon baae

38. Aa høire Du Jomfru Immerlin
Du pakkar Dit Gul i Skrien
Mæ æg gjæn mæg i Drykjestougo
Aa leikar mæ Sabelen min

39. Tak naa baate Sylv aa Gul
saa mykji som Du kan tine
Du sæt dægⁿ¹⁴¹ paa mit breie Bak
Me skaa ut paa Have rie

40. Han kaam sæg i den femte Hadden
Han va saa vrei i Sin
Han høgje sonde Tavlebore
Dæ skrangla i kvaar den Ring

41. Saa høgje han <ihæl> alle de Beggjeⁿ¹⁴² Traalle
Saam han fyr i Augo saag
Saa ræste han otor Traallebaatten
Der flaut mæ Blo aa Vaag

42. Kongjen han sto i høgan Loft
Han seer sæg ut saa vie
«Naa seer æg Aasmon paa Have ri
Mæ fagran Daatteri mi

43. Dæ va A[smon] F[rægdejævar]
Han steig ut paa den Sand
Saa høgje han Folens Houvue av
Dæ blei ein cristen Mand

44. Saa høgje han honoms Houvu av
Dæ blei ein kristen Mand
Engelbert henars yngste Broer
Konjens Son av Engeland.

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Siste verselina i strofe 31 høyrer til ei strofe som beskriv korleis Åsmund drap Skomegygra. Det vantar såleis fire liner her, fordelt på to strofer. Desse to strofene er fullstendige i Landstads oppskrift etter Lavrans Groven (NB Ms fol 1803 c, 19–20):

«No hæv sæg æg vore i dei Christne-Laandi
der Folkje kallar paa Gud
æg hæve tikje i dei gloanes Jønni
æg æ mykjy stærkar hel du».

Dæ va Osmund Frægdegjævar
rænde han te mæ Avle
han rænde te den Skomegjyvri
saa Odden sto i hennars Navle.

Ein del stader står det skrive med blyant i venstremargen: 1 vers. eller 1 v. med pil inn mellom strofene. Slik påskrift finst etter strofe 1, 7, 9, 14, 17, 23 og 24. Slik påskrift er stroken etter strofe 26. Etter strofe 8 står det i staden: 4. og etter strofe 22 og 31: 3 v. og etter strofe 41: 2 v. I margen utanfor strofe 17 står det: Som variant fra Vinje (I Mort.) og utanfor strofe 41: Samansmelt af 60 og 61.

Oppskrift B

TSB E 145: Åsmund Frægdegjæva

Oppskrift: 1863 og 1864 av Sophus Bugge etter Jorunn Knutsdotter Bjønnemyr, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge d, 231–238 og NFS S. Bugge n, 15–17.

Ingen oppgjeven tittel.

1. Høyrer dú Åsmund Frægdegjæva

hot eg talar ti deg
du sko^{v312} deg at troddebotnen^{k233v313}
taka atte dótter mi^{v314}
– Mónar inn^{v315} dagjen –ⁿ¹⁴³

2. Á hýrer dú Ásm[und] Fr[ægdegjæva]
kungsdóttaré snjadde
dífyri vi' eg deg Ásm[und] av sende
dú æ' den frægdaste av adde.

De va Ásm[und] Fr[ægdegjæva]
han spúre sin broder um rá

3. Hýrer dé de mine brøanne tvo
kvore vi' de vokte mitt fé unde lí
hell dé vi' at troddebotnen
taka út véne vív.

4. Ti svora dá hass^{v316} brøanne tvo^{v317}
å bæ so va^{v318} dei blauge
de hýrer eg på deg Ásm[und] bróer kos
at du vi vita kon bæ daue

5. De va Á[smund] Fr[ægdegjæva]
høit so tóre han våge
so gav han si' brøar^{v319} tvo
órlov heimatte bæ.

6. Han batt upp sitt silkjeseil
So høgt í forgyllande skå,
han gat inkje strike ne
fyrr en^{v320} troddebotnen såg.

7. Han batt [upp sitt silkjeseil]
[So høgt i forgyllane] stavni,
han gat [inkje strike ne]
fyrr troddebotnen tók ímót stavni. ⁿ¹⁴⁴

8. Á[smund] kom at fyrste haddi
der va idde vori!
15 bryggjekjer på golvi stó,
smátrodde ivi dei rádde.

9. Ásm[und kom at] are [haddi]
der va verri vori
dúkanne va 'ó bloi dregne
å ormanne runne ette^{v321} bóre

10. Ásm[und kom at] trée [haddi]
der va vendri^{v322} vori
15 silkjesengjer uppreidde
alle mæ laken lagde.

11. Á[smund] sprang í trée sengje
sovna gúten snjadde,ⁿ¹⁴⁵

12. Inn so kom de véne vív,
de véne liljevann,
Á[smund] unda kjelle sprang,
tók hæna 'pí sitt fang,

13. Slepp meg Á[smund] unge,
dú må meg inkje njote
kjæm hó inn Húkebrúr moiⁿ¹⁴⁶ mi^{k234}
hó kjæm deg ti sunde brjóte

14. Dú kaddar 'æ Tarjær Húkebrúr moiⁿ¹⁴⁷ di,
men hó æ inkji dí mór,
men dú æ ætta frá kungens går
av kungens égje bló

15. Tarjær Húkebrúr æ inkji ~~di mór~~,
sóm dú seie fyr meg,
men [dú æ ætta frá kungens] går,
eg kjenner fulli ætté dé.

16. Inn kom Tarjær Húkebrúr
lunsar inn på tilje
eg sko læra^{v323} deg kogabån
ti koga ímot min vilji^{v324}.

17. Den sóm kaddar meg k[ogabån]
den vi etti vóndom leite
men kadde meg Ásmund Fr[ægdegjæva]
De vi gúten heite.

18. Dú æ inkje den frægdast
av adde lándé dú
ha en vor her Tór mæ tungóm hamré
han æ' frægdare hell dú

19. Hó tok han í gule lokk
hó slengde han tilje av tilje
eg sko [læra deg] kogabån
[ti koga ímot min] vilji^{v325}.

20. Høyrer du T[arjær] H[úke]brúr
hot eg talar ti dé
å hot æ dú bere^{v326} unde belte
som glimar ímiddjom middje.

21. Inkje íffór men i fyrre årsⁿ¹⁴⁸
seint úm jóleftas kvelli
ha eg si' kungen av lívi tekji
ha' de kji vori fyr Sant Ólavs velli.

22. Dei skvette ell å eimyrje
de vitt<le>vatne skvatt so víe
ti alt oss^{k235} de kòm ti^{v327} der eg stó
å sosso mónne eg svíe.

23. Inn so kom den vigsle-skallen
so væl mónne eg en kjenne,
han sló meg mæ skrá í skallen
eg æ' kje heilbrigda enno.

24. Eg tók han^{v328} uppå mitt bak
tenkte eg si' vera ung'e
men då eg kom at fostoga
då fedd 'en meg for tung'e.

25. Dei skvette [ell å] eimyrje
eg ha der ingjó ró,
so sprette eg belti av konungjen
so smaug eg igjænom jór.

26. Du æ inkje den frægdast
av adde lände dú
men ha' en vore her Tór mæ tungóm hamre

han æ' frægdare hell dú.

27. Tór'e tor hita glóheite jønn
å dífyf æ en frægdar hell dú.

28. Mykji av mitt røde gull
eg gjeva sko deg
vi' dú hita glóheite jønn
av tångó sende meg.

29. Mykji av ditt r[øde] g[ull]
dú inkji gjeva tar meg,
men eg sko [hita glóheite jønn]
[av tångó sende] deg.

30. Á[smund] lét hita glóh^eite jønⁿi
trekkte han ti mæ avli,
inn ígje^ænom gývre moireⁿ¹⁴⁹
å út ígjænom^{k236} mæ navli.

31. [Ásmund lét hita glóheite jønⁿi]
[trekkte han ti] mæ vondske,
de vi eg fyr sanningjen seie
de sång í haddar^{v329} góvi

32. Høyrer dú Á[smund] Fr[ægdegjæva]
hot eg béa deg må
dú hogg no meg^{v330} í lytinne två
å sjav íkringum mí lytinne gange.

33. No hev eg fengji deg på golvi ne
du sko 'kje upp^te stande
men de må fænen^{v331} í helvíti
kringum di' lyter^{v332} gange.

34. Á[smund] gjékk de bergji omkring
han visste seg ingjó rá
so fann en på den fríe fljótan folen
på forgyllte stallen stár.

35. Høyrer dú Á[smund] Fr[ægdegjæva],
hot eg talar tí dé
í dag kjem adde småtrodde

forkórte^{v333} ditt unge lív

36. Mykje av mitt røde gull
eg gjeva sko deg
vi dú meg á mitt véne vív
på anna landi bera

37. Mykje av ditt røde gull
dú inkje gjeva tar meg
når me kom på eitt anna land
av den høgge hånde gjeve dú meg.

38. Á[smund] flutte ó bergje
mæ mykje^{v334} sylv á gull
mæ seg á so de véne viv
hó æ so dýdefull.

39. Á[smund flutte ó] bergje,
mæ 15 hestetyngji
[mæ seg á so de véne] vív
hó æ' bádi vén á ung'e



Strofene er nummererte i oppskrifta. Strofe 22–24 står i omvend rekkjefølgd i oppskrifta, men dei er nummererte i slik rekkjefølgd som her.

Jorunn song denne for Bugge andre gongen i 1864. Då song ho fleire strofer, og dei har Bugge skrive opp for seg, med tilvisingar til kor dei skal inn i oppskrifta frå 1863. Det gjeld strofe 2, 15, 18, 28–29 og 31.

Under siste strofa står det: (1 vers til han kom heimatte) og Han hug Hovedet af Folen

Oppskrift C

TSB E 145: Åsmund Frægdegjæva

Oppskrift: 1911 av Rikard Berge etter Eivind Talleivsson Auversækre, Seljord, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCIV, 82–91.

Oppgjeven tittel: Òsmon Frægdegjeven

1. De va' Islands kongje,
han tala tì sine menn.
Kven vi' no av nor – i trøllebòtnen
aa hente mi syster heim.
– De monar inkje dagjen. –

2. – – – – –

– – – – –

Òsmonn æ baade stor aa sterk
han æ sò frægd ein mann.

3. Men høyre du de du Òsmonn Fregdargjéven,
du æ no den frekkast i laando,
du skò no av burt – i trollebòtnen
aa løyse mi syster av vaando.

4. Høtt hev eg no imot deg bròte
o kongjè der du stend,
mæ du vi' vita meg sò langt av lei
alt nor – i den trøllehei?

5. Òsmonn gjekk i sant Olavs skjip
aa som dei kallar lange.
Di hissar upp anker, di hissar upp seil,
lat de skjìpe faa kaama ti gange.

6. Sò hissar di upp deires silkjesegl
sò høgt i fòrgylte raa,
sò stròuk dei ìnkje paa bonkje ne,
fòr dei trølleb[òtnen] saag.

7. «Men kvaare vi' de naa mìne brøane tvo
dé vòktar mitt skjib onder øy
hell dé vi' gang' ìnn i trølleb[òtnen]
aa hente den vene møy?

8. Tì sò svara Òsmons-brøane baa
dei va' baade ong' aa blòuge:
«No fòrnehmer me paa broer òkkòs
at han vi' no vita kòn dòue.»

9. Ò[smund] kasta den kufta graa,
tok paa seg ein fillute flangji,
han tosse no kufta va' hòste go
mæ i trøllehendar aa gange.

10. Som eg kaam meg i den fysste haddi
der va' no sò ondeleg vóre
aa dukjen han va' i bloe dregjen
aa òrmanne spilar ette bore.

11. Men som eg kaam meg i den andre haddi,
der va' no langt større vaae
15 gaangkjer paa golve sto
smaatrølli der ivi rodde.

12. Men [som eg kaam meg i den] trée haddi
der va' sò ondeleg vóre
der sto 15 uppreidde sengjir
Ò[smund] sprang i ein av dei

13. De va' no vel Ò[smund] F[regdargjéven]
han va' baade gretten aa trøytt'e,
sò sprang 'n i den eine sengji,
der sòvna vel guten snegt.

14. Ìnn sò kaam de vene vive
som Ò[smund] sille vìnne,
haare ha' 'o som sponne gulle
aa fletta i silkjetvinnur.

15. Ìnn sò [kaam de vene vive]
[som Òsmund] sille fange
haare [ha' 'o som sponne gulle]
aa fletta i silkjebande.

16. Ìnn [sò kaam de vene vive]
[som Òsmund] sille faa
[haare ha' 'o som sponne gulle]
aa fletta i silkjetraa.

17. «Slepp meg, slepp meg, Ò[smund]
haldt meg ikkje lenger i fang.
Ìnn sò kjæm'e skjøn mòi mi

ho et'e hver kristen mann
om de va' av Olavs me^and^{k237}

18. «Du kallar hennar skjøn mòì di
som du inkje anna veit.
Men du æ syster av Harald Konge
som bor her onde øy.»

19. Ìnn sò kaam den skomegjyvri
ho gjor' baade grutte aa grinte
Hòtt æ de fòr eit tekjubaan
som hell'e mi dotter i vene?»

20. «Dersom noken vi' kalle meg tekjubaan
den skò ette bònno heite,
men kalle meg Ò[smund] F[regdargjéven]
sò vi' denni guten heite».

21. Men høyr du Targjær Huskebruri
du Videriks-vive de vene
høre hev'e du fengji de breie belte
som du ber i kringom deg?

22. «Inkje i fjor, men i førre aare
daa eg va' i Sant Olavs velle
eg ville live av Kongjen taka
sò seint om ein joleftas kvelle

23. Kongjen tok eg paa mitt bak
eg tenkt' eg sill' vera ong'e,
men naar eg kaam meg paa durehedda
daa falt 'n meg hòste tóng'e

24. Som eg daa de fòrnam,
at eg konn' ikkje kongjen faa,
so sprett' eg belte av kongjens rygg,
smòug sò i jori ne.»

25. Fram sò kaam den vigslekallen^{k238}
eg toss haanom ikkje lie.
Han skvette meg mæ de vigslevatne,
eg kjenner de enno hòri de svier.

26. «Men høyre du de Ò[smund] F[regdargjéven]
høtt eg no seie deg,
du hitar no dette jønne heitt
aa rekkjer de hit ti meg.»

27. De va' no vel Ò[smund] F[regdargjéven]
han hitar de jønne mæ avle
sò renner 'n tì den skomegjyvri
sò òdden den sto i navle.

28. Aa tì sò svara den skomegjyvri
fòr ho falt dø tè jor,
du skò kje kaama av bergje ut
aa inkje livanes ivi fjor.

29. Ò[smund] kastar jønndynni
han rudde den gòta fram:
«De^{v335} stend'e meg inkje mørkestògur
aa inkje Serklands kongelige skaal!»

30. Ò[smund] hògge i kringlebore
sò de skrangla i kvòr den ring,
sò hòggje 'n alle smaatròlli i hel
som han fòr òugo saag.

31. «Men høyrer du de du vene jaamfru
høtt eg no seie deg:
Du samlar no detti gulle i skrìn
som eg hev'e vonne her.

32. Du samlar [no detti gulle i skrìn]
som eg [hev'e vonne her]
aa sjav'e so gjeng eg i drykkjestòga
aa lirkar mæ sabelen mìn.

33. Ò[smund] gjeng ut – o tròlleb[otnen]
han æ baade gla aa kaat,
sò æ der laga i tròlleb[otnen]
de renn'e i blo aa vaag. ⁿ¹⁵⁰

34. Aa de va' no vel Ò[smund] F[regdargjéven]
han gjekk seg ne àt strandi
burte va' haanoms brøane baae,

aa inkje va' skjipe paa lande

35. Men som eg kaam meg i den fjorde haddi
der va' no sò ondeleg vóre.
Ìnne sto fagran, fljòtan fòlen
va' bonden i gulle de ròue.

36. «Men høyre du fljòtan fagran f[òlen]
hòtt vi' du hava av meg,
fòr du vi' ivi have renne
aa skjote deg onde meg.»

37. «Inkje sò av de ròue gulle
sò vi' eg hava av deg,
men du gjev'e meg av di høgre haand,
sò renner eg onde deg»

38. Aa tì sò svára O[smund] F[regdargjéven]
som Gud gav haanom i raa:
«Eg gjev'e deg av mi høgre haand
men daa skò du bera kòn baee.»

39. Aa Kongen han stend i høganeløftssvalir
han ser seg ut sò vie:
«No ser eg O[smund] F[regdargjéven]
paa fagran fòlen mon rie».

40. Aa de va no O[smund] F[regdargjéven]
han kaam seg paa kvite strand,
sò hòggje 'n hòvue av fòlen av,
sò blei de tì ein kristen mann.

41. Sò hòggje 'n fòlens hòvu av
der blei tì ein kristen mann
han va' bror tì jaamfruva
son tì kongjen av Engelland^[15]



Strofene er nummererte i oppskrifta. Strofe 34 står etter strofe 36, men med nummerering som her.

Under oppskrifta står det: (etter far sin av E).

Sophus Bugge skreiv òg opp etter Eivind (NFS S. Bugge e, 125ff og VII, 157ff). Berge har notert avvik derifrå med blyant i oppskrifta si. Dette er ikkje medteke her.

TSB E 146 Hugaball

Innleiing

Den vakre møllardottera dansar og syng for kong Halvor av Serkland, og om kvelden kjem ho opp i høgloftet til han. Kongen legg seg med henne om natta, men om det skulle bli ein son av det, vil han ikkje at dronninga skal få vite om det før barnet er så stort at det kan styre eit skip. Etter ni månader får ho ein son og kallar han Hugaball. På to døgn veks han så mykje som andre barn veks på sju år, og etter tre døgn er han fullvaksen.

På leikevollen neiser dei andre gutane han fordi han ikkje veit kven far hans er, men mora kan fortelje at faren er kongen av Serkland. Hugaball rir til kongsgarden og trugar kongen til å godkjenne han som kongsson. Saman med to andre kongssøner dreg Hugaball av stad for å redde to jomfruer ut av eit berg. Han spør brørne om dei vil gå inn i fjellet og hente ut jomfruene, eller om dei vil passe på skipet. Dei vil helst passe skipet, og Hugaball går inn og kjem ut med jomfruene. Men mens han går tilbake inn i fjellet for å hente ut meir gull, seglar brørne heim med jomfruene.

Hugaball rir tilbake inn i berget, og då byrjar hesten hans å snakke. Hesten seier at dersom Hugaball legg den blå kappa si under hovane hans, kan han bere Hugaball over den breie fjord. Hugaball og hesten kjem heim før halvbrørne, og han hogg båe brørne i hel.

Grunnlaget for denne visa finst i ei islandsk soge om jødar, *Gydinga saga*. Der er det mellom anna ei forteljing om Pontius Pilatus:

Kong Tirus var ein gong ute i skogen på jakt. Det vart mørkt, men det var stjerneklårt, og kongen var ein vis stjernetydar. No kunne han sjå av stjernene at dersom han kom saman med ei kvinne i natt, så kunne han bli far til ein mektig og vidgjeten mann. Dronninga var ikkje i nærleiken, men han fekk henta ei møllardotter til seg, og han låg med henne om natta. Møllardottera fekk ein son som ho kalla Pilatus. Kongen hadde sagt at når sonen var tre år, skulle han sendast til kongsgarden, og der voks han opp saman med ein halvbror, sonen til dronninga. Pilatus vart sjalu på bror sin og drap han. For å bli kvitt han sendte kongen Pilatus til Roma, og der møtte han ein annan kongsson som han også slo i hel. Etter det vart han send til ei øy som heitte Pontius. Innbyggjarane på denne øya var så rebelske og agelause at dei ikkje tolde nokon hovding over seg. Pilatus måtte anten kue dette hardlynte folket eller bli drepen. Pilatus klarte å temje dei og vart ein vidgjeten mann.

Denne visa finst berre i Noreg, men det er lett å sjå at visediktaren har bruka denne «legenda» som grunnlaget til visa, og i tillegg har han sett til ein del eventyrmotiv: Hugaball blir erta av leikekameratane og må spørje om kven faren hans var, slik Iven Erningen og Sigurd Svein måtte, og han tek jomfruer ut av berget, på same måten som Åsmund Fregdegjæva og Steinfinn Fefinnson gjorde.

På 1840-talet song Anne Ånundsdotter Lillegård i Lårdal denne visa for Landstad. Han kjende ikkje til nokon annan som kunne denne visa. Seinare song Anne visa også for både Jørgen Moe og Sophus Bugge. Det finst også fragmenter etter Tone Marteinsdotter Høna, men utanfor Lårdal er det få spor av visa. Olea Crøger og Hans Seeberg skreiv opp ein melodi. Dei noterte ikkje kven kvedaren var, men både Heggstad og Berge meinte at kvedaren ikkje kunne ha vore andre enn Anne Ånundsdotter Lillegård. Seinare skreiv også O. M. Sandvik opp ein melodi etter Inga Tonna frå Rauland i Mo.

Utsyn 5

Oppskrift A

TSB E 146: Hugaball

Oppskrift: 1840-åra av Magnus Brostrup Landstad etter Anne Ånundsdotter Lillegård, Eidsborg, Lårdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS M. B. Landstad 5, 5–7.

Oppgjeven tittel: Hugabalds vise.



1. Myllardottri dansar og kveð
og slær mot reví ^{v336} mæð foto
sa geng hon seg pá leikarvollen
Halvor Kongin imote

[n152](#)

2. Dei lág ihop den lange nát
og enda sá gorde deð ~~gorde deð~~ ^{nát} nát
up stend H[alvor] Konngen
klær han seg pá sá brot

3. Er du no lagi til sonen eige
om ded sille sá vera
du let en ki for með Dronngi koma
for han til skipi kan gera

4. Hon sat atte pá moyesalen
deð i mánane ni

tel hon atte sonen den
han var bate stor og frið

5. Deir bar deð báníd til kristnan
der gek vel kvennur iblanð
dei let honom navni geva
dei kallaðen Hugabald

6. Sá vox unge Hugabald
uti dei dagane tvaug
som dei andre smaabonni
dei vexe í ári sjau

7. Sá vox unge Hugabald
uti dei dagane tri
som dei adre smaabonni
dei vex í aldri sí

8. Hugabald geng han pa leikarvollo
ibantⁿ¹⁵³ dei drengine dyre
da gjordest han í hoggo sá store
det kunnad en ingin styre

9. Ded var no dei Kongins sönine
studde dei seg under kinn
Halt no ungeⁿ¹⁵⁴ Hugabald
du veit enki farin din

10. H[ugabald] kastad han leikesoppa
han lystar kí lenger at leike
sa geng han seg for sí moder in
og set sinne kinni sá bleike

11. Og hoyre du det min sæle modir
det er deg no ingin vande
du segje meg rette Fadersnamne
lat meg 'kí drygslom stande

12. Du segje meg rette fadersnamne
ded er deg no engin vande
anten deð er tjoð hel træll
hel ded er no mannen uti lande

13. Eg skal segja deg faders namne
ded er meg no engin vande
Kongin uti serklando
deð er no ðin farin sande

14. Han tok hatten af hovdi se
og hanskin af si hánd
tak skal du hava mi kære mor
seger du meg no ~~sande~~^{sant}.

15. Hoyrer du de min kere modir
hot eg deg spyrgie má
Kvore skal eg utíom íaf dinom garen
anten ride hel gá

16. Eg hev ein foli pa stallen standands
han er bunden med raude gullband
du sko ki utaf min garden gange
alt om en deg bera kan.

17. Ded var unge H[ugabald]
han spring uppa folabak
ded var honoms kere moder
gav honom eit nevaslag

18. Deð var unge H[ugabald]
han tots under slagi svingle
deð er tvinne vegur imelljum kon
me vita ko nár me kan finnast.

19. Hoyre da ded min sæle son
du skal ded no ekki sá trega
moter du nokon ðin uven pá veg
du skal en deð sama geva.

20. Ded var unge H[ugabald]
han rid etter vegin fram
sa gav h^oían~~om~~ eit nevaslag
te kvor den meinig mann

21. Ded var unge H[ugabald]
han kem seg ridands í gárð
sá bind en hesten sin

og sjav in i stoga gár

22. Ded var Se^rklands konungin
han seer iver mannar ~~Radden~~^{addek239}
velkomen er du ~~Halfr~~^{y337} kong sonen
sá skal me deg no kalle.

23. Ded var unga H[ugabald]
han ristad pa sylvbu^gdde kniv.
kallar ki du meg sonen din
koste skal deð dit liv.

24. Halt no unge H[ugabald]
still no du dit sverð
eg skal kalle deg sonen min
du er deð vel fulla verð

25. Ded var unga H[ugabald]
han talar eit ord með vreiðe
Komi no mine brøðane sju
de yppi med meg ein sveiví.

26. In springe Serklands droninge
segir hon ifrá deð fyrste
ded er tvo af mine sonir af hoggo sár
den treda en átte augu misse.

27. Hoyre der ded mine sæle sønine
vil der dekkon noko giftu
alt ded gull i min garden er,
ded skal milljom brøðane skifte

28. Der site tvo jomfrugur nordanfjolds
dei er no sá haardeleg bundne
den som dei utor bøndi kunna løyse
þs|Serkland ville eg honom unne

29. Ded var unge H[ugabald]
han springe seg fram iver borð
dei má ki lenger dvelljast idag
sa dyre er dei moders orð

30. Ded var unge H[ugabald]

han bind up seglerá
sa let einki han með bunko strjuke
før stavnen i bergi slár.

31. Hoyrer di no mine brøane tvo
hot eg dekkon spyrgje má
Kvore vil der no skipi passe
hel der vil in i bergi gá

32. ~~Mer~~ saa Og hoyre du unge H[ugabald]
me vil ki i bergi ga
men me vil helle skjipi passe
at deð reiser ki pá bylja blá.

33. Ded var unga H[ugabald]
sp̄ sveiper han seg i skind
sa ha en sá fager ei fotefær
alt ðvi i bergi in.

34. Her site der no de jomfruger tvo
og spilar med gulli ded rauðe
kvore vil de no fygje med meg
hell vera her til dekkons daude.

35. Gulli er gott at spela med
som morgo sól og máni
sa ung var me pá kons alder
som da, da me her i bergi kome

36. Gulli er gott at spèla med
som gulli^{fuglen} pa linde kviste –
sa unge var me pa kons alder
som du dá me kons glede miste.

37. H[ugabald] teke dei jomfr[uger] tvo
Og ville sine brøar sil gøyme
med han reið seg i bergi in
og ville taka gulli meire.

38. Da en kom seg i bergi in
begynna hans hesten til tala
ded skipi du H[ugabald] siglde pa
no er deð langt ut pá havi

39. Ded var unge H[ugabald]
han vart sa ille i^{um} orð
han bleikna som ded bleike løv
og svartnad som ei jord.

40. Tak no den blá kopa di
og breid under ~~blókaapa~~^{hovane} fride
keme da me pá grøne jord
ded sporst iver veri sá vide

41. Tak no den blá kápa di
og breid a under min hov
sa má du ride den brede fjor
som pa den grøne jord

42. Ded var unge H[ugabald]
han teke sin hest med krands
ded vil eg fer sanning segja
at bergi deð slogst i ein dands

43. ded var unge H[ugabald]
han teke sin hest med spor
det vil eg fer saning segja
at bergi deð slogst i ein logi.

44. Kongin han stend up i høgelofts svali
seer seg utivi sa vide
no seer eg eit skip pá havi fara
og ein kar uppa hesten ride

45. Ded var no hans brøane tvo
dei styrer hans skipi i land
ded var unge H[ugabald]
han red fyste pá sand.

46. Den eine biten gav han sin hest
den andre gav^{v338} han te reide
komi no mine brøane 2
dei yppi meg^{med} meg ein sveivi^{k240}

47. Ded var unge H[ugabald]
han kem seg ridands i gárd
ded var Serkl[ands] Kong

han ute fer honom stár

48. Det var unge H[ugabald]
han ristad pà sylvb[udde] sverd
hot meinar du Serkl[ands] Kongin
hot var du verd

49. Halt no unge H[ugabald]
og still no dit sverd
du skal fáa baade jomfr[uga] og Serklands rike
du er deð fulla verð.



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Landstad brukar både á og somstad à for å i denne oppskrifta. Her skriv me gjennomført á.

Oppskrift B

TSB E 146: Hugaball

Oppskrift: 1847 av Jørgen Moe etter Anne Ånundsdotter Lillegård, Eidsborg, Lårdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS J. Moe 8, 50–56.

Oppgjeven tittel: Hugabalds Vise



1. Myllardottere dansar aa kve
Ho slær i hop Reme^{k241} me Foto
Saa gjæng ho seg paa Leikarvollen
Aa Halvor kongjen imot.

2. Dei laa ihop den laange Naat
Aa Ende^{v339} saa gjore den Naatteⁿ¹⁵⁵
Op stænde Halvor Koningjen
Klær han seg paa saa braat

3. Er du naa lagje te Sonen eige

Om de sille saa vœra
Du maa 'kje late en for mi Dronning komma
For han sit Skjibe kan gjera.

4. Ho sat atte paa Moiesalen
Vel i Maanane ni
te o aatte Sonen den
Han va baate stor aa fri

5. Dei bar de Baan te Kristnane
Der gjæk vel Kvinnø^{ur} i blandt
Dei læt honom Namne gjeva
Dei kalla 'an Hugaball

6. Saa vox unga Hugaball
Uti dei Dagane tri
Som dei andre Smaabaanni
Dei væxe i Aldre si.

7. Hugaball gjæng han paa Leikarvøllen
Iblandt dei drengjene dyre
Saa gjorest han i Hugo saa stor
Der konde han^{en} Ingjen styre.

8. Der va naa dei Kongjesynine
Studde^{v340} de seg onde Kjind
«Halt no onge Hugabald,
Du veit inkje Faren din.»

9. Hugabald kasta Leiksuppa^{k242}
Han lyster kje længer aa leike
Saa gjæng han seg før sin Moer in
Aa sæt^{k243} sine Kjinner saa bleike.

10. «Hoire du de min kjære Moder,
Der æ deg naa ingjen Vande^{k244}
Du seie me rette Farsnamne,
Lat mæg kje Dryglom stande.»

11. «Æg ska seie dei Fa^ersnamne,
De æ mei naa ingjen Vandeⁿ¹⁵⁶
Kongjen uti Serklando
De æ naa din Faren sande.

12. Han tok Hatten af Hovde sit
Aa Hansken af si Hand
«Tak sko du hava min kjære Moder,
Sei du meg naa sandt.»

13. Høire du de min kjære Moer
Haat æg de sporgje maa:
Kvaare ska ^{v341} æg otor ~~dena~~^{denom}_{k245} Garen
Anten rie hel gaa

14. «Æg hæv en Fole paa Stallen standand
Han æ bonden me røde Guldband
Du ska kje otor min Garen gange
Om Hesten dæg bæra kan

15. De va onge Hugabald
Han spring up paa Faalabak
De va honoms kjære Moder
Ga honom et Næveslag^{v342}

16. De va onge Hugabald
Han st tost onde Slagje svengle
«De æ tvenne Vegur imijom^{n157k246} kon
Me veta 'kje naar me kan finnast»

17. «Høire duⁿ¹⁵⁸ de mi kjære Son
Du ska de naa inkje saa træga
Møter du nokon din Uven paa Veg
Du ska 'en de samme^a Ge gjeva.

18. De va onge Hugabal
Han rei ette Vægjen fram
Saa ga han et Nævaslag
Te kvor den Meinigman

19. De var onge Hugabald
han kjæm se rians ti Gaard.
Uti saa bind 'en Hesten sin
Sjav uti Stuga gaar

20. De va Særklands Koningjen
Han seer ivi Mannar adde
«Velkommen æ du Halvkongssonen,ⁿ¹⁵⁹

Saa skaa me dæg naa kadde».

21. De va onge Hugabald
Han riste paa sylbudde^{v343} Kniv
«Kaddar du mæg 'kje Sonen din
Koste ska de dit Liv.»

22. «Halt naa onge Hugabald
Stilt naa du dit Sværd
E ska sk kadde deg Sonen min
Du æ de vel fulla værd.»

23. De va onge Hugabald
Han talar et Ord me vreie
«Kom I naa mine Brøane sju
Aa yppe me meg en Sveive.»

24. In springe Særkland-Dronningje
Aa seie o i fraa de fyste:
«Tvo a mi' Sønine æ a Haaggo saar^{k247}
Den trie maatt Augo miste»

25. «Høire I de mine sæle Sønine
Vi de dikko noko gifte
ⁿ¹⁶⁰Alt de Gulle i min Garen æ
De vi æ mijom Brøane skjifte.

26. «Her site tvo Jomfruer norafjølts
Dei æ naa saa haardeleg bondne
Den som dei oto Bonde kan løise
Særkland vi æg en onde»

27. De va onge Hugabald
Han springe seg fram ivi Bord
Dei maa kje længje væljast^{k248} idag
Saa dyreⁿ¹⁶¹ æ di Moers Ord

28. De va onge Hugabal
Han binde op Sigl i Ra
Saa læ ikje han me Bonkor^{v344} stryka^{k249}
Før Stovnen i Berge staaer

29. De va onge Hugabal

Saa sveiper han seg uti Skjind
Saa hæv en saa fager ei Fotefærd
Alt te dei Jomfruene ind.

30. «Her site dei naa, di Jomfruer tvo
Aa spelar me Gulle de røe
Kvaar vi de naa fygje me mæg
Hel væra her te dekkos Døe.»

31. «Gulle æ godtⁿ¹⁶² aa spila me
Som Morgosol aa Maane,
Saa ong va me ^{paa} kons Alder som du
Naar me her i Berge inkaame.

32. Gulle æ godt aa spilaⁿ¹⁶³ me
som Fuglæn paa Lindekviste
Saa ong va me paa kaans Alder som du
Naar me okkons Glæen miste»

33. Hugabal tæk dei Jomfruer tvo
Aa ville has Brøar sil' gjøime
Men han rei seg i Berge in
Ville taka Gulle meire.

34. Daa en kom seg i Berge in
Begynde has Hesten te tala
«De Skjipe du Hugabald siglde paa
Naa æ de langt utpaa Have.

35. De va onge Hugabald
Han ble saa ille ivi Ord^{k250}
Han blikna som de bleike Løv
Og svartna som ei Jord.

36. «Tak naa den Blaakaapa di,
Aa brei a onde Hovane frie,
Aa kjæme daa me paa grøne Jor'
De sporst over Verden saa vie.

37. Tak naa den blaa Ka^apaⁿ¹⁶⁴ di
Aa brei a onde min Hov,
Saa maa du rie den breie Fjord
Som paa den †G†grøne Jord.»

38. De va onge Hugabald
Han tæke sin Hesten me Krans^{k251}
«De vi æg for Sanningje seia
Alt Bergje de slost i en Dands.^{k252}

39. De va onge Hugabald
Han tok sin hesten me Spore
De vi æg for Saningje seia
Alt Bergje de slost i en Logje^{v345, k253}

40. Kongjen han stænde up i Hogelo<fts>sva
Saa han seg ut ivi saa vie
«Naa ser æg et Skjip paa Have fara
Aa en Kar paa Hesten rie.»

41. De va naa has Brøane tvo
Dei styre sit Skipe til Land,
De va onge Hugabald
Han rei daa fyste paa Sand.

42. Den eine Biten gav han sin Hest
den are gjor han te Reie^{k254}
Kom I naa mine Brøane tvo
I yppa me meg en Sveive.

43. De va onge Hugabald
Han læt sit Svære braa^{k255}
Saa høgje 'en te sine Broane tvaa
Dei faldt i Lutine smaa.



Strofene er nummererte seinare med raud blyant. Med grå blyant er det skrive inn strofenummer frå S. Bugges oppskrift frå same kjelda. Bugges strofenummer er ikkje medtekne her.

Oppskrift C

TSB E 146: Hugaball

Oppskrift: Udatert av Sophus Bugge etter Ådne Olsson Auversækre, Høydalsmo, Lårdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge c, 68–72 (kladd)

Ingen oppgjeven tittel.



1. Myllardóttteri dansar á kve
hó slær ímót reimi mæ fótó
so gjeng hó seg utpá leikarvollo
Hallvor kungjen í móte.
2. Dei låg íhópes den lange nátti
endá gjóre dei nótt^{k256}
upp reis Hallvor kungjen
han klær pá seg so brátt.
3. Um du æ' no lagje te sónen eige
um de sille no so vera
so let han inkje for dronningji koma
fyrr han sitt skip kan gjera.
4. Hó sat att pá møyosalen
úti dei vikunne ní
te at hó átte sónen den
han va både stor á fríe.
5. De bar de báne te kristnar
der gjekk au væl kvennur íblandt
dei lét hánom navne gjeva
dei kalla 'en Hugeball.
6. Meire voks unge H[ugeball]
úti daganne tvau
hell dei are små bóni
dei voks uti árinne^{k257} sjau.
7. Meire [voks unge] H[ugeball]
[úti] daganne trí
hell [dei are små] bóni
i allom aldri sí.
8. H[ugeball] gjekk seg pá leikarvollo
der drenginne leikar te hóve

då va han í hoggji so stóre
de kunne ingjen hånóm stýre.

9. De va no dei kungjens drengjir
dei stødde seg under kinn
halt no unge H[ugeball]
du veit inkje faeren din

10. H[ugeball] kasta leikesoppen
han lyster kje lenger å leike
han gjenge te si sæle móer
han set sine kinn í bleike [k258](#)

11. Å høyrer du de mí sæle móer
hot eg vi spyrja deg
du seie meg av faersnavne
dú dyl de inkje for meg.

12. Eg sko seia deg faersnavne
de æ' meg ingjen vånde
de æ kungjen av Serkolande
de æ' din faer sanne.

13. Han tók hatten av hovue sitt
å hanskjen av si hånónd
takk sko dú hava mi sæle móer
seie dú meg no sant.

14. Å høyrer du de mí sæle móer
hot eg deg spyrja må
hokken eg sko' av dinom gari
anten ríe hell gå.

15. Eg hev ein fole på stallen standand
æ' bunden mæ roue gullband
den må du hava min sæle sóne
alt um en deg bera kann.

16. De va unge H[ugeball]
han sprang uppå folabak
de va' hånóms sæle móer
gav hånóm eit nevaslag.

17. De va u[nge] H[ugeball]
han tóss unde slagje svingle
her æ tvo vegur imiddjom kon
me vita kje når me finnast.

18. De va unge H[ugeball]
han ette vegjen rann
so gav en eitt nýttugt nevaslag
te kvor den menige mann.



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Under oppskrifta står det: (Vistnok fra Landstad; se navnlig Landst. str. 6)

Oppskrift D

TSB E 146: Hugaball

Oppskrift: 1863 av Sophus Bugge etter Tone Marteinsdotter Høna/Kollberg, Lårdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge i, 324–325.

Ingen oppgjeven tittel.



1. De va unge Hugaball,
han gjekk for si móer å stande
Å høyrer dú de mi sæle móer,
dú seg meg min faeren sanne.

2. – – –
Hallvor kóngjen í Serklandsríkje
han æ' din faeren sanne.

3. Høyrer dú de dú Hugaball
sæle sonen min
dú helsar din faer í Serklandsríkje
mæ sama dú kjæme inn.

--

4. De va unge H[ugaball]
han riste på sylvutte knív,
Kaddar 'kje dú 'kje meg sónen din,
koste sko de ditt lív.

5. De va unge Hugaball,
han riste på sylvarsvær
ha dú 'kje vori min sæle faeren,
detti ha' dú vori vær.

6. Høyrer dú de dú H[ugaball]
ville no dú meg lýe,
at dú vi'kje koma for dronningji mí,
fyrr dú kann ditt skipe stýre.

=====

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Under siste strofa står det: (Ikke Efterslæng). Han reiste i Bjerget, tog ud en Jomfru

Reinskrift: NFS S. Bugge VIIIb, 196–197.

TSB E 147 Steinfinn Fefinnsson

Innleiing

Steinfinn Fefinnsson kjem til ein bonde og spør om å få hus for natta og få turke skinnfellene som han hadde med seg. Bonden vil høyre nytt, og Steinfinn fortel at han er ute for å leite etter søstrene sine. Han hadde høyrte at dei skulle vere i skumeheiene. Bonden seier at om han hadde vore så flink med bogen som Steinfinn var, hadde han funne jentene for lenge sidan. Steinfinn kvesser pilene sine og rir opp til Nipesteinane. Der kjem den gamle gygremora fram for å skjere seg ei steik. Steinfinn spenner bogen sin og skyt henne først i auga og så i hjarta. Ein flokk med småtroll kjem ut for å hemne henne, men Steinfinn legg pilene på bogen sin og treffer femten troll i kvart skot. Når sola kjem opp, blir småtrolla til stein. Han går inn i berget, og der finn han søstrene sine. Jentene hadde vokse til kjemper inne i fjellet, men etter at dei hadde vore i kyrkja, fekk dei att sin normale storleik. Steinfinn går inn i fjellet og finn seg ei brur.

Denne visa fortel om ein helt som hentar jomfruer ut av berget, slik «Åsmund Frægdegjæva» (TSB E 145), «Hemingen» (TSB E 144) og «Hugaball» (TSB E146) gjer, men visa om Steinfinn Fefinnsson har ikkje henta emnet sitt frå desse visene eller frå eventyra. Knut Liestøl meinte at emnet var lånt frå ein episode i Orvar-Odds soge. Orvar-Odd hadde nokre makelaust gode piler som råka alt han skaut på. Han skyt på ei trollkjerring og treffer henne først i auga og så i hjarta.

I *Norske Folkeviser* trykte Landstad to variantar av denne visa. Hovudkjelda til A-teksten er Lavrans Gunnleiksson Groven i Seljord, men Landstad har også sett inn strofer frå ukjende songarar. Lavrans Groven døydde alt i 1842, og det kan tenkjast at Landstad ikkje hadde høyrte Groven synge, men at Landstad har fått bruke hans handskrivne visebok (visefugg), som dessverre ikkje er bevart.

Elles er visa berre dokumentert i Mo i Telemark. Sophus Bugge skreiv opp visa etter Hermod Larsson Dalen, Ingebjørg Targjeisdatter Sandvik og Jorunn Knutsdatter Bjønnemyr. Seinare skreiv Moltke Moe opp etter Hæge Vetlesdatter Bjønnemyr og Rikard Berge etter Hallvard Gunnarsson Kalbast. Lindeman skreiv opp ein melodi etter Ingebjørg Targjeisdatter Sandvik.

I Afzelius' *Svenska folkets sago-häfder* I, s. 33, står det ei vise om ein bogeskyttar som heiter Steffe. Visa har ein viss likskap med visa om Steinfinn Fefinnsson, men Bengt R. Jonsson ville ikkje ta henne med i *Sveriges medeltida ballader* eller TSB-katalogen (Jonsson et al. 1978) fordi han meiner det er ei nyare omsetjing frå norsk.

Den svenske teksten er såpass ulik den norske at han ikkje kan kallast ei omsetjing, men det kan vere ei nyare omdikting.

Oppskrift A

TSB E 147: Steinfinn Fefinnsson

Oppskrift: Udatert av Magnus Brostrup Landstad etter Lavrans Gunleiksson Groven, Seljord, Telemark.

Orig. ms.: NB Ms fol 1803c, 69–73.

Oppgjeven tittel: Stein-Fin Fæfinsøn Fæfinson

1. In saa kom den Skomemand
baate tit aa traat
høire Du Steinfin Fæfinson
Du laaner mæg Huus inaat
– Dæ va Steinfin Fæfinson
som ætte sine Systarne leitar –

2. Te svara Steinfin Fæfinson
som Gud gav honom te Raae
vel sko æg laane dæg Huus inaat
kunna Du seie Tiind goe

3. Æg va mæg paa up paa den Skomeheie
heim te mæ Heimsens Ende.
borte bleiv bææ mine Systarne tvei
mæg mone kje bære hende.

4. In saa kom den Skomemand
baatte faaen aa ny
høire Du dæ Steinfin Finson
kvi spør Du ætter di

5. Du tæk deg fyr i Virke-Vikun
i Virke-Vikun tva
let dei kvasse Pilun
i Mjøddo [k259](#) slipe aa slaa.

6. Du læg dæg uponde Saates Halsen
uponde saa brat ein Bakkji,
Saate han knæggjar han G^{Sk}rimslune seer
men daa maa Du Steinfin vakne.

7. [n165](#) Steinfin tæke sæg inkje ana fe
paa Virkevikune tri
hel han skjerper up Piline sine
han gjær baate slipar aa gnie

8. Steinfin han va fyrysynt
han turt kje smie længje
saa reiser han paa den Skome-Heie
alt heim te Heimsens Ende

9. Han læe sæg uponde Sotes-Halsen
uponde saa brat ein Bakkje
Sote han knæggjar han Skrimslune seer
men daa monne Steinfin vakne.

10. Om saa tala den Skome-Sjessa [k260](#)
tæk ho te aa momre:
Gak ut Sjessa skjær mæg Steikje
fe no tæk æg te hongre

11. Ut saa kom den Skome-Sjessa
ville Steikje sjæra
Steinfin tænkte mæ sjaven sæg
æg sko faae dæg anna gjæra

12. Dæ va Steinfin Fæfinson
han tok te dei Piline bjarte
saa skaut han te den Skome-Sjessa
saa Odden sto i hennars Hjarte

13. Ut saa kom dei andre Smaatrolli
tok dei te aa fæle
hot tru okkons Moiri felar
ho sparkar ti Jora mæ Hælar

14. Te saa svara dei andre Smaatrolli
Dei kun' kje hugse ret:
Her æ skötne dei Jøklepiline [k261](#)
nora onde Heie slet.

15. Dæ va Steinfin ~~Steinf~~ Fæfinson
han læt inkje Piline trote
saa lokka han alle dei Bergetrolli

uti Dagjen ljose.

[k262](#)

16. Snille æ dei mine Systane tvo
aa snilt saa hæve di vaxi
heimat monne de bæra mæg
alt uppaa dikkons Axlir

17. Vexten hæve me fængje
men Styrkjen felar kon adde
men fant me Jutulens Huske-Tein
saa snægt skulle Vexten falle.

18. Saa fant de Jutulens Husketein
dei stak uti Steinfins Særk,
ha han hat Vexten fe alle dei
uti Avlen va han dei stærk.

19. Systæne gjænge te Kjyrkje
tækje mæ den christeleg Tru
Steinfin han reiser Bergjo nor
aa hæntar si unge Brur.



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

I høgremargen mellom strofe 8 og 9, og 9 og 10, er det skrive inn strofer som det seinare er sette strekar over. Strofa mellom strofe 9 og 10 er markert som variant til strofe 9.

*Mellom 8 og 9: Steinfin ville løine sæg
(mæ-en-søvna-ei-liti-Beite)
saa løinde en sæg i Skjær Æggje
længst i villande Heie.*

*Mellom 9 og 10: Steinfin ligge onde Soteshalsen
Soten Senje saknar
saa knæggja Soten i Skræmslo
Daa monne St[einfin] vakne.*

Etter oppskrifta står det: (Ved Lavrantz Groven)

Oppskrift B

TSB E 147: Steinfinn Fefinnsson

Oppskrift: Udatert av Sophus Bugge etter Ingebjørg Targjeisdotter Sandvik, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge I, 149–151 (reinskrift).

Oppgjeven tittel: Steinfim Fefimsonen. II.



1. Á dæ va'n Steinfim Fefimsonen,
han kom seg så seint um kvelli:
«kjære bóndi, du låner meg hús í nott,
á turkar upp míne fellir!»
– Hæra vil ingjen dansen framføre. –

2. «Á eg sko' låne deg hús í nott
á turke upp díne fellir;
á ha' du noko nýe tíend
á segja meg um kvelli?»

3. Som Landst. B. 3; Lin. 2: eg veit inki bet á segja; L. 3: sanningi.

4. «Á eg æ kjend'e på skómeheiar
á væl utí kvor dæn runni;
menⁿ¹⁶⁶ ha' eg vori så tamd'e mæ bogjen som du,
eg ha' dei au lánge sill' funni.

5. Á du gjenge deg Steinfim Fefimsonen
nór unde nípestein;
fy sunna så teke dú kvíldinne,
fy nóra så fær du ei^{k263}.

6. Á du gjenge deg Steinfim Fefimsonen
nór unde hestebarki;
så neggjar Sóten skrymtinn' en sér,
men då má du Steinfim vakne.»

7. Á dæ va'n Steinfim Fefimsonen,
gjekk seg nór unde nípestein,
fy sunna så tók en kvíldinne,
fy nóra så fekk 'en ei.

8. Á dæ va'n Steinfim Fefimsonen,
la' seg unde hestebarki;
sá neggja Sóten, skrymtinn' en ság,
men då måtte Steinfim vakne.

9. Á út kom gamle gyvremóiri,
hó ville på steiki sjá,
men Steinfim tenkte mæ sjave seg:
«du kjeme væl her ti' máti.»

10. Á út kom gamle gyvremóiri,
hó ville på steiki skjera;
Steinfim tenkte mæ sjave seg:
«ti máten sá kjeme du hera.»

11. Som Landst. B V. 11; L. 2: han la' då ti á skaut; i L. 4: gran (eft. Ingebj. = grand).

12. «Á kalt ær her på skómeheiar,
nár vinden dæn stend av nari,
á kvasse sá æ' dei jokletindar,
som fýk av honom skavli.»

13. Á dæ va'n Steinfim Fefimsonen,
han la' på píle bjarte,
sá skaut en dæn gamle gyvremóiri,
sá odden stó í hjarta.

14. Á út kom adde smátroddi,
dei gjóre seg derav gama:
«men hoss trú dæ bere ti móir okkos,
hó ær inkje no, som ho plagar.»

15. L. 1 og 3 som i V. 14; L. 2: dei fóre då ti á fæle; Lin. 4: hó bankar sá hart mæ hælo.»

16. Á út kom adde smátroddi,
dei kraup utí kvorjom holte,
Steinfim ha' inkje minde fy seg,
hell femten í kvorjom skoti.

17. Som Landst. B. 17; Lin. 3: men hot trú; upp (for no); L. 4: dessi.

18. Á de va'n Steinfim Fefimsonen,
han leiddest då á skjóte:

«men takje no de dæn véne brúri,
som leikar på fimom fóto!»

19. Á så lengje sprang dei smátroddi
á ville dæn brúri taka,
alt ti dei blei í kampesteine,
stende júpt ni dalar.

20. Á så lengje sprang dei smátroddi,
ti sóli skjain í augo;
då blei dei í kampesteine,
stende júpt ni haugo.

21. Á dæ va'n Steinfim Fefimsonen,
han sveiper sitt hovu í skinn,
så gjenge han seg í bergi nór
ti síne ^{tvø} systanne inn.

22. «Á no hava de vori í bergi nór
berre nokle dagar,
á no må de meg í ermo bera
heratt ivi skómedalar.

23. Á no hava de vori í bergi nór
berre månan ein,
men no må de meg í ermo bera
heratt ivi skómeheiar.»

24. «Ja vokstren dæn have^a me fengi,
á styrkjen dæn turve me adde,
men fann me rysens husketein'e [k264](#),
så sille snart vokstren fadde.»

25. «Så fann dei rysens husketein'e
á la' dæn í Steinfims serk,
då fekk Steinfim deires vokstre,
men alli så bleiv han sterk.

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Oppskrift C

TSB E 147: Steifinn Fefinsson

Oppskrift: 1913 av Rikard Berge etter Halvor Gunnarsson Kalbast, Mo, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCXLIV, 95–99.

Oppgjeven tittel: Steifinn Fefinssonen.



1. Det var einom komu manne
kom so seint um kvelli:
«vill du laane meg hus i not
og turke minom felli?
– Heran vil engjen dansen fremføre. –

2. «Eg skal laane deg hus i not
og turke dinom felli,
heve du nokon ny tidend
fortelgje meg om kvelli

3. Meg er no stolne burt systanne tvo
det er 'ki bæri seia
men det er meg for sanning sagt,
dei er upp i skomeheian.

4. Kunnig er eg paa heido nor
kringum kvorjum rinde,
kunna eg so væl mæ boga som du,
eg sill dem fulla finne.

5. Du legg deg under folahalsi
og sjaa hosi det mun falle,
naar folen kneggjar, som skrømtine ser
daa maa du Steifinn vakne.

6. Du legg der under folahalsi,
og ser deg ut so vide,
naar folen kneggjar, som skrømtine ser
so maa du hasteleg'e ride.

7. Det var Steifinn Fefinssonen

han gjenge at nibbesteini,
sunnanfor fekk 'n kvildine,
for nordan hadde'n heidi

8. Steifinn ligg under sótehalsi
han søtran sengji saknar
folen kneggjar i skrømslengji
og da monne Steifinn vakna.

9. Ut so kom den gamle gjyvre mori
vilde paa steikji skjera,
Steifinn tenkte med sjaven seg:
du bidar væl fulla hera!

10. Ut so kom den gamle mori
vilde paa steikji blaase,
Steifinn han tenkte med sjaven seg:
du kjeme fulla ti maate!

11. Det var Steifinn Fefinnsonen,
han seg av armo skaut,
skaut han den gamle gjyvre mori
at granine i augo rauk.

12. Det var Steifinn Fefinnsonen,
daa for han ti skjóte,
det totte den gamle gjyvre mori
som hagli or skjydi rjote.

13. Ja, kalt er de paa Skomeheian
naar vinden fjukar av hard,
kvasse er dei jokkletennan
som fjuker av kvor snjoskavli.

14. Det var Steifinn Fefinnsonen,
han leiddest 'ki at skjote,
skaut han ti den gamle gjyvre mori
hon maatti til jordi rjote.

15. Ut so kom dei smaatrolli
gjorde seg av eit gama;
«hot tru okkos mor fattast
hon fær ikkji kjeften saman.»

16. Ut so kom dei smaatrolli
toko dei ti aa fæle:
«Hot tru okkons moyr fattast
hon sparkar so med hæli»

17. Det var Steifinn Fefinssonen
tok han ti aa leidast;
«aa tru hon kom no den klare sol
upp paa dei Skomeheian.»

18. Det var Steifinn Fefinssonen,
han saag seg berjom imoto:
«de taka no den vene bruri
hon løyper paa fine foto.»

19. Some dei flaug ut i flintestein
og some i kampen graa,
«det vill eg for sanning seia
dei stende her ut med aa.



Strofene er nummererte i oppskrifta. Berge har hoppa over nr. 19, så nr. 19 her er nr. 20 hjå Berge.

TSB E 148 Rolv Gangar

Innleiing

Rolv Gangar ligg ute med langskipet sitt ei julenatt. Det er iskaldt, og han greier ikkje å kveikje varme, for knusket er rått. Då ser han at det ryk frå ein heller og bestemmer seg for å søkje ly der, anten det er troll eller menneske som held til på staden. Men då trollkjerringa som bur under helleren vil sluke han, må han rømme sin veg.

Det finst eit titals variantar av denne balladen, alle frå Telemark, men ingen av dei legg fram noka fullstendig handling. Landstad, som trykte ein tekst på seks strofer i *Norske Folkeviser*, «maa beklage, at vi ikke har kunnet erholde mere af dette Kvad, en disse faa Vers» (Landstad [1853] 1968: 43–44). I merknadene til visa peikar Landstad elles på at «Rolv Gangar» i Telemarks-tradisjonen er blitt forveksla med ein annan balladehelt, Steinfinn Fefinnsson. Om han finst det ei eiga vise, TSB E 147.

I dei færøyske formene av «Rolv Gangar» ser vi mykje meir av det som ein gong må ha vore innhaldet i den norske balladen. To norske brør byggjer eit skip, tek med seg «inn unga Gongurólv» som styrmann og legg til havs. Dei segler langt mot nord til Trollebotnen, der det er fullt av troll. Ein diger rise drep alle som vågar å gå i land, og berre dei to brørne og Rolv kjem seg unna. Dei får også med seg ei mengd gull frå Trollebotnen. Dei tre karane forlet skipet og legg i veg til fots over isen. Etter kvart døyr brørne av kulde, men Rolv går vidare, no med tre gullbører på ryggen. Endeleg ser han eld brenne i ei fjellhole, og han går inn i hola. Der finn han ei kvinne som viser seg å vere søster hans, og som held til i helleren saman med ein diger rise. Til å byrje med held ho broren unna risen, og seinare får ho risen til å love at han ikkje skal gjere Rolv nokon skade. Rolv held til i fjellhola i lang tid.

Når han endeleg skal av stad, overtalar søstera risen til å bere både han og ei gullkiste med seg over havet. Dei kjem til eit land fullt av jomfruer. Rolv narrar risen til å sjå mot aust, og i det same renn sola og gjer risen til stein. I jomfrulandet ligg Rolv tre netter med ei av dei vakre jomfruene, men først den tredje natta mister ho jomfrudomen. Deretter kallar ho på ein diger fugl, og fuglen ber Rolv på ryggen til Trondheim, der han møter att søster si. Ho har med seg ein ung gut som er hennar og Rolv sitt barn. Rolv går fram for kong Olav, fortel kva han har opplevd og tilstår at han har lege med søster si. Deretter døyr han.

Av referatet går det fram at den færøyske «Rolv Gangar» er ein ballade med fleire eventyrtrekk, og ei minst like variert og fantasifull og frodig handling som den vi finn i mange undereventyr. Den korte norske visa inneheld sjølvstekt berre litt av dette, nærmare bestemt delhandlinga der Rolv kjem fram til fjellhola og ser det brenne eld. Hos Landstad heiter det:

Um talað Rolf Gangar

han ság under helleren rjúke:
anten deð er troll hell kristen mann,
sá vil eg der under krúpe
(Landstad [1853] 1968: 43).

Tilsvarande heiter det i dei færøyske viseformene:

Rólvur hugsar við sjálvum sær:
«Eg kann ei úti standa,
hvørt her byggja fólk ella trøll,
eg fari her inn at ganga»
(CCF I: 591).

Når Rolv Gangar kjem til Trondheim, fortel han som nemnt til kong Olav alt han har opplevd på dei lange og vidløftige reisene sine:

Stundum havi eg við grunnið farið,
stundum uppi við ský,
hvør í míni fótspor stígur,
han lær ikki allan tíð
(CCF I: 594).

Som vi ser er dette ei Draumkvede-strofe. Knut Liestøl peikar på at denne – og andre Draumkvede-strofer i «Rolv Gangar» – truleg vart lånte frå «Draumkvedet» før «Rolv Gangar» kom inn i den færøyske balladetradisjonen, og ikkje at «Draumkvedet» nødvendigvis har vore kjent på Færøyane. Det er all grunn til å rekne med at «Rolv Gangar» er norsk opphavleg, og «the stanzas may have come to the Faroes with the song» (Liestøl 1946: 45). I færøyske viseformer heiter risen *Rosmar langi*. Nammet *Rosmer* har gått over i danske utformingar av balladen. Det er avleidd av norrønt *rosmhvalr* (m) = kvalross, jf. nynorsk *rossmål*. Dei danske viseformene av «Rolv Gangar», som Ibsen kjende frå Vedels utgåve, fungerer som under- og intertekst i dramaet *Rosmersholm* (1886).

Utsyn 9
CCF 29
DgF 41
SMB 219

Oppskrift A

TSB E 148: Rolv Gangar

Oppskrift: Udatert av Jørgen Moe etter ukjend songar, ukjend stad.

Orig. ms.: NFS J. Moe 6, 17.

Ingen oppgjeven tittel.

1. De va no han Gangar-Rolf
Han fraus paa sina Føtar
De æ mykje værre før Eljstein
Der klaknar i Hjerterøtar

2. Om saa tala han Gangar-Rolf
Han saag onde Hedderen ruke
Anten d'æ Trol el kristen Mand
Vi me derinonde krupe

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

I venstremargen står det: Sangeren tror, Intet mangler

Oppskrift B

TSB E 148: Rolv Gangar

Oppskrift: udatert av Magnus Brostrup Landstad etter ukjend songar, ukjend stad.

Orig. ms.: NFS M. B. Landstad 4, 22–23.

Opgjeven tittel (med blyant): Rolf Gangar

1. Dæ va Stejfin Fefinson,
han flakka frammæ la^ando
dej drog af iniⁿ¹⁶⁷ Elvartokij
dæ klaka i Tollevaando.
– Dæ va Stejfin Fefinson
Redas fe Piline Trotte –

2. Stæjnfin laag paa Langskip
dæ va ein Jolenaat
daa fek dej inkje Varme up
fe Noskije ha blive Raadt.

3. Omtala Stenjfin Fefinson
han Frous paa sine Føttar
endaa var fe Eljestejn
dær klaka i Hjarterøttar.

4. omtala Stejnfin Fefinson
han saag den Hedderen Rjuke
anten der æ Trold hel christen Man
saa vi eg der ini krupe.

5. Stejnfin drog te Hedderen
som han saag dæ Ruke
saa møtte han den Skomagyvri
ho ville honom sluke

6. Stejnfin Rømde te snekja si
aa Rodde Norom Lande
saa fan der ein stillehamn
der va slet injen Vaande.

7. Stejnfin tok seg kje anna fyr
i Virke Vikun 3
hel han skjerp<er> Pilin sine
han gjere bere slipar gnier

8. Steifin tala te sine Mend
vi dæ meg nokon fyje
no vi eg tala mæ Skomegyvri
a<n>ten ho gruttar hel griner.

9. Stejnfin spente Bogen sin
aa lai Piline Bjarte
saa skout han te den Skomegyvri
saa oddanne sto i hjarta.

10. Ut saa kom dej smaa trolli
gjore seg af eit gama
hottru dæ felar kons sæle Moer

mæ ho fær inkji Kjeften i sama.

11. Inatte sprong dej smaatrolli
daa toke dej te fæle
hottru fæ fellas kons sæle moer
ho bankar saa tiit mæ hæle.



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta. Omkvedet står til slutt i oppskrifta.

Etter siste strofa står det: ende for mig

Ein finn att variantar av strofe 7 og 9–11 i balladen om Steinfinn Fefinnsson (TSB E 147; jf. Landstad 1853, 33–39).

Oppskrift C

TSB E 148: Rolv Gangar

Oppskrift: 1913 av Rikard Berge etter Halvor Gunnarsson Kalbast, Mo, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCXLIV, 99–100 (reinskrift).

Rolv Gangar.



1. Det var Rolv Gangar,
han flakkad fram med laando,
so drogo dei av inn i elvartakji,
det klaka i tollevando.
– Rolv Gangar, ræddast for pilinne trote. –

2. Rolv Gangar laag paa longskjipi
det var um ei jolenatt,
han fekk 'ki varmi kveidkje
for njoskji had' vorti raat

3. Um talad Rolv Gangar,
han fryse paa sine føtar:

enddaa verre fer elljestein,
det klakar i hjarterøtar.

4. Um talad Rolv Gangar
han saag under helleren rjuke;
«anten det er troll, ell kristen mann,
so vi eg derundi krupe.»

5. Rolv han reiste at helleren
som han saag det rjuke;
møtte han der den skome gjyvre,
hon vill honom sluke

6. Rolv, han rømde at snekkja,
og rodde seg nor mæ lande,
der fann han seg ei bæri legu
der var slet ingja vande.



Strofene er nummererte i oppskrifta.

Etter oppskrifta står det: Slut. (11/2-13. ups)

Oppskrifta er nær identisk med teksten i Landstads Norske Folkeviser (1853, s. 43–44).

TSB E 156 Lindormen

Innleiing

Ein gjetargut finn ein liten orm i graset og tek han med til den stolte jomfrua Lyselin, han trur ormen er gull. Ho legg ormen i ei kiste, men etter eit par dagar veks ormen, slik at kista sprengest. Ormen legg seg i fanget til jomfrua. Det blir sendt bod til friaren hennar, danerkongens son. Han segler til Island der jomfrua held til, og får det rådet av ein liten brunfole at han skal velte seg i tjøre og fjøresand. Denne blandinga fungerer som ein framifrå rustning, og etter hard kamp drep danerkongen lindormen. Jomfru Lyselin inviterer danerkongens son til å «eta af fat með meg / og sova út með mi síðe» (Landstad [1853] 1968: 145), men helten avviser tilbodet, han har andre planar.

Det er likevel ikkje usannsynleg at balladen opphavleg har enda med bryllaup mellom jomfru Lyselin og danerkongens son, slik ein skulle vente. Den noko overraskande vendinga med at danerkongen avviser jomfru Lyselin, kan ha blitt lånt inn frå den danske balladen «Gralver kongesøn» (Utsyn: 19). Ein av dei om lag tjue norske variantane inneheld det som kan vere den opphavlege sluttscenen, og rundar av med bryllaup mellom jomfru Lyselin og danerkongens son. Bugge let trykke denne teksten i *Danmarks gamle Folkeviser*, og her lyder siste strofe slik:

De va' jomfrúva í Íseland,
ha' forvunni all sín harm:
í natt söve hó í höieloft
på kungssónens arme
(DgF III: 798–799).

Bugge skriv at han høyrde visa i denne forma av ei gamal kone i Fyresdal i Telemark, men nemner henne ikkje ved namn. Ho heitte Jorunn Targjeisdatter Kåsa (1771–1859), og Bugge skreiv opp to balladar etter henne i 1857. Den eine av desse, «Hemingen og gygra» (TSB E 144), trykte han som A-tekst i *Gamle norske Folkeviser* (Jonsson & Solberg 2011: 575–576, Bugge [1858] 1971: 6–10). Elles er alle tekstvariantar av «Lindormen» skrivne opp i Telemark. Landstad trykte balladen i *Norske Folkeviser* (Landstad [1853] 1968: 139–145).

«Lindormen» byggjer på gamalt forteljestoff og viser såleis tydeleg motivlikskap med *Soga om Ragnar Lodbrok*, ei fornaldersoge frå om lag 1300. I saga blir det fortalt om jarlen Herrud og den vakre dotter hans, Tora *Borgarhjort*. Tilnamnet hennar kjem av venleiken, «ho var so mykje venare enn andre kvinner som hjorten er venare enn andre dyr,» heiter det i Severin Eskelands omsetjing (*Soga om Ragnar Lodbrok* 1944: 19). Ein dag sender jarlen ein liten lyngorm til henne som gåve, og ho legg ormen i ei eske, med gull som underlag. Men ormen veks over alle grenser, og det same gjer gullet. Ormen legg seg i ring kring huset, slik at ingen vågar å kome nær staden. Jarlen gjer då kjent at den som kan drepe ormen, skal

få både dotter hans og gullet som ormen ligg på. Vikinghelten Ragnar Lodbrok får kjennskap til dette. Han lagar seg lodne skinnbukser (brøker) og kappe, og kokar dei i bek, og dessutan velter han seg i sanden. Med denne kledebunaden kan ikkje ormen skade han, Ragnar Lodbrok drep draken og gifter seg med Tora.

Substantivet *lindorm* har ingen ting med treslaget *lind* å gjere, men kjem av norrønt *linnr* (m) = orm. Aasen skriv at lindormen er ein «Slange av fabelagtig Størrelse», og som fabeldyr er lindormen i slekt med draken. Det er elles verdt å merke seg ein påfallande skilnad mellom ormeskildringa i fornaldersoga og i balladen. I balladen representerer ormen i mykje sterkare grad eit seksuelt-erotisk trugsmål mot den stolte jomfrua. I fleire variantar heiter det såleis at ormen berre vil kvile mellom jomfrua sine kvite små bryst. Landstad nøyer seg rett nok med å skrive at ormen legg seg i fanget hennar.

Utsyn 27

CCF 2 A, B 1–73, C: I, D Ragnars táttur, E Ragnars táttur, F 1–62, G 1–70

DgF 24

Oppskrift A

TSB E 156: Lindormen

Oppskrift: Udatert av ukjend samlar etter ukjend songar, ukjend stad.

Orig. ms.: NB Ms fol 1803 g:H, 3–8.

Oppgjeven tittel: En Anden vise



1. Aa de va en litten Hying gut
han vogta fe under lie
so Fant han den lede lindar orm
so laagt uti grase mon Skrie
– Fe naa ligger ormen i Iseland udi Floden –
2. So tok han up den lede lindarorm
han Tænkte naa de va guld
so bar han den heim te ^{stolte} Lyselin ~~Stolte Jomfrue~~
ho va naa so Dydefuld Kongens datter af Islande.
3. so tok di naa den ^{v346} lede ^{v347} lindarorm
aa lagde den i en Kjste

di tænkte de va guld
den <...> i dagene too
Kjsten va sond aa ormen paa Golve Spila
for kista brast uti stykki –

4. Aa de va naae den lede lindarorm
han vi inkje andensteds vile^{v348}
hel up paa Jomfruens brøster^{v349}
der ville den ormen qvile.

5. So sente di baa Ette Pelan^{v350}
so høgt uponder Lie^{v351}
om han vil kje komme te Iselandi
aa vinne de vene vive^{v352}

6. So sentte di baa te Peland^{v353}
so høgt uponder Aa^{v354}
om han vi kje komme te Iselandi
aa vinne de vene m<aar>

7. De va Daner konjen søn
han va kje kon 15ten Aar
naae vi eg Rejse te Iselandi
Aa vinne de vene maar

8. De va Aarine aa de Forgylte Fløj
di bar de her ner te straando
Aa de va Danner konjens søn
daa ville han Rejse af laando

9. So bat de up de Forgylte sejl
so høgt i Forgylte Raa
han vil kje segle paa bonkjen Struke
fe han Islandi saag

10. De va Daner konjen søn
va 15 mile Paa Hav
de vil eg fe sanden sige
han hørte de ormemaal

11. De va lille bron Folen
han kona mannemaal
du maa hava hændan af hare graastejn

aa Jartae utaf staa

12. Fyste velter du deg utti Kjøru
aa so utti Fjøru sand
de vil eg Fe sanden sige
æ bet hel Brønje aa band^{v355}

13. De va naae den Skjøne Jomfruga
o seg ut af vinduet saag
aa de va Danner konjens Søn
han kom der Rians i gaar

14. Aa de va naae den lede lindarorm
han ut av vindøjet Rand
aa de va lille bron Folen
han lejkar Paa viden sand

15. Aa de va naae den lede lindarorm
han lagde seg i en Ring
Aa de va lille bron Folen
han Dansa der trint omkring

16. Di sloges udi dage
di Sloges udi toe tre
Soli Fik kje Paa Nutan Skjne
fe Røjkjen af ormebloe

17. Aa De va Daner konjens søn
stak orme hovue paa et Spjut
de helsar Lyselin Stolte Jomfrue
at ho vi kaama her ut

18. Tak Haver Daner konjens søn
som løste meg af den Qvide
naae maa du Etta af Fate mæ meg
Aa sova ut mæ mi sie

19. Aa tak have Daner konjens søn
som løste meg af den Harm
naa maa du Etta af Fate mæ meg
Aa sova utpaa min arm

20. De va lille bron Folen

han kunna manne tækje
teke du Fruga^{v356} af Søndeliborg
de Skjer deg slet ingio Lyke

21. Aa eg Heve meg i Jomfru Fest
Kjeisarens Dotter af Rome
Qvor den Gaang at de Dagas i øst
ho venttar meg komma hiem

22. Aa de va Daner kongjens søn
han lyfte paa Højan hat
hav naa tak Lyselin Stolte Jomfrue
aa hav naa Tusin God nat



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Etter siste strofa står det to strofer som kan setjast inn ein stad etter strofe 7:

Aa de va Daner Kongens ^{Søn}
han Red over bekar aa Fløe
aa de va naa den Orme Tærna
va svøbt i Skarlagen Rød

Naa vi eg Reise af landet udt
Om eg den Sille Døe
eg hev inkje bonni som græte Fe meg
Aa inkje mi Festar møe

Oppskrift B

TSB E 156: Lindormen

Oppskrift: 1856 av Sophus Bugge etter Olav Ansteinsson Syning og Ingebjørg Targjeisdatter Sandvik, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge I, 176–178 (reinskraft).

Oppgjeven tittel: Lindarormen. II.



1. Eg va meg ein líten fehyrðing,
eg voktar mitt fé under líde,
sá fann eg fat på dæn líten yrmling,
[v357](#) han rann av inn í eitt skyggi. [v358](#)
– Fordi ligger ormen í Ísland úti flóden. –

2. Sá tók eg dæn på min vottetummi
á visste 'kje anna hell dæ va' gull,
á sente'n ti frúva í Ísland,
ho æ sá flr'rdýdefull.

3. Ho la' dæn på sin kistebotn
[v359](#) á visste 'kje anna hell dæ va' gull; [v360](#)
han ha' kje legi hot daganne trí [v361](#),
fyrre kista dæn va' full.

4. [v362](#) Á dæ va' ho frúva í Ísland,
ho sýntes, dæ va' stór under,
at ormen út ígjenom dynninne rann,
á kista hennes va' sunde.

5. Á tvý sá [v363](#) vorre deg ormen
alt fyre di [v364](#) falske listir,
han du ville 'kje arsta higgje hvile,
hell miggjom jomfruens hvide små bryster.

6. [Á tvý sá vorre deg ormen]
[alt fyre di falske] rá
[du ville 'kje arsta hvile,]
[hell miggjom jomfruens] bryste små [v365](#)

7b. Á dæ va' ho frúva í Ísland
sí boir ho sente kring land,
dæn som kunna henar fy lindarormen frí,
si' vinne dæ liljevand.

8. Ho sender bo^e ti belar
att bådi vítt á breitt;
á dæn, som ville ti Ísland
sko vinne sá vént eitt vív [v366](#).

9b. Á dæ va'n Daniel kungens sòn
han salar út gangaren grå:

«no vi' eg meg ti Íseland
á kungens dotteri fá.»

10. «Á vælkomen Daniel kungens sön
á vælkomen hít ti me:
no hev eg nýtt øl í kjelleren
á blanda í dæ klåre vín.»

11. «Eg æ'kje um ditt nýtt øl í kjelleren
á inkje um ditt klåre vín;
men hori æ dæn leike-lindarorm,
som hev gjort deg så stórt eitt mén?»

12. «Á høyrer du Daniel kungens sön,
hot eg seie deg må,
á må eg meg upp i høieloft
á seia dæn ormen ifrá?»

13. Á dæ va no hass góe moder,
ho rádde'n dæn góe rá:
«á stikk din kjortel i kjorra^{v367}
á så í hvídan sand^{v368},
det^{v369} vil jeg for sanningen sige,
æ' sterkar^{v370} hell brynjeband.»

14. Han stakk sin kjortel í kjøra
á så í hvídan sand;
det vil jeg for sanningen sige
æ sterkar hell brynjeband.

15. «Á høyrer du dæ du leike-lindarorm,
hot eg seie deg må:
her æ komi en herte^{k265} úti vǫrs gǫr,
som lyster deg ormen at sjǫ

16. Á dæ va' den leike-lindarorm^{v371},
han út igjenom dynni^{v372} rann,
á dæ va' Daniels gangaren^{v373}
han langt uppá vollen sprang.

17. Á dæ va' den leike-lindarorm,^{v374}
han út igjenom dynni flø^{v375}
á dæ va' Daniels kungens sön,

han langt uppá vollen ré.^{k266}

18. Á dæ va' no dæn leike-lindarorm,
han leika så lett umkring la' seg dær í en ring,
á dæ va' Daniels gangaren,
han leika så lett umkring.

19b. Á dæ va'n Daniel kungens sön
han kjeme seg ríand í gár,
á dæ va'n líten lindarorm
han út fy dynninne låg.

20. Á dæ va' Daniel kungens sön
han lét sitt sværi brá,
han hoggji no ti dæn leike-lindarorm,
så hovui falt luten ífrá.

21. «Hav takk Daniel kungens sön,
som ha' frælsa meg frá dæn harm,
no må du rá fyri Íseland
á sova uppá min arm.»

22. [«Hav takk Daniel kungens sön,]
[som ha' frælsa meg] for dæn kvíe,
[no må du rá fyri Íseland]
[á sova] innmæ mí síe

23. «Eg hev meg ei festarmøy,
ho búr dær sør undi øy;
á kvor dæn dag for østen dag,
så væntar ho meg heim.»



Strofene er nummererte i oppskrifta.

Ved tittelen står det: (meddelt af a. Olav Syning, b. Ingebjør Sandvik, som sagde, at hun havde lært Visen af Olav) Der a og b har ulik tekst i heile verselinen, markerer Bugge kven hovudteksten er etter. Markeringane og variantane er førde som noter her, med Bugges bokstavar.

Strofene er nummererte i oppskrifta. Nokre heile, unummererte strofer frå Ingebjørg står i ei eiga kolonne på s. 177 i oppskrifta, utan tilvising til kor dei skal setjast inn. Her er desse sette inn der det høver best med handlinga. Dei har fått eigne nummer, og difor avvik nummereringa noko frå Bugges.

Desse strofene står med ein «b» etter strofenummeret.

Oppskrift C

TSB E 156: Lindormen

Oppskrift: Udatert av Georg Olavus Greve etter Tor Sveinsson Hovdekleiv/Sopanstad, Kviteseid, Telemark.

Orig. ms.: NFS G. O. Greve 2, 36–39.

Oppgjeven tittel: Ormen paa Iseland.



1. De va dan lisle hyringgút,
han vogta sítt fe onde líe,
saa fant han dan lede líndarorm
saa laagt uti grase mónn skríe.
– Fe naa ligge ormen i Iseland uti floden. –

2. Saa tóg han upp dan lede líndarorm,
aa tænkte sill vera gull,
saa bar en heim te Lýselin stolten jomfru
hó er saa dygdefull.

3. Saa tóg ^{hó} den lede líndarorm
aa lagd en udi en kiste
aa tænkte sill vera gull,
men ormen paa golve spíla,
aa kisten den blei sund.

4. Aa de va den lede líndarorm,
han ville ikje aensted hvile,
hell uppaa jomfruens brøste de smaa,
der ville den ormen hvile.

5. Saa sente di baai te Pelann,
saa høgt uppónder aa,
om han vill ikje komma te Iselandi
aa vinne den vene maar.

6. Saa sænte di baai te Pelann,
saa høgt uppónder líe,
om han vill ikje komma te Iselandi
aa vinne de vene víve.

7. Aa de va Danerkongens sòn,
var kónn femten aar:
naa vi eg reise te Iselandi
aa vinne den vene maar.

8. Naa vi eg reise te Iselandi,
om eg sille fe deg^{v376} døy,
eg heve kje boni som græt itte meg
aa inkje mi vene møy.

9. Saa vatt en upp de silkjesegel,
saa langt udi have di sætte,
di ville kje segle paa bónkjen strúke,
før Iseland bar imót skjæfte.

10. De va Danerkongens sòn,
va femten míle paa hav;
de vil eg for sanningen sige,
han hørte de ormemaal.

11. De va hans lille brónfole,
han kónna mannemaal;
du maa hava hændann av hare graasteinn
aa hjartai uta staa.

12. Fyste vælter du deg uti kjøró,
aa saa uti fjørusand,
de vil eg for sanningen sige
æ bet hell brønje aa band.

13. De va Danerkóngjens sòn,
han styrde sitt skip telanns;
aa de va lille brónfole,
han leikar paa hviden sann.

14. Aa de va den lede líndarorm,
han uta vindøyae rann;
aa de va lille brónfole,

han leikar paa hviden sann.

15. Aa di slóges udi dage,
aa di slóges udi tó,
sóli fekk ikje paa nútanne skíne
fe røykjen av ormebló.

16. Aa de va den lede lindarorm,
han lagde seg i en ring;
aa de va lille brónfólen,
han dansade trínt omkring.

17. Aa de va Danerkóngjens sòn,
han mónne sitt svære rykkje,
saa høgge en ormens høvue av
aa derte i tusen stykkje.

18. Aa de va Danerkóngjens sòn
stakk ormehøvue paa eit spjút;
de hæsar Lyselin stolte jomfru,
at hó vi koma herút.

19. Takk have Danerkongens sòn,
som løste meg av den kvíe,
naa maa du eta av fate mæ meg
aa sova út mæ mí síe.

20. Aa takk haver Danekongens sòn,
som løste meg av dan harm,
naa maa du eta av fate mæ meg
aa søva ut paa mínn arm.

21. Aa de va den lille brónfolen,
han kónna mannetækkje:
teke du frúga av Sønderlíborg,
de skjer deg slet ingja lykke.

22. Ja eg heve meg ei jomfru fæst,
keisarens dotter av Rómm,
kvor dan gong de dagar i øst,
hó væntar meg koma hjem.

23. Aa de va Danekongens sòn,

lyfte paa høyan hatt:
far naa vell Lyselín stólte jomfrú,
aa hav naa túsén gónatt.



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

G. O. Greve gjorde ei avskrift for Sophus Bugge (NFS S. Bugge VIIIc, 477–481), og der skriv han:
Meddelt af Thor Sveinsson Söpanstad af Høidalsmo

TSB E 157 Frånarormen og Islandsgalten

Innleiing

Ein liten gut er ute og gjæter sauene når han møter ein frånarorm. Han prøver å springe unna, men ormen sveiper han inn under tunga si. Guten lurar på kor lenge han skal sitje under ormens giftige tann. «Til du kan nemne ein som tør å gå i kamp mot meg», svarar ormen. «Det finst ein galte i Island som nok tør å stri mot deg», sa guten. Ormen skrei straks femten franske mil på ei sommarnatt og tjugefire mil gjennom det mørke hav til han kom til Island. Der spytta ormen guten ut på den kvite sanden. Ormen og galten slost i tre dagar så blodet rann som ein bekk, men til slutt drap dei kvarandre. Guten fekk gullet som ormen hadde lege på, og i Landstads trykte tekst fekk han også ei brur.

Denne visa er berre funnen i Noreg. Olea Crøger og Landstad fekk ein tekst frå Lavrans Groven i Seljord, sannsynlegvis frå hans handskrivne visefugg. Landstad brukte denne teksten i *Norske Folkeviser*, men han supplerte også med nokre strofer frå ein bortkomen tekst etter Bendik Sveigdalen i Skafså. Dessutan skreiv Sophus Bugge også opp etter Åste Rikardsdotter Espeli i Eidsborg, Aslak Olsson Åretveit i Vinje og Signe Eivindsdotter Storgård i Høydalsmo i Lårdal. Olea Crøger og Hans Seeberg skreiv opp ein melodi etter ein anonym songar frå Seljord, og Lindeman skreiv opp melodiar etter Tone Tarjeisdatter Åsheim i Seljord, Olav Ansteinsson Syning og Ingebjørg Targjeisdatter, båe i Mo.

Fabeldyr

Vi kjenner ikkje til segn, soge eller eventyr som kan ha vore direkte grunnlag for denne visa om ein kamp mellom fabeldyr, men i ei dansk vise, «Kong Diderik og løven» (TSB E 158), kjemper ei løve mot ein linnorm. Som andre fabeldyr er Frånarormen ikkje typisk. Han kan også vere linnorm, og når han ligg på gull, må han vere drake. I dyreornamentikk på stavkyrkjeportalar kan vi sjå dei som lange, slanke dyr fletta inn i kvarandre. I våpenskjold kan han også ha to bakbein og flaggermusvenger.

Utsyn 28

Oppskrift A

TSB E 157: Frånarormen og Islandsgalten

Oppskrift: 1840-åra av Olea Crøger etter Lavrans Gunleiksson Groven, Seljord, Telemark.

Orig. ms.: NB Ms 4° 644, 50–51.

Oppgjeven tittel: Jæterguten, Ormen aa Jullands Galten



1. Æg va mæg saa liten ein Gut
Æg gjætte Fæ onde Lie
Saa kjæm frie Flannar^{v377} Ormen
Han mone i Grase skrie

2. De va naa den vesle Guten
Han ville springje onda
Men enda blei Ormen raskar hel han
Han svæpten oponde si Tonge

3. Dette va naa den vesle Guten
Han tok sæg te aa ondras:
Haa lengje skaa æg sita her
Under di Eitertonge?

4. Saa lengje skaa Du sita her
Oponder mi Eitersie
Aa te Du visar mæg Kjæmpa go
Som mæg tor i Kampen bie

5. Ja skaa æg saa lengje site her
Uponder Di Eitersie:
Saa gjænge der ein Galte paa Jutlans Heie
Han tor Dæg i Kampen bie.

6. Dæ va frie Flannar Ormen
Saa tok han te aa skrie
Daa skrei han paa ei Saamaarnaat
Dei femten valske Mile

7. Aa dette va naa den Jutlands Galten
Han bær te aa Tygji Mo.
Han slos tri Dagar mæ Flannar-Ormen
At Plassen blei rau ta Bloe

8. Dette va naa den Jutlands Galten
Han ræste Busi brone

Saa beit han Houvoe a Flannar Ormen
Aa femten Siebein i Mono

9. Flannar Ormen aa Jutlansgalten
Aa baae saa ligje dei daue
Aa heime saa site den vesle Guten
Han raar fæ Gulle de raue



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Landstad prenta denne teksten i 1853, supplert med strofer frå ei (no tapt) oppskrift etter Bendik Felland. Det er sett inn tilvisingar til desse strofene med blyant i Crøger-oppskrifta.

Oppskrift B

TSB E 157: Frånarormen og Islandsgalten

Oppskrift: 1864, (Sophus Bugges avskrift av) Jarand Reffelbrekk etter Åste Rikardsdotter Espeli, Eidsborg, Lårdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge VI, 63–65.

Oppgjeven tittel: Fraanarormen aa Islandsgalten.



1. [k267](#) Eg va' meg saa liten ein gut,
gjætte min [k268](#) faers [k269](#) faar,
trefte eg paa den franarormen
paa røde gulli han laag.
– For no ligge ormen i Iselandin i flore. –

2. [Eg va' meg saa liten ein gut,]
[gjætte] fe onde lide
[trefte eg paa den franarormen]
[paa røde gulli] han skrie

3. Eg va' meg saa liten ein gut,
snara meg tebakars de snaraste eg konna,

endaa blei ormen snarar hell han^{k270}
øg snar sluka 'en ondi si tonge'.

4. Eg va' meg saa liten ein gut,
totte de jamdøgri he^{lang},
hoss lengji sko' eg ligg<je> her
alt ondi di eitretong<ge>?

5. De va no den liten gut,
totte [de jamdøgri] lie
hoss len(g)jiⁿ¹⁶⁸ sko' eg liggje her
alt onde m^di eitresie?

6. «Saa lengji sko' du liggje
alt onde mi eitresie,
te du sei meg kjempa den,
som tor imot meg strie.

7. De æ no den kjempa den Islandsgalten,
de æ' kjempa vandi,
aa de æ' no den Islandsgalten,
som tor imot deg stande.

8. [De æ no den Islandsgalten,]
[de æ' kjempa] strie
[aa de æ' no den Islandsgalten,]
[som tor] imot deg bie.

9. De va no den Franarormen
tok 'en te aa smjuge,
smoug 'en seg ivi de breie hav
femten milir aa tjuge.

10. Høyrer du de du liten gut,
reis deg burt onde lie,
sjaa paa okkon kjempunne tvo,
hosi me monne strie.

11. De va no den Islæn Franarormen
tok 'en te aa blaase
aa de va no den Islandsgalten
høyrde hoss de monne laate.

12. Dei stridde i dagann, dei stridde i tvaa,

tree dagjen mot kvelli,
hovui lout av Islandsgalten
aa ryggjen av Fran^{ar}ormen.

13. De va no den liten gut
tok de galtehovui sette de paa sitt spjut,
æ' du her skjøn jomfruve,
no maa du hera ut.

14. Liten gut tok i hovui,
jomfru ho tok i spor,
ormen va' ein fjoraang lang,
bugda den hekk paa jor.

15. De va' no den Islandsgalten aa den Franarormen
baa saa va dei doue,
ette livde vesle gut,
samla de gulli roue.

16. [De va' no den Islandsgalten aa den Franarormen]
[baa saa va dei] dœ
[ette livde vesle gut,]
[samla de gulli] rœ.



Strofene er nummererte i oppskrifta.

Etter tittelen står det: (Optegnet af Jarand Reffelbrekk efter Dictat af Aaste Espeli i Eidsborg. 1864.)

Oppskrift C

TSB E 157: Frånarormen og Islandsgalten

Oppskrift: Udatert av Georg Olaus Greve etter Karl Johan Hansson Brangstrup Bråten, Seljord, Telemark.

Orig. ms.: NFS G. O. Greve 2, 26.

Oppgjeven tittel: Flanarormen.



1. Eg va meg saa liten ein gut,
eg gjætte fe framme líe,
fram saa kom dan flonarormen,
han monne i grase skríe.

2. Saa tók dan vesle guten te springe,
alt saa blei ormen raskar hel han
han svept en inn onder si tónge.

3. Hot længe ska eg síta her
út onder di eitre tónge?
Skaa eg no længer síta her
de synes meg stóre vionder.

4. Saa længe ska du síta her
út onder mi eitre síe,
alt te du vísar me kjæmpa gó,
som tør meg i kampen bíe.

5. Ska eg saa længe síta her
út onder di eitre síe,
saa gjeng der ein galte paa Jøtlanns hei,
som tør deg i kampen bíe.

6. Men saa begyndar flonarormen te skríe
saa skrei han paa ei somors nott
femten valske milir.

7. Men saa begynde Islansgalten
alt te aa tyggje mó,
saa slás di úti daganne tvei,
te plassen blei rau av bló.

8. Saa begynda Islansgalten
te reise busti den bróne,
saa beit han honom hovue av
aa femten sibein i mónnó.

9. Flonarormen aa Islansgalten
aa baae saa æ di daue;
drakjen uti austfjelli
han ligge paa gulli dæ raue.



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

G. O. Greve gjorde ei avskrift for Sophus Bugge (NFS S. Bugge VIIIc, 451–453) og skriv der: Meddelt af Karl Broten af Siljord.

TSB E 158 Kong Diderik og løva

Innleiing

Kong Diderik er på veg til Bern, og på vegen møter han ei løve og ein lindorm som slåst. Lindormen får overtaket, og løva ber kongen om hjelp, sidan han fører ei løve som skjoldmerke. Dette gjer kongen og dreg sverdet. Men når han hogg til ormen, brest sverdet. Lindormen tek med seg kongen og hesten hans inn i fjellet til ormebølet og dei elleve ormeungane og legg seg til å sove. Men kong Diderik finn sverdet Adalring, og med det drep han både lindormen og ormeungane. Han er ved å drukne i alt ormeblodet, men løva hjelper han ut av berget.

Som andre Dideriksviser byggjer også denne på den norske Didrikssagaen, som var omsett frå tysk til norrønt i Bergen kring 1250 (Ek 1921: 51–69, Jonsson 1889: 54–58). Men dei norske viseformene eksisterer ikkje lenger, og i den sparsame norske tradisjonen finst det derfor berre danskspråklege variantar, truleg etter Peder Syvs visebok. Visa er ikkje registrert utanfor Danmark og Noreg.

Vi har to variantar frå Telemark, og vidare ei einskildstrofe frå Solør. Lindeman skreiv opp ei strofe av visa med melodi i 1864, etter Olea Pedersdotter Gjølstad (1795–1870) frå Solør. Olea Pedersdotter vart fødd i Brandval og gifte seg 20 år gammal med gardbrukaren Arne Torsteinsson Gjølstad. Dei fekk fire born, og då ektemannen døydde tidleg, fekk Olea ansvaret for den relativt store garden. Varianten etter Olea Pedersdotter er trykt (Arild, Espeland, Langeland & Rønnaasen 1996: 57–58, 70–71).

Det finst fleire danske renessanseoppskrifter av «Kong Diderik og løva». Blant anna i ei form frå Svanings handskrift II ser vi korleis det løyner seg opphavlege norske/vestnordiske rimord under tekstoverflata:

Det vaar mester koning Thyderich,
och hand sin suerd udrog:
det vaar den sleske lindorm,
han vilde i stycker hug
(DgF I: 134).

Rimorda har her truleg vore *dró* [drog] og *hjó* [hogg], dvs. perfekte rim, som har gått tapt i overføringa til dansk.

Oppskrift A

TSB E 158: Kong Diderik og løva

Oppskrift: Kjempeviseboka (1787), Første Part, XIII. (s. 76-80)

Oppgjeven tittel: Løvens og Kong Tidericks Kamp imod Lind Ormen



1. Det var Mester Kong Tidrick,
han skulde fra Bern udride:
Der fandt han den Løve og lede Lindorm,
saa ynkelig monne de stride.
– Den Lindorm han tog en af. –

2. De slrideⁿ¹⁶⁹ i Dage, de stride i to
den tredie Dag t ⁿ¹⁷⁰ qvelde:
Det da var den lede Lindorm,
den Løve i Græsset felde.

3. Det da raabte den Løve af Nød,
der han saae Kongen ride:
Du hielp mig Herr Kong Tidrick,
og skillie mig ved denne Qvide.

4. Du fri mig Mester Kong Tiderick,
alt for din Øverstes Vold:
Du fri mig for den forgylte Løve,
som du fører i dit Skiold.

5. Kom mig til Trøst du Konning god,
du hielp mig for dit Navn:
At jeg staar malet i din Skiold,
saa brendende som en Brand.

6. Lenge stod han Konning Tidrick,
og tænkte han der paa:
Jeg skal hielpe denne arme Løve,
i hvorlunde det monne gaa.

7. Det var Mester Kong Tidrick,
og han sit Sværd uddrog,
han fegtet med den lede Lindorm,

hans Sværd stoed alt i Blod.

8. Den gode Herre loed sig ikke sømme,
og han hug i saa fast:
Indtil saa længe hans gode Sværd,
det mit i Hialtet brast.

9. Den Lindorm tog hannem paa sin Bag,
og Hesten under sin Tunge:
saa lakket han ad Bierget ind,
til sine Elleve smaa Unger.

10. Hesten kaste han for sine Unger,
Og Manden i en Vraa:
Æder I nu den lille Brad,
jeg vil at sove gaa.

11. Æde I nu denne føye Bytte,
Jeg maa at hvile gange:
Naar jeg vaagner af Søvnne igien,
da skulle I Manden fange.

12. Det var Mester Kong Tidrick,
han ledte i Bierget omkring:
Der fant han det gode Sværd,
som mand kalder Adelring.

13. Han fant der saa fast et Sværd,
og to forgylte Knive:
GUD naade din Siæl Kong Sigfred,
her haver du ladet dit Liv.

14. Jeg har været med dig i mange Slag,
der til i Herre-Færd:
Aldrig jeg nogen Tid viste,
at du var bleven her.

15. Det var Mester Kong Tidrick,
vilde prøve om Sverdet kunde due:
Han hug i den haarde Hald,
at Bierget stoed alt i Lue.

16. Det da var den unge Lindorm,

saa Bierget staae i Lue:
Hvo giør Bonden Ufred
udi sin egen Stue.

17. Og den gjorde sig saa meget vred,
dertil saa meget krus:
Hvo giør Bonden Ufred,
udi sit eget Huus.

18. Melte det de andre smaa,
i Vraaen som de gaae:
Vekker du vor Moder af Søvn,
saa ilde vil det dig gaae.

19. Svaret det Mester Kong Tidrick,
Han var i Huen saa gram:
Jeg skal vekke din Moder af Søvn,
alt ved saa kaalder en Drøm.

20. Din Moder vog Kong Sigfred,
en saa Velbyrdig Mand:
Det skal jeg paa eder alle hefne,
med denne min høyre Haand.

21. Op da vaagnet den gamle Lindorm,
han blev der ved saa bange:
Hvo giør mig denne Uroe,
hvad er denne for en Klang.

22. Det er jeg Konning Tidrick,
mig lyster med medⁿ¹⁷¹ at tale:
I Gaar bar du mig i Bierget ind,
alt under din krogede Hale.

23. Du hug mig ikke Konning Tidrick,
her er mit røde Guld:
Det er fast bedre ladt end giort,
vi blive hver anden troe og huld.

24. Jeg troer ikke paa din falske Fund,
du vilt mig visselig daare:
Du haver vaaget saa mangen Heldt,
det sømmer dig ikke fleere.

25. Hør du Mester Kong Tiderick,
i du hug mig ikke ihiel:
Jeg viser dig din Festemøe,
hun er i Bierget skiuld.

26. For oven ved mit Hovet,
der ligge de Nøgle smaae:
For nedden mine Fødder,
der kand du til hende gaae.

27. For oven ved dit Hovet,
der skal jeg tage paa:
For nedden ved dine Fødder,
der skal jeg lade af.

28. Først vog han den lede Lindorm,
og saa hendes Elleve Unger:
dog kunde han ikke af Bierget komme,
for Ædder og Orme-Tunger.

29. Saa grov han saa dyb en Hule,
alt for sin venster Foed:
At han der ikke skulde omkomme,
i Ædder og Orme-Blod.

30. Da bandet først Konringⁿ¹⁷² Tiderick,
han blev paa Løven saa gram:
Forbandet da skal være den Løve,
og faae baade Laster og Skam.

31. Det voldte mig den snedige Løve,
GUd give hende Meen:
Havde han ikke været malet i min Skiold,
min Hest havde baaret mig hen.

32. Det da hørde den Løve saa prude,
At Kongen klager sig saa:
du stat selv fast Konning Tiderick,
jeg graver med sterken klaa.

33. Løven grov og Konning Tidrick hug,
Bierget stoed alt i gløde:
Havde den Løve ikke faaet hannem ud,

den havde sig sørget til døde.

34. Der han havde veyet den lede Lindorm,
og saa hendes Elleve Unger:
Saa gaaer han af Bierget ud,
Med Brynie og Skiold hine tunge.

35. Der han nu kom af Bierget ud,
han sørget for sin Hest:
Paa hannem torde han vel lide,
de havde hver andre frist.

36. Hør du Mester Konning Tiderick,
du skalt dig ikke saa gremme:
du sæt dig paa min brede Bag,
saa listelig bærer jeg dig frem.

37. Han red over de dybe Dale,
og over de grønne Enge:
Saa frit med hannem den gode Løve,
lod den giennem Skoven trenge.

38. Løven og Mester Kong Tidrick,
de bleve tilsammen baade.
Den eene havde frelst den anden
af Kummer og megen Vaade.

39. I hvor Konning Tidrick udi Marken reed,
den Løve hos hannem løb:
Naar han atter stille sad,
lagde den sit Hovet i hans Skiød.

40. Derfor de kalde hannem Løvens Ridder,
det Navn bær han med Ære:
Alle de Dage dem Livet vindes,
de havde hver anden saa kiere.



Strofene er nummererte i oppskrifta.

Oppskrift B

TSB E 158: Kong Diderik og løva

Oppskrift: 1864 av Ludvig Mathias Lindeman etter Olea Pedersdatter Jølstad, Brandval, Hedmark.

Orig. ms.: NB Mus ms 6858, nr. 94 (kladd).

Ingen oppgjeven tittel.

1. Kong Diderik stod og glomne^{v378}
saa han tænkte ved sig saa,
han gruvde da for den ledelig Orm
han vidst ikke hvor det skuld gaa,
– den ledelig Orm han tog dem af. –

Strofa står til Lindemans melodioppskrift.

Reinskrift: NB Mus ms 6859, nr. 94.

Oppskrift C

TSB E 158: Kong Diderik og løva

Oppskrift: 1893 av Hans Jacob Aall etter Tone Tormosdotter Nuten/Lintveit, Kviteseid, Telemark.

Orig. ms.: NFS H. J. Aall 1, s.80–84

Oppgjeven tittel: Lindarormen.

*

1. Det var Mester Kong Tiderik
han sig utpaa Marken mon ride;
der møtte han ei Løve aa en Lindarorm,
saa ynkelig monne di stride
– Den lede Lindormen tog'n av –

2. Di stridde i Dage, di stridde i tvo

den tredde te Kvelle
og dette vòrder den Lindarorm
han den Løve i Græsset monne fælde.

3. «Ak Ve,» saa raabte den Løve af Nød,
der hun saa Kongen ride.
«Hjelp mig min Konge og Herre skjøn,
frels mig udaf denne Kvide

4. «Kom mig til Hjelp, du Konge god
Gjør det for Dit store Navn,
thi jei staar malet i Din Skjol
saa brændende som en Brand»

5. «Aa hør Du Mester, Kong Tiderik, fri
fri mig fra denne Øverstes Vol
fri mig for den forjylte Løve,
du fører i Din Skjol

6. Aa det var Mester Kong Titerik,
han svarede Løven saa:
«Ja, jei vil hjelpe den Løve af Nød,
hvorledes det med mig vil gaa

7. Og det var Mester Kong Tiderik,
saa hug han til saa fast,
og dette vorder det gode Svær
det tet ved Jèrnet brast

8. Og Hesten kastet han paa sit Bak
og Manden under sin Tunge
saa resste han sig i Bjerget in,
intil de elleve Unger

9. Og Hesten kastet han for sine Unger
og Manden bort i en Vraa;
«nu er der i denne føieⁿ¹⁷³ Bytte,
mens jei til Hvile mon gaa.

10. «Nu er der i denne føie Bytte,
mens jei til Hvile mon gaa,
og naar jei vaagner af Søvn op,
da skal I Manden faa.»

11. Og det var Mester Kong Tiderik,
han lette Bjerget omkring
da fant han nu det gode Svær,
man kalder det Adelring.

12. Der fant han ~~næ~~ nu det god Svær
dertil to forjylte Kniver.
«Hil være Din Sjæl Kong Sigfri,
har Du her ladet dit Live.»

13. Og det var Mester Kong Tiderik,
vilde prøve, om Sværdet monne due;
han hug saa fast i den haarde Graastein,
saa Bjerget det stander i Lue.

14. Og up saa vaknar den Lindarorm,
og han omkrig sig mon skue,
«hvem er det, som gjør Bonden usjæl
udi sin egen Stue.»

15. «Ja det er Mester Kong Tiderik,
vilde prøve om Sværdet monne due,
og naar Du vaagner af Søvne op,
saa vil jeiⁿ¹⁷⁴ afhugge Dit Hue.»

16. «Aa høire Du Mester Kong Tiderik,
Du stiller nu Dit Sværd,
her er en Jomfru udi dette Bjerg,
hende er Du visselig værd.

17. «Ovenfor mit Hoved
der hænger de Nogler smaa,
Aa nedenfor mine Fødder
der skal Du til Jomfruen gaa.»

18. «Ja, ovenfor Dit Hoved,
der vilde jeg tage paa
aa nedenfor Dine Føder;
der vil jei lade av.

19. Saa hug han ud den Lindarorm
dertil de elleve Unger;
han hadde saa nær i Bjerget omkommet

blant Eder og Ormetunger

20. Og det var Mester Kong Tiderik,
saa tog han til at bande.
«Forbandet være den Løve ned,
som førde meg i denne Vande.»

21. «Aa hør Du Mester Kong Tiderik,
Du bande ikke mig,
ti jei skal være Dig huld og tro,
saalænge jei hører Dit Liv

22. Kongen hug og Løven grov
og det var stor Ynk at høre,
havde hun ikke faaet ham ud,
hun havde sig sørget tildøde

*

Strofene er nummererte av samlaren.

Oppskrift D

TSB E 158: Kong Diderik og løva

Oppskrift: 1906 av Rikard Berge etter Hæge Tormodsdotter Porsmyr, Kviteseid, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CXLVI, 42–45.

Oppgjeven tittel: Kong Tiderik



1. Sò va de mester Kong Tiderik
skulle te Bergen ride.
Sò mødt'an den løve aa linnarorm
sò ønkeleg monne de stride.

--

2. Sò stridde dei ðei dagane tvo
den tredje dag te kvelle
de va den leie lindarorm

han løven i græsset mon felde.

3. Da sagde mester kong T[iderik]
der han paa løven saa
jeg faar hjelpe den løve af nød
hvorledes det med mig vil gaa.

4. De va mester [kong Tiderik]
daa hugg han til saa kvast
at det var der hans gode sverd
det tett ved jernet brast.

5. Ormen tok hesten paa sitt bak
og manden onder sin tonge,
so reste han i bergje inn
te sine elleve ongar.

6. Hesten kastet han for sine onger
og manden bort i en vraa
Nu æder i denne føiebytte
mens jeg til hvile gaar.

7. Nu æder i [denne føiebytte]
mens [jeg til hvile gaar]
ok naar jeg vaagner af søvnen op
da skulle i manden faa.

8. De va mester [kong Tiderik]
han leita de bjerge omkring.
Der fant han det gode sverd
han kalder det Adelring.

9. Der fant [han det gode sverd]
dertil to forgylte kniver
Hil være din sjæl Kong Sifferi
haver du her ladet dit live?

10. Vi have været i mangen dyst
ok mangen herrefær
men aller eg de førre hev visst
at du er bleven her.

11. Det var mester [kong Tiderik]

vil prøve om sverdet mon due,
saa hug han i den hare graastein
sò bergje stander i lue.

12. Om sò tala dei ungar smaa
i vraaen der dei laa.
Vekkjer du vaar moder af søvn
aa ilde det med dig vil gaa.

13. Upp sò vakna den lindaorm
ok om sig monne han skue.
Hvem er det detⁿ¹⁷⁵ som gjør bonden uskjell
uti sin egen stue.

14. Det er jeg mester [kong Tiderik]
vil prøve om sverdet mon due
Nu vil jeg prøve det paa dig,
jeg vil avhugge dit hue.

15. Høy naa mester [kong Tiderik]
du stiller nu ditt sverd.
Her er en jaamfru i dette bjerg.
Den er du visselig værd.

16. Ovenfor mit hoved
der henge dei nøglar smaa.
Nedenfor mine føder
der skal du til jaamfruen gaa.

17. Ovenfor dit hoved
der skal jeg tage paa
– nedenfor dine føder
skal enden blive oksaa

18. Saa hug han til den lin[daorm]
dertil de elleve ongar,
so nei ha han i bergje omkommet
av eiter aa òrmetongen.

19. Det var mester [kong Tiderik]
hugget hòl for sin venstre fod,
sò han sill' ikkje i bergje omkaama
av eiter aa òrmeblo.

20. Det va mester [kong Tiderik]
saa tog han til aa bande.
Forbandet være den Løve led
som finde mig i denne vaande.

21. Høyre du mester [kong Tiderik]
du bander ikkje paa mig,
eg skull vera deg hull aa tró,
so lengje eg høyrer ditt liv

22. Løven grov og kongen hug
det var stor ønk at høre.
Men havde hun ikkje faaet ham ud,
hun havde sig sørget til døde.



Strofene er nummererte i oppskrifta.

TSB E 160 Jutulen og stolt Øli

Innleiing

Ei ung jente er aleine heime når det kjem ein jutul til henne. Ho vil ikkje sleppe han inn, og stengjer døra. Jutulen påstår at han er «kongins son af Engelland» (Landstad [1853] 1968: 347), men det trur ikkje jenta på. Og når ho bed han syngje ein salme som skulle ha vore i bruk hos Englands-kongen, vrir han seg unna og seier at salmen har han gløymt. Derimot er han god til å stille harpa og spele på henne, seier han. Han set i gang med det grove spelet sitt, noko som fører til at både stolar og bord i stova stuper over ende. Deretter prøver han å kome seg inn gjennom ljoren i taket, men jenta kastar brød og svovel på varmen og bergar seg. Dermed må jutulen gje seg, og han dreg heim til mor si. Han får inga god mottaking der, for mora synest han er ein stakkar som ikkje slektar på far sin, då han braut seg inn til henne.

Det finst eit tjuetals tekstvariantar av «Jutulen og stolt Øli». Sophus Bugge har skrivne opp dei fleste. Vi får inntrykk av at denne balladen var særleg populær i Aust-Telemark. Såleis kunne Torstein Reiarsson Gvåle frå Tuddal (1800–1889) «Jutulen og stolt Øli». Han kunne elles mange andre viser som han for det meste hadde lært av mora, og var i stand til å halde det gåande med song i timesvis, i gjestebod og lag (Jonsson & Solberg 2011: 187–189). Vi har tre melodioppskrifter av «Jutulen og stolt Øli», den eldste frå 1840-åra, etter Olea Crøger, og ein udatert frå Beiarn i Nordland (Ressem 2014: 565–566 og Ressem 2016: 398). Landstad trykte balladen i *Norske Folkeviser*. I merknadene gjer han merksam på den relativt tydelege språkskilnaden mellom vest-telemål og aust-telemål og skriv at han «har ikke troet at burde gjengive den særegne Udtale som der finder Sted» (Landstad [1853] 1968: 346) – det vil seie i Aust-Telemark.

«Jutulen og stolt Øli» finst også på færøysk. Her blir det poengtert at jenta er aleine heime medan dei andre er i kyrkja. Dessutan maktar ikkje den færøyske jutulen å slå harpestrengene ein gong, men må ty til ei naudlagn om at strengene er frosne i det kalde veret:

Fólkið alt í kirkju gekk inn,
heima sat hon moyggin ein.

[...]

«Hví stendur tú so leingi,
hví slært tú ikki hørpustreingir?»

«Kalt veður, fellur á drív,
frystir eru streingir mín.

Kalt veður fellur á
frystir eru streingir smá»
(CCF VI: 193–194).

Gjennom framstillinga av den tafatte og uheldige jutul-friaren, grensar «Jutulen og stolt Øli» til det komiske. Men folk tok overnaturlige makter på alvor. Landstad kan fortelje om ei gamal kvinne han hadde kjent, som ein gong nesten let seg freiste av ein underjordisk mann. Det var på hengjande håret at det gjekk gale – «men da hun fik gjort sig et Kors af Arvesölv, saadant som havde gaet i Arv i niende Led, og bar dette paa sit Bryst, blev hun ham omsider kvit» (Landstad [1853] 1968: 347). Stolt Øli gjer bruk av andre råder. Det kan vere tale om vigd vatn, eller også om brød og svovel:

Stolt Øli hon fann pá ei goðan ráð,
ho lette brauð i varmen og svoveltráð
(Landstad [1853] 1968: 348).

Arvesølv, brød, svovel og tjøre var kraftfulle verneråder i den gamle trolldomsmedisinen (Reichborn.Kjennerud 1933: 92–93).

Utsyn 12
CCF 165

Oppskrift A

TSB E 160: Jutulen og stolt Øli

Oppskrift: 1863 av Sophus Bugge etter Torstein Reiarsson Gvåle, Tuddal, Hjartdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge i, 250–253 (kladd)

Ingen oppgjeven tittel. [v379](#)



1. Dæ va' den hellige jóletí,
at folkje de skulle te kyrkja [r1k271](#)
– So ille blei hó svikjen mæ rónó. –
2. Stolts Signelill hó såg seg su me lí,
Der såg hó jutulen på jønnskóren skrí.
3. St[olts] S[ignelill] hó fann pá ei^{so} sløgan rá,

hó smellde att dynnenn, a skreidde lokunn på.

4. Jutulen klappa på dynnenn me fingenn små,
statt upp st[olts] S[ignelill] skrei lokunn ífrá.

5. Ingen so har eg stem^vna lagt,
o ingen so lukkar eg inn um natt.

6. Inkje so lukkar eg deg no inn,
förr dú fær kve fe meg din fager^{k272} óttesang

7. «Eg ha liggje so lengje í sótt o í tvang,
at eg ha forglömmt min fager óttesang.

8. Men eg kann på gullhorpa både stille o slå,
de ska' gløa deg í hjarta, dú lye derpå.

9. Jutulen^{v380} han begynna på horpa, han sló,
der dansa inn í stugó både stóla o ból.

10. St[olts] S[ignelill] fann på sitt sløgan rá,
hó brende kjyri ó svø^áveltrá

11. Jukulen han uppå j^áren sprang,
den svarte bjønnfellen etti 'en slång

(Rente hjem til Moder sin)

12. Han ha att dem míli sjú,
dem tók han í stigji ní.^{k273}

(Han bad sin Moder lukke han ind)

13. «Ikkje so lukkar eg deg no inn,
förr dú har mæ deg di' fager rósenskinn.

14. «Hó brende so mykje ta de rósarann,
at eg brende meg på fóten, eg slapp ikkje fram

15. Hó [brende so mykje] ta de tókumo,
eg br[ende meg på] fóten der som eg stó.

16. So la' hó ti honom unde kinn:
«Tvy so vore deg skarve nóken din!

17. So gjóre 'kje faer din, han beila te meg,
han braut av dem jönnlokunn tölþ,
so steig han seg inn þá haddanegölþ.



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Bugge markerer tjukk l med understreking.

Reinskrift: NFS S. Bugge V, 228–230. I reinskrifta har Bugge skrivt til variantar frå 1874, då Torstein song for Bugge andre gongen.

I reinskrifta skriv Bugge: [Tostein kjendte P. Syvs Visebog] (Tostein Reiarson Gvaale, Tuddal. Moderen ^(hun var syngjarmeister) var frá Saudland.) (hört þá ný 1874, þá var hann 74 Aar.) [de fleste Viser lærte af Moderen]

Oppskrift B

TSB E 160: Jutulen og stolt Æli

Oppskrift: 1863 av Sophus Bugge etter Vrál Gunleiksson Veakos, Fyresdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge m, 81–82 (kladd)

Ingen oppgjeven tittel. [v381](#)



1. Dæ va' no ei Joleti
– myrk va' hœ^{um} Notti, þá dei fóre, –
alle ville te Kyrkja ríe
– Dær va' Nott á ingjen Dag, þá dei framkome. –

2. Dær va' kje heimi hott eitt líti vív,
Jutulsonen skunda seg dit.

3. Dær blei [Brak á dær blei Brest,]
[Jutulsonen i Fjødði gjekk.]

4. Gjenta gjenom Vindauga såg,
såg hó Gráfellen i Bakkjen låg.

5. Ho vigsla á ho sopa Góv,
hó Vigslevatne kring seg sló.

6. Hó sló mæ Ròkk, hó sló mæ Tein,
hó sló han på sitt Skinn á Bein.

7. Dær blei Brak á der blei Brest,
Jutulsonen éi Fjødði gjekk.

8. Vælkomen heimat Sonen min
á hor æ de vive du flýter mæ deg.

9. Ho vigsla [á ho sopa Góv,]
hó Vigsle[vatne kring seg sló.]

10. Hó sló [mæ Ròkk, hó sló mæ Tein,]
hó sló [meg på] mitt [Skinn á Bein.]

11. Tvý, tvý, tvý, kjær Sonen min,
så fór ikkje Fai din.

12. Så fór ikkje Fai din,
på Stogutakje gjekk han inn.

Hó sló han på sitt Skinn á Bein,



Reinskrift: NFS S. Bugge II, 128.

Strofene er ikkje nummererte i kladden. Rekkjefølgda på strofene er usikker i kladden og er sett til etter reinskrifta.

Oppskrift C

TSB E 160: Jutulen og stolt Øli

Oppskrift: 1916 av Rikard Berge etter Knut Johannesson Dale, Tinn, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge CCLXXX, 5–6.

Oppgjeven tittel: Jutulen aa Øli

-
1. Høtt æ de fe nokko vesalt ove^{k274}
som æ sò tile ute i den djupe sne.
– Sò ille ha' dej sviki mæ dei runo. –
 2. Dæ æ kje nokko vesalt o ve
d'æ kaangens søn av Engellann vi' beile ti de'.
 3. Aa dæ æ du kaangens søn av Engellann
sò vil e' høyre din fadersottesang.
 4. Men e' heve ligji i sott aa i band
só e' heve gløymt min faders o[ttesang]
 5. Men e' kann gullhørpa stille o slaa
du glæas i hjarta du høyre derpaa.
 6. Jutúlen den gullhørpa slo
i stògo si sty stuppa de stòla aa boł.
 7. Jutúlen uppaa jaarén sprang
den stygge bjønnefellen ikring 'n slang.
 8. Stòlt Øli ho fant no paa godan raa
ho kasta bròu paa varmin aa svaaveltraa.
 9. Aa heimatt sò ha'e 'n dem milin' ti
dem stega han i stegan tri
 10. Han pikka paa dynni mæ fingrann smaa
Kjære mor statt opp aa skrei lòko ifraa.
 11. Aa slettes ikkje sò lukka e' de' inn
fyrr du hev é mæ de' dæ fagraste kjinn.
 12. Stòlt Øli ho fann paa sløgan raa
ho kasta bròu paa varmin aa svaaveltraa.
 13. Aa ty sò vòri de' din fæling du æ
só gjorde ikkje fa' din han beila te me'
 14. Han braut naa upp dem jønnlòkunn tòll;

sò steig han inn paa gjallarigòlv.

15. Jutulen ne-ette bakkjen rann,
den stygge bjønnefellen ikring honom slang.



Strofene er nummererte i oppskrifta.

Etter oppskrifta står det: (God tone). Han paastend han hev lært ho etter Landstad.

TSB E 162 Venill fruva og Drembedrosi

Innleiing

Kongen har mista dronninga si, og rir ut under Juskehei for å få seg ei ny. Han gifter seg med Drembedrosi, men ho er av trolleslekt, og han angrar snart på det giftet. Drembedrosi vil at kongsdottera, Venill fruva, skal gifte seg med jutulen, bror hennar. Venill vil ikkje gifte seg med ein jutul, men Drembedrosi trugar med at ho vil skape henne om til eit alintre utan lauv ut mot fjorden. Smådrenge høyrer det og seier at det hadde vore betre om Venill kunne få Gjur i Lie. Men Drembedrosi seier at i så tilfelle vil ho omskape Gjur til ein grå hest, og dersom Venill fruva ikkje vil bli jutulens møy, skal ho døy. Å døy så ung er for tungt for Venill, og ho går med på å gifte seg med jutulen.

Småtrolla pyntar henne til brur, men samstundes kjem kongen inn og spør kvifor Venill ikkje kjem for å fagne han. Smådrenge fortel at ho skal giftast med jutulen, og då riv Drembedrosi hovudet av smådrenge så blodet skvett.

Trolla tek Venill med seg inn i berget og drikk bryllaup i dagane to, men dei får ikkje eit ord av brura. Dei freistar henne med gull, og til slutt seier ho at brurehuset ikkje ser slik ut der ho kjem ifrå. Det burde dekkjast inne med rughalm og tekt utanpå med strå. Småtrolla fer ut for å byggje eit slikt brurehus. No seier Venill at ho skulle vere både glad og kåt om ho kunne få gå rundt og skjenkje. Ho skjenker så både brudgomen og alle trolla sovnar, og så set ho fyr på huset og ror heim.

Ho ber kongen om at han må slå Drembedrosi på kjeften, slik at ho ikkje kan omskape henne, og kongen slår dronninga på kjeften så ho dett daud til jorda.

«Dros» kan bety vørdeleg eller vakker kvinne, «Drembedrosi» kan tolkast som overmodig eller brikjande kvinne.

Sophus Bugge skreiv opp visa etter Torbjørg Gjermundsdotter Haugen frå Skafså, Hege Olsdotter Årmote frå Mo og Jorunn Knutsdotter Bjønnemyr frå Mo.

Det er ikkje bevart melodi til denne visa.

Utsyn 29

CCF 43

Oppskrift A

TSB E 162: Venill fruva og Drembedrosi

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Torbjørg Gjermundsdotter Haugen, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge k, 25–33.

Ingen oppgjeven tittel. [v382](#)



1. Kungen rí unde Juskeheii
han rie m|e|æð raue Permo,
fester han 'a Drimbedrósi,
han flyt hæna heim 'o Bergo.
– Kungen tregar han Giftarmáli så lengji. –

2. Āști stende Drimbedrósi
fagnar no hó sí Fær,
høyrer du dæ du Venil Frúva,
kvi æ' du så iddi klædd?

3. Eg æ ung i Aldrom me,
eg helle meg inkje så skart'e,
dei kjæme flakkandes jennbåtanne,
å Belanne nokså svarte.

4. Dæ høyrer eg på deg Venil Fruva,
at du vi' min Broren vande,
eg ska' skapa deg i eitt Alintre,
på vidde Fjóren stande.

5. Eg ska skapa deg i eitt Alintre
på vidde Fjóren stande
du ska' kje grøne Toppar bera,
inkje Løv på Jóri fadde.

6. Ti så svåra Smådrengjen,
han stó inkje langt ifrå:
Bære æ han Jurilie,
som Venil Fruva ska' få.

7. Eg skapa han Jurilie
i ein Gangare grå,
han ska' så lengje Gangaren vera,

som Verpe^{k275} på vigde Vollen står.

8. Dæ va' no ho Venil Fruva,
ho va no skjot i Dieⁱ
brenner ho upp dæ vígde verpi,
så Logjen dæn leika vie.

9. Eg æ ung i Aldrom me,
eg fere så traue ti døy,
eg vi helle unde Juskeheie
ver' unge Jotuls Møy.

10. Dæ va' no dei Småtroddi,
dei va' sjót i Rå,
dei førde Venil i Brúreklæi,
uttapå Skinne grå.

11. Dei førde V[enil] i Br[úreklæi]
uttap[å] Sk[inne] grå,
så tok dei fat på Jennbåtanne,
dei ródde inní Bergje blå.

12. Dæ va' no dei Småtroddi
dei tok hæna Venil mæ Velli,
heimte kom hennes sæle Fairen
i dæ sama Kvelli.

13. Dæ va hennes sæle Fairen,
han inn igjenom Dynni steig,
hor æ no mi sæle Dotteri
som plagar fagne meg heim?

14. Ti så svåra Smådregjen,
han sto inkje langt ífrå:
Venil fór unde Juskeheii,
vera unge Jotuls Mål.

15. Ho vrei Hovui av Smådregjen,
så Blói dæ spratt på Skinn,
dæ ska' du hava du vøsålsskadden,
som lýge for Herren min.

16. Ho tok seg ein liten Båt,

hó rodde seg ut fyr Sjå,
ho vill' feskjener Feskjen
fyr sin Sæle Fairen få

17. Hó rodde seg i ein liten Båt,
hó rodde seg ut på Hav,
Gud lat inkje Ulykka vera næri,
hó ródde seg i Kav.

18. Dei drakk unde Juskeheii
væl i Dagar två,
dei kunna alli Ori
av Brúremunnen få.

19. Dæ va unge Jotul,
han gjenge fyr sin Moder at stå:
me kan alli Ori
av Bruremunnen få.

20. Du tak tolv Merker røde Gull
du renn dæn i ei Skål,
å drikk så ti di unge Brúr,
så aukar væl hennes Mål.

21. Han tok [tolv Merker røde Gull]
[han rente dæn i ei Skål!]
[å drakk så ti si unge Brúr,]
så auka då hennes Mål

22. Um så tala dæn unge Bruri
i Benkjen dær ho sat:
Dei brukar kje såsså Brurehuse,
dær eg æ' ætta ifrå

23. Så brúkar me Brúrehúse
dær eg æ ætta ifrå,
inna på rent mæ Rughåme
ovapå tekt mæ Tak.

24. Sóme fór av at Skógjen hogge
å sóme av å flette Tak,
så gjóre dei upp dæ Brurehuse
bådi væl å snart.

25. Dæ va no ho Venil Fruva,
ho gjenge fyr Venilⁿ¹⁷⁶ å stå,
no sill' eg vera bå gla å kâte,
mátte eg skjenkje no.

26. Dæ va' unge Jotul,
klappa hæna på hvide Kinn,
eg flutter deg 'kji under Juskeheii
at du sille vera Skjenkjaren min.

27. ~~dæ va~~ Um så tala hass gamle Móiri,
hó sat på ein røde Gullstól,
ha må 'kje klappe líti Kinn,
dæn som inkje hev Handehóv.

28. Dæ va no ho Venil Fruva
hon skjenkte dæn Mjøen, ho bar,
fyste sovna Brúgomen
å sea adde dei dær va'.

29. Fyste sette ho Ellen i dæn eine Krói
sea i dæn are,
så tok ho mæ seg Smådrengjen sin,
hó skunda seg snart av Gari.

30. Smådrengjen set ho i fremre stavnen,
seg sjóv fyr Árinn å ró,
så sveinelause fór Venil Frúva
igjenom dæn myrke Fjór.

31. Um så tala Smátroddi,
på Nesi dær dei sat:
Kvi fere Venil så sveinelause
igjenom dæ myrke Hav.

32. Dí fer eg så sveinelause
igjenom dæ myrke Hav,
tie Troddi tyttuge
dei førde meg hit ein Dag.

33. Dæ va no ho Venil Fruva,
ho inn igjenom Dynni steig,
dæ va hennes sæle Fairen,

han upp mot hæna reis.

34. Dæ va hennes sæle Fairen,
han fedder Tårer på Kinn,
Gu gjeve du ha'kje kasta Hovugulli,
å tekji atte kvíte Lin

35. Ti så svåra Smådrengjen,
han sto inkje langt ifrå
Venil æ ei Møy så klare,
som då ho for hærifrå

36. Høyrer du dæ min sæle Fairen,
hott eg no bee deg:
slå du di Droning på Kjeften,
så fy^orskapar ho inkje meg

37. Han slo ti si Droning på Kjeften
så ho datt dø ti Jór,
upp reis unge Venil Fruva
så hjarteleg ho ló.



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Etter strofe 20 er to verseliner av strofe 25 skrivne inn og så streka over. Her er det eit tilvisingsteikn frå neste side, der strofe 21 er skriven inn, etter strofe 22. Forkortingane i strofe 21 er skrivne inn etter reinskripta.

Reinskrift: NFS S. Bugge II, 168–172. I reinskripta er det sett til kommentarar og variantar med blyant. Etter første strofa er det med blyant antyda ei slik strofe:

[Fester han 'a Drimbedrósi]
[han flyt hæna heim] í borgjir
aukar han si sæle dotteri
sútir å mykji sorgjir.

Oppskrift B

TSB E 162: Venill fruva og Drembedrosi

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Hæge Olsdotter Årmote, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge IV, 267 (reinskrift).

Oppgjeven tittel: Venill frúva.



I V. 4: aleimtré.ⁿ¹⁷⁷

I V. 6: Júri Lí.

V. 7. Hæge paastod, at «verpi på vígde vodden» skulde være Kirken.

For V. 8 flgd.

De va' då hó Venil frúva,
hó vå gjenta traue,^{k276}
hó brende upp verp'e på vígde vodden,
hjelpste Júri Lí ó nauí.

desuden flgd.

So lengje sko' 'en Júri Lí
gangaren vera,
so lengje som lindi unde borgeveggji
den kjem alli hera.^{k277}

De va' då hó Venil frúva,
hó va' gjenta góe,
hó brende upp den hegningslindi,^{v383}
unde borgeveggji stó.^{k278}

V. 20. Hæge forstod dette saa: Naar Bruden fik Guld nok, vilde hennes Sorg vige og hun vilde da tale.

For V. 24 flgd.

Sóme gjekk at skóggi hoggji,
sóme dróge tí,
so bygde dei upp brúrehúsi
på eitt liti bil.



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta. Oppsettet her følgjer oppskrifta.

Bugge brukar oppskrifta etter Torbjørg Haugen (jf. oppskrift A) som referanse. Hæge kunne truleg meir, men Bugge noterte berre avvik i høve til Torbjørg.

Reinskrifta er brukt som tekstgrunnlag her, av di kladden (NFS S. Bugge a, 294–295) manglar tilvisingane til Torbjørg Haugen og er nokså sparsommeleg med opplysningar som er fylldigare forklart i reinskrifta.

Oppskrift C

TSB E 162: Venill fruva og Drembedrosi

Oppskrift: 1863 av Sophus Bugge etter Jorunn Knutsdotter Bjønnemyr, Mo, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge d, 229 (strofe 2–5) og 296 (strofe 1).

Ingen oppgjeven tittel. [v384](#)



1. De høyrer eg på deg Vénil frúva
dú vi' min bróeren forakte
so kjæme jønnbátanne flakkandes
å bélanne allstøtt svarte.

2. hó tók seg ein líten båt
å rodde [v385](#) seg útpå fjór,
ville fiske ^(seg) upp ein fagrað fisk [v386](#)
fyr sæle faeren sin.

3.

.

Gud lat inkje údøgre vera
at Vénil sill' låtast då, [n178](#)

4. Dei bygde [v387](#) (upp) [n179](#) de brúdehús
bådi væl å snart
inní va' de av [v388](#) rúghåm'e
å uttapå tekt mæ tak

5. De va' då hó Vénil frúva
hó skjenkte å hó bar,

ti adde småtrodde
dei sovna no der dei sat



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Reinskrift: NFS S. Bugge VI, 34–35.

Strofene står i forskjellige delar av kladden, men er samla i éi oppskrift i reinskrifta; men mellom første og andre strofa er det i reinskrifta sett inn tre stjerner for å skilje den eine delen frå den andre.

TSB E 167 Jon i Grånuten

Innleiing

Jon i Grånuten er ein jutul som kjem til bergkjerringa for å fri til dotter hennar. Han skryter av rikdommen sin. Det er mykje gull, hundre og tjue geiter, fire hundre sauer, høner og haner og griser, og sjølv er han både fager og holl. Men bergkjerringa seier at dottar hennar er meir verd enn 12 tønner gull. Då reiser han til Høgefjell og vil prøve lukka si der.

Rikard Berge har skrive opp mange variantar av denne visa, men songarane har oppfatta henne på ulike måtar. Mesteparten av visa er ein dialog mellom friaren og bergkjerringa. I nokre variantar heiter bergkjerringa Arnborg, namnet Olav dukkar også opp, men det er uklårt om Olav er far til jenta eller det er eit anna namn på friaren. Ein songar har kalla visa «Bergekjering-visa».

Rikard Berge skriv at denne ugreia har gjort visa til ein rein travesti og at ho truleg er frå ei sein tid, men botna på gamal tru og skikkar.

Landstad og Olea Crøgers tekst i *Norske Folkeviser* skal vere etter J.T. Aasheim. I 1908 skreiv Catharinus Elling opp ein melodi etter ein ukjend songar frå Seljord. Dessutan skreiv Rikard Berge opp ein melodi etter Liv Haugen frå Seljord, men takta er så vanskeleg at han ikkje tør å svare for at det er rett.

Utsyn 13

Oppskrift A

TSB E 167: Jon i Grånuten

Oppskrift: Truleg 1840-åra av J.T. Aasheim etter ukjend songar, ukjend stad.

Orig. ms.: NFS M. B. Landstad 2, 53–55.

Ingen oppgjeven tittel.



1. Aa Jon Graanute kom rians i gaar

– Fe nora onder Fjelle
hei aa saa haa –
Men ute sto Bergkjernin gamal aa graa
– Dæ leikar aa dæ rimar
Fe nora onder Fjelle
leikar dei Normæn. –

2. Her stende du Bergkjernin gamal aa graa
Fe vist vi du jifte di dotter i Aar

3. Eg helle mi Dotter alt for go,
Ho hev inkje ervt hverken Far eller Mor.

4. Eg skattar mi Dotter fe tolv Tonnur Gul
Men enda saa blikje den Systerloden ful

5. Men Bergman tala te Bergkjernin saa
For vist vi me gifte kons Dotter i Aar

6. Fe Jon Graanute han vore inkje snau
Han hev sex Tjug mæ Stuje aa sju Tjug mæ Sau

7. Aa Klaatun æ utav Mandelstein,
Dæ lyser naa baate ivi Huus aa Heim

8. Aa Klaven æ utav pureste Gul,
Aa Jon han æ naa saa fager aa saa snil.

9. Aa Hønur aa Hanar aa Kyllingar fiine
Aa fire aa Kjuge svarte Griser mæ Rova i Ring,

10. Aa Spetteman Stuten me inkje gløime maa,
Aar deretter alle hansoms Kalvar saa smaa

11. Farvel gamle Kjæring baatte gamal aa Graa.
Saa reiser eg te Høgefiøl der fær eg vel ei Raa,

Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Oppskrift B

TSB E 167: Jon i Grånuten

Oppskrift: 1857 av Sophus Bugge etter Jon Jonsson Myre, Sauland i Hjartdal, Telemark.

Orig. ms.: NFS S. Bugge h, 62–63.

Ingen oppgjeven tittel.



1. Jón i Grånute han vóro ikkje snau
– De leikar á de rímar –
han ha seks kjug me gjeitar á 400 sau
– fe nórat unde fjelló
dær leikar dem Normenn. –
2. O gulle o sølve som Jón ná har,
De bli ikkje regna i tunnetal.
3. Jon han taalaa te bergkóna så:
ná ville vi gifte 'kon dotter ^{k279} iår.
4. Eg skattar mi dotter fe tolv tunnur gull,
enda så blei 'kje den systerlodden full.
5. Grånute vóro så go ein gal,
o Jon han æ' ná så fín ein kar



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Oppskrift C

TSB E 167: Jon i Grånuten

Oppskrift: 1878 av Molkte Moe etter Nils Nilsson Lona, Bø, Telemark.

Orig. ms.: NFS M. Moe 6, 28–29.

Oppgjeven tittel: Jon Grånuti.



1. Jon Grånuti kom riands i gaard,
–fe nora onder fjello
og høj og så hå –
og ute sto bergkjerenga så gamall og grå.
–Fer dæ leikar og dæ rimar,
Fer noran onder fjello der leikar dei Normenn. –
2. Bergkj[eringa] tålå te bergemann så:
«Nå vi me visst gifte kons dotter i år.»
3. «Å eg helde mi dotter nå mesta for go,
ho har nå 'kje ervt hverken far eller mor.»
4. «Men Jon Grån[uti] han vore 'kje snau,
Han har 6 tjug mæ gjeitar og 7 tjug mæ sau,»
5. Å hønur og haner og kyllingar fin,
å 6 svarte grisir mæ rompa i ring.»
6. «Eg skattar mi dotter i 12 tunnor gull,
å enda så æ nå 'kje systerlødden full.



Strofene er ikkje nummererte i oppskrifta.

Etter oppskrifta står det: («Kjem ikkje i hug meir») Mangler 2 vers.

Oppskrift D

TSB E 167: Jon i Grånuten

Oppskrift: 1910 av Rikard Berge etter ukjend songar, Flatdal i Seljord, Telemark.

Orig. ms.: TGM R. Berge XCI, 51–52.

Oppgjeven tittel: Jon i Graanuten

-
1. (Aa ja) Ute sto bergekjeringji gammall aa graa,
aa naa vi' eg naa gjifte mi dotter i aar
– Fe dæ leikar aa dæ rimar,
der^{v389} norast onde fjølle
aa der^{v390} leikar dei^{v391} normenn. –

 2. Ja, Graanuten dæ æ naa saa ven ein gar,
aa^{høn} Jon han æ naa saa lekker ein kar.

 3. «Men dotter mi hell eg naa nesten fòr go,»
sei 'o Anbørg onde nuten, «aa hei lat dæ gaa.»

 4. Ja, men Jon i Graanuten han æ nò kje snòu,
han hev seks tjug mæ gjeitar aa sju tjug mæ nòut.

 5. «Ja, men dòtte mi^{sko} sjiljas mæ tóll tonnur gull
hón endaa só æ no kje^{v392} systelòdden full.»

 6. «Ja, men hønur aa hanar aa kjyllingar smaa,»
sei 'n Jon^{v393} onde nuten «aa hei lat dæ gaa.»

 7. [Far vel bergekering báð' gomol og grá!]
[sá reiser eg til Høgefjöll, der fær eg vel ei ráð.]
-

Strofene er nummererte i oppskrifta.

Rettingane og tillegga har Berge sett til med blyant i to vender, med fiolett, som han har paginert oddetalssidene med, og grå, som han har paginert partalssidene med.

Forkortingar og litteratur

CCF: *Corpus Carminum Færoensium. Føroya kvæði* I–VI. Red.: S. Grundtvig m. fl. København 1941–1972

DFS: Dansk folkemindesamling

DgF: *Danmarks gamle Folkeviser* I–XII. Red.: S. Grundtvig m. fl. København 1853–1863 (ny utg. 1966)

EFA: Etno-folkloristisk arkiv, Seksjon for kulturvitenskap, Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, Universitetet i Bergen

FSF: *Finlands svenska folkdiktning* V. Red.: O. Andersson. Helsingfors 1934

NB: Nasjonalbiblioteket, Oslo

NFS: Norsk Folkemindesamling, Institutt for kulturstudier, Universitet i Oslo

SMB: *Sveriges Medeltida Ballader* 1–5. Red.: B. Jonsson m. fl. Stockholm 1983–2001

TGM: Telemark og Grenland museum

Utsyn: *Utsyn yver gamall norsk folkevisedikting*. Red.: L. Heggstad m. fl. Kristiania 1912

*

Alver, Brynjulf 1981 «Friarferda til Gjøtland». I: *Tradisjon*, nr. 11. Oslo. Universitetsforlaget.

Arild, Heidi m. fl. (red.) 1996. *Strengen var af røde Guld : folkeviser samlet av L.M. Lindeman i Solør*

1864. Norsk Folkeminnelags skrifter nr. 142. Oslo. Norsk Folkeminnelag/Aschehoug.

Berggreen, A. P. 1861. *Norske Folke-Sange og Melodier samlede og udsatte for Pianoforte*. Kjøbenhavn. Den Gyldendalske Boghandling.

Blom, Ådel Gjøstein og Olav Bø (red.) 1981. *Norske balladar*. Oslo. Samlaget.

Bugge, Sophus [1858] 1971. *Gamle norske Folkeviser*. Oslo-Bergen-Tromsø. Universitetsforlaget.

Bugge, Sophus og Moltke Moe 1897. *Torsvisen i sin norske form*. Christiania. Aschehoug.

Crøger, Olea 2004. *Lilja bære blomster i enge. Folkeminneoppskrifter frå Telemark i 1840–50-åra*. Red: Brynjulf Alver, Reimund Kvideland og Astrid Nora Ressem. Oslo. Norsk Folkeminnelag/Aschehoug.

Driscoll, M. J. 2011. «Arthurian Ballads, Rímur, Chapbooks and Folktales». I: Marianne Kalinke (red.): *The Arthur of the North. The Arthurian Legend in the Norse and Rus' Realms*. Cardiff. University of Wales Press.

Ek, Sverker 1921. *Norsk kämpavisa i östnordisk tradition. Ett försök till tudelning av det nordiska folkvisematerialet*. Göteborg. Wettergren & Kerber.

Ek, Sverker 1924. *Den svenska folkvisan*. Natur och kultur 29. Stockholm.

Eskeland, Severin (red.) 1944. *Soga om Ragnar Lodbrok*. Oslo. Samlaget.

Fet, Jostein 1993. «Friarferda til Gjøtland». I: *Maal og Minne*. Oslo. Samlaget.

Fet, Jostein 2004. «Nytt lys på folkevisa 'Friarferda til Gjøtland'». I: *Maal og Minne*. Oslo. Samlaget.

Fet, Jostein 2014. *Stemmer frå ei fjern tid. Forteljingar om bøker, viser, magiske formlar og merkelege teikn, 1550–1814*. Oslo. Samlaget.

Flatin, Tov 1945. *Seljord II*. Oslo. Seljord kommune/Johanssen & Nielsen.

Flokenes, Kåre (red.) 2006. *Soga om Gautrek. Soga om Rolv Gautreksson*. *Norrøne Fornaldersoger*. Stavanger. Dreyer.

Gaukstad, Øystein og Erik Edvardsen 1997. *Ludvig Mathias Lindemans samling av norske folkeviser og religiøse folketoner*. Bind 1: *Tekster*. Oslo, Novus.

Grundtvig, Svend, Jørgen Bloch og Chr. Matras (red.) 1941–1972. *Føroya kvæði : Corpus carminum Faeroensium I–VI*. København. Munksgaard.

Grundtvig, Svend, Axel Olrik m. fl. (red.) [1853–1863] 1966. *Danmarks gamle Folkeviser I–XII*. København. Gyldendalske Boghandel.

Heggstad, Leiv og Hakon Grüner-Nielsen 1912. *Utsyn yver gamall norsk folkevisedikting*. Kristiania. Olaf Norlis Forlag.

Helland, Amund 1903. *Norges land og folk*. Bind 10: *Lister og Mandals amt I & II*. Kristiania. Aschehoug.

Hult, David F. (red.) 1994. *Chrétien de Troyes Le Chevalier au Lion*. Paris. Lettres gothiques. Librairie Générale Française.

Hundreviseboka, sjå Vedel, Anders Sørensen 1591 og Vedel, Anders Sørensen 1664.

Jerstad, Johan og Tor Veggeland 1979. *Gards- og ættesoge: Fjotland*. Kvinesdal. Hegland Trykkeri.

Jonsson, Bengt R. 1967. *Svensk balladtradition*. Bind 1: *Balladkällor och balladtyper*. Stockholm. Svenskt Visarkiv.

Jonsson, Bengt R. 1990–1991. «Bråvalla och Lena. Kring balladen SMB 56». I: *Sumlen. Årsbok för vis- och folkmusikforskning*. Stockholm. Svenskt Visarkiv & Samfundet för Visforskning.

Jonsson, Bengt R. 1996. «Om Draumkvedet och dess datering». I: *Sumlen. Årsbok för vis- och folkmusikforskning*. Stockholm. Svenskt Visarkiv & Samfundet för Visforskning.

Jonsson, Bengt R., Margareta Jersild og Sven-Bertil Jansson (red.) 1983–2001. *Sveriges Medeltida Ballader 1–5*. Stockholm. Almqvist & Wiksell.

Jonsson, Bengt R. og Olav Solberg 2011. «Vil du meg lyde». *Balladsångare i Telemark på 1800-talet*. Oslo. Novus.

Jonsson, Bengt R., Svale Solheim og Eva Danielson 1978. *The Types of the Scandinavian Medieval Ballad*. Oslo-Bergen-Tromsø. Universitetsforlaget.

Kjempeviseboka, sjå Syv, Peder 1695.

Klüwer, Lorentz Diderik [1823] 1960. *Norske Mindesmærker*. Facsimilia Nidrosiensia. Trondheim. Det Kongelige norske Videnskabers Selskab.

Landstad, Magnus B. [1853] 1968. *Norske Folkeviser*. Oslo. Norsk Folkeminnelag/Universitetsforlaget.

Liestøl, Knut 1915. *Norske trollvisor og norrøne sogor*. Kristiania. Olaf Norlis Forlag.

Liestøl, Knut 1937. «Det norrøne folkeviseumrådet». I: *Maal og Minne*. Oslo. Samlaget.

Liestøl, Knut 1946. *Draumkvæde. A Norwegian Visionary Poem from the Middle Ages*. Oslo. Aschehoug.

Moe, Jørgen 1840. *Sange, Folkeviser og Stev i Norske Almuedialekter*. Christiania. Malling.

Mortensson-Egnund, Ivar 1961. *Den norrøne litteraturen*. Bind 1: *Edda*. Oslo. Samlaget.

Munch, P. A. 1967. *Norrøne gude-og heltesagn*. Revidert utgave ved Anne Holtsmark. Oslo. Universitetsforlaget

Olrik, Axel 1904. «Et dansk vers fra Erik af Pommerens tid». I: *Danske studier*. København. Det Schuboeske forlag.

Recke, Ernst von der 1907. «Folkevisestudier. Vestnordisk indflydelse i dansk». *Danske studier*. København. Det Schuboeske Forlag.

Recke, Ernst von der 1927. *Danmarks Fornviser I*. Kjøbenhavn. Møller & Landschultz.

Reichborn-Kjennerud, Ingjald 1933. *Vår gamle trolldomsmedisin*. Bind 2: *Skrifter*. Oslo. Det Norske Videnskaps-Akademi.

Ressem, Astrid Nora (red.) 2011. *Norske middelalderballader. Melodier*. Bind 1: *Naturmytiske ballader. Legendeballader. Historiske ballader*. Oslo. Norsk visearkiv/Norsk Folkeminnelag/Aschehoug.

Ressem, Astrid Nora (red.) 2014. *Norske middelalderballader. Melodier*. Bind 2: *Ridderballader. Kjempe- og trollballader*. Oslo. Nasjonalbiblioteket/Norsk Folkeminnelag/Spartacus/Scandinavian Academic Press.

Solberg, Olav 2011. «'Paa gammelt Maal og paa Pergament'. Har det funnest ein skriftleg norsk balladetradisjon?». I: *Maal og Minne*. Oslo. Novus.

Storm, Gustav 1874. *Sagnkredsene om Karl den store og Didrik af Bern hos de nordiske folk*. Kristiania. Den Norske Historiske Forening.

Syv, Peder 1695. *Et Hundrede udvalde Danske Viser om allehaande merkelige Krigs Bedrivt oc anden seldsom Eventyr, som sig her udi Riget ved gamle Kæmper, navnkundige Konger og ellers fornemme Personer begivet haver af Arilds Tid til denne nærværende Dag. Forøgede med det Andet Hundrede Viser om Danske Konger, Kæmper og Andre samt hosføjede Antegnelser til Lyst og Lærdom*. København. P.M. Høffner.

Torgrim Knudsen Lindefjelds visebok. NFS Moltke Moe 85.

Vedel, Anders Sørensen 1591. *It Hundrede vduaalde Danske Viser, Om allehaande Merckelige Krigs Bedriff, oc anden seldsom Euentyr, som sig her vdi Riget, ved Gamle Kemper, Naffnkundige Konger oc ellers fornemme Personer begiffuet haffuer, aff arilds tid indtil denne neruærendis Dag*. Ribben. Hans Brun.

Vedel, Anders Sørensen 1664. *It Hundrede udvaalde Danske Viser om allehaande Merckelige Krigs Bedriff, oc anden seldsom Eventyr, som sig her udi Riget Ved Gamle Kemper, Naffnkundige Konger oc eller fornemme Personer begiffvet hafver aff Arilds Tid indtil denne nærværendis Dag*. Christiania. Mickel Thomæson.

Vedel, Anders Sørensen [1591] 1926–27. *Folkevisebog*. Red: Poul V. Rubow. 2 bind. København. Holbergselskabet.

Vésteinn Ólason 1991. «Literary Backgrounds of the Scandinavian Ballad». I: *The Ballad and Oral Literature*. Cambridge (Massachusetts)/London. Harvard University Press.

Noter

- [n1](#). «*hel Aabrukloug*» står til slutt i tredje verselina i Moes utgåve i Norsk Folkekalender (1850, s. 74ff.)
- [n2](#). Retta frå: *Du dæ Du Soen min Du*
- [n3](#). renner seg er *skrive i eitt ord, sannsynlegvis ved retting frå* renner eg
- [n4](#). *I margen står det: –vív*
- [n5](#). *I margen står det: mitt liv*
- [n6](#). *Over lina står det: Di takje enn V. V.*
- [n7](#). *Over lina står det: å di legg' en í jór*
- [n8](#). *Over lina står det: atte live*
- [n9](#). *I margen står det: å klee en íkk hass vív (usikker transkripsjon)*
- [n10](#). *Feil for: skallerne*
- [n11](#). *handskriven visebok*
- [n12](#). *Uleseleg ord*
- [n13](#). *Uleseleg ord*
- [n14](#). *Her har Landstad vore usikker på lesninga i handskriftet. I utgåva kommenterer han det slik: Dette Ord er i Haandskriftet ulæseligt; der synes at staa hingum eller handgaupn eller noget Saadant.*
- [n15](#). *Her er Landstad usikker på lese måten. I margen står det: (Dregir)?*
- [n16](#). *Denne strofa er merkt med ei klamme i venstremargen, men det er ikkje gjeve noka forklaring på dette.*
- [n17](#). *Jf. note til andre lina.*
- [n18](#). «*Taan*» er sett i parentes og står med spørjeteikn.
- [n19](#). *Denne strofa har berre tre liner i denne oppskrifta. I utgåva (1853) har Landstad slik tekst: Deð var Magnus kongin / breste han i at gráte:*
- [n20](#). *Strofe 20 og 21 er markert med ei bølgete line i venstremargen.*
- [n21](#). *Uleseleg ord*
- [n22](#). *Uleseleg ord*
- [n23](#). jf. L. D. Klüwers *Norske Mindesmærker* (1824) og DgF IV, 692.
- [n24](#). *Skrive med blyant*
- [n25](#). *Denne lina er overstroken i kladden, men er med i reinskrifta (som tilvising til ei anna oppskrift).*
- [n26](#). *Bugge markerer tjukk l med ein l med ~ under.*
- [n27](#). *Svært utydeleg. Det ser ut som det kan stå Baante*
- [n28](#). *Her er det eit lineskifte i oppskrifta.*
- [n29](#). *Omkvedet står på same lina som andre verselina. Dei er skilde åt med ein blyantstrek i oppskrifta.*
- [n30](#). *Understreka med blyant*
- [n31](#). *Retta til Mjø med blyant*
- [n32](#). *Retta til Mjø med blyant*
- [n33](#). *Understreka med blyant.*
- [n34](#). *Understreka med blyant.*

- [n35](#). Understreka med blyant
- [n36](#). r er skriven over ein annan, uleseleg bokstav.
- [n37](#). en er skrive over lina for å tydeleggjara tekst med utflytande blekk på lina.
- [n38](#). Denne verselina er skriven inn i kladden med seinare hand.
- [n39](#). Omkvedet er her berre antyda med «saa sorge.», og teksten her er teken frå neste strofe.
- [n40](#). Her er det overskrive eit ord som ikkje er råd å tyda.
- [n41](#). Denne strofa står tilføyd i margen, merkt b.
- [n42](#). Dei siste to verselinene er bundne saman i ei klamme til venstre i margen, men det er uklart kvifor det står slik.
